

# **Gards- og bruksnamna i Volda**

## **Tolking og tyding**

Mastergradsoppgåve i Nynorsk Skriftkultur

Våren 2017

Olav Myklebust

## **Gards- og bruksnamna i Volda, eit samandrag:**

### **Mastergradsoppgåve i Nynorsk Skriftkultur**

Oppgåva tek føre seg gardsnamna i Volda gjennom tidene, og dokumenterer korleis dei har vorte skrivne i ulike kjelder til ulik tid. Ein ser også på dokumenterte uttaleformer av gards- og bruksnamna i Volda, m.a. med utgangspunkt i Ivar Aasen sine nedteikningar, Oluf Rygh sine innsamlingar av lokal uttale i samband med arbeidet med *Norske Gaardnavne* og innsamlinga av lokale stadnamn i 1976, bevart i Stadnamnarkivet.

I oppgåva blir alderen på gardane vurdert utifrå det ein kjenner til om dei ulike namnetypen, ein brukar også landskylda på dei enkelte gardane for å vurdere korleis gardane kom til, fellesskap om sætring og skulekrinsar, og ein ser på arkeologiske funn på gardane for å finne ei brei grunngjeving for tidfestinga.

I tillegg ser ein på namneformene i oppgåva opp mot Stadnamnlova av 1990 om at skrivemåten av gardsnamna skal bygge på den ”nedervde lokale uttalen”. Namna har vore i endring, og i dag er det slik at ikkje alle namn blir skrivne på ein måte som viser kva som er opphavet til namnet. Særleg gardsnamn som blir brukte som etternamn pregar mange av namnesakene som har vore reist. Folk knyter sin identitet til ein gard, og ønskjer at gardsnamnet skal skrivast på same måte som etternamnet. Den nye stadnamnlova av 2015 tek meir omsyn til skriftformene og gjev også brukaren meir innflytelse over namnevalet, sjølv om prinsippet om nedarva lokal uttale ligg i botnen.

Oppgåva blir slik ei analyse av namna slik dei er i dag, og slik dei ideelt sett burde ha vore skrivne, dersom ein skulle ivareta meiningsinnhaldet i gardsnamna. Namn er også kulturvern!

## Farm- and subfarm-names in Volda – in short:

### Thesis for the degree of Master in New Norwegian Written Language Culture

The thesis look at the different farm names of Volda, and how they have been presented in writing. It also look at the oral use of the farm names, documented by the writings of Ivar Aasen, the gatherings of Oluf Rygh in connection with his book on Norwegian Farm Names (*Norske Gaardnavne*) and the collections of local place names material in 1976.

In the thesis the age of the farm is listed according to what we know about different naming traditions; we use the estimated historical value of the different farms to evaluate which of them was considered the best to farm on; we look at the local farms as part of a community and we look at the archeological findings in the area. All this gives us information about the original settlement of Volda as a community.

In addition we look at the written form of the farm names, and evaluate them based on the law of 1990, which stated that farm names shoud be written ‘based on the local oral traditions’. Names are as a language item in constant change, and today we find that not all the names are written in a way that show us the origin of the name. Especially the farm names which are used as surnames have been a constant issue in the many naming cases raised for the authorities. People generally have an attachment to a local farm, and want the farm name written in the same way as their surname. The changed law of 2015 hold the historical written forms in higher regard than the old law did, and gives the local user more influence over the spelling; although the principle of basing the names on local oral traditions still stands.

This thesis is then a general analysis of the names as they present themselves today, and a theory of how they ‘ideally’ should be written, upholding the true information contained in them. The names are part of an old cultural tradition worth keeping!

## Føreord

Sunnmørsmålet har alltid interessert og fascinert meg. Eg oppdaga tidleg at det var særmerkt, fordi det hadde eit lydbilete som eg ikkje fann att i andre dialektar i landet. Men det var først då eg starta på studia mine i Volda i 1995, at eg fann ut akkurat kor spesielt dette var. Eg starta opp med å studere historie, men etter å ha gjennomført storfag i historie, tok eg også mellomfag i norsk. Eg blei nok aldri nokon kløppar i litteratur, men i språkdelen av studiet likte eg meg godt. Ikkje minst takka vere dyktige lærarar som Jon Tvinnereim, Terje Aarset og no avdøde Peter Hallaråker (1933 – 2011).

Desse stimulerte interessa mi for språk, både oppbyggingsmessig og uttalemessig. I tillegg kopla dei på ein fin måte språkstudiet mot interessa eg allereie hadde for lokalhistorie, og det var nyttig for meg. Her blei eg kjend med Ivar Aasen sine mange målsamlingar og studiar av det sunnmørske målet med 15 vokalar og ei rekke andre særmerkte lydar. Sterk palatalisering, stungen d (ð), sterke diftongering og haHle-lyd var særtrekk som eg hadde merka meg i dialekten, men aldri heilt hadde greidd å «katalogisere» for meg sjølv. I tillegg fekk eg augene opp for det sterke kasuspreget i sunnmørsmålet, særleg genitivs- og dativformene som framleis var levande mellom folket i heimbygda mi, Gursken. Eg la også merke til at dialektane var i endring. Både dativ og genitiv var tydeleg på tilbakegang, for dei som var yngre enn meg snakka om å ‘reise på sjø[!!]’ i staden for til sjøss, og dei snakka om å ‘leike på Bøen’ i staden for å leike på Bønå. Likevel var nok stadnamna eitt av dei områda der dei gamle dialekttrekka heldt seg best, og dette var spennande!

Frå studietida huskar eg personnamnstudiet med Terje Aarset og stadnamnspesialiseringa med Peter Hallaråker som særleg interessante emne, som gjekk rett inn i dette interessefeltet mitt i skjæringspunktet mellom språk og lokalhistorie. Som mellomfagsoppgåve i norsk språk skreiv eg om stadnamn, og fekk gode tilbakemeldingar på den. Det var nok også grunnen til at eg valde dette som tema då eg i si tid planla å ta hovudfag i Nynorsk Skriftkultur; med stadnamn som tema og med Peter Hallaråker som rettleiar.

Men så blir ikkje alt slik ein har tenkt. Eg fekk tilbod om å arbeide med slektshistorie, som har vore ein hobby for meg gjennom heile oppveksten. Og tilbodet om å ta ansvaret for slektslistene i Busetnadssoga for Volda gjorde at eg la vidare studium på is. Men oppgåva mi vart ikkje gløymd, og i ledige stunder arbeidde eg med å samle materiale som eg tenkte eg skulle få bruke ein gong i framtida.

Det gjekk mange år, og dessverre fekk ikkje Peter Hallaråker oppleve at eg gjennomførte dette arbeidet. Men med denne oppgåva håper eg likevel å avslutte eit viktig kapittel i studiane mine. Det hadde nok ikkje vore mogleg utan at eg hadde ein solid pådrivar i rettleiaren min, Stig Helset. Utan han, hadde eg nok ikkje greidd å fullføre dette løpet!

1. Innleiing .....	10
2. Stadnamngranskninga i Noreg .....	12
2.1. Historisk riss.....	12
2.1.1. Pionerperioden (1830-1878).....	12
2.1.2. Oluf Rygh-perioden (1878-1921).....	12
2.1.3. Mellomkrigstida (1921-1942).....	13
2.1.4. Etterkrigstida (1946-1970) .....	14
2.1.5. Regionaliseringssperioden (frå 1970) .....	14
2.2. Kva er eit stadnamn?.....	14
2.2.1. Proprium.....	15
2.2.2. Samansette/usamansette .....	15
2.2.3. Bunden/ubunden form .....	15
2.2.4. Eintal/fleirtal.....	16
2.2.5. Nominativ/dativ .....	16
2.2.6. Lokalitet.....	17
2.2.7. Kommunikasjonsmiddel .....	17
2.2.8. Identitetsskapar.....	17
2.2.9. Brukarkrins .....	18
3. Metode .....	20
3.1. Tidfesting .....	20
3.2. Tolking .....	23
3.3. Skriftnormering .....	25
4. Utval av namnematerialet.....	27
4.1. Utval av namn til drøfting.....	28
4.2. Usamansette stadnamn .....	28
4.2.1. Naturbeskrivande namn.....	28
4.2.2. Namn knytte til dyreliv og vekster i naturen.....	29
4.2.3. Namn knytte til dyrking og gardsdrift .....	29
4.2.4. Andre namn.....	29
4.3. Samansette stadnamn - fellesledd .....	29
4.3.1. Naturbeskrivande namn.....	29
4.3.2. Namn knytte til dyreliv og vekster i naturen.....	30
4.3.3. Namn knytte til dyrking og gardsdrift .....	30
4.3.4. Andre namn .....	30
4.4. Samansette stadnamn – utmerkingsledd.....	30
4.4.1. Konkrete element i naturen .....	30
4.4.2. Fortel noko om plassen eller korleis han ligg til.....	30
4.4.3. Tre- og planteliv på staden.....	31
4.4.4. Ville dyr.....	31
4.4.5. Dyrking og gardsdrift - personnamn .....	31
4.4.6. Etternamn.....	32
4.4.7. Yrkesnemningar.....	32
4.4.8. Sjølve garden .....	33
4.4.9. Husdyra og det som trongst til dei .....	33
4.4.10. Sjøferdsel og fiskeri .....	33
4.4.11. Andre namn .....	33

5. Analyse .....	34
5.1. Yksnøen (gnr 1).....	35
5.2. Birkenes (gnr 2) .....	35
5.3. Lid (gnr 3 og 4).....	36
5.4. Eidheim (gnr 5) .....	37
5.5. Birkevik (gnr 6).....	38
5.6. Eikrem (gnr 7) .....	39
5.7. Håskjold (gnr 8, 9 og 10).....	39
5.8. Ytrestølen (no bruk 4 – 6 under gnr 10) .....	41
5.9. Mork (gnr 11 og 12).....	42
5.10. Egset (gnr 13).....	43
5.11. Liaskaret (gnr 14).....	44
5.12. Ødegården (gnr 15) .....	44
5.13. Nordal (gnr 16) .....	45
5.14. Klepp (gnr 17) .....	45
5.14.10. Korsen (bnr 10 under gnr 17) .....	46
5.15. Engeset (gnr 18) .....	46
5.15.10. Håmyra (bnr 9 under gnr 18).....	47
5.16. Halkjelsvik (gnr 19) .....	47
5.16.10. Røysgarden, Røystunet (bnr 2, 38 og 120 under gnr 19) .....	48
5.16.20. Kvernebakken (bnr 6, 20 og 21 under gnr 19) .....	49
5.16.30. Abeltunet (bnr 6, 20 og 21 under gnr 19) .....	49
5.17. Heltnæ (gnr 20) .....	49
5.18. Bratteberg (gnr 21).....	50
5.19. Driveklepp (gnr 22) .....	50
5.20. Fremmerlid, Nedrelid (gnr 23 og 25).....	51
5.21. Tømmerbakken (gnr 24).....	52
5.22. Hoggen (gnr 26).....	52
5.23. Rotevatn (gnr 27).....	53
5.23.10. Kriken, Krikebøen (bnr 13 og 14 under gnr 27).....	54
5.24. Vassbotn (gnr 28) .....	54
5.25. Øren (gnr 29) .....	55
5.26. Rotset (gnr 30).....	56
5.26.10. Leitet (bnr 10 under gnr 30) .....	57
5.26.20. Andenes (bnr 18 & 19 under gnr 30).....	57
5.27. Grivsnes (gnr 31) .....	58
5.28. Humborset (gnr 32) .....	59
5.28.10. Løvikneset (umatrikulert plass under gnr 32) .....	60
5.29. Vasstein (gnr 33).....	60
5.30. Furnes (gnr 34) .....	60
5.31. Ærvik (gnr 35) .....	61
5.32. Aasen (gnr 36) .....	62
5.33. Hjorthaugreite (gnr 37) .....	62
5.34. Hjorthaug (gnr 38) .....	63
5.35. Hundnes (gnr 39) .....	64
5.36. Ulleland (gnr 40) .....	65
5.36.10. Smieskjeret (bnr 3 under gnr 40) .....	65
5.37. Selvik (gnr 41) .....	66
5.38. Aarset (gnr 42) .....	66
5.38.10. Årsetøya (bnr 3 under gnr 42) .....	67
5.38.20. Kålhagen (nedlagd gard i gardsområdet til gnr 42).....	67

5.39. Aurstad (gnr 43).....	68
5.40. Storenes (gnr 44) .....	68
5.41. Gjeitvik (gnr 45) .....	69
5.41.10. Engjane (bnr 2 under gnr 45) .....	69
5.42. Leitet (gnr 46) .....	69
5.43. Førde (gnr 47) .....	70
5.44. Førdsreite (gnr 47).....	71
5.45. Orsnes (gnr 49) .....	71
5.46. Hjellbakke (gnr 50) .....	72
5.47. Nes (gnr 51) .....	73
5.48. Langvatn (gnr 52).....	73
5.48.10. Windsåsen (bnr 5 under gnr 52).....	74
5.49. Eide (gnr 53) .....	74
5.50. Måen (gnr 54) .....	75
5.51. Kaldvasvik (gnr 55) .....	75
5.52. Kalvatn (gnr 56 og 59) .....	76
5.53. Bueidet (gnr 57).....	77
5.53.10. Åsebakken (bnr 2 under gnr 57).....	78
5.54. Osdal (gnr 58) .....	78
5.55. Hjelle (gnr 60) .....	78
5.56. Langenes (gnr 61) .....	79
5.57. Gjerdsdal (gnr 62).....	80
5.57.10. Høyneset (bnr 2 under gnr 57).....	80
5.58. Engeberg (gnr 63) .....	80
5.59. Høibakke (gnr 64) .....	81
5.60. Sundal (gnr 65) .....	82
5.61. Sundalsfolden (gnr 66) .....	82
5.61.10. Sunndalskleiva (bnr 3 & 4 under gnr 66).....	83
5.62. Sundalsåsen (gnr 67) .....	83
5.63. Skare (gnr 68) .....	84
5.64. Aaslid (gnr 69).....	85
5.65. Holsvik (gnr 70).....	85
5.66. Djupvik (gnr 71) .....	86
5.67. Skinvik (gnr 72) .....	86
5.68. Botnen (gnr 72) .....	87
5.69. Løfold (gnr 74) .....	88
5.70. Svarthammer (gnr 75) .....	89
5.71. Slåttelid (gnr 76) .....	89
5.72. Håvik (gnr 77) .....	90
5.73. Vikestrand (gnr 78) .....	90
5.74. Vike (gnr 79) .....	91
5.75. Høidal, Høidalsdalen (gnr 80, 81 og 84) .....	92
5.76. Ødegård (gnr 82) .....	93
5.77. Røsten (gnr 83) .....	93
5.78. Høydalsnes (gnr 85).....	94
5.79. Bjørneset (gnr 86).....	95
5.79.10. Gotene (bnr 2 og 7 under gnr 86) .....	95
5.80. Botn (gnr 87 og 88) .....	96
5.81. Fylsvik (gnr 89).....	96
5.81.10. Brauta (bnr 3 under gnr 89) .....	97
5.81.20. Straumshamn (bnr 3 under gnr 89).....	97
5.82. Søvik (gnr 90).....	98

5.83. Bjørkedal (gnr 91 og 95) .....	98
5.84. Helset (gnr 92) .....	99
5.85. Løset (gnr 93).....	100
5.86. Eidseflot (gnr 94) .....	101
5.87. Kile (gnr 96) .....	102
5.87.10. Mjeltevika (bnr 6 og 12 under gnr 96) .....	102
5.88. Straume (gnr 97).....	103
5.88.10. Straumsreiten (bnr 4 under gnr 97) .....	103
5.88.20. Årøyane (bnr 5 under gnr 97).....	103
5.89. Aarvik (gnr 98) .....	104
5.89.10. Aarviknes (bnr 2 under gnr 98).....	104
5.90. Meek (gnr 99 og 100) .....	105
5.91. Krumsvik (gnr 101 og 102).....	105
5.92. Flote (gnr 103 og 104) .....	106
5.93. Holen (gnr 105).....	107
5.94. Folkestad (gnr 106 og 107).....	108
5.94.10. Slettebøen (bnr 2 under gnr 107).....	109
5.94.20. Steinhaugen (bnr 6 under gnr 107) .....	109
5.94.30. Fjøshaugen (bnr 7 under gnr 107).....	109
5.94.40. Hildren (bnr 8 under gnr 107) .....	109
5.94.50. Nybøen (bnr 9 under gnr 107).....	109
5.95. Folkestadreite (gnr 108) .....	109
5.95.10. Dalen (bnr 2 under gnr 108).....	110
5.96. Brenne (gnr 109).....	110
5.97. Kongsvoll (gnr 110).....	110
5.98. Aasebøen (gnr 111) .....	111
5.99. Bjørnenakken (gnr 112) .....	112
5.100. Folkestadåsen (gnr 113) .....	112
5.101. Sollid (gnr 114) .....	113
5.102. Løndal (gnr 115) .....	113
5.103. Rønstad (gnr 116) .....	114
5.104. Ekornberg (gnr 117).....	115
5.105. Nautvik (gnr 118 og 119) .....	115
5.105.10. Nautvikstranden (øydegard, no bruk under gnr 118) .....	116
5.106. Rotsetvik (gnr 120) .....	116
5.107. Dalberg (gnr 121).....	117
5.108. Dale (gnr 122 og 129) .....	118
5.108.10. Fjøsnes - Dalset (bnr 2 under gnr 129) .....	119
5.108.20. Lillenes (bnr 4 under gnr 129) .....	119
5.108.30. Kvandal (nedlagt gardsbruk, no under gnr 129).....	119
5.109. Lillebø (gnr 123).....	119
5.110. Rangsæter (gnr 124).....	120
5.111. Hesteflote (gnr 125) .....	120
5.112. Birkestølen (gnr 126) .....	121
5.113. Hjelle (gnr 127) .....	122
5.114. Brune (gnr 128).....	122
5.114.10. Haukaasen (bnr 2 & 3 under gnr 128) .....	123
5.115. Eisset (gnr 130) .....	123
5.116. Steinsvik (gnr 131) .....	124
5.117. Vassbakke (gnr 132) .....	125
5.117.10. Sævland (nedlagd gard i gardsområdet til gnr 132).....	125
5.118. Aamelfot (gnr 133 og 136) .....	126

5.119. Aamelfordalen (gnr 134) .....	127
5.120. Aamelfotsæter (gnr 135) .....	127
5.121. Morstølen (gnr 137) .....	128
5.122. Stranden (gnr 138).....	128
5.123. Inselset (gnr 139).....	129
5.124. Aksnessætren (gnr 140) .....	130
5.125. Aksnes (gnr 141).....	130
5.125.10. Krokneset (bnr 2 under gnr 141) .....	131
5.126. Lyngnes (gnr 142) .....	131
5.127. Løvik (gnr 143) .....	132
5.128. Drabløs Lillebøen (gnr 144) .....	133
5.129. Dravlausreite (gnr 145).....	133
5.130. Dravlaus (gnr 146 og 149) .....	134
5.130.10. Myra (bnr 1 og 4 under gnr 146) .....	135
5.130.20. Garden (bnr 2 under gnr 146) .....	135
5.130.30. Holen (bnr 3 og 5 under gnr 146).....	135
5.131. Dravlaus-liden (gnr 147) .....	136
5.132. Dravlausviken (gnr 148).....	136
5.132.10. Bugen (bnr 12 under gnr 148) .....	137
5.133. Nesheim (gnr 150) .....	137
5.134. Kvangersnes (gnr 151) .....	138
5.135. Sætre (gnr 152).....	139
5.136. Sæteråsen (gnr 153) .....	139
5.137. Grøthol (gnr 154).....	140
5.138. Løndal (gnr 155) .....	141
5.139. Nakken (gnr 156) .....	141
5.139.10. Skaret (bnr 2 under gnr 156) .....	142
5.140. Lauvstad (gnr 157).....	142
5.141. Ulvestadhaugen (gnr 158) .....	143
5.142. Espenakken (gnr 159) .....	143
5.143. Ulvestad (gnr 160) .....	144
5.144. Torvik (gnr 161) .....	145
5.145. Stigen (gnr 162) .....	145
5.146. Gjøsdal (gnr 163) .....	146
5.147. Tilset (gnr 164).....	146
5.147.10. Tilsetbakken (gamal gard, no bnr 3 og 4 & 5 under gnr 164).....	147
5.148. Høistølen (gnr 165).....	147
5.149. Koppen (gnr 166).....	148
5.150. Velsvik (gnr 167) .....	148
 6. Framveksten av Volda - oppsummering.....	150
6.1. Kommunenamnet Volda .....	150
6.2. Framveksten av bygdelaga .....	151
6.3. Skrivemåten av gardsnamna .....	152
 Litteraturliste.....	155

## 1. Innleiing

I dette mastergradsarbeidet ønskjer eg å bruke innsamla namnemateriale frå Volda og min eigen lokalkunnskap frå arbeidet med Busetnadssoga for Volda (Kjelland m.fl. 2005-12) til å føreta ein grundig gjennomgang av kva namnematerialet kan fortelje oss om framveksten av busetnaden i Volda. Samstundes vil eg vise korleis namna har endra skriftform gjennom tida og drøfte i kva grad dagens offisielle skriftformer er i samsvar med føringane i stadnamnlova (Lov av 18. mai 1990 nr 11 om stadnamn).

Den første som gjorde systematiske oppteikningar av uttaleformer og forsøkte seg på tolkingar av gardsnamna var Ivar Aasen, som allereie i 1840 laga si første samling med "Sunnmørske Stedsnavne", ofte skrivne i uttaleform (Hallaråker, Kruse og Aarset 1987). Også på dette området var Ivar Aasen ein pioner, samlinga vart laga lenge før P. A. Munch og Sophus Bugge fekk sine første stadnamnsamlingar på trykk. Seinare har gardsnamna vore vurderte fleire gongar. I 1908 fekk Karl Rygh utgjeve band XIII av *Norske Gaardnavne* (Rygh 1908), som omfatta alle gardsnamna i Romsdals amt, med nedteikningar av skriftformer fram til 1723 og med ein oppdatert uttale som broren, professor Oluf Rygh, hadde samla gjennom samtalar med lokalkjende lærarstudentar og soldatar på eksersisplassane (NORNA 2000, rapport 70A: 47). Her vart dei ulike namna tolka, og ein føreslo korleis dei ulike namna burde skrivast.

Lokalt har det vore samla inn mykje folkeminnestoff med forklaringar til ulike stadnamn, og ein del av dette kom på trykk i Sverre Lyngnes si bok om *Dalsfjord* (Lyngnes 1967) og Per Årviknes sine 3 band *Voldasoga* (Årviknes 1970-73). Her kom det også med ein del av namna på dei ulike gardsbruken, men lista var ikkje komplett og det var heller ikkje gjort noko forsøk på systematisk tolking og kartlegging av desse. Oddvar Nes gjorde tidleg i 1980-åra ei tolking av gardsnamna i Volda, som så vart presenterte i tidsskriftet for Volda sogelag (Voldaminne 1987). I artikkelen "En stor bølgjebevegelse med oppgang, nedgang og ny oppgang" brukte Jarle Sulebust (Ugelvik-Larsen og Sulebust 1994) Bondalen som døme på kva namna kan fortelje om framveksten av busetnaden i ei bygd. Så langt eg har greidd å finne ut er det ikkje gjort noko tilsvarande på busetnaden i Volda, sjølv om ein kan finne enkeltkommentarar i gardshistoria til nokre av gardane. Her ligg det etter mi vurdering ei god kjelde til ny kunnskap! I samband med skrivinga av Busetnadssoga for Volda 2000-12, der underteikna hadde ansvaret for slektslistene og ei forenkla gardssøge for kvar gard, vart det lagt stor vekt på å undersøkje om det fanst namn på gardsbruk (tunnamn) som ikkje tidlegare var kjende, slik at også desse kunne presenterast i boka. Det vart også laga oppdaterte kart for områda vi presenterte, der vi la inn namneinformasjon frå stadnamninnsamlinga i 1970-åra, som då var tilgjengeleg på Stadnamnarkivet ved Høgskulen i Volda.

Namn er ein viktig del av kulturen vår, og stadnamna kan vere ei unik kjelde til informasjon om korleis livet har vore for dei som budde her før oss: Korleis bygde og utnytta dei bustaden sin og korleis gav natur og kultur rammevilkår for liva deira? I nyare tid vil ein også

kunne sjå spor av den identiteten som knyter seg til det å ha eit etternamn ifrå ein slik gard. Mange namnesaker dei siste åra har nettopp vore knytte til eit ønskje om at gardsnamna skal skrivast slik etternamnet no blir skrive. I arbeidet med Busetnadssoga såg ein tidleg at det ville bli ei utfordring å finne skrivemåtar for stadnamna i området som alle kunne einast om. Kartverket hadde allereie kome med nye skrivemåtar på nokre stadar i området, men fleire av desse var ikkje aksepterte av bygdefolket. Peter Hallaråker vart leigd inn som konsulent på namnebruken i Busetnadssoga, og han kom med ein uttale om korleis han vurderte dei ulike problemstillingane. Det viste seg at prinsippet om den "nedervde lokale uttalen", slik det har vore formulert historisk og slik det framstår i grunnlaget for Stadnamnlova i *NOU 1983: 6 Stadnamn* (Hallaråker 1998: 29), ikkje vart følgjt fullt ut av namnemynda i praksis. I seinare tid har regelverket omkring Stadnamnlova vorte oppmuka slik at ein skulle legge større vekt på skriftformer og kva eigarane/brukarane av namnet meinte, men det har gjort at Stadnamnlova på fleire punkt framstår som inkonsekvent (Halleråker 1997: 254).

I kjølvatnet av arbeidet mitt med Busetnadssoga, har eg etter kvart organisert ein ganske omfattande database der eg har lagt inn det eg har funne av relevant informasjon om gardsnamna (inkludert tunnamna) i Volda: skriftformer i ulike kjelder, uttaleformer, ulike tydingsframlegg, nærslekta namn i området, og ein del andre data som kan vere interessante i andre samanhengar. Utifrå denne databasen vil eg prøve å finne svar på følgjande problemstillingar:

1. Kva kan gards- og bruksnamna fortelje om framveksten av busetnaden i Volda?
2. I kva grad er det samsvar mellom skrivemåten av gardsnamna og prinsippa som er fastsette i Stadnamnlova av 1990 om at dei skal bygge på den "nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk"?

Som det vil gå fram av måten eg har lagt opp denne oppgåva, så har eg valt å gå systematisk igjennom alle gardsnamna i Volda, og skrive eit kort kapittel om kvart av dei. Dette var eit alternativ eg valde heller enn å ta eit utval av materialet og så bruke ei utskrift av heile bakgrunnsmaterialet som vedlegg. Eg meiner at denne måten å presentere materialet på gjev ei meir heilheitleg oversikt over gardsframveksten i Volda, og samtidig så viser det betre på kva grunnlag eg har trekt mine slutningar om dei ulike namna. Men dessverre inneber denne måten å presentere stoffet på at eg nok har sprengt dei normale rammene for slike oppgåver.

Samtidig har eg gjort ei avgrensing, i og med at det er berre gardsnamna eg behandler på denne måten. Bruksnamna, eller tunnamna om ein nyttar Jostein Fet sin terminologi (Fet 2010: 16), blir berre omhandla i samband med stoff-omfanget og ikkje systematisk for kvar gard. Dette skuldast at med gardsnamna har eg skriftleg kjeldemateriale frå eldre tid, medan eg berre har dette i svært liten grad for bruksnamna.

## 2. Stadnamngranskinga i Noreg

### 2.1. Historisk riss

Stadnamngransking i Noreg har lange tradisjonar. Grovt sett kan ein vel seie at interessa for kunnskapen som låg i stadnamna våre, vaks fram samstundes med interessa for det norske folkespråket på midten av 1800-talet. Som eg allereie har nemnt og seinare kjem nærmare inn på, laga til dømes Ivar Aasen si eiga namnesamling av sunnmørske gardsnamn i 1840, sjølv om denne samlinga verkar å ha vore lite kjent i samtida og er lite brukt i namngranskinga generelt.

Det er vanleg å dele norsk stadnamngransking i ulike periodar. Gustav Indrebø delte i 1938 opp granskingstradisjonane i tre bolkar: før, under og etter Oluf Rygh (Hallaråker 1997: 132), men seinare tradisjonar har naturleg nok også delt opp den siste perioden ytterlegare.

#### 2.1.1. Pionerperioden (1830-1878)

Wilhelm Frimann Koren Christie (1778-1849) var den første som såg på innsamling og gransking av stadnamn som eit nasjonsbyggjande tiltak. Han gav i 1824 ut *Etymologicon* (stadnamngranskingar), der han baserte funna sine på ein del av materialet han hadde samla i samband med *Norsk Dialect-Lexicon*. I 1825 grunnla han Bergens Museum, som seinare danna grunnlaget for Universitetet i Bergen.

Gerhard Munthe (1795-1876) arbeidde som offiser mykje med topografiske kart, og brukte denne kunnskapen også i namngransking. Han var språkleg redaktør for matrikkelen av 1838 og tok då initiativet til ei normering av stadnamna i norsk retning, samstundes som han også sette opp dei norrøne formene i tillegg til dei danske.

Peter Andreas Munch (1810-63) gav i 1849 ut *Historisk-geographisk Beskrivelse over Kongeriget Norge i Middelalderen*. Her lanserte han tolkingar av både områdenamn, gardsnamn og nokre naturnamn. Den sterke autoriteten han hadde, gjorde at namnetolkingane hans vart ståande uimotsagde i lang tid.

#### 2.1.2. Oluf Rygh-perioden (1878-1921)

I 1877 bad Finansdepartementet arkeologen og historikaren Oluf Rygh (1833-99) om å lage ei tilråding om skrivemåten til den nye matrikkelen som var i emning. Det vart nedsett ein eigen namnekommisjon med Rygh som formann. Professor Sophus Bugge (1833-1907) og ordbokskrivaren Johan Fritzner (1812-93) var dei andre medlemene. Innsamlinga vart avslutta med matrikkelen av 1886, med 50 000 gardsnamn og 20 000 bruksnamn.

Namnekommisjonen vart nedlagt 1893, men Rygh fortsette då med å ordne og kommentere namna i matrikkelen – og planla å gje ut namneverket *Norske Gaardnavne*, eitt band for kvart amt utanom Finnmark, som ikkje var matrikulert på same måte som dei andre amta. Totalt vart det utgjeve 17 band, men Rygh sjølv rakk berre å få utgjeve 3 ½ band av verket før han døde. Oluf Rygh framstår i dag som "grunnleggaren av norsk – og til dels nordisk – stedsnavn-forskning" (NORNA 2000 – rapport 70A: 7), og han har også ein framståande plass

både som arkeolog og historikar. *Indledning til Norske Gaardnavne* frå 1898 blir rekna som den første læreboka i namnegransking .

Det vart broren Karl Rygh (1839-1915) som fullførte arbeidet med utgjevinga av verket for Romsdals amt i 1908, han var også ansvarleg for Trøndelag (2 band) og Nord-Noreg (2 band). Magnus Olsen gav ut banda for Stavanger Amt og Søndre Bergenhus Amt. Albert Kjær gav ut siste halvdel av Kristians Amt, Jarlsberg og Larviks Amt, Bratsberg Amt, Lister og Mandals Amt og Nordre Bergenhus Amt. Hjalmar Falk gav ut Buskeruds Amt og Amund B. Larsen Nedenes Amt. Alle desse banda kom ut i perioden 1902-19. I 1924 kom eit tilleggsband for Finnmark med Just Qvigstad og Magnus Olsen som redaktørar, og i 1936 vart verket fullført med eit fellesregister laga av Albert Kjær.

I *Forord og Indledning til Norske Gaardnavne* (Rygh 1898), gjer Oluf Rygh greie for framgangsmåten for å kome fram til ei tolking av namnet. Han brukar uttalen i bygda som han gjev att med grov lydskrift, fører opp eldre skriftformer med tilvising til kjelde, og tek til slutt med ei tolking med ei norrøn form fremst: "Som normal har jeg søgt at gjennemføre den Form, Sproget maa antages at have hatt i Norge i Begyndelsen af det 13de Aarhundrede", seier han i forordet. I tillegg til arbeidet med *Norske Gaardnavne*, gav han også ut *Norske Fjordnavne* i 1896, medan *Norske Elvenavne* kom posthumt i 1904. Han skreiv også eit større arbeid om gamle personnamn i norske stadnamn, som vart utgjeve 1901.

### **2.1.3. Mellomkrigstida (1921-1942)**

Norsk Stadnamnarkiv vart oppretta i 1921 med Gustav Indrebø (1889-1942) som styrar frå starten og heilt fram til sin død. Indrebø vart professor i vestnorsk målføregransking i 1930, og bygde normeringsarbeidet sitt på eit "heilnorsk språkpolitisk grunnsyn", i motsetnad til Oluf Rygh og Magnus Olsen. I 1924 gav han ut avhandlinga *Norske Innsjønamn* som omhandla Oppland fylke. I 1929 kom *Stadnamn frå Oslofjorden*, før han i 1930 gav ut bok om innsjønamna i Buskerud fylke. Han var aktiv i debatten om fornorsking av dei offentlege namna, og var konsulent då 189 heradsnamn vart endra i 1917 og amts-inndelinga vart endra til fylke med nye namn i 1918. Jarnbanestasjonar, postkontor, prosti og sorenskrividistrikt fekk nye namn i dei påfølgjande åra. Indrebø argumenterte sterkt for Nidaros og Bjørgvin som alternative namn på Trondheim og Bergen, men desse framlegga vart forkasta av styresmaktene kring 1930. I boka *Norsk namneverk* frå 1927 presenterte Indrebø eit historisk og namnfagleg forsvar for sitt tradisjonalistiske målsyn.

Magnus Olsen (1878-1963) var norrønfilolog og hadde som ung student vore assistent for Oluf Rygh. Han var med på utgjevinga av band 10 og 11 i *Norske Gaardnavne* og var også medforfattar på band 18 om Finnmarks amt i 1924. I 1909 var han ein av initiativtakarane til *Maal og Minne*, som vart det fremste fagtidsskriftet for formidling av stadnamngransking. Han skreiv også eit stort verk om *Hedenske kultminder i norske stedsnavne* i 1915. I verket *Ættagård og helligdom* frå 1926 nytta han stadnamn som kjelde for norsk busetnad.

#### **2.1.4. Etterkrigstida (1946-1970)**

Per Hovda (1908-97) overtok som styrar for Stadnamnarkivet etter Indrebø i 1942. I 1946 vart også Universitetet i Bergen skipa, og der inngjekk også Folkeminnesamlingi og namnesamlingane ved Bergens Museum. Per Hovda sette i gang eit stort bustadnamn-prosjekt ved Stadnamnarkivet i 1950-åra, som resulterte i vitskaplege publikasjonar seinare. Sjølv gav han ut *Norske fiskeméd* i 1961 og *Norske elvenamn* i 1966. Norsk Stadnamnarkiv arbeidde elles mykje med innsamling og rådgjeving i namnesaker i denne perioden og la mindre vekt på eiga publisering.

#### **2.1.5. Regionaliseringsperioden (frå 1970)**

I denne perioden vaks distriktshøgskulane fram, og mykje av stadnamngranskinga – særleg på Vestlandet – vart no konsentrert kring desse institusjonane. Oddvar Nes (1938-2016) publiserte *Studiar i dei eldste nordvestlandske fjordnamna* i 1967 og overtok som fagleg autoritet på stadnamn på Vestlandet (Hallaråker 1969: 143). Ved Universitetet i Bergen var også Eli Ellingsve og Gunnstein Akselberg sentrale i arbeidet med norske stadnamn.

Ved Høgskulen i Stavanger var Inge Særheim ein pioner i innsamlingsarbeidet, og ved Høgskulen i Volda var det Peter Hallaråker som starta opp arbeidet med regional innsamling av stadnamn.

Også ved Universitetet i Trondheim vart det drive namnegransking. Ola Stemshaug og Jørn Sandnes gav ut læreboka *Namn i Noreg* i 1973 og *Norsk Stadnamnleksikon* i 1976. Ved Universitetet i Tromsø og Høgskulane i Nord-Noreg vart det også drive stadnamngransking. Eit anna trekk ved denne perioden var at namnekonsulent-tenesta no vart desentralisert, og med stadnamnlova av 1990 vart skriftnormering av stadnamn eit særsmne innan granskinga. Botolv Helleland gav i 1993 ut *Adresser og stadnamn, del 2*, som vart eit standardverk om skriftnormering av stadnamn. Det vart også oppretta eit nasjonalt fagråd for namnegranskinga i dei ulike institusjonane gjennom Samarbeidsnemnda for namnegransking (Hallaråker 1997: 146).

### **2.2. Kva er eit stadnamn?**

Det har vore gjort mange forsøk på å finne ein god definisjon på kva eit stadnamn er. Etter stadnamnlova<sup>1</sup> er ein enkel definisjon "Stadnamn tyder i denne lova namn på geografiske punkt, liner og område som kan kartfestast" (Hallaråker 1997: 192). Peter Hallaråker legg større vekt på at stadnamna representerer "eit praktisk kommunikasjonsmiddel som føreset ein sendar, mottakar og ein omtalt stad, dvs. ein aktiv namnebrukarkrins. Hallaråker presenterer fleire av forsøka på definisjon av omgrepet stadnamn i si bok *Innføring i stadnamn* (Hallaråker 1997: 191f), men foreslår der ein utvida definisjon av omgrepet:

Eit stadnamn er eit usamansett eller samansett *proprium* i ubunden eller bunden form, eintal eller fleirtal, nominativ eller dativ som lokaliserer og delvis skildrar eit geografisk punkt, ei geografisk line eller eit geografisk område, og tener som eit

---

<sup>1</sup> Lov om stadnamn av 18. mai 1990

praktisk kommunikasjonsmiddel og eit identitetsskapande middel for ein språkleg avgrensa lokal, regional, etnisk eller nasjonal brukarkrins.

Ein slik heilheitleg definisjon krev sjølvsagt at ein ser nærmare på dei ulike elementa og kommenterer dei litt nøyare:

1. proprium
2. usamansett eller samansett
3. ubunden eller bunden form
4. eintal eller fleirtal
5. nominativ eller dativ
6. lokaliserer og skildrar eit geografisk punkt, ei geografisk line eller eit geografisk område
7. praktisk kommunikasjonsmiddel
8. identitetsskapande middel
9. språkleg avgrensa lokal, regional, etnisk eller nasjonal brukarkrins

### **2.2.1. Proprium**

Stadnamna er altså etter denne definisjonen eit proprium (særnamn) på ein bestemt lokalitet, i motsetning til eit appellativ (samnamn) som omfattar mange fenomen med same utsjånad eller eigenskap. Felles for dei eldste gardsnamna våre er at dei opphavelig inneheldt ein karakteristikk av staden, men der tydinga kan ha forsvunne med tida av ulike årsaker (Hallaråker 1997: 194). Frå kystområdet kan ein til dømes finne døme på namn der opphavet ikkje er så lett å tyde, og nokre av øynamna kan faktisk endatil ha keltisk opphav, som t.d. Dimna i Ulstein (jf. Ertesvåg 1995), som Sophus Bugge meinte kunne ha kome av eit irsk ord som tyder 'to toppar' (Rygh bd 13: 55). Stadnamna viser oftast til eitt bestemt namneobjekt i området, sjeldan til fleire.

### **2.2.2. Samansette/usamansette**

Sjølv om dei eldste gardsnamna er usamansette, kan nyare stadnamn vere både usamansette eller samansette. Peter Hallaråker (2000: 111) legg vekt på at ein bør studere stadnamn både som kommunikasjonsmiddel og som språkleg uttrykk med leksikalsk innhald og ein bestemt morfologisk struktur. Dei fleste samansette gardsnamna vil då oftast ha eit utmerkingsledd i genitiv som fortel noko meir om naturen eller kulturen knytt til den særskilte staden, og eit fellesledd som kan vere eit reint appellativ (t.d. -garden, -bøen, -gjerdet). Eit døme på dette er Yksnøya i Volda (Rygh bd 13: 67), der fellesleddet viser at det er tale om ei øy, og utmerkingsleddet viser til at øya har vore brukt som beite for oksar (genitiv fleirtal i dialektform).

### **2.2.3. Bunden/ubunden form**

Dei eldste gardsnamna var gjerne i ubunden form - også i uttalen - og seinare har stadnamna gjerne vorte presenterte i ubunden form. Dette ser ein mellom anna i *Norske Gaardnavne* frå 1908, der Oluf Rygh ofte kan vise til ein uttale i bestemt form, men likevel foreslår ei skriftform i ubunden form.

Ei slik ubunden form - av enkelte omtala som nominativsform utifrå dei tilsvarende orda som appellativ – har gjennom sin bruk i skrift fått status mellom mange lokale folk som ”rettare” enn uttaleformene. Men Hallaråker problematiserer at bunden og ubunden form blir brukte om kvarandre (Halleråker 1997: 194), og hevdar at ”den ubundne [forma] er då som regel sterkt påverka av skriftformer”. Utifrå intensjonen i stadnamnlova, som byggjer på prinsippa som Oluf Rygh formulerte i *Norske Gaardnavne, Forord og Indledning* i 1898, så tilseier dette at ein allereie her ser døme på at ulike skriftformer har påverka haldninga til stadnamna i negativ lei. Oluf Rygh formulerte det slik (Halleråker 1997: 29):

Den Udtale, der her er søgt gjengivet, er den, som høres i daglig Tale mellem  
Almuesfolk i vedkommende Bygd, og som gjennem mundtlig Overlevering frå Slægt  
til Slægt stammer frå Navnets oprindelige Form, uden ialfald for Gaardnavnenes  
Vedkommende i nogen nævneverdig Grad at være paavirket af de gjennem Tiderne  
vexlende Skriftformer (Forord s. X).

#### **2.2.4. Eintal/fleirtal**

I enkelte tilfelle skjuler også ei slik skriftleg form at lokaliteten namnet viser til er nemnt i fleirtal. Døme på dette er t.d. dei mange Reite-gardane vi finn på Vestlandet, som alle er nemnde med skriftform i ubunden form eintal (Reite), men der uttalen viser at dei aller fleste av dei har ein uttale i bunden form fleirtal: /’reitaNe/, noko som m.a. er tilfelle for Reite-gardane i Volda (Rygh bd 13: 71, 72, 78 og 82).

#### **2.2.5. Nominativ/dativ**

Kasusforma dativ er knytt til bunden form av namnet, slik at for dei stadnamna som har dokumentert dativsform i uttale, må det ha eksistert ei bunden form av namnet i uttale. Ei utfordring ein har mange stadar på Vestlandet, er at ein berre finn att ei stivna dativsform for mange stadnamn, medan den opphavelege forma har vorte borte. Klassiske døme på dette er gardane Fiskå og Eidså i dagens Vanylven kommune, som er dativ av gamle og no nær utdøydde fleirtalsformer \*Fiskane og \*Eidsane. Eit teikn på at ein har med gamle dativsformer å gjere, er ofte at ein har tonem 2 i uttalen; t.d. gardsnamna Eide (Rygh bd 13: 73) og Skare (Rygh bd 13: 74) i Volda, som begge er stivna dativsformer av gardsnamnet.

Jørn Sandnes (2007: 33) peikar på at gamle kasusformer (særleg dativ) kan ha overlevd og blitt til hovud- eller eineform i ein del namn, men utifrå notidsforma kan det vere vanskeleg å avgjere om det er ei kasusform eller ei form i ubunden fleirtal.

Dativsformene kan også vise oss grunntydingane i namna, til dømes om namnet er eintal- eller fleirtalsform: Det er til dømes tilfellet med Reitane der det i dativ vert sagt (oppå) /’reitå/ - i motsetning til (oppå) /’reita/ dersom det var eintal. Rygh dokumenterer då også fleirtal og bunden form i uttalen på alle dei fire Reite-gardane i Volda (Rygh bd 13: 71, 72, 78 og 82), men kjem likevel med framlegg om skriftform i ubunden form eintal.

## 2.2.6. Lokalitet

Det er eit krav til stadnamn at det skal knytast til ein lokalitet i terrenget. Men denne lokaliteten treng ikkje vere i form av eit bestemt punkt, det kan også vere knytt til eit område eller ei linje mellom to punkt i terrenget. Det treng heller ikkje vere slik at namnet nødvendigvis skildrar sjølve lokaliteten, det er nok at den fungerer og har fungert som eit lokaliseringsmerke i tidlegare tider. Døme på dette er dei mange médane ein har i fjorden, der lokaliseringa er knytt til merke på land som skal stemme overeins for å markere eit særskilt punkt.

## 2.2.7. Kommunikasjonsmiddel

Den praktiske og identitetsskapande delen av namnet er viktig. I tidlegare tider var det til dømes nyttig å kunne kome med gode skildringar av kvar husdyra beitte til ulike tider, og då var det greitt å knyte namnet til ein namngjeven lokalitet i nærområdet – og så fekk ein heller supplere med preposisjonar som "uta-i", "ova-i", "inn-og-heima-i" eller liknande for å gje nærmare skildring av kvar dyra var å finne. Ein slik namnebruk stilte sjølv sagt store krav til lokalkunnskap hos dei ulike namnebrukarane, men så lenge folket var bundne til eit gardsbruk eller eit mindre geografisk område mesteparten av livet, så var dette kunnskap som gjekk i arv og fungerte godt i den daglege kommunikasjonen.

## 2.2.8. Identitetsskapar

Gardsnamna, og til dels også bruksnamna, har sidan den første namnelova<sup>2</sup> kom i 1923 også vorte brukte som etternamn. I den nye personnamnlova frå 2002<sup>3</sup> fekk nemninga utvida innhald til å omhandle alle etternamn. Tidlegare vart nemninga 'slechtsnamn' brukt om faste etternamn som gjekk i arv, medan 'etternavn' vart brukt om faste og lause patronym (Utne 2003/04). Langt attende i tid kjenner ein døme på slik bruk av gardsnamnet, men då meir i form av ei adresse som blei endra dersom personen flytte til ein annan gard – utan at ein rekna dette som ei namneendring (Nedrelid 2002: 124f). Min tipp-tippoldefar Endre Larsson vart til dømes fødd som Endre Larsson Sunde i Borgund. Som farlaus ung gut kom han til familien på Bjørke og skreiv seg då for Endre Larsson Bjerke, men då han gifte seg til Nes i Austefjorden, vart han Endre Larsson Næss. Som *namn* vart altså førenamn og patronym rekna, ikkje bustaden. Dette er den same namngjevings-skikken som vi i dag kjenner frå Island, der ein person *heiter* Jón, men *er* Sigurðssón (Utne 2008).

Då namnelova kom i 1923, løyste dei fleste på Vest- og Austlandet dette ved å bruke gardsnamnet i tillegg til førenamn og patronym. I Nord-Noreg og i større byar valde ein heller å bruke patronymet som etternamn då namnelova kom (Nedrelid 2002: 134). I Volda har ein nokre få døme på at enkeltfamiliar valde å ta patronymet som etternamn. Det er då tale om handverkar- og arbeidarslekter som Paulsen, Nilsen, Karlsen og Andersen, som gjerne hadde tilhald i Halkjelsgata eller på Vikeneset vest for kyrkja i Volda. Olsen- og

---

<sup>2</sup> Navneloven av 9. februar 1923

<sup>3</sup> Lov om personnavn av 7. september 2002

Svendsen-familiane i Volda er derimot døme på etternamn som er eldre, og skriv seg frå embetsmannsfamiliar som hadde teke i bruk desse som slektsnamn før 1900.

Ei utfordring for namnsetjinga er at det var dåverande eller eldre skriftformer i ubestemt form av gardsnamna som blei tekne i bruk som etternamn. Desse formene var ofte baserte på ei dansk-normert namneform av gardsnamnet, som kunne vise seg å ha lite til felles med det namneforskinga kom fram til som skriftform etter nedarva lokal uttale av gardsnamnet. Ein har også døme på at samiske, sør-samiske eller kvenske namn har vorte tolka som norske. Eit klassisk eksempel på dette som ofte blir trekt fram er stadnamnet *Hjemmeluft* i Alta, som er ei fornorsking av samisk *Jiepmaluokta*, som tyder sel-bukta.

### 2.2.9. Brukarkrins

At dei danske og dansk-norske embetsmennene har hatt problem med tydinga av norske dialekt-ord finn ein mange døme på. I dagens Volda sentrum har ein til dømes dei to gardane Rotevatn og Rotset. Desse namna har nok opphav i eit eldre namn på elva eller på sjølve Rotsethornet (Halleråker 2008: 214f). Tydinga kan vere den som fossar fram, eller kanskje også ei henvising til at det av og til rasar småstein frå Rotsethornet – på norrønt kunne ein seie at fjellet *hrjótar*; det styrtar, fell eller glir ut. I skriftlege kjelder, og også i slektsnamna, har formene Rødevand og Rødseth vore brukte. Dette viser nok at namna har vorte tolka med tanke anten på fargen i vatnet, at det var mykje røter i området, eller basert på den vanlege austnorske forkortinga for rydning. Men ingen av desse tolkingane passar for stadane her.

Dersom det er tale om fjellet eller elva som opphav til namnet her, vil det innebere at fjellet/elva har gjeve namn til vatnet, som så har gjeve namn til gardane i nærliken, og så har dette namnet i sin tur endra namnet på fjellet i høve til gardsnamnet: Rotsethornet. Liknande døme finn ein til dømes i Ørsta, der eit vatn har gjeve namn til garden Vatne i Åmdalen, og sidan har garden gjort at namnet på vatnet har vorte til Vatnevatnet.

I Volda har det vore køyrt namnesak om gardsnamnet Håskollane, der brukarane i området ønskte skriveforma Håskjold, i samsvar med slektsnamnet. Klagenemnda vedtok i 1993 skriveforma Håskjold, sidan ein ikkje fann prov på at det eldre namnet Håskollane framleis var i levande bruk (Svanevik 2002: 39). Avgjerda var omstridd i det namneglede miljøet.

I denne oppgåva har eg valt å sjå særskilt på gardsnamna. Dermed er det behov for å definere kva som kan reknast som eit gardsnamn, og dermed også korleis ein skal definere ein gard. Jørn Sandnes er inne på denne problematikken i artikkelen "Gards- og andre bustadnamn" i forordet til *Norsk Stadnamnleksikon* (Sandnes 1997: 32):

*Bustadnamn* er namn på stader der menneske bur eller har budd fast. Ofte blir også namn på setrar, buer o.l. rekna for bustadnamn. Desse blir likevel ikkje tekne med her. Den største og viktigaste gruppa av bustadnamn er *gardsnamna* knytte til det ein kan kalle "namnegarden". Av di den norske namnegarden i historisk tid ofte har vore kløyvd opp i fleire *bruk* (bustad- og driftseininga til *ein* familie), får vi ofte å gjera med

fleire *bruksnamn* på kvar gard. Ei stor gruppe er òg *plassnamna*, namna på husmannsplassar.

### 3. Metode

Med bakgrunn i kjende dateringskriterium for stadnamn og i kva tidsperiode ein først finn dei ulike namna brukt i kjeldene, vil eg freiste å kartlegge når dei ulike gardane og bruka har kome til. Med dette som utgangspunkt og med bakgrunn i tidlegare analysar drøftar eg kva som er rimelege tolkingar av namna. Avslutningsvis drøftar eg dei ulike skrivemåtane med omsyn til prinsippa i stadnamnlova, målt opp imot munnlege og skriftlege former i det innsamla materialet, den lokale dialekten og dei mest truverdige tolkingane av namna. Her vil det også vere interessant å sjå nærmare på korleis ulike variantar av stadnamnet har vore brukt som etternamn – sidan det kan vere ulike tolkingar som ligg til grunn for namna som vert brukte i dag.

#### 3.1. Tidfesting

Når det gjeld datering, kan stadnamna relaterast til andre objekt og hendingar i historia, og på den måten gje oss kunnskap om namnet og lokaliteten dei skal beskrive. Til dømes er garden Hallkjellsvik nemnt av Snorre i samband med slaget i Hjørungavåg (Snorre 1990: 151). Sjølv om tidfesting og opphav til dette namnet kan problematiserast, så er dette ein indikasjon på at vi har med eit gammalt gardsnamn å gjere. Eli Ellingsve (1999: 18) nemner fleire ulike grupper av metodar for tidfesting, der fleire har underliggende emne:

- Historisk metode – knyte namnet opp til historiske kjelder eller personar/hendingar
- Landskyldsmetoden – klassifisering av gardane utifrå verdisetjing
- Arkeologisk metode – fastsetje alderen utifrå faste eller lause jordfunn
- Naturvitenskaplege metodar som dendrokronologi, pollenanalyse, C14, fosfat og landhevingsteoriar.

Den historiske metoden er knytt til at ein kan finne att stadnamnet i historisk materiale, oftast i skriftlege kjelder. Ei rik kjelde for eldre stadnamn-materiale er i supplikkane som er samla i *Diplomaticum Norvegicum*, og i denne oppgåva har eg nytta dei namneformene som er omtala av Oluf Rygh i *Norske Gaardnavne* som kjelde for det eldste namnematerialet. Den første samla oversikta over gardar i Volda – som elles i landet - finn ein i samband med Tiendpengeskatten frå kring 1520. Det er allment akseptert mellom historikarane (Harsson 2002: 142) at dei gardane som var i drift då, eller er nemnde i tilfeldige gardsdokument frå middelalderen: *Diplomaticum Norvegicum* (DN) - er gardar som har overlevd Svartedauden i Noreg kring 1350, og dermed er mellom dei eldste gardane i landet.

Ein annan indikasjon på høg alder er skylda på gardane. Magnus Olsen kalte dette den "kamerale metoden": noko som angår finansforvaltinga (NHL 1974), og teorien bak var at:

De første bøndene valgte gode og store områder til sine gårder. De som kom etter måtte gradvis ta til takke med dårligere jord. Dermed er det de eldste gårdene som er mest verdifulle og får høyest landskyld: høy landskyld tyder på høy alder, lav landskyld på lav alder. (Sulebust 1994: 153)

Skylda er ei verdifastsetjing av kor mykje ein kunne vente av innkome på garden, og er slik ikkje ei rein arealvurdering, men også ei vurdering av verdiene og moglegheitene som låg til garden. I materialet eg omtalar, har eg notert landskylda, slik at dette inngår i vurderinga av alderen på gardane.

Der det finst buplassar frå eldre tid kan arkeologiske funn gje ein god indikasjon på tidleg busetnad. I dag tilseier *Lov om kulturminner av 1978* at det skal gjennomførast arkeologiske prøvegravingar før ein set i gang med nybygging. Slike prøvegravingar kan gje oss ny og nyttig informasjon om tidlegare busetnad og bruk av områda i eldre tider. Her er det grunn til å dele mellom faste fornminne og lausfunn, altså saker som kan ha vorte "misste" på garden utan at det har vore busetnad der. Funn av bustadomter er sikre funn, gravrøyser kan vere ein god indikasjon på tidleg busetnad, medan funn av fangstreiskaper er meir usikre for å påvise busetnad i området (Ellingsve 1999: 24).

Også kunnskap om fellesskap i sætring og utmarka mellom gardane vil gje god kunnskap om tidlegare garddelingar i eit område, men her må ein ta omsyn til at føresetnadene kan ha endra seg over tid. Mellom anna veit ein at mange sætrestøylar i Volda gjennom åra har vorte raserte av snø- og steinras, og desse kan då ha vorte flytta saman med andre sætrestøylar i nærområdet.

I nyare tid har ein også fått fleire naturvitenskaplege metodar som kan brukast i dateringa. Dendrokronologi, pollenanalyse, C14-datering, fosfat og landhevingsteoriar er døme på slike. Dendrokronologi kan brukast på gammalt bygningsmateriale, der årringane vil fortelje om vekstvilkåra for treet før det vart høgt. Når ein så samanliknar dette med innsamla materiale fra vekstvilkåra ein kjenner frå andre kjelder, så kan ein med stor sikkerheit slå fast i kva for nokre år dette treet var i vekst, og dermed også når det vart høgt - og dermed slutta å vekse – for å bli brukt til husbygging. Slike bygningsmateriale kan gjerne ha vorte gjenbrukt fleire gongar, så ein må bruke informasjonen med skjønn.

Pollenanalyse gir informasjon om type vegetasjon på staden og kan vere nyttig for å slå fast opphavsstad til ein gjenstand eller eit bygnings-materiale, utifrå kjende data ein har samla inn tidlegare. C14-metoden tek utgangspunkt i at levande ting i naturen har ei naturleg mengde radioaktivitet i seg. Denne har ei eksakt halveringstid som har vore forska på i lengre tid. Ved å måle radioaktiviteten i ein gjenstand, kan ein derfor med stor sikkerheit tidfeste når materialet har vore aktivt.

Fosfatmetoden kan gje ein indikasjon på når og kva for del av eit areal som har vore bearbeidd gjennom tidene, og slik fortelje noko om busetnaden i eit område. Landhevingsteorien tek utgangspunkt i at landet heva seg ulikt etter den siste istida, og at dette har påverka busetnaden gjennom at folk ønskte å bu nær ressursane dei skulle leve av.

Så langt eg kjenner til har det ikkje vore brukt verken arkeologiske eller naturvitenskaplege metodar til å granske lokalitetar i Volda av noko særleg omfang – og det vil ikkje vere råd å inkludere resultat frå slike metodar i samband med denne oppgåva. Der det er registrert arkeologiske funn, vil eg sjølv sagt ta med dette som ein del av vurderingane bak tidfestinga. Likevel vil mine drøftingar av alderen til dei ulike gardsnamna i første rekke byggje på den historiske metoden, landskyldmetoden og språkleg datering, som er nærmare omtala nedanfor.

I artikkelen "En stor bølgjebevegelse med oppgang, nedgang og ny oppgang. Bosetning og befolkning fra yngre jernalder til 1665" (Ugelvik Larsen/Sulebust 1994: 153), har Jarle Sulebust teke med ein ""hovudtabell" for tidsbestemmelse av stedsnavn på Sunnmøre'. Felles for mange av dei som forskar på stadnamn er at dei er rimeleg samde om den historiske rekkefølgja då dei ulike namneklassene oppstod, medan dateringa kan variere noko. Utifrå tabellen til Sulebust kan ein finne følgjande trekk om dei ulike namna:

<b>Tidsepoke</b>	<b>Namneformer</b>	<b>Andre trekk ved namna</b>
Før 400	usamansette naturnamn	ubestemt form, ikkje personnamn
0 – 600	-vin	6,7% kyrkjeandel, ikkje personnamn
0 – 600	-heim	3,9% kyrkjeandel, ikkje personnamn
400 – 1000	-land	1,8% kyrkjeandel, lite personnamn (slutten)
500 – 1000	-stad	2,5% kyrkjeandel, personnamn forekjem
Før 1000	-bø, -by, - horg, -hov	0,6% kyrkjeandel, personnamn forekjem
800 – 1030	-tveit, -set	personnamn forekjem
1030 – 1350	-rud, - reit	ingen kyrkjeandel, personnamn forekjem
Etter 1350	-øygard, -aun (nytt namn)	ofte bestemt form, personnamn forekjem
1600 – 1900	-plassen, -hagen, -gjerdet, -løkken, -seter, -støl	ofte bestemt form, personnamn vanleg

Jørn Sandnes (2007: 35) reknar med at det på landsbasis fanst 25 – 30 000 gardsnamn ved utgangen av vikingtida, og dette kan ha auka noko utover. Sandnes peikar på at også namn som i dag er samansette, kan ha vore usamansette natur- eller kulturnamn i eldre tid, og at det derfor er grunn til å problematisere ei datering som er basert berre på namneformene i dag (Sandnes 2007: 34). Han framhevar at mange av *vin*-gardane truleg har vore knytta til beitemarker og slåttestader under eldre gardar, som så kan ha vorte utskilte som eigne gardar seinare, medan *heim*-gardane nok er opphavelige gardsnamn som fortel om planmessig landnåm eller kolonisasjon (Sandnes 2007: 34). *Land*-namna meiner han er noko yngre og særskilt utbreidde på Sørlandet og Sørvestlandet, og dei fortel nok særleg om bureising og ekspansjon i folkevandringstida år 400 – 600.

*Stad/staðir*-namna omfattar kring 2500 gardsnamn, som nok er primære bustadnamn og derfor ofte har personnamn i førsteleddet. Det kan då vere rydningsmannen som sjølv har gjeve namn til garden (Sandnes 2007: 35). Sandnes (ibid.) nemner at *set*-gardane har det til

felles at dei oftast er mindre utkantgardar, og i Trøndelag har desse gardane til dømes berre halvparta av skulda som ein finn på stad-gardane. Han meiner at både *set*, *tveit* og *torp* i stor grad kan plasserast i vikingtida. Geografisk er *set* oftast brukt i området frå Sunnfjord og nordover, *tveit* frå Telemark til Hordaland og *torp* aust og sør i landet.

Sandnes (2007: 35) problematiserer *bø/by* som namneledd, fordi desse namna har forgreiningar i heile namneperioden – heilt frå dei usamansette gardsnamna og fram til dei klart kristelege *by/bø-namna* som Munkeby og Kyrkjebø. Desse namna fortel ofte om tidlegare garddelingar til mange bør eller tun, og særleg på Vestlandet kan dei vise til stor garddeling i vikingtida. Tom Schmidt skriv i si doktoravhandling om *Norske gårdsnavn på –by og –bø med personnavnforledd*. Han siterer der Kaare Lunden:

Skikken med samansetjing av gardsnamn med personnamn var i Noreg i full blomstring i hundreåra før vikingtida. Særleg hundrevis av –staðir-gardar med slike namn må ha kome opp då. (Schmidt 2000: 29)

Det er slik vanleg å knyte denne namneforma til Vikingtida, men *bø-namn* i ubunden form kan også vere eldre enn dette. *Horg/hov* fortel om gudsdyrkning i heidensk tid, men Schmidt framhevar at ei slik datering kan innebere feilkjelder, då ikkje alle slike namn treng å vere så gamle.

Namneklassa *rud/ruð* viser til nyrydding av smågardar, først og fremst på Austlandet, særleg i kristen mellomalder. Til denne perioden reknar Sandnes også namneledd som *bøle*, *reit*, *holt*, *bu/buð*, *gjerde*, *sve*, *gard* og *hus*. Desse namna omtalar han som ekspansjonsnamn, det er namn som ber preg av utskifting og garddeling. Etter Svartedauden vart mange mindre utkantgardar liggande øyde, og ein får då namn som *aun/auðn* eller *øygard/øgar* når gardane vart tekne oppatt utover på 1600-talet. I denne perioden fekk ei også ein del reine naturnamn i bunden form; Lykkja, Brennene, Svea eller Hagen.

Ubunden form av gardsnamnet var vanleg fram til 1500-talet. Deretter vart det meir vanleg med namn i bunden form. Personnamn er ikkje vanleg i namn som ein kan datere til folkevandringstida (400 – 600) eller før, men vert hyppigare brukt fram mot nyare tid. Den yngste namneklassen omfattar i stor grad oppdelingar av eldre gardar eller utskiljing av husmannsplassar, og det er då relativt vanleg med namn på brukar, yrke eller utnamn som utmerkingsledd.

### 3.2. Tolking

Når det gjeld tolking av gardsnamna, har både Ivar Aasen (1851), Oluf Rygh (NG 1906) og Eivind Vågslid (1958) tolkingar til ein del av namna. Vågslid har vorte kritisert av fleire for manglende dokumentasjon for ein del av sine påstander og for å ha låst seg til ein særskilt teori utan evne til kritisk refleksjon over denne (Vågslid 1979; innleiing s. 1-5). Vågslid sin

styrke er derimot at han dokumenterer naturgjevne tilhøve kring stadane han omtalar, i og med at han la vekt på å oppsøkje alle stadane han omtalar i namnesamlingane sine.

Oddvar Nes – som sjølv vaks opp i Volda sentrum - skreiv ein artikkel i Voldaminne 1987, der han systematisk tok føre seg matrikkelgardane i Volda. Han skreiv også ein eigen artikkel med tolking av kommunenamnet Volda (Nes 1985). Ein kritikk av Nes sin artikkel om gardsnamna, har vore at han ukritisk vidarefører ei eldre uttaleform basert på Rygh sine uttalar frå 1906, der ein har palatalisering i utlyd på mange stadnamn; til dømes /ga:rINN/, der Stadnamnarkivet dokumenterer ei nyare lydendring (forenkling) til berre /ga:rI/. Helge Sandøy (1990: 72) påpeikar bortfallet av dette dialekt-trekket, og hevdar at det var dominerande i dette området då. Det vart også gjort freistnader på tolkingar av bygdebokforfattaren Per Aarviknes (Årviknes 1970-73, Lyngnes 1967), men Oddvar Nes aviser i stor grad desse tolkingane i sin artikkel om gardsnamna i Volda (Nes 1987).

Det seier seg sjølv at med såpass mykje sekundærkjelder, vil det kunne snike seg inn feil i namnematerialet. Audun Dybdahl har ein god artikkel om dette i *Historisk tidsskrift nr 3, 2006*: "Identifisering av gårdsnavn i gamle kilder". Her peikar han på 9 ulike årsaker til usikker identifisering:

1. Det kan dreie seg om et vanlig stedsnavn som ikke blir nærmere lokalisert.
2. Lokaliseringen i kilden kan være til et så stort geografisk område at det ikke er videre hjelp i den. Lokaliseringen kan være til et ellers ukjent bygdenavn.
3. Lokaliseringen i kilden kan være feil.
4. Det kan ha skjedd en sammenblanding av like eller lignende gårdsnavn.
5. Et familiennavn kan være brukt som gårdsnavn.
6. Gårdsnavnet kan være feilskrevet eller radbrukket til det ugenkjennelige.
7. Språkutviklingen kan ha ført til at navnet er sterkt endret.
8. Gården kan ha skiftet navn.
9. Gården kan ha opphørt som selvstendig driftsenhet.

I mine analysar har eg forsøkt å avgrense slike feilkjelder ved å undersøkje originalkjelda dersom det er grunn til å tru at det er noko feil. Mellom anna er det på det reine at namneforma \*Svangersnæss, som førekjem i internett-versjonen av Folketeljinga 1801, heilt klart må vere ei feilskriving (jf. pkt 5) som kjem av at den som har skrive av kjelda ikkje har greidd å skilje mellom stor S og stor Q, som er måten Kvanngardsneset ("Qvangersnæss") vart skrive på på den tida. Garden Rossetvikane har nok av embetsverket vorte namnemessig samanblanda – tolka til å ha noko med garden Rotset å gjere. Ein ser at slektsnamnet Rødset som er brukt på Rotset, blei til Rødsetvik på denne garden, utan at desse gardane har noko med kvarandre å gjere (jf. pkt 4). Garden Ekornberget har nok på eit tidspunkt vore feilskrive og feiltolka som Kornberg (jf. pkt 6). Innbyggjarane på garden Feta fekk i 1907 kongeleg løyve til å skifte namn på garden til Lauvstad (jf. pkt 8).

### 3.3. Skriftnormering

Stadnamnlova frå 1990 slår i §4 fast at "skal det ved fastsetjing av skrivemåten takast utgangspunkt i den nedervde lokale uttalen". Dette har likevel vist seg å vere utfordrande i praksis, i og med at ulike skriftformer gjerne avvik ifrå den lokale uttalen. Skriftformene – inkludert etternamna - blir ofte rekna for "rettare" enn ei uttaleform ein ikkje finn att i skrift. Mange namnesaker har teke utgangspunkt i nettopp samanlikninga mellom etternamnet og forslaget til rett skrivemåte av gardsnamnet utifrå Stadnamnlova. I ein artikkel av Anne Svanevik (2002: 38) om arbeidet med namnesaker i Statens kartverk, er som nemnt saka om Håskjold/Håskollane brukt som døme.

I det heile har slektsnamna ofte vore grunnen til sterke diskusjonar kring skrivemåten av gardsnamn kringom i landet. Det sterke presset til fordel for slektsnamna gjorde at ein fekk igjennom ei lovendring i stadnamnlova i 2015, slik at dei lokale brukarane fekk større innverknad på skrivemåten av namna enn konsulentane i Kartverket. Det sentrale prinsippet om namna som kulturminne blei dermed utvatna. Namnebrukarane har fått gjennomslag for at også dei gamle skrivemåtane skal tilleggast vekt når ein skal namsetje ein lokalitet, uavhengig av den lokale uttalen og opphavet til namnet. Botolv Helleland beklagar endringa av Stadnamnlova (Grov 2016):

Stedsnavnloven ga oss mulighet til å rydde opp i det virvaret av skrivemåter vi ser i dag, også med en viss medvirkning av lokalsamfunnet. Men med den nye loven åpnes det for et virvar av former som blir stående side om side. Gjennom historien er stedsnavn ofte skrevet både tilfeldig og feil. Det har vi et utall eksempler på her i landet [...] Når slike feilskrivinger får leve, viskes den kulturelle verdien til stedsnavnene ut. Det vil lovendringen bidra til. [...]

Mens etternavnene våre er nesten uløselig knyttet til oss som enkeltpersoner, er ikke stedsnavnene det i samme grad. Det er noe som har oppstått i et fellesskap, og som vi forvalter i fellesskap. En person bor for eksempel på en gård bare en liten del av den tiden gårdsnavnet har eksistert. Gårder kan bli solgt og kjøpt, mens navnet har overlevd ulike eiere i hundrevis av år. Derfor står stedsnavnene i en særstilling og fortjener et særskilt vern.

Namnematerial er i likskap med mange andre dialekttrekk i stadig endring. Dativ har med tida vorte svekt det daglege språket i området, men i stadnamna har desse formene vore meir stabile og overlevd den ytre språkpåverknaden lenger enn i andre deler av talemålet. Likevel ser ein i dag at dette språklege trekket er på veg ut av dialektane til yngre brukarar. Dette gjeld også når det gjeld namnebruken, sjølv om utviklinga går seinare her.

I samband med Busetnadssoga vart det hevda på eit bygdemøte at Dalsfjorden har meir til felles med øyane i Herøy og Sande, enn med bygdene lenger inne i fjorden. Dette er nok ein korrekt observasjon: Namneendringar sprer seg gjerne frå sentrale strok i kommunen og utover på bygdene - og tidlegare var sjøen det som batt ulike bygder saman, før ferdelsen

langs vegane overtok for fullt etter at bilane kom i aktiv bruk etter krigen. Helge Sandøy (1990) har skrive ein del om dette i artikkelen "Vestlandet – der fjordane batt folket saman".

Ivar Utne (2003/04) har i ein artikkel om korleis etternamna kom til etter *Namnelova av 1923*, korleis ulik normering av stadnamn har vore gjennomført gjennom tidene og kva prinsipp ein har lagt størst vekt på til ulike tider. Jørn Sandnes og Ola Stemshaug (2007: 517) set i *Norsk Stadnamnleksikon* fram fire prinsipp som bør brukast i stadnamnnormering:

1. Skrivemåten bør vera tradisjonell. Ein bør halde seg til den skrivemåten som har vore brukt til vanleg i skrift før. Dersom det er fleire, bør ein velje den vanlegaste.
2. Skrivemåten bør følgje same reglar som skrivemåten av andre ord i språket. Dei same rettskrivingsprinsippa bør gjelde for skrivemåten av stadnamn som for appellativ (samnamn, fellesnamn).
3. Skrivemåten bør vera etymologisk, dvs. mest mogleg i samsvar med det historiske opphav til namnet.
4. Skrivemåten bør så langt råd er gje att uttalen i målføret.

For å kunne vurdere dette på vitskapleg grunnlag, tek eg utgangspunkt i eldre former av gardsnamna, som eg så held saman med prinsippa 2-4 ovanfor. Nokre av dei eldste skriftformene i materialet til Oluf Rygh (1908) viser ein eldre uttale, og i tillegg dokumenterer han ein uttale kring 1900, som han – etter som det er fortalt – samla inn ved å oppsøkje lærarseminara og lokale rekruttar på eksersisplassane (Hallaråker 1997: 36). Ivar Aasen laga ei oversikt over nokre av stadnamna i området i 1840, der han dokumenterer uttalen av ein del stadnamn. Ivar Aasen kan slik hevdast å vere ein av dei første i Noreg som aktivt samla inn og systematiserte namnemateriale frå eit geografisk område. Dette var derimot lite kjent i samtidta, og Aasen er ikkje nemnt mellom dei første stadnamngranskarane i Noreg, sjølv i kjelder publiserte i nyare tid (Stemshaug 1985). Peter Hallaråker tok initiativ til at Aasen sin artikkel om lokale stadnamn på Sunnmøre vart presentert i særtrykk 1987 – "Sunnmørske Stedsnavne. Av Ivar Aasen" (Hallaråker m.fl. 1987). I tillegg har ein fått auka fokus på det namnematerialet ein kan finne i andre namnesamlingar av Aasen, som til dømes uttalar av ulike namneledd i "Målsamlingar frå Sunnmøre" (Bondevik, Nes og Aarset 1994).

Stadnamnarkivet dokumenterer uttale frå 1970-åra, avskrive i fonemisk skrift (Hallaråker 1987: 145) etter lydbandopptak med lokale informantar. Måten dette vart gjort på var at ein først samla inn namnematerialet for eit område, og så fekk ein på eit seinare tidspunkt ein lokalkjent person til å lese inn namna på lydband. Denne uttalen blei så i ettertid transkribert over til ei enkel fonemisk lydskrift. Lydskriften brukar vanlege skriftteikn, og markerer dei særmerkte sunnmørske lydane ved bruk av stor bokstav. Kjeldekritisk er det ein del å utsette på dette innsamlingsarbeidet. Mellom anna har eg funne døme på därleg samsvar mellom det eg har fått opplyst av lokale informantar og det som er innlese på lydbanda. Ideelt sett burde nok informantane sjølve også ha stått for innlesinga på lydband.

#### **4. Utval av namnematerialet**

Volda kommune er i dag delt i 167 gardsnummer (Rygh 1908 og Matrikkelen 1950), og dette inkluderer då også tidlegare Dalsfjord herad. Desse matrikkelgardane varierer mykje i storleik. Med unntak av nokre få einbølte (udelte) gardar, er dei aller fleste delte i fleire bruksnummer. Garden Halkjelsvik (Volda sentrum) er i dag den største matrikkelgarden i kommunen, med over 800 bruksnummer, der fleire av desse igjen er oppdelte i seksjonar og festetomter. Medan det har vore gjort mykje gransking på gardsnamna, er det relativt få som har granska bruksnamna. Frå nyare tid har Jostein Fet presentert døme på *Sunnmørskes tunnamn* (Fet 2010), men ikkje frå Volda.

Inndelinga i matrikkelgardar fangar ikkje opp eldre, no vekk-komne gardar og heller ikkje det at fleire av gardane kan vere delte i sjølvstendige brukseiningar. I daglegtale vil dei fleste omtale desse einingane som gardar, sjølv om dei per definisjon er gardsbruk. Tek ein utgangspunkt i alle bruksnummara i ein kommune, vil ein også finne mange parcellar som ikkje er sjølvstendige einingar – kanskje berre eit jordstykke, eit vegstykke, ei grøft eller delar av ei tomt. Eg har i denne oppgåva valt å konsentrere meg om eigedomar der det har vore drive gardsdrift, men heller ikkje dette er heilt enkelt å definere eintydig. Til dømes vil det nok i dagens Volda sentrum finnast eigedomar der det til tider kan ha vore fóra ein gris eller nokre høner, utan at desse er fanga opp i matriklane.

Stadnamnarkivet for Volda opererer med ein namnebase på 18 250 namn (Hallaråker 1995: 349). Basen er ei unik kjelde for namn både i utmark og innmark, og dokumenterer både uttale og ulike skrivemåtar. Men gjennom mitt eige arbeid med karta til Busetnadssoga såg eg snart at materialet også hadde enkelte manglar. Mellom anna var ein del av dei namna som var førehandstrykte på kartblada, ikkje tekne med mellom dei innsamla namna. Fleire gardsnamn er dermed ikkje nemnde i det innsamla materialet som vart digitalisert, der uttalen vart innlesen på band av lokale kontaktpersonar.

Svært få av informantane har fått nedteikna dei lokale namna på gardsbruka (tunnamna). Når vi i samband med Busetnadssoga bevisst spurde etter desse namna, fekk vi dokumentert at nær sagt alle gardar der det var fleire bruk hadde eigne namn på kvart av gardsbruka/tuna, og fleire av desse namna er i dagleg bruk på garden og folka der endå i dag. Ofte finn ein dei klarast i omtale av brukarane som til dømes Endre-Ola, der det første namnet viser til kva for gardsbruk dei ulike brukarane kom ifrå: Endregarden. Ei haldning som kom fram då vi arbeidde med Busetnadssoga, var at slike namn ikkje vart sett på som like "rette" som dei namna som kjem fram i matriklane – det var munnlege namn som levde i daglegtalen i motsetning til dei skriftførde matrikkelnamna. Eg høyrde til dømes mange gongar utsegner som denne: "Det heiter nedre Rotset, men vi har alltid kalla det Ristegarden!"

I dag er det slik at mange gardshus står tome og mange stadar er også markane uslegne. Andre stadar har einskildbønder overteke drifta av opptil 8-10 tidlegare gardsbruk. Derimot er svært få av desse gardane samanslegne matrikkelmessig, noko som gjer at gardsnamna framleis kan fortelje si historie om desse gardane i eldre tid.

## 4.1. Utval av namn til drøfting

I samband med dette prosjektet laga eg ein database der eg tok utgangspunkt i den informasjonen Oluf Rygh hadde samla om gardsnamna i Volda (Rygh 1908). Dette materialet har eg så supplert med informasjon om skyld og informasjon om administrativ og kyrkjeleg tilhørsle for gardane gjennom historia (Ertesvåg 1997). Eg har lagt inn informasjon om skriftformer frå folketeljingane og dei eldre jordebøkene og matriklane, samt at eg har brukt databasen frå Busetnadssoga til å trekke ut skriftformene som er brukte i kyrkjebøkene i Volda frå 1700-talet og fram til 1932. Eg har også gått igjennom listene til Stadnamnarkivet i Volda og trekt ut dei gardsnamna som er nemnde der, og også namn som har tilknyting til eller er avleidde av gardsnamna.

Eg har i denne oppgåva valt å ta utgangspunkt i gardsnamna på matrikkelgardane i Volda, slik dei kjem fram i dei ulike matriklane, og slik dei er behandla i *Norske Gaardnavne*. Eg har slik valt å sjå bort ifrå reine bustadtomter frå nyare tid. Databasen for Volda omfattar kring 820 namn på område, gardar og gardsbruk.

Men som i *Norske Gaardnavne* har eg også enkeltstader teke med bruksnamn eller namn på nedlagde gardar som er særlig interessante for heilheita i området. Døme på dette finn ein mellom anna på Dravlaus, der det eine gardsbruket har namnet Garen, og då tydeleg viser at det gamle tunet på garden har vore her. Eg har også lagt vekt på å trekke fram gardar som kan seie noko om framveksten av busetnad i eit område, til dømes gardar som har gjeve namn til eit bygdelag.

Det kan vere greitt å gje eit lite oversyn over namnematerialet i Volda, før ein går i detaljar, noko liknande det Peter Halleråker gjer i si bok om stadnamna i Møre og Romsdal (Halleråker 2000: 123f).

## 4.2. Usamansette stadnamn

Dei fleste av gardsnamna i Volda er samansette av eit fellesledd (hovudledd) som seier noko generelt om staden – gjerne eit natur-ord, og eit utmerkingsledd som ”karakteriserer eller modifiserer hovudleddet og har såleis adjektivisk funksjon” (Halleråker 1998: 25). Halleråker skil også mellom naturnamn og kulturnamn (2000: 23-24), der naturnamna viser til landskapet på staden medan kulturnamna kan bidra med informasjon om menneskeleg verksemd på staden.

### 4.2.1. Naturbeskrivande namn

Bakken/Bakkane, Berg, Botnen (inst i ei vik), Brunane (skarp kant), Bugen (avrunda formasjon), Bøen, Dale/Dalen/Dalane, Dyftene/Dysa (lavtliggande lende), Eide (lavt stykke mellom to vatn), Flotene (flate), Fyrde (fjord), Hammaren/Hamre, Hauane/Haugane/Haugen, Heltnane (av *helkn*=småstein), Hildre (terrengformasjon som viser seg fram), Hjellane

(høgtliggende flate), Hola (fordjuping i lendet), Holen/Holte (haug), Kile (smal vinkel), Klepp (fjellknatt), Koppen (runding i terrenget), Krikane/Kriken/Kroken, Lid/Lida, Lund, Myra/Myrane, Nakken (avrunda høgdedrag), Nes/Neset (land som stikk ut i vatn), Rabben (jordrygg), Reite/Reiten/Reitane (avgrensa flate), Rinde (jordrygg), Reset (forhøging i terrenget), Sanden (sandete grunn), Skare/Skaret (skar i fjell), Skjeret, Strand/Stranda, Straume, Svoren (stad der jorda er utgraven av fjellskred), Vika/Vikane, Vollen/Vollane, Øyra (sandbanke ved utløp av ei elv), Åsen.

#### **4.2.2. Namn knytte til dyreliv og vekster i naturen**

Haslen/Haslane (stad der det veks hassel), Mork (skog), Rusti/Rusta (liten skog), Rydet (tettvaksen skog).

#### **4.2.3. Namn knytte til dyrking og gardsdrift**

Brauta (bakke med veg), Brennene (viser at garden har vore dyrka ved brenning), Engjane (eng, mark), Fita (frodig grasmark), Folla (kunne gje mange foll, frodig grasmark), Garden, Geila/Geilo/Geilane (krøttersti til utmarka), Gjerdet (innhegning for husdyra), Gotene (stykke ved ein veg), Hagen, Kleiva (bratt bakke i ein veg), Korsen (det stod ein steinkors her frå gamal tid), Kvia (for husdyra), Leitet (stad der ein kan sjå langt til mange sider), Plassen, Røysa (steinrøys), Setre (her: bustad, sete), Skiftane (eigedom i bytet mot ein annan gard), Skjerva (del av ein større gardpart), Stigen (sti, veg), Støylen, Sætra, Teigane (jordstykke av ein større eigedom), Torkjen (truleg av at det har vore lett å få turrhøy her), Tufta/Tyfta (tomt etter tidlegare busetnad)

#### **4.2.4. Andre namn**

Usikre tydingar: Arausen (truleg noko som reiser seg), Lidarende (namn frå poesien), Mek (eldre samansetning med midt og vik), Måna (manen på hesten, her brukt i overført tyding om eit skar mellom to vatn), Norum (nyare tunnamn utan klar tyding), Rauken (gardsnamn frå Austlandet som er brukt her), Rotane (utan klar tyding), Røys (sleksnamnet Reutz, som seinare har vorte fornorska), Teklå (utan klar tyding).

Vi ser at naturnamna dominerer – mellom anna fordi mange av dei eldste, usamansette, gardsnamna har slikt opphav.

### **4.3. Samansette stadnamn - fellesledd**

#### **4.3.1. Naturbeskrivande namn**

bakk/bakke/bakken/bakkane, berg/berget/bergane, botnen, bugen, dal/dalen/dalane, eidet, fjorden, flot/flatene (flate), gylet, hammaren, haugen, hjellen/hjellane, hola, holen, holm, klepp, land (lende), lid/lida/lien, lænde, myra/myrane, nakken, neset, osen, sanden, skaret, skollane (skalle – høg, open og tørr plass), stein, strand/stranda, vatn, vik/vika/vikane, voll/vollen, øya/øyane, åsen.

#### **4.3.2. Namn knytte til dyreliv og vekster i naturen**

lund/lunden, mork, rysta.

#### **4.3.3. Namn knytte til dyrking og gardsdrift**

bygda, bu (i nyare samansetningar om bustad), bø/bøen, folla, gard/gård/garden, gjerdet, hagen, hamn, (h)eim/heim, jorda, kleiva, lisjebøen, lund, ly, mark/marka, plassen, reiten/reitane (dyrka/planta stykke), rud (rydding), set (sete), sletta/sletten, stad (bustad), stigen, støylen, sæter/sætra, teig/teigen, torp (her brukt i eit nyare tunnamn), tun/tunet, vang (engslette), øydegard.

#### **4.3.4. Andre namn**

foten (her i tydinga: ved enden av), laus (her truleg det å mangle noko), ro (plass der ein har det roleg), tølet (småsaker, her truleg i tydinga småmark).

Som ein ser er det ein stor grad av samanfall mellom fellesleddet i dei samansette namna og dei usamansette gardsnamna i området.

### **4.4. Samansette stadnamn – utmerkingsledd**

#### **4.4.1. Konkrete element i naturen**

Aur (småstein), Bakke, Berg, Dal, Eid, Elve/Å, Fyrds (genitiv – her i tydinga fjord), Gjøss (genitiv av gjøtt), Hauge (genitiv), Hjell/Hjelle, Hol, Hole, Holme, Kils (genitiv), Klepp, Koppe (genitiv), Krike/Krok/Krå, Lia/Lid/Lida, Lund, Mo (tørr, sandig flate), Morka, Myre, Nakke, Os, Ris (høgde, bergrygg), Ryggja (åsrygg), Slette, Stranda (genitiv), Sæv/Sø (av sjø, den våte), Ura (genitiv), Vass (genitiv), Vike (genitiv), Ås/Åse (genitiv).

#### **4.4.2. Fortel noko om plassen eller korleis han ligg til**

Ande (her i tydinga framstikkande), Aust/Auste (genitiv), Bratt/Bratte, Dju (svokk i lendet), Eidse (her i tydinga fosse fram), Drive (sjødrív), Eidse (her 'den som fossar fram' – om ei elv), Fine (her i tydinga småstilt – om sand), Foss, Frami/Fremmer/Fremste, Gjøs (her kan det vere eit elvenamn 'strøyme voldsamt fram'), Grø (av grjot = småstein), Grøne, Heim/Heimi/Heimste, Hinn (kanskje i tydinga 'den andre'), Hols (*holt* = steinete), Hund (her i tydinga noko som reiser seg i terrenget og viser godt att), Høg/Hå, Indre/Inn/Innafyr/Inste, Kal (her kanskje 'det kalde'), Kroms (her om noko kronglete), Lang/Lange, Leir (grunnen), Lisje, Løn (her: den skjulte/løynde), Me/Mid/Midt, Nedre/Nedste, Nor/Nord, Ny/Nye, Oppi, Sand (grunnen), Rot/Rote (her tolka som *hryta*: "den som skuvar noko utføre"), Små, Sol/Solli (lys stad), Stein (grunnen), Still (rolig), Stor/Store, Sunn (i syd), Svart, Tyle (av småsaker, her i overført tyding) Ut/Ytste, Winds (utsett for vind), Øvre/Øvste, Åmel (samansetjing av á i tydinga elv og småstein).

Her har eg ikkje teke med undernamn som viser tilbake til namnegarden bustaden ligg under, til dømes Dravlaus-(Lisjebøen) til skilje frå Dals-(Lisjebøen). Dei reine adjektiva som eg tidlegare har nemnt i namn som til dømes Indre og Ytre Dravlaus, kjem også strengt teke

under denne grappa, men dei er då ei gruppe adjektiv som kjem i tillegg til det beskrivande utmerkingsleddet for dei namna eg omhandlar under denne kategorien.

#### **4.4.3. Tre- og planteliv på staden**

Aks- (av trenamnet ask), Berk/Bjørk/Bjørke (genitiv)/Byrkje, Ek/Eikr (genitiv), Espe (fleirtal av osp), Fur/Fure/Furu, Gran, Hatle (av hassel), Kvan (planten kvannjól), Lauv, Lyng, Or/År, Reita (skogsreit), Rogne, Røn (av *røyni* = rogn), Skog, Skrubbe (bær), Til (truleg av tell = ungfure), Tor (kan kome av torv eller tare), Tømmer.

Ein må gå utifrå at namna her viser til planter og tre som vaks på staden, og at garden har fått namnet sitt derifrå.

#### **4.4.4. Ville dyr**

Bjørna (genitiv – kan også vere mannsnamnet Bjørn), Ekorn, Hauk, Mår, Røve, Ulve (kan også vere mannsnamnet Ulf), Ær (fuglenamnet ærfugl).

Ei enkel tolking vil vere at gardsnamnet er knytt til forekomstar av desse dyra på staden, men her er det vanskeleg å slå fast dette heilt konkret. I enkelttilfelle så kan det også vere spesielle hendingar som er grunnlag for namnevalet på staden.

#### **4.4.5. Dyrking og gardsdrift - personnamn**

Abel, Ananias, Anders, Andreas, Anton, Arne, Bastian, Bernt, Bjørn, Bottolf/Bottel, Daniel, Didrik, Einar, Elias, Elling, Endre, Erik/Erke (dialekt, genitiv), Folke, Frans, Gabriel, Gammel (Gamaliel), Greif, Halkjel, Halvar, Hans, Harald, Hel (av Helgi), Henrik, Hombor (av Hornbori), Iva (genitiv)/Iver, Jakob, Jens, Jetmund, Jesper, Jo (genitiv)/Jon/Jona (genitiv), Johan, Johannes/Johans, Jørgen/Jørna (genitiv), Karl/Karla (genitiv), Kjell, Klas, Knut/Knute (genitiv), Kolbein, Kristen, Kristian, Kåre, Lars/Laurits, Magne, Martin, Mass/Massa (genitiv), Mons, Morits, Nikolai, Nils, Ola/Ols (genitiv), Oskar, Ottar/Otta (genitiv), Pe/Per/Peder/Pes (genitiv)/Pera (genitiv), Petter, Pål, Rasmus, Sammel, Samunde, Simon, Sivert/Sjur/Sjure (genitiv)/Syver, Steffa, Steinar, Styrkå, Svein/Svenn, Søren, Tor, Torbjørn, Torgeir, Torstein, Trond, Vernik, Øystein, Åmund/Åmunde (genitiv).

Dei fleste av desse namna er knytte til ein gard eller plass, og det er stort sett snakk om personar som ein kan påvise har vore brukarar på garden – med unntak av nokre eldre gardsnamn der ein ikkje har skriftlege kjelder som kan stadfeste dette.

Det finst døme på at gardsbruken har endra namn etter ulike brukarar på same garden, men etter ei tid har namnet festa seg, og blitt brukt av dei etterfølgjande generasjonane.

Klassiske døme på personar som har fått garden oppkalla etter seg, er når garden vart selt ut av slekta, eller til ein slektning som kom tilflyttande. Nokre av namna kan også knytast til den som var brukar ved innmarksutskiftinga på garden, til dømes der brukaren flytte husa sine til nye tomter. Og ofte er det også slik at gardsnamnet gjerne har vore brukt av fleire av brukarane på garden, noko som gjer det vanskeleg å slå fast akkurat når namnet kom i bruk. Personnamna på gardsbruken har ofte overlevd som genitiv og i dialektform.

Nokre få **kvinnenamn** har eg også funne: Dyrdei, Fransina, Inger, Klåre, Lisbet, Marta, Mette, Randi, Rang (assimilert form av Ragnhild).

Desse kvinnene viser seg ofte å vere enkjer eller ugifte kvinner som var sjølvstendige brukarar av garden ei tid. Som oftast er dei då knytte til utskiftingar på garden.

Det er også nokre **namnekombinasjonar** å finne i materialet, og desse krev ei litt nøyare forklaring: Arne-Pe, Dave-Ola, Gamle-Lars, Hans-Ola, Jona-Per, Mass-Ola, Mons-Abel, Ola-Ananias.

Som oftast viser desse namna til den vanlege måten å nemne ein person i bygda på. Ein person som kom frå eit gardsbruk, fekk ofte personnamnet på den garden knytt til sin gard. Døme på dette er Mass-Ola, som kom frå Massgarden på Langvatn og vart gift til Nes, og Jona-Per, som kom frå Jonagarden i Steinsvika og fekk utskilt eigen gard der. Sjølv om dette er hovudforma, finn ein også døme på andre kombinasjonar. Gamle-Lars fekk namnet sitt fordi det var komne yngre generasjonar på garden som også heitte Lars, og det var behov for eit skilje. Ola-Ananias var døypt med begge namna, men brukte i daglegtale mest Ananias – likevel har begge namna vorte brukte om garden han dreiv.

#### **4.4.6. Etternamn**

Aarflat, Barstad, Drabløs, Eidseth, Lothe, Lystad, Molvik, Osdal, Riste, Røys (av Reutz), Spjelkavik, Sundnes, Øren.

Desse namna er interessante fordi dei i stor grad fortel om eit sosialt skilje i bygda. Ein kan gjerne snakke om ”øvrighetspersonar” i Volda-miljøet, når ein finn namn som Aarflat, Barstad og Reutz. Dette var gjerne slektsnamn frå tida før lov om personnamn kom i 1923, som slo fast at alle skulle ha eige etternamn. Nokre få lærar-sleakter finn ein også att i desse namna; Drabløs, Lystad, Molvik, Riste og Spjelkavik. Lærarane byrja tidleg med å ta med seg gardsnamnet frå staden dei kom ifrå, når dei fekk lærarplass andre stader.

#### **4.4.7. Yrkesnemningar**

Borger, Jordmor, Klokkar, Lærar, Preste (genitiv), Sersjant, Skinn (av dyr), Skomakar, Skreddar, Skrivar.

Nokre av gardsbruken i Volda var tidlegare embetsgardar, og det ser ein t.d. om Klokkargarden, Lærargarden, Prestegarden, Sersjantgarden og Skrivargarden. Her var eigedomane knytt til yrket til den som brukte garden. I ei litt anna stilling kom dei andre gardane, som har fått namnet sitt fordi markante brukarar livnærte seg med arbeid utanom gardsdrifta, som jordmor, skomakar og skreddar. Eit namn i særstilling er garvarykten ein finn bak utmerkingsleddet Skinn i Skinnvika, som forskarane meiner kan ha tilknyting til at det har vore drive skinntilverking her.

#### **4.4.8. Sjølve garden**

Brua (ved ei bru), Byte (mellom gardane), Bø, Gamle (noko er flyttet herifrå), Gjerde/Gjers (av gjerde, innhegna), Heim, Korn, Kvanngard, Kverna, Kål, Sage, Tun, Øg (viser til at garden har vore øyde ei tid).

#### **4.4.9. Husdyra og det som trøgst til dei**

Bu (bumark, der dyra beitar), Engja, Fjøs, Fyl (unghest), Geit, Hane, Heste (genitiv), Hogg/Hogga (av å hogge beit til dyra), Høy, Innsel, Kvia, Lambe, Lø (har stått ei løde her), Mjelte (mjølke), Naut, Slatte, Yksn (fleirtal av okse (genitiv)).

#### **4.4.10. Sjøferdsel og fiskeri**

Jakte, Naust, Sel (sjøpattedyret), Skut.

Desse 4 siste kategoriene viser til ulike delar av det å levnære seg av garden og det ein kunne bruke for å skaffe seg levebrød i nærområdet. Det fortel om dyrking og hausting både til lands og til sjøs, og gjev oss god kunnskap om korleis livet har arta seg i nærområdet.

#### **4.4.11. Andre namn**

Done (usikker tyding), Drav (her truleg meint dravle), Fred (i tydinga still/rolig), Kongs, Kors (det har stått eit steinkors her), Kvile (kvile), Lun (lun, trygg plass), Niv (namn etter fjellet Niven), Rosset i samansetjinga Rossetvikane (usikker tyding), Sommer (lys og fredfull stad), Trott (flid), Ulla (kan vere gudenamnet Ull eller eit mannsnamn), Vels (genitiv av fjordnamnet Volda), Von (i tydinga håp).

Nokre av desse namna ber preg av å være nyare namn, nærmast tun-namn som har vorte brukte på litt større einingar. Eit par av dei er særmerkte: Drav- i samansetning med fellesleddet –laus, viser ifølgje namneforskarane truleg til at det har vore dårleg med mat her ei tid – ein har vore 'dravle-lause', Kongs(vollen) skriv seg ifrå at garden var krungods tidleg på 1600-talet, medan dei ulike skrivemåtane på Rosset i samansetjinga Rossetvikane (sjå neste kapittel), indikerer at det her kan ha vore ei slutning om at garden har vore underbruk av garden Rotset i tidlegare tider – noko ein ikkje finn spor av i kjeldene.

## 5. Analyse

Som målsetjing for denne oppgåva sette eg opp følgjande problemstillingar som eg ville granske nærmare:

1. Kva kan gards- og bruksnamna fortelje om framveksten av busetnaden i Volda?
2. I kva grad er det samsvar mellom skrivemåten av gardsnamna og prinsippa som er fastsette i Stadnamnlova av 1990 om at dei skal bygge på den "nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk"?

I denne delen av oppgåva vil eg gå igjennom kvart av gards- og områdenamna i materialet, og systematisk sjå nærmare på kvart av dei utifrå dei ulike analysemetodane som har vore nemnde ovanfor. Eg følgjer denne malen for kvart namn:

### Overskrift med tilvising til matrikkel 1950

1. Skriftformer i kjeldene. Her er materialet basert på Oluf Rygh sine opptekningar, men supplert med informasjon frå folketeljingar, matriklar og kyrkjebøker.
2. Avleidde namn i området, til dømes gardsnamnet brukt som bygdenamn. Her er kjelda for informasjonen namn ein finn i Stadnamnarkivet.
3. Matrikkskyld, kjende frådelingar av nabogardar, oppdeling i bruk. Matrikkelen 1667 opererer med 4 klassar av gardar; heilgardar (fullgardar), halvgardar (1/2), øydegardar (1/4) og halve øydegardar (1/8), men i tillegg har eg teke med den eldste skyldsettinga frå matrikkelen. I området her vart skylda berekna som fiskeskyld; ein skulle yte eit visst antall kg ferdig tørka fisk i årleg jordleige – og denne yttinga gjev ein viss indikasjon på kva ein kunne forvente av inntekt frå garden. Eg har som samanlikning også teke med informasjon om skylda i 1886, som var den siste omfattande matrikkelrevisjonen i dette området. Opplysningar om fellesskap i utmark og sætring er også teke med her.
4. Arkeologiske funn eller anna informasjon som har betydning for tidfesting. Her har eg stort sett basert meg på informasjonen ein finn i Voldasoga og Dalsfjordboka.
5. Dokumenterte uttaleformer og eventuelle språklege endringar i namna som ein kjenner til. Her har eg særleg brukt eldre skriftelege former frå før 1600, Ivar Aasen sine dokumenterte gardsnamn frå 1840 og 1851, Oluf Rygh sine dokumenterte former frå tida kring 1900 (NG1908) og Stadnamnarkivet sine dokumenterte namneformer frå kring 1976.
6. Tydingar av gardsnamnet
  - a. Tidlege tydingar
  - b. Oluf Rygh si forklaring i *Norske Gaardnavne*
  - c. Seinare tydingar
7. Tidfesting basert på informasjonen eg har vist til
8. Skriftnormering basert på uttale og tydingane eg har vist til
9. Eigne vurderingar utifrå kriteria eg har omtala

## 5.1. Yksnøen (gnr 1)

**5.1.1. Skriftformer** i kjeldene: *Oxnerønn 1603; Oxennø 1606; Øxnøen Jb1626; Oxenøen Matr1647; Øxnøen TB1664; Øxenøen 1667; Oxnøen 1723; Oxenøen, Oxnøen, Øxenøen, Øxnøen Kb1700-1750; Oxenøen E-sk1762; Oxenøen, Øxenøe, Øxenøen, Øxnøen Kb1750-1800; Øxenøen Ft1801; Oxenøen Matr1838; Øksnø (1841), Oxenøe, Oxenøen, Øxenøe, Øxenøen, Øxnøen Kb1800-1850; Øksnø Ft1865, Oxenøen, Oksenøen Ft1875; Yksnøen, Oxenøen Matr1886; Oxenø (1856), Øksnø (1864), Øksnø (1871), Øxenø (1854), Øxenøe, Øxenøen, Øxnø (1857), Øxnøen Kb1850-1900; Øksnø FT1900; Yksnøen NG1908; Yksnøen Ft1910; Yksnøen Matr1950. Slektsnamn: Yksnø, Øksnø.*

**5.1.2. Avleidde namn** i området; Yksnøyvika

Yksnøya var eigen skulekrins ei tid, seinare ein del av Lid skulekrins.

**5.1.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 47 øre. Yksnøya er ei kringflødd øy med berre ein gard, tidleg delt i to, seinare var det 6 bruk av ulik storlek på øya.

Bruksnamnet Tyfta viser nok kvar tunet på den gamle garden låg. På grunn av storleiken på øya, hadde brukarane her beiterett i Nautvika og Velsvika.

**5.1.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei gravrøys og nokre lausfunn på garden.

**5.1.5. Dokumenterte uttaleformer:** ykksnøinå NG1908

**5.1.6. Tydingar** av gardsnamnet: Oluf Rygh: "Navnet kan have sin Grund i, at Øen engang har været brukt som Havnegang for Oxer."

Oddvar Nes: "Gno. form har vore \*Yxnøy. Førstelekken er gno. yxn m. flt 'oksar' i gen flt yxna. Namnet fortel at øya har vore hamnegang for oksar."

**5.1.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er dokumentert i skriftlege kjelder frå 1603, men gardsnamnet indikerer at området nok har vore brukt som sommarbeite for større gardar i området. Det er slik naturleg å tenkje seg at denne garden ikkje er av dei eldste, men kan ha oppstått etter Svartedauden, då det igjen tok til å bli knappheit på jord (Sandnes 1997: 36).

**5.1.8. Skriftnormering:** Både skriftformer, uttaleformer og tolkingar viser til det same; garden har vore brukt som sommarbeite for oksar.

**5.1.9. Mi vurdering:** Namnet er basert på ei eldre fleirtalsform av okse, som her er brukt i genitiv; yksn-. Både skriftformer og uttale dokumenterer bestemt form av namnet. Rett skriveform er **Yksnøya**.

## 5.2. Birkenes (gnr 2)

**5.2.1. Skriftformer** i kjeldene: *Barkenes 1603; Berkenes 1606; Birckenæs Jb1626; Bierchenes Matr1647; Birchnæss TB1664; Birkenes 1667; Birchenes 1723; Berchnes, Birchnes, Bircnes Kb1700-1750; Biercheness E-sk1762; Berchnes, Berchnæs, Berkenæs, Bierchnæss (1783), Bierkenæs, Bierkenæss, Bierknæss, Birchenes, Birchenes, Birchnes, Birknes, Birkenes, Birknes, Birknes, Birknæss, Birknæs Kb1750-1800; Birkenæs Ft1801 og Matr1838; Berknes, Bierkenes, Bierkenæs, Birknes, Birchnæs, Birkenæs, Birknes, Birknæs, Birknæss, Bjerkenes, Bjerkenæs, Bjerknes (1816), Bjerknæs (1819) Kb1800-1850; Bjerknæs Ft1865 og Ft1875; Birkenes, Bjerknes Matr1886; Berkenæs, Berknes, Birkenæs, Birknes, Birknæs, Birknæss, Bjerknes, Bjerkenæs, Bjerknæs Kb1850-1900; Bjerknes FT1900; Birkenes NG1908 og Ft1910; Berknes, Bjerknes Kb1900-1932; Birkenes Matr1950. Slektsnamn: Berknes, Bjerknes.*

**5.2.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld 3 våger fisk (55,6 kg), garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 8 mark 40 øre. Garden vart tidleg delt i tre like store bruk, seinare var det 6 bruk på garden.

Bruksnamnet Tyfta viser nok kvar tunet på den gamle garden låg. Gardane i Lidabygda hadde felles sæter på fjellet.

**5.2.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei gravrøys og ein bautastein på garden.

**5.2.5. Dokumenterte uttaleformer:** Berknes IAa1840; "bærknæse (dativ: -sa) NG1908

**5.2.6. Tydingar** av gardsnamnet: Ivar Aasen: "Maaskee af Bjørk, men dog snarere af et andet Ord; <maaske Berr-ok, nogen Bakke>."

Oluf Rygh: "1ste Led kan her og i GN. 6 være birki n., Birkelund. Da Birkevik ligger ved en Aa og denne Gaard paa et udenfor langt fremstikkende Nes, er det dog ikke umuligt, at et Elvenavn kan ligge til Grund for begge."

Oddvar Nes: "Førstelekkjen i dette namnet er venteleg gno birki n. 'bjørkeskog, byrke'. Det passar óg med tilhøva på garden. Gno. form blir då \*Birkines."

**5.2.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er dokumentert i skriftlege kjelder frå 1603. Garden er middels stor. Gardsnamnet er i bestemt form og samansett med eit naturnamn som utmerkingsledd. Fornminna på garden er ikkje av dei eldste. Det er naturleg å tenkje seg at garden har kome til ved frådeling frå hovudgarden Lid på eit tidspunkt etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.2.8. Skriftnormering:** Både skriftformer, uttaleformer og tolkingar viser nok tilbake til det same opphavet, at namnet er ei samansetjing av trenamnet bjørk og viser til at garden ligg på eit nes som stikk ut i Voldsfjorden/Rovdefjorden.

**5.2.9. Mi vurdering:** Namnet har lik tyding, men trenamnet bjørk er skrive på ulike måtar i kjeldene. Uttaleformene er derimot eintydige på ei uttaleform utan j, og namnet er i bestemt form eintal. Rett skriveform blir då **Berkneset**.

### 5.3. Lid (gnr 3 og 4)

**5.3.1. Skriftformer** i kjeldene: *i Lid 1338; Lydh 1520-22; Ljd 1603; Ljdt 1606; Lid og Inder Lied Jb1626; Ytter og Inder Li Matr1647; Lyd og Indrelid TB1664; Ytterli og Indrelid 1667; Yttre Lien 1714; Yttre og Indre Lied 1723; Lid, Lie, Lied, Liid Kb1700-1750; Yttre og Indre Lied E-sk1762; Lid, Lie, Lied, Liid Kb1750-1800; Yttre og Indre Lied Ft1801; Lid yttre og indre Matr1838; Lid, Lie, Lied, Indre Lied (1804), Liid, Indre Liid, Yttre Lie, Yttre Liid (1802), Indrelid, Yttrelie Kb1800-1850; Yttrelid og Indrelid Ft1865 og Ft1875; Lid ytre og indre Matr1886; Berkeliid (1851), Lid, Indre Lid, Lied, Ytre Lied, Ytre-Lied, Yttrelid, Yttrelid, Indrelid, Yttre- og Indre-Lid, Yttrelie, Yttrelid, Indrelid Kb1850-1900; Lid ytre og indre FT1900, NG1908 og Ft1910; Lid, Ytre-og Indre-Lid, Ytrelid, Indrelid Kb1900-1932; Lid ytre og indre Matr1950. Slektsnamn: Lid, Lied.*

**5.3.2. Avleidde namn** i området: Lid (skulekrinsen), Lidabygda, Lidahjellen, Lidaskallen, Lidaholmen, Lidamyrane, Lidaveten.

Det at garden har gjeve namn til skulekrinsen og bygda, viser at dette har vore den opphavelege hovudgarden i området. Ser ein skulekrinsen under eitt, har nok Eideim vore den neste garden som vart busett, medan Berkvika og Berkneset kom til seinare.

**5.3.3. Matrikkskyld:** Begge gardane hadde gamal skyld på 3 våger (55,6 kg), og begge gardane var rekna som halvgardar 1667. I 1886 var skylda 8 mark 27 øre på Ytre Lid og 8 mark 66 øre på Indre Lid. Den gamle garden vart nok delt i to tidleg på 1600-talet. Ytre Lid vart tidleg delt i fire jamstore gardsbruk, Indre Lid i tre like store bruk, i dag er det 5 og 4 bruk her.

Eitt av tuna på Ytre Lid har namnet Bøen, noko som er ein god indikasjon på kvar tunet låg. Gardane i bygda hadde felles sæter på fjellet.

**5.3.4. Arkeologiske funn:** Det er funne gravrøyser på garden.

**5.3.5. Dokumenterte uttaleformer:** i Lid (dativ) 1338; Lydh 1520; Lid IAa1851; lld, llda NG1908

**5.3.6. Tydingar** av gardsnamnet: Oddvar Nes: "Gno \*Líð f. 'li, fjell- eller dalside' (eldre \*Hlíð)"

**5.3.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er dokumentert i diplommateriale frå 1300-talet. Garden har som udelt vore heilgard, noko også skylda viser i dag. Gardsnamnet er brukt som bygdenamn, og ein kan slik tenkje seg at garden opphaveleg har omfatta heile bygda, men sidan har vorte delt opp i fleire namnegardar. Gardsnamnet er i ubestemt form eintal (dativ) og er eit naturnamn. Fornminna på garden er frå eldre tid og viser tidleg busetnad. Garden er den eldste i området, og sikkert ein av dei eldste gardane i Volda også (Sandnes 1997: 34).

**5.3.8. Skriftnormering:** Namnet er eit naturnamn som viser til lendet på garden.

Skrivemåten baserer seg på den same tolkinga, men har vore skrive ulikt til ulike tider, mellom anna ser ein at forma Lied vart mykje brukt i Dansketida.

**5.3.9. Mi vurdering:** Namnet er usamansett, og tek ikkje eige dativ, som her ville vorte t.d. ut i \*Lidenje. Dette viser at namnet er gammalt. Rett skriveform blir då rett fram: **Lid**.

## 5.4. Eidheim (gnr 5)

**5.4.1. Skriftformer** i kjeldene: *Eidenn* 1603; *Eidem* 1606; *Eidemb* Jb1626; *Eidem Matr*1647; *Eideim* TB1664; *Eidemb* 1667; *Eidem* 1723 og Kb1700-1750; *Eydem* E-sk1762; *Eidem*, *Eydem* (1797) Kb1750-1800; *Eidem* Ft1801; *Eideim Matr*1838; *Edem* (1803), *Eidem*, *Eydem* Kb1800-1850; *Eidem* Ft1865 og Ft1875; *Eideim Matr*1886; *Eideim* (1860), *Eidem* Kb1850-1900; *Eidem* FT1900; *Eideim* NG1908; *Eidheim* Ft1910; *Eidem*, *Eidheim* (1915) Kb1900-1932; *Eidheim* Matr1950. **Slektsnamn:** **Eidem**, **Eidheim**.

**5.4.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger 1 pd 12 mk fisk (64,8 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 77 øre. Garden vart tidleg delt i tre jamstore gardsbruk, seinare var det 6 bruk på garden. Gardane i Lidabygda hadde felles sæter på fjellet.

**5.4.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei gravrøys og lausfunn på garden.

**5.4.5. Dokumenterte uttaleformer:** "eideim NG1908

**5.4.6. Tydingar** av gardsnamnet: Oluf Rygh: "Gaarden ligger paa en Lavning, som gaar tvertover Halvøen mellom Volden-fjorden og Ørstenfjorden."

Oddvar Nes: "Gno \*Eið(h)eimr, av eið n. 'eid' og -heimr m. 'heim, bustad'. Namnet medar på lægjet på eidet som går frå Voldsfjorden til Ørstafjorden."

**5.4.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er dokumentert i skriftleg materiale frå 1603. Gardsnamnet er ei samansetjing med –heim i fellesleddet, noko som plasserer gardsnamnet i perioden 0 – 600 evt (Sandnes 1997: 35).

**5.4.8. Skriftnormering:** Namnet viser til eidet mellom Ørstafjorden og Voldsfjorden. Skrivemåten baserer seg på den same tolkinga, men har vore skrive ulikt til ulike tider, noko som også viser att i slektsnamna. I nyare tid har ein her eit døme på ei oppnorskning av slektsnamnet utifrå nyare landsmåls-rettskriving.

**5.4.9. Mi vurdering:** Namnet er ei samansetjing med -heim. Namnet er i ubestemt form og tek slik ikkje dativ. Utifrå korleis namnet er skrive i kjeldene, uttalen slik den er dokumentert i 1908 og liknande namn i nærområdet, vil eg tilrå ei skriveform utan h i heim; altså: **Eideim**.

## 5.5. Birkevik (gnr 6)

**5.5.1. Skriftformer** i kjeldene: *Barkewig, Barkewigenn 1603; Bierckeug 1606; Bierckeugen 1617; Bierckuigen Jb1626; Biercheuigen Matr1647; Birkevig TB1664 og 1667; Birchevig 1723; Berchvig, Berchviig, Birchviig Kb1700-1750; Biercheviig E-sk1762; Berchvig, Berchvigen, Berchviig, Birchvig, Berchevig, Berchwig, Bercvig, Birchevig, Birkevig, Birkvig Kb1750-1800; Bierkevig Ft1801; Birkevik Matr1838; Berkevig, Bierkevig, Bierkeviig (1816), Bierkvig, Birkevig, Birkvig, Bjerkevig, Bjerkvig (1822) Kb1800-1850; Bjerkvik Ft1865 og Ft1875; Birkevik, Bjerkevik Matr1886; Berkevik, Berkvig, Birkevig, Birkvig, Bjerkvig, Bjerkvik (1896) Kb1850-1900; Bjerkvik FT1900; Birkevik NG1908 og Ft1910; Berkvik, Bjerkvik Kb1900-1932; Birkevik Matr1950. Sleksnamn: Berkvik, Bjerkvik.*

**5.5.2. Avleidde namn** i området: Berkvikelva

**5.5.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger 1 pd 12 mk fisk (64,8 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 96 øre. Garden vart tidleg delt i tre jamstore gardsbruk, seinare var det 8 bruk på garden. Gardane i bygda hadde felles sæter på fjellet.

**5.5.4. Arkeologiske funn:** Det er funne gravrøyser og lausfunn på garden.

**5.5.5. Dokumenterte uttaleformer:** Berkvik IAa1840; berk'vIKa NG1908

**5.5.6. Tydingar** av gardsnamnet: Ivar Aasen: "Maaskee af Bjørk, men dog snarere af et andet Ord; <maaske Berr-ok, nøgen Bakke>"

Oluf Rygh: "1ste Led kan her og i GN. 6 være birki n., Birkelund. Da Birkevik ligger ved en Aa og denne Gaard paa et udenfor langt fremstikkende Nes, er det dog ikke umuligt, at et Elvenavn kan ligge til Grund for begge."

Oddvar Nes: "Førstelekken i dette namnet er ventetegn gno birki n. 'bjørkeskog, byrke'. Det passar også med tilhøva på garden. Gno. form blir då \*Birkivík."

**5.5.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er dokumentert i skriftlege kjelder frå 1603. Garden er middels stor. Gardsnamnet er i bestemt form og samansett med eit naturnamn som utmerkingsledd. Fornminna på garden er ikkje av dei eldste. Det er naturleg å tenkje seg at garden har kome til ved frådeling frå hovudgarden Lid på eit tidspunkt etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.5.8. Skriftnormering:** Både skriftformer, uttaleformer og tolkingar viser nok tilbake til det same opphavet, at namnet er ei samansetjing av trenamnet bjørk og viser til at garden ligg i ei vik aust i bygda.

**5.5.9. Mi vurdering:** Namnet er ei samansetjing av bjørk og vik. Uttaleformene er eintydige på ei uttaleform utan j. Rett skriveform blir då **Berkvika**.

## 5.6. Eikrem (gnr 7)

**5.6.1. Skriftformer** i kjeldene: *Egrym Egerinn 1520; Ekerem 1603; Eckremb 1606; Eickremb 1617; Eckremb Jb1626; Echrim Matr1647; Eichreim TB1664; Eichremb 1667; Echrim 1723; Echrem Kb1700-1750 og E-sk1762; Echrem, Ekrem (1759) Kb1750-1800; Ekrem Ft1801; Ekreim Eikreim Matr1838; Echrem, Ekrem Kb1800-1850; Ekrem Ft1865 og Ft1875; Eikreim Matr1886; Eikrem (1872), Eikreim (1872), Ekrem Kb1850-1900; Ekrem FT1900; Eikreim NG1908 og Ft1910; Eikrem Kb1900-1932 og Matr1950.* **Slektsnamn: Eikrem.**

**5.6.2. Avleidde namn** i området: Eikremshammaren, Eikremshaugen (bruk)

**5.6.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 4 våger fisk (74,1 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 11 mark 20 øre. Garden vart tidleg delt i 5 gardsbruk, seinare var det 7 bruk på garden. Garden hadde felles sæter med Håskoll-gardane i Sollidalen.

**5.6.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei langrøys etter eit vikingskip og eit gravkammer med lausfunn på garden.

**5.6.5. Dokumenterte uttaleformer:** Egrym, Egerinn 1520; Eikreim IAa1840; "eikreim NG1908

**5.6.6. Tydingar** av gardsnamnet: Ivar Aasen: "Enten Ækreheim, eller af Eik (Eeg)."

Oluf Rygh: "\*Eikreimr, af eikr, Gen. af eik f., Eg, og heimr."

Oddvar Nes: "Førstelekken er gno eik, f. 'eik', i gen eint eikr. Andrellekken er -heimr, m. 'heim, bustad'."

**5.6.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er dokumentert i skriftlege kjelder frå 1520, og garden er slik mellom dei gardane ein reknar med overlevde Svartedauden. Gardsnamnet er ei samansetjing med –heim i fellesleddet, noko som plasserer gardsnamnet i perioden 0 – 600 evt (Sandnes 1997: 35).

**5.6.8. Skriftnormering:** Dei fleste skriftformene viser tilbake til at trenamnet eik er utmerkingsleddet og at –heim er fellesleddet, men skrivemåten varierer noko.

**5.6.9. Mi vurdering:** Namnet er ei samansetjing av eik og heim. Utifrå den føreslegne skriveforma på nabogarden Eideim og dei dokumenterte uttaleformene, bør dette namnet skrivast **Eikreim**.

## 5.7. Håskjold (gnr 8, 9 og 10)

**5.7.1. Skriftformer** i kjeldene: *Haaschalle 1603; Haschalle 1606; Haßkold 1616; Haascholle 1617; Neder, Med- og Fremmer Haae Skiolde/-haaeskiolde/Haaeskiolde Jb1626; Ner, Mid og Fremmer Haaschold Matr1647; Neder, Midt og Øfer Haaskolde TB1664; Nedre, Mid- og Fremmerhaaskold 1667; Nedre, Mid- og Fremmer Haaschold 1723; Haascol, Haascold, Haaskaale (1715), Haaschiol, Haasciold, Haaschiold (1742), Kleiven, Kleven i Kb1700-1750; Haaschiold, Fremr. Haaschiold E-sk1762; Haascol, Haaschole, Haascholle, Haascold, Haaskal (1757), Haaskalle (1765), Haaskiold, Haaskold, Haaskolle, Kleiven, Kleven Kb1750-1800; Haaskold, Mid og Fremre Haaskold Ft1801; Haaskjold nedre, midtre og fremre Matr1838; Haaskaal, Haaskold, Haaskoll, Haaskiold, Haaskjold, Hoskjold, Mid Haaskold (1802), Mid-Haaskjold, Midhaaskjold, Nedrehaaskjold (1815), Fremre Haaskold (1817), Fremre Haaskiold, Fremre Haaskjold Kb1800-1850; Nedre Haaskjold, Haaskjold*

*middre, Fremmerhaaskjold Ft1865; Nedre-, Midt- og Fremmerhaaskjold, Fremmerhaskjold Ft1875; Haaskoll nedre, midtre og fremre, Håskjold, Kleven Matr1886; Haaskjold, Hoskjold, Haaskaal, Haaskol, Haaskoll, Håskjold, Nedre Haaskjold, Nedrehaaskjold, Midt Haaskjold, Midt-Haaskjold, Fremrhaaskjold, Fremmerhaaskjold Kb1850-1900; Haaskjold nedre, midtre og fremre Ft1900; Haaskoll nedre, midtre og fremre NG1908; Haaskoll nedre, midtre og fremre, Kleven Ft1910; Haaskjold, Haaskoll Kb1900-1932; Håskjold, midtre og fremre Matr1950.* **Sleksnamn:** Håskjold.

**5.7.2. Avleidde namn** i området: Håskolltjønna, Skallen, Storeskjolden, Lisjeskjolden.

**5.7.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg) på Nedre Håskollane, 1 våg 18 mk (23,2 kg) på dei to andre gardane. Alle gardane var øydegardar 1667. I 1886 var skylda høvesvis 3 mark 40 øre, 3 mark 90 øre og 3 mark 7 øre. Fremre Håskollane var tidleg delt i to gardsbruk, dei andre vart delte på 1800-talet. Nedre Håskollane hadde fire brukarar, dei andre gardane tre brukarar i nyare tid. Gardane her hadde felles sæter med Eikreim i Sollidalen.

**5.7.5. Dokumenterte uttaleformer:** Haaskolla-ne IAa1840; hÅ'skÅLLiNN (dat: -La), kleiva NG1908; /'klæiva/ St.ark1976.

**5.7.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Af haa, høi og Skalle, en høi aaben og tør Plads. Dette, som nogle andre Ord, som have a til Rodvokal, forandre denne stundom i Dat. plur til ò ("paa Skollaa"), og i adskillige Navne er tildeels Dativets Form traadt i stedet for Nominativet."

S. B. [Sophus Bugge] tror, at den gamle Form har været \*Høskollr, af desamme Ord, men med 1ste Led i Sammensætningsform; jfr. Mandsnavnet Høskollr, Sideform til Høskuldr.

Oluf Rygh: "\*Høsvikollr eller Høsskollr, den graa Koll, af Adj. høss (i bestemt Form høsvi), graa, og kollr m., afrundet Top, Fjeldtop. Gaarden maa have faaet Navn af en Fjeldtop i Nærheden. "Fremre" har her som alm. Betydningen: længere inde."

Oddvar Nes: "Rimelegast er ei gno form \*Høskollar, flt 'Gråkollar', samansett av gno høss adj 'grå' og kollr m. 'koll, rund (fjell)topp'. Men også eit gno \*Háskallar flt, i dativ \*Høsköllum, kan kome på tale. Tydinga ville då vere 'Høgeskallane'."

**5.7.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er nemnt i skriftlege kjelder frå 1603. Namnet er i fleirtal og bestemt form, noko som gjer at garden nok ikkje er særleg eldre enn dei skriftlege formene, truleg frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.7.8. Skriftnormering:** At namnet har vore vanskeleg å tyde, kan ein sjå av dei mange ulike skriftformene, som alle verkar å vere i eintal.

**5.7.9. Mi vurdering:** Ivar Aasen dokumenterer her ei fleirtalsform av namnet, som ein ikkje finn att hos Rygh, og heller ikkje i skriftformene, med eit mogleg unnatak av dei skriftformene på 1600-talet som endar på -e. Ivar Aasen var ganske nær nabo til desse gardane, og eg festar lit til hans dokumentasjon her. Eg festar også lit til hans tolking av namnet som Høgeskallane, som då også er ei av Oddvar Nes sine moglege forklaringar, ikkje minst fordi ein kan dokumentere Skallen som namn på ein potetreit i gardsområdet til Nedre Håskollane. Ein kan til dømes tenkje seg at den første busetnaden har skjedd med utgangspunkt i garden Eikreim, og at brukaren då har flytta opp til den høgareliggende åkeren Skallen.

Det interessante med dette namnet er likevel at det etter namnesak no er vedteke at namnet skal skrivast Håskjold, i samsvar med sleksnamnet. Dette skjuler at det er tale om eit fleirtalsnamn, og det skjuler også tydinga av ordet. Det har lokalt vore argumentert med ei tyding som koplar namnet til smånamna Store- og Lisjeskjolden i utmarka til garden, men

dette har vorte avvist av namnegranskarane. Som ein ser av skriftformene, er forma *Haaschiold* dokumentert første gong i kyrkjeboka frå 1742, men heilt fram til ut på 1900-talet finn ein også forma *Haaskoll* brukt i kyrkjebøkene. Argumentet for namnevedtaket var at ein såg på namneforma Håskoll som utdøydd, og derfor tilrådde skriveforma Håskjold.

Fremre Håskollane vert i daglegtale kalla Kleiva, noko ein også finn att i skriftformene. Om dette namnet skriv Oddvar Nes: "Daglegnamnet er kleiv f. 'høg bakke på klippegrunn; bergrygg eller brekke å gå over'." Dette høver godt med korleis denne garden ligg til, fremst framme på Håskollane, der det er kort veg over fjellet til både Mork og gardane på Ørsta-sida.

Reint utifrå intensjonane med *Stadnamnlova* og prinsippa for korleis stadnamna bør skrivast, burde gardsnamnet ha vore **Håskollane**, fremste garden bør ha **Kleiva** som tilleggsnamn.

## 5.8. Ytrestølen (no bruk 4 – 6 under gnr 10)

**5.8.1. Skriftformer** i kjeldene: *Ytterstøffuel* 1603; *Ytterstølle* 1616; *Jøettestølle* 1617; *Ytre Støell Jb1626*; *Ytterstøell Matr1647*; *Jøtheftøl TB1664*; *Ytterstøell* 1667; *Ytre Støell* 1723; *Ytre Støel E-sk1762*; *Ytre Støel Ft1801*; *Støl ytre Matr1838*; *Yttrestøl Ft1865*; *Ytrestøl, Ytrestølplads Ft1875*; *Ytrestølen, Jøsstølen Matr1886*; *Ytrestøl, Ytrestølen NG1908*; *Ytrestølen Matr1950*. **Sleksnamn:** *Ytrestøl, Ytrestøyl*.

**5.8.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 18 mk fisk (23,2 kg) Garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 99 øre. Garden var udelt fram til 1800-talet, seinare var det 6 bruk her.

**5.8.5. Dokumenterte uttaleformer:** *Jøsstølin IAa1851*; *jøs'støiliNN* (dat: -La) *ytrøstøylinj NG1908*.

**5.8.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formodentlig af *Gjøtt* (isl. *giota*), en brat Fordybning, Hule. *Støil*: en Sæterplads.

[Hans]Strøm anfører at det sidste gemeenlig kaldes *Jutelstøil* men dette Navn har jeg aldri hørt. Det skrives ellers *Yttrestøl*." Strøm viser elles til ei segn om ein jutul på Ytrestøylen "som hadde ein løyndegang frå Eikrem til Ytre Hovden" (Nes 1987).

Oluf Rygh: "Daglignavnet kan med Støtte i Formen fra 1617 formodes at være opr \**Geitisstøðull*, sms. med Mandsnavnet Geitir, eller maaske \**Geitastøðull*, en Sæter for Gjeder."

Per Årviknes: Namnet "skal ha sin grunn i at i eldre tider hadde folket her kalvar og andre lettekrøter til gjøding (feiting)".

Oddvar Nes: "Men rimelegast finn eg det (med støe i formente frå 1617, 1621 og 1626) at førstekken er målføreordet /jøtt/, skrive *gjøtt*, "Huulning, Hule". Som samnamn (appellativ) er dette eit hokjønnsord, men i stadnamn i området vårt finst det óg som hankjønnsord."

**5.8.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er nemnt i skriftlege kjelder frå 1603. Namnet er i bestemt form, og har –støyl som fellesledd. Dette tilseier at garden neppe er særleg eldre enn dei første skriftlege kjeldene (Sandnes 1997: 36).

**5.8.8. Skriftnormering:** Her ser ein – slik eg tolkar det – eit døme på at ein i dansk ikkje har forstått det lokale målføreordet *gjøtt*, og dermed tolka gardsnamnet som *Ytre-*. Ivar Aasen var lokalkjend også her, og hadde den rette tolkinga av namnet lenge før dei offisielle namnforskarane greidde å kome med ei forklaring på namnet – men hans forsøk på tolkingar var ikkje kjende eller vart ikkje brukte av Oluf Rygh, som elles gjerne viser til andre namnegranskarar.

Dersom Ytrestøylen var namnet på garden, skulle ein forvente ein tilsvarande gard med namnet \*Indrestøylen, det har ein ikkje i området. Eit alternativ kunne vere at Ytrestøylen hadde fått namnet sitt frå at det var støy for gardane i Ytre-Hovden, og at Ytre- dermed viste til kva for nokre gardar som støyla her.

**5.8.9. Mi vurdering:** Som ein ser av dei nyare skriftformene og slektsnamna, så har den nye forma no teke over for den eldre forma av gardsnamnet. Men begge formene har solid grunnlag i kjeldematerialet, slik at ein nok bør opne for bruk av begge namna: **Gjøsstøylen - Ytrestøylen.**

## 5.9. Mork (gnr 11 og 12)

**5.9.1. Skriftformer** i kjeldene: *Mørch, Lillemark 1603; Morch, Lillemorch 1606; Morck, Lillemorck 1617; Store og Lille Morck Jb1626; Morch, Lille Morch Matr1647; Fremember og Neder Morch TB1664; Store Morch, Lillemork 1667; Store og Lille Morch 1723; Maarch, Morck Kb1700-1750; Fremr. og Nedr. Morch E-sk1762; Maarch, Morch, Morchen (1760), Mork (1762), Lille Morche (1758) Kb1750-1800; Store og Lille Mork Ft1801; Mørk store og lille Matr1838; Mork, Store Morch (1813), Store Mork (1831), Lille Mork (1802), Mørk (1842) Kb1800-1850; Storemork, Mork lille Ft1865; Store- og Lille-Mork, Storemork, Store og Lille Mork Ft1875; Mork store og lille, Mørk Matr1886; Mork, Mörk (1865), Mørk, Store Mork, Store- og Lille-Mork, Store og Lille Mørk, Storemork, Lillemork (1876) Kb1850-1900; Mork store og Lille Ft1900; NG1908 og Ft1910; Mork Kb1900-1932; Mork store og lille Matr1950. Sleksnamn: Mork, Lillemork*

**5.9.2. Avleidde namn** i området: Morkahola, Morkaåsen, Morkabygda (bygdenamn)

Garden har gjeve namn til bygdelaget Morkabygda, noko som kan vere ein indikasjon på at namnet er eldre enn kjeldene viser. Utifrå namna kan det verke som om Eikreim har vore den neste garden i bygda, og deretter Eikset. Håskollane og Liaskaret er nok nyare gardar.

**5.9.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg) for Store-Mork og 1 våg 18 mk (23,2 kg) for Lisje-Mork. Gardane var øydegardar 1667. I 1886 var skylda høvesvis 5 mark 82 øre og 5 mark 80 øre. Store-Mork vart tidleg delt i to bruk, seinare var det fire bruk her og tre bruk på Lisje-Mork. Morkagardane hadde sæter aust for garden.

**5.9.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei båtgrav med båtrestar og trevirke, samt eit offerfunn frå vikingtida på Store-Mork.

**5.9.5. Dokumenterte uttaleformer:** Mork IAa1840; mÅrk, ”liHlemÅrk NG1908.

**5.9.6. Tydingar:** Ivar Aasen: ”Er vel det gamle mörk, Skov eller skovbevoxede Marker.”

Oluf Rygh: ”\*Mørk f., Skov.”

Oddvar Nes: ” Gno \*Mørk, som er gno mørk f. 'skog'. Det at namnet er uttala i ubestemt form tyder på at det er svært gammalt.”

**5.9.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er nemnt i skriftlege kjelder frå 1603, og på trass av storleiken så er gardane nemnde som øydegardar 1667. Truleg kan då øyde-legginga i dette tilfellet vere reell, slik at garden verkeleg har vore øyde ei tid etter Svartedauden. Namnet er eit usamansett naturnamn i ubunden form, noko som indikerer at det er eldre enn dei første skriftlege formene skulle tilseie. Det at namnet blir brukt som bygdenamn og at det er funne fornminne her, er også indikasjonar på at dette namnet nok går attende til dei første namna ein kjenner til frå dette området (Sandnes 1997: 34).

**5.9.8. Skriftnormering:** Gardsnamnet er stort sett eintydig, med unntak av nokre former der skriftforma Mørk i ulike former er nemnt. Namnet er kjent frå slektsnamn-tradisjonen i og med at ein hadde ein fotograf i Volda med namnet Paul Mørch, som var slektar frå denne garden.

**5.9.9. Mi vurdering:** Tydinga er eintydig. Namnet er usamansett og i ubestemt form, noko som gjer det truleg at det tilhøyrer dei eldste gardsnamna i Volda og bør skrivast **Mork, Lisje-Mork**.

## 5.10. Egset (gnr 13)

**5.10.1. Skriftformer** i kjeldene: *Eksetter, Egsetther 1520; Eigsetter 1603 og 1606; Egsetter Jb1626, Egsetter Matr1647; Egsætter TB1664 og 1667; Echsett, Eichesett 1723; Egset, Egsæt Kb1700-1750; Eegset E-sk1762; Eegeset (1772), Eegset (1766), Eegsæth (1771), Egsæt (1769), Egset, Egseth (1783), Egsæt, Egsæth (1799), Egsædt (1756) Kb1750-1800; Egsæt Ft1801; Eegeßæt Matr1838; Eegset, Eegseth, Egset, Egseth Kb 1800-1850; Eegset Ft1865; Eksæt Ft 1875; Ekset Matr1886; Egsæt, Egset, Egseth, Egsæt, Egsæth, Eksæt (1855), Eiksæt (1874) Kb1850-1900; Eksæt Ft1900; Ekset NG1908; Ekset Ft1910; Egset, Egsæt, Ekset Kb1900-1932; Egset Matr1950.* **Slektsnamn:** **Egset, Egseth**

**5.10.2. Avleidde namn** i området: Eksetvika.

Garden var sætegard for Ekset skipreide, og namnet Tinghaugen på garden viser tilbake til denne tida.

**5.10.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var heile 5 våger fisk (92,6 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 13 mark 35 øre. Garden vart tidleg delt i øvre og nedre, og sidan i tre bruk. Seinare var det heile 14 bruk på garden. Garden hadde sæter aust for gardsområdet.

**5.10.4. Arkeologiske funn:** Det er nemnt fleire gravrøyser på garden, og det er også gjort mange lausfunn der.

**5.10.5. Dokumenterte uttaleformer:** Eksetter, Egsetther 1520; "ækksÆt NG1908

**5.10.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Eiksetr, af eik f., Eg, og setr n."

Oddvar Nes: "Gno \*Eiksetr. Førstelekken er eik f. og andrelekken - setr. Namnet fortel om eikeskog på garden."

**5.10.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett med –set som fellesledd, noko som plasserer garden i Vikingtida 800 – 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.10.8. Skriftnormering:** Sleksnamnet er skrive med Eg-, noko som skjuler at det er trenamnet eik det er tale om. Ek- vil også vere ein "forfina" skrivemåte, dersom ein ønskjer å få fram det etymologiske innhaldet i namnet. Uttalesformen frå 1908 /"ækksÆt/, indikerer ein annan uttale av eik i dette namnet enn for nabogarden Eikrem /"eikreim/, noko eg finn litt merkeleg.

**5.10.9. Mi vurdering:** Tydinga av namnet er nok korrekt, og då er det påfallande at namnet har vore skrive på så mange ulike måtar gjennom tidene. Sleksnamnet har Eg- i utmerkingsleddet, men skulle ein bruke prinsippet om at den etymologiske tydinga bør vere med, burde namnet vore skrive **Eikset**. Skriftformene og sleksnamnet tilseier ei anna rettskriving.

## 5.11. Liaskaret (gnr 14)

**5.11.1. Skriftformer** i kjeldene: *Lijscor 1603; Lischall, Lischar 1606; Lieschar 1617; Lieshar Jb1626, Lischar Matr1647; Lyeskar TB1664; Liskar 1667; Lischar 1723; Liieskar, Liescar Kb1700-1750; Lieschar E-sk1762; Liescar, Lieschar, Lieschare, Lieskar (1767), Lieskare (1758), Liskar (1786), Liskare (1788) Kb1750-1800; Lieskar Ft1801; Lijskard Matr1838; Lieskar, Lieskare, Lieskaren (1847), Liaskar (1848) Kb1800-1850; Lieskar Ft1865 og Ft 1875; Liaskaret, Liskar, Lieskar Matr1886; Liskar (1850, Lieskar Kb1850-1900; Liaskaret, Lieskaret Ft1900; Liaskaret NG1908 og Ft1910; Liaskar (1908), Lieskar Kb1900-1932; Liaskaret Matr1950. Slektsnamn: Lieskar, Liaskar.*

**5.11.2. Avleidde namn** i området: Liaskarvegen, Liaskarsætra.

**5.11.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 50 øre. Garden vart tidleg delt to bruk, sidan var det fire bruk på garden. Garden hadde sæter aust for innmarka.

**5.11.5. Dokumenterte uttaleformer:** IIa'skare, IIda'skare NG1908

**5.11.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Líðarskarð, af líð f., Li, og skarð n., Skar."

Oddvar Nes: "Uttalen er merkeleg, for vi skulle vente /"lí:da-/ . Men i eit brev frå 1855 nyttar Mauritz Aarflot forma "Lidaskarknute" i eit brev på dialekt til Ivar Aasen."

**5.11.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett med –skar som fellesledd og namnet er nemnt i bestemt form i fleire av kjeldene. Det er slik neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.11.8. Skriftnormering:** Som Oddvar Nes er ikke på er det merkeleg at namnet her ikke har med –d i uttalen av Lid, slik ein tydeleg har i gardane med same namn i Lidabygda. Fuge-suffixet varierer mykje mellom 0-, e- og a-form i skriftformene, men Rygh dokumenterer klart bruk av a-form i uttale.

**5.11.9. Mi vurdering:** Namnet viser heilt klart at garden er yngre enn dei andre gardane i Morkabygda, og truleg ikke særleg eldre enn dei første kjeldene i 1603. Utifra uttalen bør namnet skrivast: **Liaskaret**.

## 5.12. Ødegården (gnr 15)

**5.12.1. Skriftformer** i kjeldene: *Strannd 1603 og 1617; Strand Jb1626 og Matr1647; Klefuen TB1664; Strand 1667, 1723, Kb1700-1750, E-sk1762, Kb1750-1800, Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865 og Ft 1875; Strand, Ødegaarden Matr1886; Strand Kb1850-1900, Ft1900 og NG1908; Strand, Ødegarden Ft1910; Strand Kb1900-1932; Ødegården Matr1950. Slektsnamn: Strand.*

**5.12.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 50 øre. Garden vart einbølt til 1800-talet, då det vart to bruk her. Garden hadde sæter i Trongedalen saman med Norddalen.

**5.12.5. Dokumenterte uttaleformer:** Øggarin IAa1840; øggariNN NG1908

**5.12.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Strønd f., Strand (Indl. S. 79)."

Per Årviknes: "ein gong må bruket ha lege øyde å ha vore sekundærbruk under Klepp, sameleis som Nordalen".

**5.12.7. Tidfesting:** Det er to namn på denne garden, eit matrikkelnamn og eit daglegnamn. Daglegnamnet fortel at garden har vore øyde ei tid, truleg etter Svartedauden.

Matrikkelnamnet Strand er usamansett, men garden er såpass liten at han neppe er av dei aller eldste. Då er nok tolkinga til Årviknes nærmare sanninga.

**5.12.8. Skriftnormering:** Det er stort samanfall i skrivemåten av Strand. Forma i 1664 viser eit anna namn på garden, Kleiva, som ein i dag finn att som plassebruk vest på garden, på grensa mot Eikset. Øggardsnamnet kjem fram i skriftlege kjelder i 1886 og 1910.

**5.12.9. Mi vurdering:** Garden har to namn, men er på trass av det usamansette Strand-namnet neppe av dei aller eldste. Gardsnamna bør skrivast: **Strand - Øggarden**.

## 5.13. Nordal (gnr 16)

**5.13.1. Skriftformer** i kjeldene: *Nordall 1603; Dallenn 1606; Noerdall 1617; Nordallen Jb1626; Nordall Matr1647; Noordalen TB1664; Nordal 1667; Nordahll 1723; Nordalen E-sk1762; Nordal, Nordahl, Norddal Kb1750-1800; Nordal Ft1801; Norddal Matr1838; Nordal, Nordahl, Nordalen (1842) Kb1800-1850; Nordal Ft1865 og Ft 1875; Norddal Matr1886; Nordal, Norddal, Nordalen, Norddalen (1864) Kb1850-1900; Nordal Ft1900; Norddal NG1908; Nordalen Ft1910; Nordal, Norddal, Norddalen Kb1900-1932; Nordal Matr1950. Sleksnamn: Nordal.*

**5.13.2. Avleidde namn** i området: Norddalselva.

**5.13.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 49 øre. Garden var einbølt til nyare tid, og har sæter i Trongedalen saman med garden Strand.

**5.13.5. Dokumenterte uttaleformer:** nOr'daliNN (dativ: -la) NG1908

**5.13.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Namnet er vel opphaveleg gjeve for dalen der garden ligg, og vart så gardsnamn då garden vart utskild frå Klepp ein gong på 1500-talet."

**5.13.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i bestemt form og første gang nemnt i 1603. Garden er neppe særleg mykje eldre enn dette (Sandnes 1997: 36).

**5.13.8. Skriftnormering:** Namnet viser til korleis garden ligg til, og er eintydig i kjeldene. Forma frå 1606 viser ei daglegform av namnet, som ein ikkje finn att seinare.

**5.13.9. Mi vurdering:** Garden er nok ei relativt ny frådeling, og bør skrivast: **Norddalen**.

## 5.14. Klepp (gnr 17)

**5.14.1. Skriftformer** i kjeldene: *or Kleppe 1324; Kleppe 1520 og 1603; Kleffue, Klep 1606; Klep 1616, 1617, Jb1626 og Matr1647; Ytre Klep TB1664; Klepp 1667; Klep 1714; Kleppe 1723; Klep Kb1700-1750 og E-sk1762; Klep, Klepp (1772) Kb1750-1800; Klep Ft1801; Klepp Matr1838; Klep, Klepp, Ytre Klep Kb1800-1850; Klep Ft1865; Klep, Klokkarklep Ft 1875; Klep Matr1886; Klep, Klepp Kb1850-1900; Klep Ft1900 og NG1908; Klepp Ft1910; Klep, Klepp Kb1900-1932; Klepp Matr1950. Sleksnamn: Klepp.*

**5.14.2. Avleidde namn** i området: Kleppeåsen, Kleppevegen, Kleppesjøvegen.

**5.14.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 4 våger fisk (74,1 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 10 mark 19 øre. Garden vart tidleg delt i fire jamstore bruk, seinare var det 13 bruk på garden.

Garden var klokkargard for klokkaren i Volda frå 1600-talet og heilt fram til nyare tid. Garden hadde eiga sæter ovanfor innmarka.

**5.14.5. Dokumenterte uttaleformer:** or Kleppe (dativ) 1324; Kleppe 1520; Klèpp IAa1840; klæpp NG1908

**5.14.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Mærk de iislandske Ord: kleppr, en Knort eller Knude; og klöpp, en Brink, udhængende Klippe."

Oluf Rygh: "Kleppr m., Klump, Fjeldknat (Indl. S. 60)."

Oddvar Nes: "Formene Kleppe er dativ. Gno \*Kleppr m. 'klump, fjellknatt', dat eint Kleppi. Den ubundne forma tyder på høg alder, og det er det einaste Klepp-namnet i vårt fylke i ubunden form."

**5.14.7. Tidfesting:** Garden har vore klokkargard frå så langt tilbake ein har skriftlege kjelder. Som Oddvar Nes skriv, så er det også særmerkt at gardsnamnet er i ubestemt form, noko som gjer at det er naturleg å rekne dette namnet mellom dei eldste (Sandnes 1997: 34).

**5.14.8. Skriftnormering:** Namnet er stort sett eintydig i kjeldene, dersom ein ser bort ifrå den eine forma i 1606.

**5.14.9. Mi vurdering:** Det er to gardar i Volda der Klepp-namnet er brukt i dei eldste kjeldene. Det at denne garden har vore klokkargard, gjer nok det mest sannsynleg at det er denne som er eldst. Garden viser heilt klart til ein naturformasjon på garden, og det skal skrivast i ubestemt form: **Klepp**.

#### 5.14.10. Korsen (bnr 10 under gnr 17)

**5.14.11. Skriftformer** i kjeldene: *Korsen Ft 1875, Ft1900, Ft1910 og Kb1900-1932. Sleksnamn: Korsen.*

**5.14.13. Matrikkelskyld:** Plassebruket vart frådelt med skyld 16 øre.

**5.14.19. Mi vurdering:** Eit nyare bruksnamn som kjem av at det stod ein steinkors ved den gamle klokkargarden her. Namnet bør skrivast rett fram: **Korsen**.

### 5.15. Engeset (gnr 18)

**5.15.1. Skriftformer** i kjeldene: *Engebeter 1530; Engesetter, Engsetter 1603; Engsetter 1606; Engesæt Jb1626; Engset Matr1647; Engeseætter TB1664; Engeseth 1667; Engsett 1723; Engeset, Engset Kb1700-1750; Engeset E-sk1762; Engeset, Engeseth (1778), Engesæd (1757), Engesædt (1799), Engesæt, Engesæth (1767), Engsæd (1785), Engsæt (1789), Ængesæd (1758), Ængesæt (1763) Kb1750-1800; Engesæt Ft1801; Engebæt Matr1838; Engeset, Engeseth (1802), Engesæt Kb1800-1850; Engeset Ft1865; Engesæt Ft 1875; Engeset Matr1886; Engeset, Engeseth, Engesæt Kb1850-1900; Engesæt Ft1900; Engeset NG1908 og Ft1910; Engeset, Engesæt Kb1900-1932; Engeset Matr1950. Sleksnamn: Engeset, Engeseth.*

**5.15.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger 18 mk fisk (60,2 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 14 mark 26 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk, der det eine vart drive saman med prestegarden. Seinare var det 15 bruk på garden.

Etter tida som prestegardsjord, var garden ei tid embetsgard for Sunnmøre bataljon. Garden sætra saman med Hallkjellsvik på Ullastøylen og Prestesætra.

**5.15.4. Arkeologiske funn:** Det er nemnt eit par gravrøyser og ein bautastein på garden, ved sida av ein del lausfunn.

**5.15.5. Dokumenterte uttaleformer:** Engebeter 1530; Jngjesæt IAa1840; engjasæ:t NG1908

**5.15.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Enten af det gamle Jngje (Jngi), et Mandsnavn eller ogsaa det samme som Engesæt (af Eng)."

Oluf Rygh: "\*\*Engjarsetr eller \*Engjasetr, hvori 1ste Led er Gen. Ent. eller Flt. af eng f., Eng."

Oddvar Nes: "Gno \*Engjasetr, der førstelekken er gen fleirt av eng f."

**5.15.7. Tidfesting:** Garden er ei samansetjing med –set i fellesleddet, noko som tidfester garden til Vikingtida 800 - 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.15.8. Skriftnormering:** Dei ulike skriftformene er stort sett samanfallande i at utmerkingsleddet er Eng- og ikkje eit mannsnamn. Dei markerer også tydeleg at det er brukt e-suffix mellom utmerkings- og fellesleddet.

**5.15.9. Mi vurdering:** Oddvar Nes har nok rett i at førsteleddet er genitiv fleirtal, og i så fall burde namnet vore skrive: **Engjeset**. Skriftformene og slektsnamnet tilseier ei anna rettskriving.

#### 5.15.10. Håmyra (bnr 9 under gnr 18)

**5.15.11. Skriftformer** i kjeldene: *Haamyren Matr1886; Håmyr Ft1900; Haamyren Ft1910; Haamyr (1903), Håmyr (1909) Kb1900-1932. Sleksnamn: Håmyr.*

**5.15.13. Matrikkelskyld:** Plassebruket vart frådelt med skyld 32 øre.

**5.15.16. Tydingar:** Oddvar Nes: "Namnet tyder 'Høgemyra' og førstelekken er det gno adjektivet hár (i samansetning há-) 'høg'."

**5.15.19. Mi vurdering:** Eit nyare bruksnamn som er skrive i bestemt form i kjeldene. Namnet bør skrivast: **Håmyra**.

### 5.16. Halkjelsvik (gnr 19)

**5.16.1. Skriftformer** i kjeldene: *Halkjelsvik i Sagalitteraturen, i Hællkiælsviik 1385, Helkelsuiks sokn 1430; i Halkelsvijk 1443, Halkeelwiick 1530; Halckilsuig 1606; HaldKielzWig Jb1626; Haldkildsuig Matr1647; Haldchilsvig TB1664 og 1667; Haldkielsvig 1723; Haldkieldsvig E-sk1762; Halkieldsvig (1766), Halkilsvig (1794), Halkjelsvig (1792) Kb1750-1800; Haldkjeldsvig Ft1801; Halkjelsvik Matr1838; Halkielsvig, Haldkjeldsvig (1819), Haldkildesviig (1818), Halkielsvig (1821), Halkjeldsvig (1817), Halkjelsvik (1825), HaltKieldsvig Kb1800-1850; Halkjeldsvig, Halkjeelsvig Ft1865; Halkjelsvik Ft1875; Halkelsvik Matr1886; Halkjeldsvig, Halkjelsvig, Halkjelsvik, Halkeldsvik (1875), Halkelsvik (1851), Hallkelsvig (1868) Kb1850-1900; Halkjelsvik Ft1900; Halkelsvik NG1908; Halkelsvik, Halkjelsvik Ft1910; Halkjelsvik, Halkelsvik (1904) Kb1900-1932; Halkjelsvik Matr1950. Sleksnamn: Halkjelsvik*

**5.16.2. Avleidde namn** i området: Vikeneset, Vikebygda (bygdenamn).

Garden har gjeve namn til heile dalføret frå sjøen og fram på Krøvelseidet. Volda kyrkje har så langt ein kjenner til alltid vore på grunn tilhøyrande garden Hallkjellsvik.

**5.16.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger fisk (55,6 kg), og garden var rekna som halvgard 1667. I 1886 var skylda 19 mark 71 øre. Garden frå først av einbølt prestegard, noko som kan vere grunnen til den høvesvis lave skylda. Garden vart delt i tre jamstore bruk, og seinare var det 11 bruk her. Garden sætra saman med Engjeset på Prestesætra og Ullastøylen.

**5.16.4. Arkeologiske funn:** Garden er nemnt i Snorre Sturlasons Kongesøger i samband med slaget ved Hjørungavåg i 988, og det er ei segn knytt til garden om Halkjel Huk - som skulle

vere gravlagd i Halkjelshaugen ved Øyrabrua. Halkjelshaugen var lenge sett på som ein muleg gravhaug, men det vart ikkje funne noko særskilt her då haugen vart fjerna kring år 2000. Det er elles gjort ein del lausfunn på garden.

**5.16.5. Dokumenterte uttaleformer:** Hallkelsvik i Sagalitteraturen, i Hællkiælsvík (dativ) 1385, Helkelsuiks sokn 1430 i Halkelsvijk (dativ) 1443, Halkeelwiick 1530; Halkjelsvik, Røisgarin, Muntegarin IAa1840; røisgariNN NG1908.

**5.16.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Dette Navn, som er dannet af Mandsnavnet Halkel (efter Strøms Formodning af den bekjendte Halkel Huk), er ganske ubrugeligt iblandt Almuen, som benævner Gaarden Røisgarin og tildeels Muntegarin efter en Kapitain Reusch og en Munthe hvilke i det sidste Aarhundreder have beboet Gaarden. Stedets egentlige /Navn/ er formodentlig Øira, eller Vikja."

Oluf Rygh: "Hallkelsvík, sms. med det i MA. meget almindelige Mandsnavn Hallkell (PnSt. S. 114)."

Per Årviknes: "Ein eller annan stormann med namnet Halkjell kan ha fått namnet sitt knytta til denne vika mellom Øyraelva og Vikeneset."

Oddvar Nes: "Førstelekken er det vanlege gno mannsnamnet Hallkell. Garden har nok tidlegare heitt \*Vík."

**5.16.7. Tidfesting:** Garden var prestegard så langt tilbake som ein har skriftlege kjelder, og Voldskyrkja vart også bygd på garden her. Gardsnamnet er samansett, men fellesleddet er ikkje brukt i bestemt form i det heile<sup>4</sup> – og det tek ikkje dativ – noko som tyder på at det opphavelege namnet på garden er eit usamansett gardsnamn Vik, av dei aller eldste gardsnamna i området (Sandnes 1997: 34).

**5.16.8. Skriftnormering:** Skrivemåten av Hallkjell varierer ein del i kjeldene, men tydinga er det ikkje tvil om.

**5.16.9. Mi vurdering:** Her er det verd å merke seg at ingen av skriftformene viser at namnet eksisterer i bestemt form. Det er derfor heilt rett som Oddvar Nes påpeiker, at garden opphaveleg er eit usamansett gardsnamn, som så har fått eit mannsnamn knytta til seg. Formene i 1385 og 1443 viser også namnet i dativ, og heller ikkje der er det ending for vik – ein skulle elles tenkje seg dativ \*/VIKINNe/ om eit slikt hokjønnsord. Ein annan indikasjon på dette er at bygda framover frå garden har fått namnet Vikebygda. Personnamnet har også vore skrive på ulike måtar – i dag ville vi nok ha skrive det med fire l-ar: **Hallkjellsvik**.

#### **5.16.10. Røysgarden, Røystunet (bnr 2, 38 og 120 under gnr 19)**

**5.16.11. Skriftformer** i kjeldene: *Røysgaarden* Ft1875. **Sleksnamn:** **Røys**.

**5.16.13. Matrikkelskyld:** Hovudbruket hadde ei skyld på 4 mark 86 øre. Dei to underbruka høvesvis 2 mark 63 øre og 45 øre.

**5.16.15. Dokumenterte uttaleformer:** Røisgarin, Muntegarin IAa1840; røisgariNN NG1908.

**5.16.16. Tydingar:** Oddvar Nes: "Fått namn etter eigaren Otte Finde Reutz (1738-1812)"

**5.16.19. Mi vurdering:** Otte Finde Reutz arva garden her etter presten Otte Finde, som var sokneprest og seinare kjøpte ut Prestegarden. Sleksnamnet har vorte fornorska i seinare tid til Røys, og vi finn det att som: **Røysgarden, Røystunet**.

---

<sup>4</sup> Den einaste gongen eg har registrert \*Halkjelsvika brukta i bestemt form, er i namnet til Halkjelsvika Spelemannslag.

## 5.16.20. Kvernebakken (bnr 6, 20 og 21 under gnr 19)

**5.16.21. Skriftformer** i kjeldene: *Qværnebakke Matr1838; Qværnesbakk!! (1805), Quærnbakke (1831), Quærnebak (1836), Qværnebakke (1837), Qværnebakken (1843), Quærnebakken (1844) Kb1800-1850; Kværnebak Ft1865; Kvernebakke Ft1875 og Matr1886; Quærnebakke, Kvenebak!! (1885), Kvernebakke (1875), Kvernebak (1878), Kværnebak (1876), Kværnebakk (1885), Kværnbak!! (1888) Kb1850-1900; Kvernebakken Ft1900 og NG1908; Kværnebak Ft1910; Kvernebak Kb1900-1932; Kvernebakken Matr1950. Sleksnamn: Kvernebakk, Kværnebakk.*

**5.16.23. Matrikkel skyld:** Hovudbruket vart frådelt med ei skyld på 26 øre. Dei to underbruka 31 øre kvar.

**5.16.25. Dokumenterte uttaleformer:** "kvæNNabaKKiNN NG1908.

**5.16.26. Tydingar:** Oddvar Nes: "Garden ligg ved ein gammal kvernpllass i Øyraelva. Førstelekken er gen. eint."

**5.16.29. Mi vurdering:** Plassebruk under garden Halkjelsvik. Namnet er i bestemt form.

Uttalen samt ei av formene frå Kyrkjeboka i 1885 dokumenterer dialektforma:

**Kvennabakken.**

## 5.16.30. Abeltunet (bnr 6, 20 og 21 under gnr 19)

**5.16.31. Skriftformer** i kjeldene: *Abeltunet Ft1910; Abelstun!! (1903), Abeltun (1906) Kb1900-1932. Sleksnamn: Abeltun.*

**5.16.33. Matrikkel skyld:** Bruket har i dag ei skyld på 43 øre.

**5.16.39. Mi vurdering:** Bruket har eit nyare tunnamn, som har fått namn etter den første brukaren Mons-Abel (1846-1933). Namnet bør skrivast i bestemt form og utan fuge-s: **Abeltunet.**

## 5.17. Heltne (gnr 20)

**5.17.1. Skriftformer** i kjeldene: *Heltenne, Haltenne 1603; Heltenne 1606; Heltne 1616; Haltne 1617; Heltne Jb1626, Matr1647, TB1664, 1667, 1723, Kb1700-1750, E-sk1762; Heltne, Heltene (1789) Kb1750-1800; Heltnes!! Ft1801; Heltne Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1850. Sleksnamn: Heltne*

**5.17.2. Avleidde namn** i området: Heltnelisjehornet, Heltnesundet

**5.17.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger fisk (55,6 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 18 mark 25 øre. Garden var tidleg delt i 5 bruk, og seinare var det 21 bruk på garden. Garden hadde eiga sæter i utmarka.

**5.17.5. Dokumenterte uttaleformer:** Heltna-ne IAa1840, "hÆLtnaNNe (dat: -nå) NG1908.

**5.17.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Strøm har skrevet dette Navn Heldten, og har altsaa formodentlig (...) Betydningen i <er> Ordet Hælt, Halvedeel, saa at Navnet skulde hentyde paa en Deling av Gaarden."

Oluf Rygh: "\*\*Helknar f., Flt. af helkn n., Sideform til hølkn n., stenig Grund, Klippegrund."

Eivind Vågslid: "helkn, hølkn gn in steinrunn. Det er vonleg laga av fl til eit gn ord \*hallki ha. litin Stein, avleitt med -ki frå hallr ha. Stein, med fl \*hellkn og yngre \*helknar med eigef \*hallkna, sidef. \*høllkum og yngre helknum, hølknun med n. frå eigef. Fl til detta ordet finst i mange norske gardnamn."

Per Årviknes: "Trulegast kjem det av "heiltne" som er ei gammal nemning for halve vegen. Den gamle seiemåten "heilta" (halvdelen) er enno kjend og brukा."

Oddvar Nes: "Gno \*Helknar f. flt, til gno helkn n. 'steinete grunn'."

**5.17.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i fleirtal i dei eldste kjeldene, og er slik neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.17.8. Skriftnormering:** Skrivemåten varierer, noko som kan forklara med opphavet til ordet.

**5.17.9. Mi vurdering:** Rett tyding er nok steinete grunn, men det som er særmerkt med dette namnet er at fleire av skriftformene og dei dokumenterte uttaleformene har fleirtalsform av namnet, medan det i dag blir brukt i eintal, sjølv om ein framleis høyrer brukt 'fram på Heltnå', som er dativ fleirtal. Rett skriveform burde vere **Heltnane**; men med den store utbygginga som har vore i dette området dei siste åra, er det eit spørsmål om denne fleirtalsforma er i ferd med å døy ut.

## 5.18. Bratteberg (gnr 21)

**5.18.1. Skriftformer** i kjeldene: *Bratteberg 1603; Bratebierig 1606; Brattberg 1616; Bratteberigh 1617; Brattebierg Jb1626; Bratteberig Matr1647; Bratteberg TB1664, 1667 og 1723; Bratheberg, Bratteberg Kb1700-1750; Bratteberg E-sk1762; Bratteberg, Bratberg (1786) Kb1750-1800; Bratteberg Ft1801 og Matr1838; Bratteberg, Brattebierg (1831), Brattebjerg (1841) Kb1800-1850; Bratteberg Ft1865 og Ft1875; Bratteberg, Berget Matr1886; Bratteberg, Brakeberg!! (1859) Kb1850-1900; Bratteberg Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1850. Slektsnamn: Bratteberg.*

**5.18.2. Avleidde namn** i området: Bergslida.

**5.18.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 2 pd 6 mk fisk (32,4 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 32 øre. Garden var tidleg delt i to bruk, og seinare var det 6 bruk på garden. Garden hadde eiga sæter i utmarka.

**5.18.5. Dokumenterte uttaleformer:** bÆrje (dat: bÆrja) NG1908.

**5.18.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Garden er brattlendt."

**5.18.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett av to naturnamn som viser korleis han ligg til, og er slik nok ikkje særleg eldre enn dei første skriftlege kjeldene viser (Sandnes 1997: 36).

**5.18.8. Skriftnormering:** Matrikkelforma frå 1886 viser daglegnamnet på garden, elles er skriftformene rimeleg samstemte.

**5.18.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er samansett av to naturnamn og er i bestemt form i uttale: **Bratteberget**, sjølv om byggefeltet i dag er nemnt i ubestemt form.

## 5.19. Driveklepp (gnr 22)

**5.19.1. Skriftformer** i kjeldene: *Klæp Jb1626; Klep Matr1647; DrifueKlep TB1664; Drifklep 1667 og 1723; Klep Kb1700-1750; Driv Klep %Fremr.% E-sk1762; Drivklep (1769), DriveKlep (1776), Driveklep (1775), Driveklepp (1780) Kb1750-1800; Drivklep Ft1801 og Matr1838; Driveklep, DriveKlep, Driveklepp, Driveklæp (1820), Drivklep (1844) Kb1800-1850; Driveklep Ft1865; Driveklepp Ft1875; Drivklep, Klep Matr1886; Driveklep, Drivklep, Driveklepp (1899) Kb1850-1900; Driveklepp Ft1900; Drivklep NG1908; Driveklepp Ft1910; Driveklep, Driveklepp Kb1900-1932; Driveklepp Matr1850. Slektsnamn: Driveklepp.*

**5.19.2. Avleidde namn** i området: Nedrekleppe.

**5.19.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var heile 5 våger fisk (92,6 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 13 mark 52 øre. Garden var tidleg delt i fire jamstore bruk, og seinare var det 9 bruk på garden. Garden sætra på Reset saman med Lida-gardane.

**5.19.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei gravrøys på garden, og det er også funne eit vevlodd her.

**5.19.5. Dokumenterte uttaleformer:** Klèpp IAa1840; klæpp NG1908.

**5.19.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Mærk de iislandske Ord: kleppr, en Knort eller Knude; og klöpp, en Brink, udhængende Klippe"

Oluf Rygh: "Tillægget Driv- har Navnet formodentlig faaet til Adskillelse fra GN. 17. Det kunde komme af Elvenavnet Driva eller af drif n., her snarest i Betydning af Snedrev."

Oddvar Nes: " Driv- siktat til det utsett lægjet garden har m.o.t. ver og vind."

**5.19.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett av to naturnamn som viser naturtilhøva her, og fellesleddet er i ubestemt form. Garden er heilgard i 1667, og burde slik sett vere eldre enn det namneformene tilseier. Det er to Klepp-gardar i bygda, der denne er den største. Men den andre garden var klokkargard, medan denne låg meir i utmarka, noko som tilseier at denne garden nok er yngre enn den andre. Denne garden blir då vanskelegare å tidfeste historisk; men ser ein på nabogardane, så behøver han ikkje vere særleg eldre enn Mellomalderen (Sandnes 1997: 36).

**5.19.8. Skriftnormering:** Daglegnamnet er berre Klepp, noko som også viser att i enkelte av skriftformene. Utmerkingsleddet varierer litt i skrift.

**5.19.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er samansett av to naturnamn, der utmerkingsleddet viser til at garden ligg utsett til for drív og rok. Namnet bør nok skrivast utan e i fuge-suffixet: **Drivklepp**, til trass for at slektsnamnet i dag er med e.

## 5.20. Fremmerlid, Nedrelid (gnr 23 og 25)

**5.20.1. Skriftformer** i kjeldene: *Lijd, Lijdenn 1603; Liienn, Nederlandt!! 1606; Fremmerlied, Nederlied Jb1626; Fremerli, Nederlid Matr1647; Fremmer Lyden, Neder Liden TB1664; Fremmerlied, Nedrelid 1667; Fremmer-Lied, Nedre Lied 1723; Fremr. og Nedr. Lied E-sk1762; Fremerlid (1799) Kb1750-1800; Fremre og Nedre Lied Ft1801; Fremrelid, Nedrelid Matr1838; Fremrelid, Fremrelied, Nedrelied, Fremre og Nedre Lie, Fremre Liid, Nedreliid (1818) Øvre og Nedre Lied, ØvreLied, ØvreLiid (1806) Kb1800-1850; Fremmerlid, Nedrelid Ft1865 og Ft1875; Fremmerlid, Nedrelid, Liden Matr1886; Fremmerlied, Nedrelied, Fremmer Lied, Fremrelied, Fræmrelied, Fremmerlid (1854), Nedrelid, Nedre Lid, Nedre-lid Kb1850-1900; Fremrelid, Nedrelid Ft1900; Fremmerlid, Nedrelid NG1908; Liden, Nedrelid Ft1910; Fremmerlid, Nedrelid, Nedre-Lid Kb1900-1932; Fremmerlid, Nedrelid Matr1850.*

**Slektsnamn:** Fremmerlid, Nedrelid.

**5.20.2. Avleidde namn** i området: Lidaeidet.

**5.20.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg) for Fremmerlida og 1 våg 9 mk (20,8 kg) for Nedrelida. Gardane var øydegardar 1667. I 1886 var skylda høvesvis 3 mark 70 øre og 2 mark 91 øre. Fremmerlida vart tidleg delt i to bruk, Nedrelida vart delt i tre bruk i nyare tid. Gardane sætra på Reset.

**5.20.5. Dokumenterte uttaleformer:** Lida IAa1851; Iida (dat: IIIdiINNe) NG1908.

**5.20.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Fremre" har her som alm. Betydningen: længere inde."

Oddvar Nes: "Fremmer- er fordansking for fremre-."

**5.20.7. Tidfesting:** Daglegnamna viser at dette har vore ein gard, som så har vorte delt i tre delar på 1600-talet. To av gardpartane har halde på –lida-namnet, den tredje fekk nytt namn, Timbrebakken. Gardsnamna er i bestemt form heilt frå 1603, noko som tilseier at dei ikkje er særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.20.8. Skriftnormering:** Gardsnamna er rimeleg eintydige, dersom ein ser bort ifrå at Fremmerlida er kalla Øvrelida i nokre av kyrkjebøkene på 1800-talet.

**5.20.9. Mi vurdering:** Fellesleddet er i bestemt form for begge namna, og utmerkingsleddet viser til korleis gardane ligg i høve til kvarandre – dei er typiske oppdelingsnamn:

**Fremmerlida, Nedrelida.**

## 5.21. Tømmerbakken (gnr 24)

**5.21.1. Skriftformer** i kjeldene: *Tømerbacke Jb1626; Tømerbach Matr1647; Tømmerbake TB1664 og 1667; Tømmerbache 1723; Tømmerbakke Ft1801; Tømerbakke Matr1838; Midt Lie (1825), Timmerbakke (1805), Tømmerbache (1811), Tømmerbakke (1806) Kb1800-1850; Tømmerbakke Ft1865 og Ft1875; Tømmerbakk Matr1886; Tømmerbakke, Tømerbakke (1852), Tømmerbak (1854), Tømmerbak (1871), Tømmerbakk (1891) Kb1850-1900; Tømmerbakken Ft1900, NG1908 og Ft1910; Tømmerbak, Tømmerbakk, Tømerbakk Kb1900-1932; Tømmerbakken Matr1850. Sleksnamn: Tømmerbakk.*

**5.21.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 74 øre. Garden var einbølt fram til 1800-talet, og sætra på Reset.

**5.21.5. Dokumenterte uttaleformer:** "tImbrebaKKiNN NG1908.

**5.21.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "1ste Led er timbr n., Tømmer, som i de mange dermed dannede Navne vel sigter til Tømmerskov paa Stedet."

Oddvar Nes: "Namnet er ikkje av dei eldste. Førstelekken er /timbr/ tømmer, og medar nok på at det har vore hogge tømmer der før i tida."

**5.21.7. Tidfesting:** Namnet er samansett og i bestemt form. Det er første gong nemnt i 1626, og kom truleg til då den gamle Lida-garden vart oppdelt (Sandnes 1997: 36).

**5.21.8. Skriftnormering:** Skriftformene har tømmer som utmerkingsledd, medan uttalen viser til den lokale uttaleforma 'timbre'.

**5.21.9. Mi vurdering:** Dersom ein skal halde seg til nedarva lokal uttale og ta mindre omsyn til skriftformene og sleksnamnet, burde namnet ha vore skrive: **Timbrebakken**. Men i dette tilfellet ville nok ei namnesak kunne enda med eit anna utfall, i og med at Tømmer- stort sett er einerådande i skriftformene og også brukt som sleksnamn.

## 5.22. Hoggen (gnr 26)

**5.22.1. Skriftformer** i kjeldene: *Bedhough 1603; Hougenn 1606 og 1616; Huggen 1617; Haggen Jb1626; Hougen Matr1647; Hoggen TB1664, Hauggen 1667; Hougen 1723; Hoggen Kb1700-1750; Hougen E-sk1762; Hoggen, Hogen (1755), Hogg!! (1765) Kb1750-1800; Hoggen Ft1801; Hogen Matr1838; Hoggen, Hokken (1842) Kb1800-1850; Hoggen Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Hoggen,*

Hogen (1861) Kb1850-1900; Hoggen Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.

**Sleksnamn:** Hoggen

**5.22.2. Avleidde namn** i området: Hoggasaga, Hoggakylna, Hoggabakken, Hoggagarden.

**5.22.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 98 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det 4 bruk her. Garden sætra på Rotevassætra saman med Rotevatn.

**5.22.5. Dokumenterte uttaleformer:** Høggja |Aa1840, hÅjja (dativ: hÅjjiNNe, i samansetjingar: hÅgga-) NG1908.

**5.22.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Sandsynlig af hogge (hugge) og hentyder da enten paa Gaardens Oprydning eller paa en Situation, der ligner et Indsnit eller Hug."

Oluf Rygh: "Jeg formoder, at det er høgg n., Tømmerhugst, der som Stedsnavn kunde være gaaet over til Hunkjønsord. Om høgg, navnlig i sms. Navne, se forøvrigt Bd. VI S. 330."

Per Årviknes: "ein plass som var skogvaksen, der det vart hogge beit til krøtera."

**5.22.7. Tidfesting:** Namnet er usamansett, men i bestemt form. Det er nemnt første gong 1603, og er nok frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.22.8. Skriftnormering:** Dette namnet har nok vore vanskeleg å forstå for dei som skulle bruke det i skrift, noko som viser seg i at det har vore tolka som Haugen i fleire av dei eldre kjeldene.

**5.22.9. Mi vurdering:** Tømmerhogst kunne vere ei fornuftig tolking, i og med at garden ligg nær garden Timbrebakken. Dagens sleksnamn baserer seg på skriftforma, men uttaleformene viser klart at namnet nok bør skrivast meir uttalenært. På det grunnlaget vil eg rå til å bruke forma **Hoggja**, med Hogga- i samansetningar. Sleksnamnet målber ei meir tradisjonell form.

## 5.23. Rotevatn (gnr 27)

**5.23.1. Skriftformer** i kjeldene: Ruttewod, Røtteuat 1520; Rørtenuatten 1590; Rottewatten 1603; Rotuatenn 1606; Røduatten 1616; Røttevatten 1617; Rødteuand Jb1626; Røduatten Matr1647; Rødvatten TB1664, 1667 og 1723; Rødevatn, Rødevatne, Roedevatn, Rødevan, Røedevand, Rødevand, Røedevan, Roedvand, Rødvatnen (1749) Kb1700-1750; Roedvatten E-sk1762; Rødevand, Rødevan, Rødvand, Rødevatn, Røedevand, Rødevatne, Rødvatn (1759), Roddevand (1763), Røtevatn (1785), Røtevand (1791) Kb1750-1800; Rødevand Ft1801; Rødvatn Matr1838; Rødevand, Røddevand (1808) Kb1800-1850; Rødevand Ft1865 og Ft1875; Rotevatn, Rødevand Matr1886; Rødevand, Rødevand (1854), Rødevand, Rotevatn (1896) Kb1850-1900; Rotevatn Ft1900, NG1908 og Ft 1910; Rotevatn, Rødevand Kb1900-1932; Rotevatn Matr1950. **Sleksnamn:** Rotevatn

**5.23.2. Avleidde namn** i området: Rotevatnet, Rotevasselva, Rotevasskylna, Rotevasshjellen, Rotevassvika, Rotevassledet, Rotevassætra.

Garden er nok den eldste av gardane i det som i dag vert kalla Vikebygda, grovt sett området frammafor Høgskulen. Også Drivklepp er nok ein eldre gard med si usamansette form av fellesleddet, medan dei andre gardane nok ikkje var i drift før etter Svartedauden.

**5.23.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 4 våger 18 mk fisk (78,7 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 23 mark 86 øre. Garden vart tidleg delt i fire jamstore bruk, seinare var det 20 bruk her.

Eit bruk på garden har i dag namnet Bøen, noko som kan vere ein indikasjon på kvar det gamle hovudtunet låg. Garden sætra på Rotevassætra.

**5.23.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei gravrøys på garden, Kjempegrava, i tillegg til ein del lausfunn, mellom anna ei steinøks.

**5.23.5. Dokumenterte uttaleformer:** Ruttewod, Røtteuat 1520; Rørtenuatten 1590; Røtevatn IAa1840; råte'vatn NG1908.

**5.23.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Skrives Rødvand, men vilde, hvis dette var rigtigt, aldrig nævnes som anført."

Oluf Rygh: "[Rotset] Ligger nær Udløbet af en kort Elv, der danner Afløb for Røtevatn, se GN. 27. Der kan ikke være Tvivl om, at 1ste Led er det samme i disse to Navne, og at dette er et Elvenavn af Stammen Rot-, [...] og som vel hænger sammen med (h)rjóta,styrte, falde, glide ud."

Oddvar Nes: "Garden har namn etter Røtevatnet, andre tolkingar kjem ikkje på tale. \*Rotavatn 'vatnet ved \*Roti'."

**5.23.7. Tidfesting:** Namnet er samansett, men som ved dei andre vass-gardane i Volda, så er nok namnet mykje eldre enn samansetjinga skulle tilseie. Garden her er stor, og ein kan dokumentere eldre skriftformer som tilseier at han har vore i drift gjennom Svartedauden. Eg vil tru at han kan knytast opp mot gardane med usamansette naturnamn, og slik kom til tidleg i vår tidsrekning (Sandnes 1997: 34).

**5.23.8. Skriftnormering:** At dette namnet har vore vanskeleg å få meining i, viser dei mange ulike skriftformene gjennom tidene. Garden har heilt klart fått namn etter vatnet, som igjen har fått sitt namn etter fjellet, og her er nok Oluf Rygh inne på den rette tolkinga, men då om fjellet – ikkje om elva. Det er ikkje uvanleg med steinsprang frå Rotsethornet også i dag.

**5.23.9. Mi vurdering:** Namnet er i ubestemt form i alle skriftlege kjelder, noko som viser høg alder. Det har heller ikkje levande dativformer. Her er namnet rett skrive utifrå både dagens skriftform og slektsnamnet: **Røtevatn**.

#### 5.23.10. Kriken, Krikebøen (bnr 13 og 14 under gnr 27)

**5.23.11. Skriftformer** i kjeldene: *Kriken Matr1838; Krikken (1819), Kriken (1830), Kreken (1837) Kb1800-1850; Kriken Ft1875; Kriken, Krikebøen Matr1886; Kreken, Kriken Kb1850-1900; Kviken!!; Kvikebøen!! Ft1900; Kriken NG1908; Kriken, Krikebøen Ft1910; Kriken Kb1900-1932 og Matr1950.*

**5.23.13. Matrikkelskyld:** Hovudbruket hadde ei skyld på 1 mark 38 øre, Krikebøen 28 øre.

**5.23.15. Dokumenterte uttaleformer:** krIKiNN (dat: -Ka) NG1908.

**5.23.16. Tydingar:** Oluf Rygh: "Af Krik m., Krog, Vinkel (Aasen). Sigter her aabenbart til en sterk Bøining af Elven nær Gaarden."

Oddvar Nes: "Ein krik tyder 'krok, krå, vinkel', og syner i dette høvet til at bruket ligg noko avbølt."

**5.23.19. Mi vurdering:** Oddvar Nes si forklaring er nok den rette her. Namnet bør skrivast: **Kriken, Krikebøen**.

### 5.24. Vassbotn (gnr 28)

**5.24.1. Skriftformer** i kjeldene: *Bottenn 1603; Wasbotenn 1606; Wasbottenn 1617; Wadzbotten Jb1626; Wadzbotten Matr1647; Vaðbothen TB1664; Vadtsbotten 1667; Wasbottnen 1723; Vasbotnen, Vasbotne, Vasbotn, Wasbotn, Wasbotnen Kb1700-1750; Wadsbotten E-sk1762;*

*Wasbotnen, Wasbotten (1751), Wasbond (1751), Wasbotne, Wasbotn, Vadsbotten, Vasbatnen!! Wasbotn (1766), Vasboten Kb1750-1800; Wasbotten Ft1801; Watsbotn Matr1838; Wasbotten, Wasbotn, Wasbotn, Vassbotn 1805, Wassbotten, Vasbotn, Vasbotten 1847 Kb1800-1850; Vasbotn Ft1865; Vasbotten Ft1875; Vasbotnen Matr1886; Vasbotten, Vasbotn, Wasbotn, Vassbotn Kb1850-1900; Vasbotnen Ft1900 og NG1908; Vassbotnen Ft 1910; Vasbotn, Vassbotn Kb1900-1932; Vassbotn Matr1950. Sleksnamn: Vassbotn*

**5.24.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger fisk (55,6 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 18 mark 42 øre. Garden vart tidleg delt i tre jamstore bruk, seinare var det 8 bruk her.

To bruk på garden har i dag namnet Bøen og Tufta, noko som kan vere ein indikasjon på kvar det gamle hovudtunet låg. Garden sætra på Botnasætra.

**5.24.5. Dokumenterte uttaleformer:** "vassbÅttniNN (dat: -na) NG1908.

**5.24.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Vatzbotn m. Har Navn af Beliggenheden ved øvre Ende af Rotevandet (se Indl. S. 45 under botn)."

Oddvar Nes: "Gno \*Vazbotn, tyder 'inste (el. Øvste) enden av eit vatn'."

**5.24.7. Tidfesting:** Namnet er samansett, og i bestemt form heilt frå dei eldste kjeldene. Namnet er samansett av to naturnamn som viser korleis garden ligg til og er slik truleg frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.24.8. Skriftnormering:** Namnet er eintydig, men skriftformene varierer med skrivemåten av vatn i genitiv.

**5.24.9. Mi vurdering:** Namnet er bestemt form både i uttale og i mange av skriftformene, og det bør skrivast: **Vassbotnen**.

## 5.25. Øren (gnr 29)

**5.25.1. Skriftformer** i kjeldene: á Æyrum 1338; Øhrenn 1603, Øren 1606, Ørren Jb1626, Øren TB1664, Øhren 1667; Øhren 1723; Øren Kb1700-1750; Ørens Præstegaard E-sk1762; Øren Kb1750-1800; Øren Præstegaard Ft1801; Øren Matr1838; Øren, Ørenspris (1836) Kb1800-1850; Øren Ft1865 og Matr1886; Øren, Øyra (1863) Kb1850-1900; Øyra Ft1900; Øren NG1908 og Ft1910; Øren, Øyra, Øyri (1918) Kb1900-1932; Øren Matr1950.

**5.25.2. Avleidde namn** i området: Øyraelva, Øyralandet - Land (områdenamn)

Øyra gjev i dag namn til skulekrinsen i sentrum, sjølv om skulen reellt ligg på grunn av garden Hallkjellsvik. Begge desse to gardane var knytte til kyrkjestaden Volda, og saman med klokkgarden Klepp er dei nok av dei eldste dette området. Seinare kom dei to -set-gardane Engjeset og Rotset til, og i nyare tid Strand, Norddalen og strandgarden Greifsneset.

**5.25.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (37 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 32 øre. Garden har frå 1750-åra vore prestegard for Volda, og har heile tida vore einbølt.

**5.25.5. Dokumenterte uttaleformer:** á Æyrum (dativ) 1338; Øira IAa1851; Åira NG1908

**5.25.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Flt. af øyrr f., Sandbanke, Øre (Indl. S. 88)."

Per Årviknes: "Namnet kjem av at elva gjorde ein sving nede ved sjøen, så her vart ei landøyr. Denne øyra vart teken av ein vassflaum, som gjorde at elva tok seg nytt elvefar i 1865."

Oddvar Nes: "Gno. form var Øyrar f. flt, identisk med gno ørr f. 'øyr, sandbanke (ved ei elv)'."

**5.25.7. Tidfesting:** Den eldste namneforma er i dativ. Namnet er eit usamansett naturnamn, og sjølv om det i dag framstår som bestemt form, dokumenterer Rygh ikkje dativ-former i 1908. Både det at garden tidleg vart rekna som (del av) prestegard og at namnet er nemnt som ein del av bygdenamnet i sentrum (Land), indikerer også at namnet er gammalt. Eg vil tru at namnet kan knytast opp mot dei usamansette gardsnamna i nærområdet, som til dømes grannegarden Vik (Sandnes 1997: 34).

**5.25.8. Skriftnormering:** Namnet er i bestemt form i alle kjeldene, men den eldste skriftforma viser namnet i dativ.

**5.25.9. Mi vurdering:** Prestegarden vart flytta frå Hallkjellsvik til matrikkelgarden Øyra på andre sida av Øyraelva, då Otte Finde kjøpte ut Hallkjellsvik i 1750-åra. Ei særskilt namneform er Ørenspris, som ein finn i kyrkjeboka 1836. Namnet bør skrivast **Øyra** i dag.

## 5.26. Rotset (gnr 30)

**5.26.1. Skriftformer** i kjeldene: *af Rotasætre 1430; Rodesetter, Rødesetther 1520; Rotteszeter 1530; Rottesetter 1603; Rotsetter 1606; Røedsetter 1617; Rødsetter Jb1626; Rødssetter Matr1647; Rødsæther TB1664; Røesetter 1667; Rødsetter 1723; Røset, Røeset, Rødset, Roeset, Roset, Rødset Kb1700-1750; Rødset E-sk1762; Rødset, Røeset, Rødsæd, Rodset, Rødsæt, Rødsæth (1766), Rødseten!! (1774) Kb1750-1800; Rødsæt Ft1801; Rødþæt Matr1838; Rødset, Rødsæt, Rødseth (1804), Rotset (1825), Rødsethagen (1828) Kb1800-1850; Rødsæt, Rødsæth, Rødsætt Ft1865; Rødsæt, Rødsæthagen Ft1875; Rotset, Rødset Matr1886; Rødset, Rødseth, Rødset, Rodsæt, Rotsæt (1897), Rossæt (1897), Rotset (1898) Kb1850-1900; Rotset, Rødset, Rødseth Ft1900; Rotset NG1908; Rotset, Rødset, Rødseth Ft1910; Rotsæt, Rødsæt, Rotset (1908) Kb1900-1932; Rotset Matr1950. Sleksnamn: Rødseth*

**5.26.2. Avleidde namn** i området: Rotsethornet, Rotsetlida, Rotsetmyrane, Rotsetgeila

**5.26.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var heile 5 våger 2 pd fisk (104,9 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 26 mark 42 øre. Garden vart tidleg delt i tre bruk, seinare var det 17 bruk her.

Bruksnamnet Bøen på garden kan vere ein god indikasjon på kvar tunet låg tidlegare, eller det kan faktisk også vere eit eldre namn på garden her. Garden har vore lensmannsgard og sorenskrivargard. Gardane her sætra i Høgedalen.

**5.26.4. Arkeologiske funn:** Det er nemnt ein mogleg gravhaug på garden, elles er det gjort nokre lausfunn.

**5.26.5. Dokumenterte uttaleformer:** *af Rotasætre 1430; Rodesetter, Rødesetther 1520; Rotteszeter 1530; Røssæt IAa1840; 'rOssÆt NG1908; /'rOs:E:t/ St.ark1976.*

**5.26.6. Tydingar:** Aslak Bolt: Rotasæter.

Ivar Aasen: "<Skrives Rødseth og kunde maaske udledes af raud (rød) der vel i Stedets Bebyggelsestid kunde passe paa samme. Mærk ellers isl. Hross, en Hest.>" - seinare overstroke.

Oluf Rygh: "Ligger nær Udløbet af en kort Elv, der danner Afløb for Rotevatn, se GN. 27. Der kan ikke være Tvivil om, at 1ste Led er det samme i disse to Navne, og at dette er et Elvenavn af Stammen Rot, og som vel hænger sammen med (h)rjóta, styrte, falde, glide ud. Rotasætr i AB. staar vel for Rotu-med den sædvanlige Vaklen i Mellemlyden i den senere MA. Paafaldende er det, at dette Navn opgives udt. med lukt o, hvis denne Opgave er rigtig."

Olav Riste: gno verb (h)rjóta 'ryte, snorke, murre, gryle'.

Oddvar Nes: "At førstelekken i Rotset og Rotevatn er eit elvenamn \*Rota i eldre gno \*Hrota, har alle granskarane vore samde om hittil. Men går ein ut frå eit gno. \*Rotasetr og \*Rotavatn , som vil vere gen. eint av eit linnt hankjønnsord \*Roti (\*Hroti); dette er då det gno namnet på fjellet. \*Roti er eigentleg eit verkarord (nomen agentis), avleidd av verbet (h)rjóta, og tydinga er 'sturtaren, den som sturtar, støyter, støkk noko ut(føre)'. Her kan vi tenkje på Strøm si skildring og på dei veldige urene i stranda mellom Andaneset og Greivneset, der det dagstøtt fell ned stein. Eg vil òg halde fram alle steinspranga mellom Andaneset og Rotset, som for få år sidan førte til flytting av nye hus. Dersom denne utlegginga er rett, vil \*Rotasetr tyde 'bustaden, garden ved (fjellet) \*Roti'"

**5.26.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er ei samansetjing med –set i fellesleddet, noko som tidfester garden til Vikingtida 800 – 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.26.8. Skriftnormering:** At utmerkingsleddet av namnet har vore vanskeleg å tolke, viser dei mange ulike skriftformene som er brukte.

**5.26.9. Mi vurdering:** Her er det interessant å sjå namneformene samanlikna med Rotevatn ovanfor. Tydinga er den same, garden må ha fått namn frå fjellet som i dag heiter Rotsethoren. Det særmerkte her er at etternamnet er Rødseth, og ikkje som ved Rotevatn at namnet er 'opp-norska' i seinare tid frå eit tidlegare Rødevand. Uttalen /'rOs:E:t/ skjuler opphavsordet \*Roti, og dermed vil rett skriveform av gardsnamnet vere **Rotset**.

#### 5.26.10. Leitet (bnr 10 under gnr 30)

**5.26.11. Skriftformer** i kjeldene: *Leite Matr1838 og Ft1865; Leite, Rødsætleite Ft1875; Leitet Matr1886; Rødsets-Leite (1850), Leite (1851), Rødsætleite (1863) Kb1850-1900; Leitet Ft1900, NG1908, Ft1910 og Matr1950.*

**5.26.13. Matrikkskyld:** Bruket hadde ei skyld på 1 mark 34 øre.

**5.26.15. Dokumenterte uttaleformer:** "leite NG1908.

**5.26.16. Tydingar:** Oluf Rygh: "Af leiti n., Sted, hvor man kan se langt, Høide, hvorfra der er vid Udsigt til to Sider (Indl. S. 65). Meget ofte brugt som Gaardnavn, især paa Vestlandet."

Oddvar Nes: "Namnet kjem av bunden form eint av leite n. 'stad der ein kan sjå langt, høgdedrag der ein har utsyn til to sider'."

**5.26.19. Mi vurdering:** Namnet er i bestemt form, og ein bør bruke utmerkingsledd for å skilje bruket frå garden Leitet i Austefjorden: **Rotsetleitet**.

#### 5.26.20. Andenes (bnr 18 & 19 under gnr 30)

**5.26.21. Skriftformer** i kjeldene: *Andanes Ft1875; Andenæss (1857), Andanæs (1868), Andenæs (1876) Kb1850-1900; Andanes Ft1900; Andenes Ft1910 og Kb1900-1932. Slektsnamn: Andenes*

**5.26.23. Matrikkskyld:** Bruket hadde ei skyld på 40 øre.

**5.26.26. Tydingar:** Olav Riste: Anda må "vere eit genitivsform av førestavinga and som tyder i mote, altså er det neset som stemner mot Vikeneset."

Oddvar Nes: "Namnet er meg ei gåte. Tydinga vil eg tru er den same som i gno. *andnes* n. 'framstikkande nes, nes på sida eller ved utlaupet av ein fjord' [...] Det store problemet er komposisjonsfuga /-a-/.[...] Rimelegaste alternativet vert vel då at begge dei omtala namna er gno \*Andarnes, avbrigde av det gamle ordet *andnes*. Noko forklaring på avviket kan eg ikkje gje. Det er vel òg rimelegast å tru at Anda i Gloppen er ei seinare lausriving og ikkje eit opphalveleg \*Qnd, slik som eg resonnerte framanfor." (Nes 1985: 115)

**5.26.29. Mi vurdering:** Namnet bør skrivast i bestemt form, og uttalen har -a- som fuge: **Andaneset.**

## 5.27. Grivsnes (gnr 31)

**5.27.1. Skriftformer** i kjeldene: *Grebsnes 1603; Geffuenes 1606; Griffnes 1617; Grefnæs Jb1626; Greffsnes Matr1647; GrafnsæsTB1664; Grefsnes 1667; Grebsnes 1723; Grefsnes Kb1700-1750; Grebsness E-sk1762; Grevsnes (1752), Grefsnes, Greffnes (1756), Grefsnæs, Grævsnes (1764), Grebnæs (1765), Grebsnæs (1765), Grebsnes (1793) Kb 1750-1800; Grevsnæss Ft1801; Grevsnæs, Greipsnæs Matr1838; Grebsnæs, Grebsnæss (1806), Grebsnes (1815), Grefsnes (1823), Grevsnes (1835), Grevsnæss (1840) Kb1800-1850; Grefsnes Ft1865; Grevsnes Ft1875; Greivsnes Matr1886; Grebsnæs, Græbsnes (1860), Grevsnes (1861), Grevsnæss, Grefsnæs, Grevsnæs, Greivsnes (1897) Kb1850-1900; Greivsnes Ft1900, NG1908 og Ft1910; Grevsnes, Greivsnes Kb1900-1932; Grivsnes Matr1950.* **Slektsnamn:** **Grevsnes**

**5.27.2. Avleidde namn** i området: Greivenasa/Greiven, Greivsneskamben, Greivsnesgylet, Greivsnessætra, Greivsnesflåna.

**5.27.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 12 mk fisk (15,4 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 49 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.27.4. Arkeologiske funn:** Det er nemnt ei gravrøys på garden, og elles er det knytt fleire segner til ein engelsk konge som skulle ha vore her og sett att ein greve som fange.

**5.27.5. Dokumenterte uttaleformer:** Grøivsnæs IAa1840; grefs'næse NG1908; /"grEfs,nE:sE/St.ark1976.

**5.27.6. Tydingar:** Hans Strøm skriv om "Grevs-Næss som bærer fælleds Navn med den Landpynt på hvilden den ligger, og siges at have faaet samme af en skotsk Frue, der enten virkelig har været, eller givet sig du for at være Grevinde" (...).

Ivar Aasen: "Neppe af Grøive, en Greve men heller af grøipe."

Oluf Rygh: "\*Greipsnes; sms. med det i MA. meget brugelige Mandsnavn Greipr (PnSt. S. 93)."

Per Årviknes: "Når ein reiser etter fjorden, ser ein at fjellet ovanfor garden har skap som eit mannshovud, med munn, nase og hake. Dette fjellskapet er kalla "Greiven" og bygdefolket nemner garden for Greivsneset, dativ inkjekj Greivsnesa."

Oddvar Nes: "\*Grepisnes, med mannsnamnet gno. Greipr i førstelekkjen."

**5.27.7. Tidfesting:** Garden ligg ubekvemt til, det er lite jord her og fare for fjellsred, så han er neppe av dei eldste. Første gongen han er nemnt i kjeldene er 1603, og han er truleg frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.27.8. Skriftnormering:** Skriftformene viser klart at utmerkingsleddet har vore vanskeleg å tolke. Nokre av dei viser nok tilbake til segna om greven, medan andre legg andre tydingar til grunn.

**5.27.9. Mi vurdering:** Ved dette namnet har skriftformene utvikla seg langt bort frå det namnegranskaran meiner er opphavet til namnet – og segna om Greiven kan nok ha bidrige til at slektsnamnet sjølv i dag er skrive Grevsnes. Sjølv har eg stor sans for at fjellformasjonane her kan vere opphavet til namnet, men her er dei profesjonelle namnegranskaran samde om ei anna løysing. Utifrå den lokale uttalen i bestemt form bør namnet skrivast **Greifsneset**.

## 5.28. Homborset (gnr 32)

**5.28.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hamborsett 1603; Hamborsetter 1606 og 1617; Hamborsæt Jb1626; Hambosett Matr1647; Homborsether TB1664; Homboseth 1667; Hamborset 1723; Omberset, Homberset Kb1700-1750; Hamborset E-sk1762; Omberset, Homberset, Hombsæd (1757), Homborsæd (1757), Amborset (1758), Humbersæt (1759), Hamborgsæt (1763), Homborset (1764), Hombersæth (1765), Hombursæt (1769), Homberse (1783), Homborseth (1783), Hambersæt (1794) Kb1750-1800; Homborsæt Ft1801; Homborßæt Matr1838; Homboursæt (1800), Hombersæth, Homberseth, Homberset, Hombersæt, Homerseth!! (1822), Humborsæth (1841), Homborset (1842), Humborseth (1846), Homborseth (1847) Kb1800-1850; Homborsæt, Hambersæt Ft1865; Homborsæt, Homborsæt Kb1875; Homborset Matr1886; Homborseth, Homborset, Homborsæt Humbersæt, Homberset, Homberset, Hombersæt, Hombersæter (1893), Houmbresæt (1898) Kb1850-1900; Homborset Ft1900 og NG1908; Homberset Ft1910; Homborsæt, Hambersæt, Homborsæt, Homberset, Homberset Kb1900-1932; Homborset Matr1950.* **Sleksnamn:** **Homerset, Humerset**

**5.28.2. Avleidde namn** i området: Hombersetsætra, Hombersetnakken

**5.28.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 2 pd 6 mk fisk (32,4 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 52 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, og hadde eiga sæter.

**5.28.4. Arkeologiske funn:** Det er ei gravrøys på garden der det skal ha vore funne ei gravgiste, og det er også ein steinring på garden.

**5.28.5. Dokumenterte uttaleformer:** Humborsæt IAa1840; "hOmmbÅrrsÆt NG1908.

**5.28.6. Tydingar:** Folkeetymologi: Garden har namn etter ein viking som heitte Hombre, og han er gravlagd i ei røys ved sjøen.

Ivar Aasen: "Maaskee af en Mands eller Kvindes Navn."

Oluf Rygh: "Dette forklares som et Mandsnavn Hornbori, der nu som saadtant alene kjendes fra en dansk Runesten. Om Ordets Anvendelse anden Betydning og Form se de anf. St."

Eivind Vågslid: "Hornbori og hornbora han og ho som ber horn til bera, etter Jöran Sahlgren. Gn hornbori, -bora hev upphavleg truleg vori nøyte um bukk og geit. I ang. finst eit tilsvarande ord hornbora ha. Hornberar, hornblåsar. Ordet hornbori er i gn nøytt um dverg, vel i same tyding som bukk, kan henda med tanke på at bukken klyv i berg. Hornbore og Hornbera finst i etternemnde stadnamn."

Oddvar Nes: "Gno truleg \*Hornborasetr med mannsnamnet Hornbori i førstelekken. Eit anna ord, \*hornbori m. 'hornsyl' synest å ligge føre i fleire svenske namn."

**5.28.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er ei samansetjing der fellesleddet er –set, og garden kan slik daterast til Vikingtida 800 - 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.28.8. Skriftnormering:** Dei skriftlege namneformene ber tydeleg preg av at oppskrivarane ikkje har vore trygge på tydinga av namnet, og det er også verd å merke at sleksnamnet også i dag blir skrivne på to ulike måtar, ein variant for kvart av dei to brukta på garden.

**5.28.9. Mi vurdering:** Om ikkje det hadde vore for at namnegranskjarane er så klare på at mannsnamnet \*Hornbori må ligge føre i dette namnet, ville det utifrå naturen på staden vore freistande å legge tydinga hammar (gl dialekt: hambre) til grunn for dette namnet. Stranda mellom Greifsneset og Homborset er svært rasfarleg den dag i dag, og vegen er no lagt i tunnel. Utifrå tydinga av namnet som eit manns- eller kvinnenamn, vil det nok vere rettast å skrive gardsnamnet **Homborset** i dag.

### **5.28.10. Løvikneset (umatrikulert plass under gnr 32)**

**5.28.11. Skriftformer** i kjeldene: *Løvignæset* (1763) i Kb1750-1800; *Løviknes* Kb1900-1932.

**5.28.19. Mi vurdering:** Løvika i Dalsfjorden vert tolka som 'vika med løde' eller alternativt ladepass, og denne tolkinga kan nok gjelde også her. På dennes staden kan det då vore ei utløde før plassen vart teken i bruk som eina eining: **Løvikneset**.

### **5.29. Vasstein (gnr 33)**

**5.29.1. Skriftformer** i kjeldene: *Wadstenn* 1603, 1606 og 1617, *Wadsten* Jb1626 og Matr1647; *Wadzsten* TB1664; *Vadtstein* 1667; *Wadsteen* 1714 og 1723; *Wasten*, *Vadsten*, *Wadsten*, *Vasten* Kb1700-1750; *Wadsteen* E-sk1762; *Wadsten*, *Vadsten*, *Wasten*, *Wassten* (1754), *Wadsteen* (1758), *Vadsteen* (1763), *Wasteen* (1766), *Vasteen* (1766), *Vasten* (1774) Kb1750-1800; *Wadsteen* Ft1801; *Vadsteen* Matr1838; *Wadsteen*, *Wasteen*, *Vadsten*, *Wadsten* (1825), *Vadsteen* (1844), *Vassteen* (1844) Kb1800-1850; *Vadsten* Ft1865; *Vadssten* Ft1875; *Vasstein*, *Vadsten* Matr1886; *Wadsteen*, *Vadsten*, *Wadsten*, *Vasstein* (1896) Kb1850-1900; *Vasstein* Ft1900, NG1908 og Ft1910; *Vasstein*, *Vadstein* Kb1900-1932; *Vasstein* Matr1950. **Sleksnamn:** **Vadsten**, **Vadstein**, **Wadsten**

**5.29.2. Avleidde namn** i området: *Vadsteinsætra*, *Vadsteinnakken*, *Vadsteinvikane*, *Vadsteinnaustet*, *Vadsteinelva*, *Vadsteindalen*

**5.29.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd fisk (43,2 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 24 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, og sætra på *Vassteinsætra* saman med *Fureneset*.

**5.29.5. Dokumenterte uttaleformer:** "vasstein NG1908"

**5.29.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Ligger ved et lidet Vand og er vel opr. Vatzsteinn, d.e. Fjeld-toppen ved Vandet. Bag Gaarden er et Fjeld med en høi Top."

Per Årviknes: "Ei lita elv som renn frå *Vadsteinvatnet* kan vera opphav til namnet, då elvar ikkje hadde anna bru enn steinar som låg i elva, og som folket gjekk over. Namnet vadsteinar er og elles kjent frå slike små elveovergangar."

Oddvar Nes: "Namnet er nok eit gno \*Vazsteinn, samansett med gen eint av vatn og steinn 'stein'. Garden ligg ved eit vatn under ein relativt høg fjelltopp, og namnet kjem truleg av dette."

**5.29.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er ei samansetjing der fellesleddet er –stein i ubestemt form. Han er ikkje nemnt i kjeldene før 1603, og er nok ein gard frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.29.8. Skriftnormering:** Dei mange skriftformene med –d kunne gje Årviknes rett i at det er snakk om eit vad over ei elv, men namnegranskarane er rimeleg einige om at det her er ein gammal genitiv av vatn.

**5.29.9. Mi vurdering:** Legg ein tolkinga til grunn bør gardsnamnet skrivast **Vasstein**.

### **5.30. Furnes (gnr 34)**

**5.30.1. Skriftformer** i kjeldene: *Furnes* 1603 og 1606; *Furre Ness* 1617, *Furrenæs* Jb1626; *Furnes* Matr1647; *Fuurnæs* TB1664; *Furenes* 1667; *Furrenes* 1723; *Furrenes*, *Furenes* (1745), *Furnes* (1746), *Furnæs* (1746) Kb1700-1750; *Furness* E-sk1762; *Furreness*, *Furrenes*, *Furenæs* (1757), *Furnæs* (1765) Kb1750-1800; *Furnæss* Ft1801; *Furenæs* Matr1838; *Furrenæs*, *Furnæs*, *Furrenes*, *Furenes* Kb1800-1850; *Furnes* Ft1865 og Ft1875; *Furnes*, *Furrenes*, *Furenes* Matr1886; *Furenæss*, *Furnæss*, *Furnæs*,

*Furrenæss, Furunæs (1869), Furrenæs, Furnes (1894) Kb1850-1900; Furnes Ft1900, NG1908 og Ft1910; Furenes, Furnes Kb1900-1932; Furnes Matr1950.* **Sleksnamn:** Furnes.

**5.30.2. Avleidde namn** i området: Nesagarden, Nesbakken, Nestangen, Nedsteneset, Øvsteneset, Inste Neset.

**5.30.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 87 øre. Garden har heile tida vore einbølt, og sætra på Vassteinsætra.

**5.30.4. Arkeologiske funn:** Det er funne restar av ein steinalder-buplass på garden.

**5.30.5. Dokumenterte uttaleformer:** fure'næse NG1908

**5.30.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Furunes, af Trænavnet fura f., et Nes bevoxet med Fureskog."

Oddvar Nes: "Gno \*Furunes, vel samansett med trenamnet gno fura, I dag finst det ikkje fure på staden og ein kunne vere freista til å finne eit ord for fure, for 'søkk, rennevoren fordjuping i terrenget' i førstekken."

**5.30.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er ei samansetjing med fure og nes, men fellesleddet er i bestemt form i uttalen i dag. Sjølv om det er funne fornminne frå veidetida, tyder lite på at det har vore samanhengande busetnad her sidan den tid. Garden er snarare teken i bruk i Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.30.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer mellom Fur- og Fure- i utmerkingsleddet. Rygh dokumenterer fure- i uttalen 1908.

**5.30.9. Mi vurdering:** Legg ein den dokumenterte uttalen til grunn bør gardsnamnet skrivast **Fureneset**. I dag er nok uttalen meir avslipt i tråd med sleksnamnet.

## 5.31. Ærvik (gnr 35)

**5.31.1. Skriftformer** i kjeldene: *Eruig 1606; EhrUiigen 1617; Eruigen Jb1626 og Matr1647; ErVig TB1664; Ervig 1667; Erviig 1723; Ervig, Erviig, Ærvig Kb1700-1750; Erviig E-sk1762; Ervig, Ærvig Kb1750-1800; Ervig Ft1801; Ærvik Matr1838; Ærvig, Ervig, Erviig (1820), Erdvig (1841) Kb1800-1850; Ervig Ft1865, Ervik Ft1875 og Matr1886; Erdvig, Ervig, Ervik (1856), Ærvik (1897) Kb1850-1900; Ervik Ft 1900, NG1908, Ft1910 og Kb1900-1932; Ærvik Matr1950.* **Sleksnamn:** Ervik

**5.31.2. Avleidde namn** i området: Erviklida, Ervikvegen.

**5.31.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (37 kg), garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 37 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det tre bruk her. Ærvika sætra i Aldalen.

**5.31.5. Dokumenterte uttaleformer:** Ærvik IAa1840, ÆrvIKa NG1908

**5.31.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "<maaske af eria, arbeide, pløie>." – seinare overstroke.

Oluf Rygh: "Indeholder mulig i 1ste Led et Elvenavn af Stammen Er-, som maaskeer opstaaet af et opr. \*Elra, af Trænavnet ølr. Da denne Gaard ikke er opført paa Karterne, kan det ikke sees, om der her er nogen Elv."

Oddvar Nes: "Truleg gno \*Elrivík, samansett med elri n 'stad der det veks older'. Mindre rimeleg er \*Ærvík 'lammesauvika' til gno ær f 'sau som har lam'."

**5.31.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt i 1606, og allereie i 1617 er det nemnt i bestemt form. Samansetjinga tyder på at begge namna er naturnamn, og då er garden neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.31.8. Skriftnormering:** Uttaleformene og enkelte av skriftformene kan tyde på at tolkingane med ær- er dei rette, og då er det like truleg at det er tale om ærfugl som at det er tale om ær-sau. Garden ligg ved eit vatn, og det er ofte mykje ærfugl i området. Ei liknande tolking er også lansert for garden Ærdalen i Barstadvika.

**5.31.9. Mi vurdering:** Dersom tolkinga er rett burde namnet vore skrive **Ærvika**.

## 5.32. Aasen (gnr 36)

**5.32.1. Skriftformer** i kjeldene: *Aben 1603; Aasen Jb1626; Aassen Matr1647; Aasben TB1664; Aasen 1667, 1723 og E-sk1762; Hjorthougaas (1783) Kb1750-1800; Aasen Ft1801 og Matr1838; Hjorthaugaasen (1820), Hjorthaugaaesen (1822), HjorthougAas (1825), Hjorthoug Aasen (1827), Hiothaug-Aasen!! (1834), Hiorth.Aasen (1834), Hjorthaug-Aasen (1835), Hjorthougaas (1839), Hjorthaugsaas (1846) Kb1800-1850; Hjorthougaas Ft1865 og Ft1875; Aasen Matr1886; Hjorthaugsaas!!, Hjorthouaasen (1850), Hjorthougaas, Hjorthaugaaesen, Hjorthaug Aas (1871) Hjorthaugås (1879) Kb1850-1900; Aasen Ft 1900 og NG1908; Hjorthougaas Ft1910; Hjorthougaas, Hjorthaugås Kb1900-1932; Aasen Matr1950. Sleksnamn: Aasen*

**5.32.2. Avleidde namn** i området: Åsevegen, Åsevegteigen, Ås-Andershammaren.

**5.32.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 19 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra i Aldalen.

**5.32.5. Dokumenterte uttaleformer:** åsiNN, "jarteåsiNN NG1908

**5.32.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Namnet er ikkje av dei eldste; det tyder m.a. den bundne forma på."

**5.32.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt i 1603, og namnet er brukt i bestemt form i dei skriftlege kjeldene. Namnet er neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.32.8. Skriftnormering:** Dei skriftlege formene er stort sett eintydige på fellesleddet. Det er utmerkingsleddet – som er knytt til nabogarden Hjartå – som skaper problem.

**5.32.9. Mi vurdering:** Det er fleire åse-gardar i Volda, derfor bør namnet her skrivast **Hjarteåsen**.

## 5.33. Hjorthaugreite (gnr 37)

**5.33.1. Skriftformer** i kjeldene: *Reite 1603 og 1606; Reitte 1617, Jb1626 og Matr1647; Reite TB1664, 1667, 1723, E-sk1762 og Ft1801; Hjorthaug-Reite Matr1838; Hjorthougkreite (1805), Hjorthougsreite (1817), HjorthougReite (1818), Hjorthaug Reite (1826) Kb1800-1850; Hjorthaugreite Ft1865 og Ft1875; Hjarthaugreite Matr1886; Hjorthaugsreite, Hjorthaugreite, Hjorthogsreite (1852), Hjorthougsreite (1853) Kb1850-1900; Hjarthaugreite Ft 1900 og NG1908; Hjorthaugreite Ft1910; Hjorthaugreite, Hjorthaugsreite Kb1900-1932; Hjorthaugreite Matr1950. Sleksnamn: Reite*

**5.33.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd fisk (43,2 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 36 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk, seinare var det tre bruk på garden. Garden sætra i Aldalen.

**5.33.5. Dokumenterte uttaleformer:** Reitane IAa1851; "reitaNNe NG1908

**5.33.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Sidste Led er Flt. af reitr m., afgrændset Flade, Rude (Indl. S. 70)."

**5.33.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt i 1603. Reite er eit typisk tilvekstnamn i perioden 1030-1350, og garden er neppe eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.33.8. Skriftnormering:** Som ved dei andre Reite-gardane, så er skriftformene alle i eintal, medan uttalen av namnet er ei fleirtalsform.

**5.33.9. Mi vurdering:** Namnet bør skrivast i fleirtal i tråd med uttalen: **Hjartåreitane**.

## 5.34. Hjorthaug (gnr 38)

**5.34.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hiertoffth, Hertug 1520; Hiartte 1603; Hiortaffuel 1606; Hiortte 1616; Hiertte, Hiarttov 1617; Hiartte Jb1626; Hiorthoug Matr1647; Hiorthaug TB1664 og 1667; Hiarthaug 1723; Hiertou, Hiertau, Gierthau (1743), Hiorthaug (1744), Hiortau (1745) Kb1700-1750; Hiorthoug E-sk1762; Hiorthaug, Hiorthaugen (1753), Jerthaug (1754), Hiorthoug, Hierthau, Hierthoug (1760) Kb1750-1800; Hiorthoug Ft1801; Hiorthaug Matr1838; Hiorthoug, Hiorthaug, Hiorthog (1842), Hjorthoy (1845) Kb1800-1850; Hiorthaug Ft1865 og Ft1875; Hiarthaug, Hjorthaug Matr1886; Hjorthaug, Hjorthøug (1854) Kb1850-1900; Hjarthaug Ft1900 og NG1908; Hjorthaug Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Sleksnamn: Hjorthaug.*

**5.34.2. Avleidde namn** i området: Hjartåbakkane, Hjartåbugen, Hjartåbygda (bygdenamn).

Hjartåbygda er namn på skulekrinsen, men skulen her vart nedlagt for nokre år sidan. Garden her er tydeleg den eldste i krinsen, og Homborset er nok også ein gard frå eldre tid. Vasstein er vanskeleg å tidfeste i og med at namnet er i ubestemt form, men truleg er han nok frå perioden etter Svartedauden tilliks med dei andre gardane i bygda.

**5.34.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger fisk (55,6 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 10 mark 32 øre. Garden vart tidleg delt i tre jamstore bruk, og dei sætra i Aldalen.

**5.34.4. Arkeologiske funn:** Det er fleire gravhaugar på garden, og i ein av dei vart det funne ei gravgiste. Elles er det gjort fleire lausfunn på garden.

**5.34.5. Dokumenterte uttaleformer:** Hiertoffth, Hertug 1520; Hjarthaug IAa1840; "jArtå NG1908.

**5.34.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Skrives Hjorthaug, og kommer vel ogsaa af det gamle hiörtr, genitiv hiartar"

Oluf Rygh: "Hvis Navnets Form er riktig maa 1ste Led være hjørtr m., Hjort. Hjorten forekommer endnu i Volden, og ifølge A. Helland (Jordbunden i Romsdals Amt S. CCXXVIII) skal den tidligere navnlig have været talrig omkring denne Gaard. Baade Udt. og de ældre Skriftformer gjør det dog meget tvilsomt, om Navnet er sms. med -haug. Udtaleformen vilde svare til et Elvenavn Hjarta (eller Hjartaa), som synes at være bevaret i mange Gaardnavne, og som vel er dannet af hjørtr (NE. S. 104). Der er en Elv ikke langt fra Gaarden."

Per Årviknes: "Namnet er det vel helst uråd å tyde. Det har vore noko avisskriving om det, men inga overtydande tolking kom fram. Bygdefolket seier Hjartou med eit svakt trykk på siste leden, flt. dativ Hjartane. Fjellet ovanfor er kalla Jargrinda."

Oddvar Nes: "Eg kan tenkje meg ei anna tolking, nemleg eit gno \*Hjarðtā el. \*Hjarðartā. Dette er ei samansetning med gno hjørð f. 'bøling, buskap, hjord', der ordet står anten i stammeform hjarð- eller

i genitiv eint. Hjarðar. Andrelekken er gno. tá n. 'trod, opptrødd plass, trøde'. \*Hjarðartá vil altså tyde 'kvi, trøde for buskap'."

**5.34.7. Tidfesting:** Gardsnamnet viser tidlegare assimilasjonar i uttalen, noko som har forvanska tolkinga. Det er nok derfor svært gammalt, truleg mellom dei eldste, noko som høver godt saman med funn av fornminne her (Sandnes 1997: 34)

**5.34.8. Skriftnormering:** At fellesleddet ikkje er –haug viser lendet på garden heilt klart, men oppskrivarane av gardsnamnet har gripe til denne løysinga i mangel på andre forståelege løysingar, og slektsnamnet er bygd på desse tolkingane.

**5.34.9. Mi vurdering:** Både Rygh og Nes sine tolkingar gjev meinings, og skrivemåten av gardsnamnet bør uansett vere **Hjartå** etter uttalen.

## 5.35. Hundnes (gnr 39)

**5.35.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hundenes 1603, 1606 og 1617; Hundenæs Jb1626; Hundenes Matr1647; Hundenæsβ TB1664, Hundenes 1667, 1723 og Kb1700-1750; Hundsness E-sk1762; Hundenes, Hundenæs, Hundnæs (1757), Hunnæs (1798) Kb1750-1800; Hundenæss Ft1801; Hundenes Matr1838; Hundnæs, Hundenes, Hundnes (1821) Kb1800-1850; Hunnenes Ft1865; Hudenæs!! Ft1875; Hundnes, Hundenes Matr1886; Hundenæss (1857), Hundenæs, Hundnæs, Hunnæs (1876), Hunnes (1887), Hundenes Kb1850-1900; Hundnes Ft1900 og NG1908; Hunenes Ft1910; Hunnes, Hunnæs Kb1900-1932; Hundnes Matr1950. Slektsnamn: Hunnes*

**5.35.2. Avleidde namn** i området: Hunnesodden, Hunnesnaustet, Hunnesløda, Hunnesselet.

**5.35.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 76 øre. Garden har heile tida vore einbølt, og sætra ved Ullalandsvatnet i Aldalen.

**5.35.5. Dokumenterte uttaleformer:** "hONNnÆs, hOnde'næse NG1908

**5.35.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Det er vel sms. med Dyrenavnet hundr. Med Hensyn til Betydningen kan merkes, at Hunden overmaade ofte bruges som Navn paa Skjær. Her synes der dog ikke at være noget saadant. Men det kan tænkes, at et Nes ligesaas vel som et Skjær kan have faaet et af hundr dannet Navn med Hensyn til en egen Lyd af Brændingen."

Eivind Vågslid: "Det er truleg alle stadir samansett med stommen i eller eigef til gn \*hundr um fiskestad."

Per Årviknes: "men trulegaste er det n. horn - "hyrne", "Hyrneneset". Ei folkeleg forklaring på namnet vil ha det til at då skottane hogde ut skogen på Ullaland og løypte timberet på sjøen, la dei att hunen oppe på Hunneshammaren, og sidan vart det så kalla Hunneset."

Oddvar Nes: "Teoretisk kan dyrenemnet hund ligge føre her, men det gjev inga meinings. Av fleire tolkinsutvegar nemner eg berre denne: Hunnes kan innehalde partikkelen hund-, som blir nyitta forsterkande i t.d. hundgammal, hundsterk. Grunntydinga er visst 'svulmande, som ris, svell opp'. Ei tyding som 'Høgneset' høver for Hunnes, då garden ligg på eit høgt nes."

**5.35.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett av to namn som truleg har med naturen her å gjere. Namnet er første gong nemnt i 1603, og er nok ikkje særleg eldre enn det (Sandnes 1997: 34).

**5.35.8. Skriftnormering:** Også her er det grunn til å merke seg at namnebrukarane nok har gripe til den – for dei – mest logiske forklaringa, altså at det er dyrenamnet hund det er

snakk om i namnet. Eivind Vågslid si forklaring er interessant her: Det er gode fiskeplassar ved garden, som kan ha vore brukt som méd, noko også Oddvar Nes er inne på i si forklaring.

**5.35.9. Mi vurdering:** Uansett kva for ei av desse forklaringane ein festar lit til, vil det vere rett å skrive gardsnamnet med –d, altså **Hundneset**.

## 5.36. Ulleland (gnr 40)

**5.36.1. Skriftformer** i kjeldene: or *Vllarlande* 1324; i *Vllarlande* 1350; *Wlleland* 1603; *Wllelandt* 1606 og 1617; *Welleland* Jb1626; *Wlleland Matr*1647; *Uldeland* TB1664, *Ulleland* 1667 og 1723; *Ulleland*, *Uleland* Kb1700-1750; *Ulleland E-sk*1762; *Ulleland, Uleland, Uland!!* (1785), *Ulland* (1787), *Ullland!!* (1793) Kb1750-1800; *Ulleland Ft*1801; *Ulleland, Ullaland Matr*1838; *Ulleland, Ulland!!* (1849) Kb1800-1850; *Ulleland Ft*1865, *Ft*1875 og *Matr*1886; *Ulleland, Ullaland* (1864) Kb1850-1900; *Ulleland Ft*1900, *NG*1908 og *Ft*1910; *Ulleland, Ullaland Kb*1900-1932; *Ulleland Matr*1950.

**Sleksnamn:** *Ulleland, Ullaland*

**5.36.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 4 våger mk fisk (74,1 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 8 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det tre bruk her. Garden sætra ved Ullalandsvatnet i Aldalen.

**5.36.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ein gamal sigd på garden.

**5.36.5. Dokumenterte uttaleformer:** or *Vllarlande* 1324; i *Vllarlande* (dativ) 1350; *Ullaland IAa*1840; *ulla'land* *NG*1908

**5.36.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Efter en Mands Navn Ulle, eller og Ulf."

Oluf Rygh: "Det ligger nærmest at forklare det af Gudenavnet Ullr, saa at det betegner Jord, som tilhørte en Helligdom for denne Gud."

Eivind Vågslid: "Bustadnamn med upphaveleg eigefo. på *Ullar-* hev vore haldne for samansetningar med eit gn. gudenamn *Ullr* ha. Med eigef. -ar og -s. Men det finst ingin ting som syner eller avgjort tyder på det. Nils Lid hev haldi fram at gudenamnet *Ull* er avleitt frå ordet *ull* ho., saudeull. Det kan vera rett. [...] Eric Elgquist [...] held fram at guden *Ull* upphavleg hev vori ein kjeldegud, og at namnet *Ull* eller gn. *Ullr* ha. frå fyrst av hev tytt kjelda, uppkoma, av di det svarar til siste ljudstig i gn. *vella – vall – ullum* strøyma fram, sjoda" (Vågslid 1974: 466)

Oddvar Nes: "Ull var ein vintergud, skilaupar og jeger, og grunnen til namnet kan ha vore gode jakt- og fangsttilhøve for dei som budde på garden."

**5.36.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett med –land som fellesledd. Det tidfestar garden til 400 – 1000 (Sandnes 1997: 35). Er det eit personnamn som ligg til grunn for utmerkingsleddet, så er nok namnet frå slutten av denne perioden (ibid).

**5.36.8. Skriftnormering:** Det er lite haldepunkt for å knyte eit gudenamn til garden, utanom sjølvé namnet. Fuge-suffixet varierer noko mellom a og e, noko som kjem att også i sleksnamna.

**5.36.9. Mi vurdering:** Uansett tyding av utmerkingsleddet, så vil skrivemåten bli den same utifrå uttalen: **Ullaland**.

## 5.36.10. Smieskjeret (bnr 3 under gnr 40)

**5.36.11. Skriftformer** i kjeldene: *Skjæret* *Ft*1900 og *Ft*1910; *Smedjeskjær* (1901), *Smedjeskjer* (1903), *Skjeret* 1905, *Smieskjer* (1905) Kb1900-1932. **Sleksnamn:** *Skjærret*

**5.36.13. Matrikkel skyld:** Bruket har i dag ei skyld på 84 øre.

**5.36.16. Tydingar:** Oddvar Nes: "Ved ytste gardsenden er eit lite skjer eller ein stor stein, som ligg borte i sjøen og vert kalla Tjeldaskjeret. Tjelden har reir der. I nærleiken av dette skjeret er ein stor stein oppe på land, som lagar eit skyle. I grunnen under dette skylet er funne kol og sinder, så truleg har her budd ein smed."

**5.36.19. Mi vurdering:** Plassen har eit nyare namn, som nok er kome til slik Oddvar Nes påpeikar. Skrivemåten blir då: **Smieskjeret**.

## 5.37. Selvik (gnr 41)

**5.37.1. Skriftformer** i kjeldene: Sellwig 1603; Selvig 1606; Selluigenn 1617; Seluigen Jb1626 og Matr1647; Sælvig TB1664, Selvig 1667 og 1723; Sælvigen, Selvig Kb1700-1750; Selviigen E-sk1762; Selvig, Selviig, Sælvig, Selvigen Kb1750-1800; Selvig Ft1801; Sælvik Matr1838; Selvig, Sælvig Kb1800-1850; Selvig Ft1865; Selvik Ft1875 og Matr1886; Selvig, Selvik (1875) Kb1850-1900; Selvik Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. **Sleksnamn:** **Selvik**

**5.37.2. Avleidde namn** i området: Selvik-Annaråsa

**5.37.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 11 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra ved Ullalandsvatnet i Aldalen.

**5.37.5. Dokumenterte uttaleformer:** säl'vIKA NG1908

**5.37.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Dette især paa Vestlandet meget udbredte Navn kan nok tildels komme af selr m., Sælhund."

Oddvar Nes: "Førstekelen i dette namnet kan anten vere gen. flt av gno selr m. 'sel', altså \*Selavík, eller trenamnet gno selja f. \*Seljuvík. Det siste alternativet er rimelegast for dette namnet. Selvik er ikkje så vanleg, men i vårt fylke finst det ikkje som gardsnamn andre stader."

**5.37.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett av to namn som uansett tyding har med naturen på staden å gjere. Namnet er i bestemt form i dei eldste kjeldene, og er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.37.8. Skriftnormering:** Skriftformene med säl- viser heilt klart tilbake til sjøpattedyret, men tydelegvis har det vore litt tvil om tydinga.

**5.37.9. Mi vurdering:** Uansett tyding av utmerkingsleddet, så vil skrivemåten bli den same utifrå uttalen: **Selvika**.

## 5.38. Aarsæt (gnr 42)

**5.38.1. Skriftformer** i kjeldene: Aarsetter 1603; Aarsett 1617; Aarsetter Jb1626; Aarssett Matr1647; Aarsæther TB1664, Aarseth 1667; Aarsæt 1714 og 1723; Aarsæt, Aarsæt (1747) Kb1700-1750; Aarsæt E-sk1762; Aarsæt, Aarsæd, Aarsæt, Aarsæth (1765), Aarsæth (1767) Kb1750-1800; Aarsæt Ft1801; Aarsæt Matr1838; Aarsæt, Aarsæth, Aarsæth, Aarsæt Kb1800-1850; Aarsæth, Aarsæth Ft1865; Aarsæt Ft1875; Aarsæt Matr1886; Aarsæth, Aarsæt, Aarsæt, Aarsæth (1892) Kb1850-1900; Aarsæt Ft1900, NG1908 og Ft1910; Aarsæt, Aarsæt Kb1900-1932; Aarsæt Matr1950. **Sleksnamn:** **Aarsæt, Årset.**

**5.38.2. Avleidde namn** i området: Årsetøya.

Årsetbygda var eigen skulekrins. Her var nok Ullaland den eldste garden, medan gardsnamna Årset og Aurstad også indikerer høg alder. Hundneset, Selvika og Storeneset er alle yngre gardar i området.

**5.38.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 18 mk fisk (23,2 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 48 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det tre bruk her. Garden hadde eiga sæter.

**5.38.5. Dokumenterte uttaleformer:** å:rsÆt NG1908

**5.38.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Her har man ingen særlig Veiledning tilat bestemme Betydningen af 1ste Led. Paa enkelte Steder, hvor Gaarden som her ligger ved en Elv, kunde 1ste Led være ár, Gen. af á f. "

Knut Kopperstad: "førstelekken er gno ár, gen eint av á f. 'elv, å'"

Oddvar Nes: " Førstelekken er truleg gno qlr m. 'older, ore' eller 'alri' n. 'oretre, orerunn' og gno form dermed \*Alrarsetr (til qlr) eller \*Alrissetr."

**5.38.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett med –set i fellesleddet, og kan slik knytast til Vikingtida 800 - 1030 (Sandnes 1997: 36).

**5.38.8. Skriftnormering:** Skriftformene er ganske eintydige, sjølv om det finst to forklaringar til opphavet av gardsnamnet.

**5.38.9. Mi vurdering:** Både Rygh og Kopperstad si forklaring viser til eit elvenamn, men den store elva som kjem ned her i området er Aurstadelva, og slik knytt til garden Aurstad og ikkje til Årset. Dermed har eg meir tru på Oddvar Nes si tyding av dette namnet.

Skriftformene og uttalen høver uansett godt i lag: **Årset**.

### 5.38.10. Årsetøya (bnr 3 under gnr 42)

**5.38.11. Skriftformer** i kjeldene: *Aarsætø Ft1875; Aarsætø (1860), Aasætø (1897) Kb1850-1900; Aarsetøy Ft1900; Aarsetø Ft1910; Aarsætø, Aarsæthø (1903), Aarsetøy (1909) Kb1900-1932.*

**Sleksnamn:** **Aarsetøy, Årsetøy**.

**5.38.13. Matrikkel skyld:** Bruket har i dag ei skyld på 84 øre. Det ligg på ei kringflødd øy i Austefjorden.

**5.38.16. Tydingar:** Oddvar Nes: "bruk under Årset, førstelekken er gardsnamnet"

**5.38.19. Mi vurdering:** Øya er utanom Yksnøya den einaste busette øya i Volda, namnet bør skrivast: **Årsetøya**.

### 5.38.20. Kålhagen (nedlagd gard i gardsområdet til gnr 42)

**5.38.21. Skriftformer** i kjeldene: *Kalhage Matr1647, TB1664 og 1667; Hougen 1714; Kaalhage 1723.*

**5.38.22. Avleidde namn** i området: Kalabugen, Kalafluda.

**5.38.26. Tydingar:** Oluf Rygh: "Kaalhage betyder ligefrem Kaalhave."

**5.38.29. Mi vurdering:** På fjellet her er det merke etter kolbrenning, og forma frå 1714 viser til ei anna tyding enn –hage. Ei mulig tolking vil då vere: **Kolhaugen**.

## 5.39. Aurstad (gnr 43)

**5.39.1. Skriftformer** i kjeldene: *Ewerstad 1520; Øhrstad 1603; Ørstadt 1606 og 1616; Ovrrestad, Ourrestad 1617; Aarstad Jb1626; Offrestad Matr1647; Overstad TB1664; Oufrestad 1667; Overstad 1714; Ourestad 1723; Ourstad, Aurstad (1743) Kb1700-1750; Overstad E-sk1762; Ourstad, Aurstad, Ouerstad (1760), Overstad (1796) Kb1750-1800; Øverstad Ft1801; Aurþstad Matr1838; Overstad, Ouerstad (1828) Kb1800-1850; Overstad Ft1865; Aurstad Ft1875 og Matr1886; Overstad, Øverstad (1852), Ourstad (1859), Aurstad (1867), Aarstad (1870) Kb1850-1900; Aurstad Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.* **Slektsnamn:** **Aurstad**

**5.39.2. Avleidde namn** i området: Aurstadelva, Aurstadlandet, Aurstadtrinta, Aurstadvatnet, Aurstadsætra.

**5.39.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 3 våg 1 pd 12 mk fisk (64,8 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 10 mark 13 øre. Garden vart tidleg delt i tre bruk, seinare var det fire bruk her. Garden sætra på Aurstadsætra.

**5.39.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei steinøks på garden.

**5.39.5. Dokumenterte uttaleformer:** Ewerstad 1520, "aursta NG1908

**5.39.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Elvenavn Aur eller Aura. Den samme Forklaring er ogsaa mulig her, da en Aa falder ud ikke langt fra Gaarden."

Per Årviknes: "Det kan og nemnast at jordsmonnet mykje er aurjord og at her er mykje skredjord."

Oddvar Nes: "Gno. form er vel \*Aurstaðir, f. flt. Førstelekken er visseleg gno. aurr m.'grus, aur'."

**5.39.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett med –stad i fellesleddet, noko som knyter garden til perioden 500 – 1000 (Sandnes 1997: 36).

**5.39.8. Skriftnormering** Her ser ein eit klart døme på at Aur har vore tolka som 'over-', og ikkje som grus. Dermed har former som Overstad/Øverstad vorte brukte i ulike kjelder.

**5.39.9. Mi vurdering:** Rett skriveform er **Aurstad**, slik også etternamnet blir skrive i dag.

## 5.40. Storenes (gnr 44)

**5.40.1. Skriftformer** i kjeldene: *Stoor Næs Jb1626; Stornes Matr1647; Storenes TB1664 og 1667; Stornes 1723; Storenes, Stornes Kb1700-1750; Storness E-sk1762; Storeness, Storenæs, Stornæs (1786) Kb1750-1800; Stornæss Ft1801; Storenæs Matr1838; Storenæss, Storenæs, Stornæs, Storenes (1817), Stornes (1819), Store Nes (1821) Kb1800-1850; Storenes Ft1865; Stornes Ft1875; Storenes Matr1886; Stornæs, Storenæs, Storenes Kb1850-1900; Storenes Ft1900, NG1908 og Ft1910; Storenes, Storenæs, Stornes Kb1900-1932; Storenes Matr1950.* **Slektsnamn:** **Stornes**

**5.40.2. Avleidde namn** i området: Stornesodden, Stornesbergane.

**5.40.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 71 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Aurstadsætra.

**5.40.5. Dokumenterte uttaleformer:** stOre'næse NG1908

**5.40.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Garden er ikkje av dei eldste, og han har namn etter neset han ligg på."

**5.40.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett to naturnamn som viser korleis garden ligg til. Garden er nemnt før 1626, og er truleg ikkje særleg eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.40.8. Skriftnormering:** Namneformene varierer litt mellom stor- og store-.

**5.40.9. Mi vurdering:** Utifrå uttalen bør namnet skrivast: **Storeneset**.

## 5.41. Gjeitvik (gnr 45)

**5.41.1. Skriftformer** i kjeldene: *Giedvig 1606; Giedeuigenn 1617; Gieduigen Jb1626 og Matr1647; GiedsVig TB1664; Giedvigen 1667; Giedevig 1723; Giedevig, Gedevig, Giedvig, Gietevig, Giedeviig Kb1700-1750; Giedeviig, Giedevig, Gedevig, Gedewig (1757), Gedeviig (1795) Kb1750-1800; Gedevig Ft1801; Gjedvik Matr1838; Giedevig, Giedvig, Geedvig (1815), Gjedevig (1818), Gjedvig (1844) Kb1800-1850; Gjedvig Ft1865; Gjeitvik Ft1875; Gjeitvik, Gjedvik Matr1886; Gjedvig, Gjedevig, Jetvig (1861), Gjeitvik (1882), Gjetvik (1882) Kb1850-1900; Gjeitvik Ft1900, NG1908 og Ft1910; Gjeitvik, Geitvik Kb1900-1932; Gjeitvik Matr1950. Sleksnamn: Geitvik, Gjeitvik.*

**5.41.2. Avleidde namn** i området: Geitvikreina.

**5.41.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 6 øre. Garden vart delt i to bruk på 1800-talet, og dei sætra på Norddalssætra i Lisjedalen.

**5.41.4. Arkeologiske funn:** Det var ei gravrøys ved elveosen, og det er gjort mange lausfunn på garden.

**5.41.5. Dokumenterte uttaleformer:** jeit'vika (dat: -KiNNe) NG1908

**5.41.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Ligger nær Udløbet af Gjeitvikselven. Denne har formodentlig tidligere hedet Gjeita eller Gjeitaa, og Gaarden har faaet Navn efter den."

Oddvar Nes: "Gardsnamnet er beint fram ihopsett af geit og vik, og fortel om geitedrift i eldre tid."

**5.41.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett og i bestemt form. Han er første gang nemnt i kjeldene 1606, og er nok frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.41.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer veldig med skriftforma av geit, men tydingsmessig er det ikkje tvil om at det er dette som ligg til grunn for namnet.

**5.41.9. Mi vurdering:** Utifrå uttalen bør namnet skrivast: **Geitvika**.

## 5.41.10. Engjane (bnr 2 under gnr 45)

**5.41.11. Skriftformer** i kjeldene: *Engene Ft1865, Ft1875, Matr 1886, Kb1850-1900; Ft1900, Ft1910 og Kb1900-1932. Sleksnamn: Engene.*

**5.41.12. Avleidde namn** i området: Engjabugen.

**5.41.13. Matrikkel skyld:** Plassebruket har i dag ei skyld på 58 øre.

**5.41.19. Mi vurdering:** Namnet er også her fleirtal av eng, som for gardane Engjeset og Engjaberget. Det er i bestemt form: **Engjane**.

## 5.42. Leitet (gnr 46)

**5.42.1. Skriftformer** i kjeldene: *Leite 1603; Leite 1606 og 1616; Leidde Jb1626; Leitte Matr1647; Leite TB1664; Leite 1667, 1723, Kb1700-1750 og E-sk1762; Leite, Leyte (1795) Kb1750-1800; Leite Ft1801 og Matr1838; Leite, Leithe (1822) Kb1800-1850; Leite Ft1865 og Ft1875; Leitet, Leite Matr1886; Leite, Førdsleite (1859), Førdesleite (1868), Førds-Leite (1878), Førdslelte (1882), Førdsleite*

(1882), Fyrdsleite (1898) Kb1850-1900; Leitet Ft1900 og NG1908; Leite Ft1910; Leite, Førdsleite, Fyrdsleite, Fyrds-leite (1908) Kb1900-1932; Leitet Matr1950. Sleksnamn: Leite.

**5.42.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 57 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Norddalssætra i Lisjedalen.

**5.42.5. Dokumenterte uttaleformer:** Leite IAa1840; leite NG1908

**5.42.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Betyder et Sted med god Udsigt til den omliggende Egn og er beslægtet med Verbet leite, at lede efter Noget."

Oluf Rygh: "Af leiti n., Sted, hvor man kan se langt, Høide, hvorfra der er vid Udsigt til to Sider (Indl. S. 65). Meget ofte brugt som Gaardnavn, især paa Vestlandet."

Oddvar Nes: "Namnet kjem av bunden form eint av leite n. 'stad der ein kan sjå langt, høgdedrag der ein har utsyn til to sider'."

**5.42.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i bestemt form, og slik sett ikkje særleg gammalt. Garden er første gang nemnt i kjeldene 1603, og er nok frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.42.8. Skriftnormering:** Det er stor grad av samanfall i skriftformene, og tydinga er klar.

**5.42.9. Mi vurdering:** Utifrå skriftformene og uttalen bør namnet skrivast i bestemt form: **Leitet**.

## 5.43. Førde (gnr 47)

**5.43.1. Skriftformer** i kjeldene: *Fførde, Ffierde, Ffiorde 1520; Førde 1603; Førre 1606; Førde 1616; Førde 1617; Førre Jb1626; Førde Matr1647; Førre TB1664; Førde 1667 og 1723; Førde, Førde Kb1700-1750; Førde E-sk1762, Kb1750-1800, Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865, Ft1875, Matr1886 og Kb1850-1900; Fyrdle Ft1900; Førde Ft1910; Førde, Fyrdle (1908) Kb1900-1932; Førde Matr1950. Sleksnamn: Førde.*

**5.43.2. Avleidde namn** i området: Fyrdbustigen, Fyrdsvikane, Fyrdselva, Fyrslandet.

Garden har gjeve namn til området kring fjordbotnen, og har slik funksjon som bygdenamn. Garden er nok heilt klart den eldste i bygda, medan Geitvika, Reitane og Leitet alle er yngre gardar. Gardane i Sunndalen tilhører også skulekrinsen, men blir omtala nærmare der.

**5.43.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger fisk (55,6 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 10 mark 46 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk, seinare var det tre bruk her. Garden sætra på Norddalssætra i Lisjedalen.

**5.43.4. Arkeologiske funn:** Det har vore fleire gravhaugar på garden, og det er gjort mange lausfunn der.

**5.43.5. Dokumenterte uttaleformer:** Fførde, Ffierde, Ffiorde 1520; Fyre IAa1840; "fyre (gen: fyrrs-) NG1908; /fY:rE/ St.ark1976.

**5.43.6. Tydingar:** Hans Strøm: "Førde siges at have faaet sit Navn af en Kiæmpe, kaldet Førde, hvis Grav endnu er at see på Nordre Side af Førde-Vandet."

Ivar Aasen: "Enten af Fure (Furreskov) eller hvis Skrivemaaden Førde ell. Fyrdle er ægte, af <fare, eller og af> Fjaar, ligesom Førde, ford. Fiardar, i Søndfjord".

Oluf Rygh: "\*Firði, Dat. af fjørðr m., Fjord. Om Dativens Brug som Hovedform i Navne se Indl. S. 14. (...) brugt om Bunden af en Fjord eller en Indsø. Denne Gaard ligger ogsaa ved den inderste Bund af Voldenfjordens østlige Arm. Se forøvrigt Indl. S. 50."

Eivind Vågslid: "Føre kjem av Fyrde for gn \*Firði sidef. til \*Fjørðr. Fjorden hev difor ei tid heitt Fjord."

Per Årviknes: "Det er sikkert nok at det er fjorden som har gjeve tilføre til namnet."

Oddvar Nes: "Gno \*Firði, dativ eint av fjørðr m. 'fjord'. Tydinga er 'ved fjorden'."

**5.43.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i ubestemt form, og ber grammatiske preg av å vere gammalt, i og med at tydinga er fjord. Det må slik reknast mellom dei eldste usamansette gardsnamna (Sandnes 1997: 34).

**5.43.8. Skriftnormering:** Nok eit namn som nok har vore vanskeleg å få klar tyding i, noko som viser att i skrivemåtane. Men her har ein klare parallellar til Førde i Sunnfjord, så tydinga er grei nok.

**5.43.9. Mi vurdering:** Utifrå den lokale uttalen bør nok namnet her skrivast **Fyrde**.

## 5.44. Førdsreite (gnr 47)

**5.44.1. Skriftformer** i kjeldene: *Reitte 1603; Reitte Matr1647; Reite TB1664, 1667 og 1723; Førds Reite (1746), Førdsreite (1746) Kb1700-1750; Reite E-sk1762; Førds Reite, FørdsReite (1766), Førde Reite (1778), FørdeReite (1780) Kb1750-1800; Reite Ft1801; Førdes-Reite Matr1838; Førdsreite (1817), FørdeReite, Førdesreite (1820), Førdes Reite (1823), Førds Reite (1828), FørdsReite (1838), Førdsreite (1844) Kb1800-1850; Fordesreite Ft1865; Førdsreite Ft1875; Førdesreite Matr1886; Førdsreite, Førdesreite, Førdsreite (1874), Førds Reite (1876) Kb1850-1900; Førdsreite Ft1900; Førdesreite NG1908; Førds-Reitarne Ft1910; Fordsreite (1902), Førdsreite, Fyrdereite (1910), Fyrdereite (1911), Fyrdereite (1914) Kb1900-1932; Førdsreite Matr1950. Slektsnamn: Reite.*

**5.44.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 49 øre. Garden var einbølt til nyare tid og sætra på Norddalssætra i Lisjedalen.

**5.44.5. Dokumenterte uttaleformer:** Reitane IAa1851; "reitaNNe NG1908

**5.44.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Sidste Led er Flt. af reitr m., afgrændset Flade, Rude (Indl. S. 70)."

Oddvar Nes: "reit m. 'liten åker, avgrensa flate, rute'."

**5.44.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i bestemt form i uttalen, og i likhet med dei andre Reite-gardane så er namnet også her i fleirtal. Reite er eit typisk tilvekstnamn i perioden 1030-1350, og garden er neppe eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.44.8. Skriftnormering:** Det er stor grad av samanfall i skriftformene, tydinga er klar.

**5.44.9. Mi vurdering:** Utifrå skriftformene og uttalen bør namnet skrivast i bestemt form fleirtal, og med bygdenamnet som utmerkingsledd for å skilje garden frå dei andre Reite-gardane: **Fyrdereitane**.

## 5.45. Orsnes (gnr 49)

**5.45.1. Skriftformer** i kjeldene: *Orsnes 1603; Orþnes 1606; Aarþnes 1617; Aarsnæs Jb1626; Aarsnes Matr1647; Aarsnæsβ TB1664; Aarsnes 1667; Aarsnes 1723; Aursnes, Aaursnes (1748) Kb1700-1750; Aarsness E-sk1762; Oursnes, Aursnes, Aaursnes (1755), Aarsnæs (1760), Oursnæs,*

*Aarsnes (1764) Kb1750-1800; Aarsnæss Ft1801; Aarsnæs Matr1838; Aarsnes, Aarsnæs, Oursnes, Oursnæs, Aursnes, Aursnæs, Aarnæs (1841) Kb1800-1850; Aarsnes Ft1865; Aarsnæs Ft1875; Orsnes, Aarsnes, Aursnes Matr1886; Aarsnæs, Aarsnæss, Aarsness, Aursnes (1894) Kb1850-1900; Aursnes Ft1900; Orsnes NG1908; Aursnes Ft1910 og Kb1900-1932; Orsnes Matr1950.* **Sleksnamn:** **Aarsnes**, **Aarsnæs**

**5.45.2. Avleidde namn** i området: Orsnesura, Nedste Orsnesbrauta, Orsnesmyra, Orsnesvatnet, Orsnesneset, Ornestunet, Orsnesbrennene, Orsnesskjerven

**5.45.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 66 øre. Garden har heile tida vore einbølt, og sætra på Høgestøylen (Nessætra).

**5.45.5. Dokumenterte uttaleformer:** Års'næse NG1908

**5.45.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Kunde være \*Ormsnes, af Mandsnavnet Ormr, men vel ogsaa\*Elrisnes, af elri n., en Olderlund. Noget sikkert kan ikke siges derom, naar man ikke har Navnet i ældre Former end de foreiggende."

**5.45.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er ei samansetjing med anten mannsnamnet Orm eller trenamnet or som utmerkingsledd og med nes som fellesledd. Dette tilseier at namnet truleg er frå tida etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.45.8. Skriftnormering:** Det er interessant å sjå dette namnet i samanheng med Aurstad, og sjå på ein del samanfallande former i tolkinga. Men vokalen i uttalen er annleis her, noko som viser eit anna opphav.

**5.45.9. Mi vurdering:** Trenamnet or er ganske vanleg her, og er nok ei sannsynleg tolking. Dersom trenamnet or er opphavet, vil rett skrivemåte vere **Orsneset**.

## 5.46. Hjellbakke (gnr 50)

**5.46.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hiellbacke 1603; Hildeback 1606; Hiellebacke 1617; Jællebacke Jb1626; Jelleback Matr1647; Hieldsbache TB1664; Jeldebakke 1667; Jellebache 1723; Jelbacke, Gielbache, Gielbachen (1748) Kb1700-1750; Jellebache E-sk1762; Jelbache, Gieldbache, Gielbache, Jelbach, Jelbakke, Hielle!! (1768 og fleire gongar utover), Hiellebache (1773), Gjelebak (1779), Jelbake (1795), Jellbake (1797), Jellbakke (1798) Kb1750-1800; Jellebakken Ft1801; Hjællebakke Matr1838; Gielbakke, Giellebache, Hjellebakke (1806), Hielle!! (fleire gongar på 1800-talet), Gielbakken, Hielbakke (1815), Jellbakke, Hiellebakke (1824), Hjelbakke (1839) Kb1800-1850; Hjellebakke Ft1865; Hjellebak Ft1875; Hjellbakke, Jellebakke Matr1886; Jelbakke (1856), Hjellebakke, Hjelbakke, Hjellebak, Hjelbak (1896), Hjellebakk Kb1850-1900; Hjelbakke Ft1900; Hjellbakke NG1908 og Ft1910; Hjelbak, Hjellebak, Hjelbakke, Hjelbakk, Hjellbakke (1912) Kb1900-1932; Hjellbakke Matr1950.* **Sleksnamn:** **Hjellbakke**.

**5.46.2. Avleidde namn** i området: Hjelltunet, Hjellbakkelva

**5.46.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 32 øre. Garden har heile tida vore einbølt, og sætra på Høgestøylen (Nessætra).

**5.46.4. Arkeologiske funn:** Det er funne restar av ei kolmile på garden.

**5.46.5. Dokumenterte uttaleformer:** jæLL'bakkaNNe NG1908

**5.46.6. Tydingar:** Hans Strøm kallar garden Gildbakke.

Oluf Rygh: "1ste Led er hjallr m., her vel snarest i Betydningen: en flad Afsats, en høiere liggende Flade (Indl. S. 55)."

Oddvar Nes: "Førstelekken er hjell, fno hjallr m., i tydinga 'flat avsats, høgre liggjande flate'."

**5.46.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er ei samansetjing med to naturnamn som fortel korleis garden ligg til. Dette tilseier at namnet truleg er frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.46.8. Skriftnormering:** Uttalen er i bestemt form fleirtal, medan skriftformene skjuler dette. Det er også interessant å merke seg at garden på 1700- og 1800-talet i kyrkjebøkene fleire gongar er kalla Hjelle!

**5.46.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er i fleirtal, og bør skrivast: **Hjellbakkane**.

## 5.47. Nes (gnr 51)

**5.47.1. Skriftformer** i kjeldene: *Neð 1603 og 1606; Næð Jb1626; Næs Matr1647; Næsþ TB1664; Nes 1667; Næss 1723; Ness, Nes, Nees Kb1700-1750; Næss E-sk1762; Ness, Nes, Næs (1757), Næss (1757), Næse (1759) Kb1750-1800; Næss Ft1801; Næs Matr1838; Næss, Nes, Indre Nes (1805), Næs, Ness Kb1800-1850; Ness Ft1865; Næss Ft1875; Nes Matr1886; Næs, Næss, Nes (1872), Ness (1891) Kb1850-1900; Nes Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Slektsnamn: Nes.*

**5.47.2. Avleidde namn** i området: Neshaugen, Nessætra, Nesvika.

**5.47.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 18 mk fisk (41,7 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 47 øre. Garden vart tidleg delt i tre bruk, seinare var det fem bruk her. Garden sætra på Nessætra (Høgestøylen).

**5.47.4. Arkeologiske funn:** Det står ein Stein her som kan ha vore bauta- eller offerstein i eldre tid.

**5.47.5. Dokumenterte uttaleformer:** Nes IAa1851; næs NG1908

**5.47.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Namngjevingsgrunnlaget er neset som stikk ut i Langevatnet. Det er eit gammalt namn (liksom grannegarden Langvatn), då det har ubunden form."

**5.47.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er eit usamansett naturnavn, noko som viser at garden er gammal, kanskje allereie frå før år 400 evt (Sandnes 1997: 34).

**5.47.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer med lang og kort vokal og lang og kort -s. Uttalen i dag er med lang vokal.

**5.47.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er i ubunden form og bør skrivast: **Nes**.

## 5.48. Langvatn (gnr 52)

**5.48.1. Skriftformer** i kjeldene: *Lagwold!!, Langewadt 1520; Langwatn 1603; Languatenn 1606; Langvatten1617; Languatten Jb1626 og Matr1647; Langvatten TB1664 og 1667; Langevatten 1723; Langevan, Langvand, Langvatn, Langevand Kb1700-1750; Langvatten E-sk1762; Langvand, Langvan, Langvatn, Langevatn (1780), Langvaten (1789) Kb1750-1800; Langvand Ft1801; Langevatn Matr1838; Langvand, Langevand (1824) Kb1800-1850; Langvand Ft1865 og Ft1875; Langvatn Matr1886; Langvand, Langevand Kb1850-1900; Langvatn Ft1900, NG1908 og Ft1910; Langvand, Langvatn (1902), Langvatni!! (1906) Kb1900-1932; Langvatn Matr1950. Slektsnamn: Langvatn, Langvand.*

#### **5.48.2. Avleidde namn** i området: Langvassbygda (områdenamn), Langvassætra.

Området her var i si tid eigen skulekrins, før gardane vart lagt under Fyrde krins. I området var Nes og Langvatn dei eldste gardane, medan Hjellbakkane, Orsneset, Langeneset og Gjersdalen alle er yngre gardar.

**5.48.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger 1 pd 12 mk fisk (64,8 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 13 mark 39 øre. Garden vart tidleg delt i fire jamstore bruk, og hadde eiga sæter ovanfor garden.

**5.48.5. Dokumenterte uttaleformer:** Lagwold!!, Langewadt 1520; "I Ångvatn NG1908

**5.48.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Langvatn eller \*Langavatn, det lange Vand. Ligger ved et langstrakt Vand et Stykke indenfor Førde."

Oddvar Nes: "Gno Langvatn eller vel helst \*Langavatn (pga tonem 2). Garden har namn etter namnet på det lange vatnet han ligg ved. No er vatnet regulert og har i røynda vorte tre vatn."

**5.48.7. Tidfesting:** Fellesleddet er usamansett, og i likhet med dei andre vass-namna er nok garden eldre enn samansetjinga skulle tyde på, kanskje allereie frå før år 400 evt (Sandnes 1997: 34).

**5.48.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer noko, men tydinga er den same.

**5.48.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet bør i dag skrivast: **Langvatn**.

#### **5.48.10. Vindsåsen (bnr 5 under gnr 52)**

**5.48.12. Avleidde namn** i området: Vindsåsrabben, Vindsåsmyra

**5.48.13. Matrikkskyld:** Bruket har i dag ei skyld på 3 mark 35 øre.

**5.48.16. Tydingar:** Oddvar Nes: "Førstelekken er tvillaust vind m. i gen. eint."

**5.48.19. Mi vurdering:** Eit nyare bruksnamn som bør skrivast: **Vindsåsen**.

### **5.49. Eide (gnr 53)**

**5.49.1. Skriftformer** i kjeldene: *Eide 1603; Eidem 1606; Eide Jb1626, Matr1647, TB1664, 1667, 1723 og Kb1700-1750; Eidem E-sk1762; Eide, Eyde (1797) Kb1750-1800; Eide Ft1801 og Matr1838; Eide, Ejde (1816), Eyde (1818) Kb1800-1850; Eide Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Eide, Eidet (1852) Kb1850-1900; Eide Ft1900 og NG1908; Eide Ft1910: Eide Kb1900-1932 og Matr1950. Sleksnamn: Eide.*

**5.49.2. Avleidde namn** i området: Eidsvatnet, Eidsbotnen, Eidsstigane, Eidsholmane, Eidsmyra, Eidsbakkane.

**5.49.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 54 øre. Garden har heile tida vore einbølt, og sætra på Eidssætra saman med grannegardane.

**5.49.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ein gravhaug og nokre lausfunn på garden.

**5.49.5. Dokumenterte uttaleformer:** Eide IAa1851; "eide NG1908

**5.49.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Eið n., Eid; her sandsynlig Dat. Ent. Har Navn af, at den ligger paa Eidet mellom Langvatn og Kaldvatn."

**5.49.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i dag stivna dativ (uttale med tonem 2), noko som nok skjuler at gardsnamnet er eit usamansett naturnamn, kanskje allereie frå før år 400 evt (Sandnes 1997: 34).

**5.49.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer litt, men er eintydige.

**5.49.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er i dativ og bør skrivast: **Eide**.

## 5.50. Måen (gnr 54)

**5.50.1. Skriftformer** i kjeldene: *Monem 1603; Mannenn 1606 og 1616; Monnen 1617; Maanen Jb1626; Maaen Matr1647; Maanen TB1664, Maaen 1667 og 1723; Maanen KB1700-1750; Maaen E-sk1762; Maanen, Maane, Monen, Maaen (1764), Maan (1790) Kb1750-1800; Maaen Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865 og Ft1875; Maana, Maaen Matr1886; Maaen, Måen (1879) Kb1850-1900; Maana Ft1900, 1908 og Ft1910; Maan (1902), Maaen Kb1900-1932; Måen Matr1950.*

**Slektsnamn:** *Maaen*

**5.50.2. Avleidde namn** i området: Månaneset, Månajo

**5.50.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 43 øre. Garden har heile tida vore einbølt, og sætra på Eidssætra.

**5.50.5. Dokumenterte uttaleformer:** *Maana IAA1840; måna (dativ -niNNe) NG1908;*

**5.50.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Skrives Maaen, men betyder intet andet end Manen eller Manken, en Rad af Haar, Skov eller deslige"

Oluf Rygh: "\*Mqn f, Manke (paa Heste), som ofte findes brugt som Navn paa smale, langstrakte Høider, og derigjennem er gaaet over til Gaardnavn."

**5.50.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i bestemt form og ein finn det første gong i kjeldene i 1603. Namnet er truleg ikkje særleg eldre (Sandnes 1997: 36).

**5.50.8. Skriftnormering:** At namnet her er hokjønn, ser ein av dativforma som Rygh dokumenterer. Her er det altså manen på ein hest som er brukt som biletet på naturen på staden – og dette biletet har nok vore vanskeleg å sjå føre seg for enkelte av dei som skulle bruke stadnamnet i skrift.

**5.50.9. Mi vurdering:** Rett skriftform i dag er **Måna**.

## 5.51. Kaldvasvik (gnr 55)

**5.51.1. Skriftformer** i kjeldene: *Wigen Matr1647; Vigen TB1664 og 1667; Wiigen eller Kalvatzvigen 1723; Kaldvadsviig E-sk1762; Kalvavviig, Kaldvasvig, Kalvatsvig (1783) Kb1750-1800; Kalvandsvig Ft1801; Kalvatsvik Matr1838; Kaldvandsvig, Kaldvandsvig, Kaldevandsvig (1823), Kallevandsvig (1841) Kb1800-1850; Kaldvandsvig Ft1865; Kalvandsvik Ft1875; Kaldvasvik Matr1886; Kaldvandsvig, Kaldvansvig, Kaldvandsvig (1856), Kalvandsvik (1879), Kaldvandvik (1885) Kb1850-1900; Kalvassvik Ft1900; Kaldvasvik NG1908; Kalvandsvik Ft1910: Kaldvandsvik, Kalvandsvik, Kalvatnsvik (1905), Kalvatsvik (1914), Kalvassvik (1930) Kb1900-1932; Kaldvasvik Matr1950.*

**Slektsnamn:** *Kalvatsvik, Kaldvandsvig.*

**5.51.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var berre 18 mk fisk (4,6 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 8 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.51.5. Dokumenterte uttaleformer:** vIKa NG1908

**5.51.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Ligger ved en Vik af Kaldvatnet."

Oddvar Nes: "Garden ligg ved ei vik av Kalvassvatnet og har tidlegast heitt Vika."

**5.51.7. Tidfesting:** Garden er først nemnt 1647. Namnet er i bestemt form og garden er neppe særleg eldre enn det. (Sandnes 1997: 36).

**5.51.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer med skrivemåten av Kaldvatnet, men er elles eintydig.

**5.51.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er i bestemt form og utmerkingsleddet er gardsnamnet Kaldvatn i genitiv: **Kaldvassvika**.

## 5.52. Kalvatn (gnr 56 og 59)

**5.52.1. Skriftformer** i kjeldene: *Nørekalwatenn, Sørkaluaten 1603; Kaluatenn 1606; Kaldvatten 1617; Nører og Sører Kalduatten Jb1626; Nørkalduaten, Sør Kalduaten Matr1647; Nør og Sør KalWathen TB1664; Nører og Sører Kaldvatten 1667; Nøre Kaldvatten, Søre Kaldvatn 1723; Kaldevatne, Kaldevan, Kaldvatn, Kaldvatne, Kalvatn (1720), Kaldvan, Kaldvand, Søre Kaldvand (1744) Kb1700-1750; Nøre og Søre Kaldvand E-sk1762; Kaldvand, Kalvand, Kaldvad (1755), Søre Kaldvand, Kalvatn, Nørre og Søndre Kalvatn (1759), Kaldvatn, Kallvatn, Kaldevatn, Nøre Kalvatn (1768), Nøre Kalvand (1769), Søre Kaldvatn (1770), Søre Kalvatn (1771), Søre Kalvand (1771), Nøre Kalvatn (1772) Kb1750-1800; Nøre og Søre Kaldvand Ft1801; Kalvatn nordre og Søndre Matr1838; Nøre og Søre Kaldvand, Kaldevand, Nørre Kaldvand, Kallvatn, Søre Kallvand, Søre Kalvatn (1805), Sørekaldvand (1817), Nordre Kaldevatn (1823), Norr Kaldevand (1825), Kaldevand Nordre (1836), Søndre Kaldevand (1842), Søndre Kalvand (1842), Nordre Kaldvand (1844) Kb1800-1850; Nore Kaldvand, Sørekaldvand Ft1865; Kaldvand, Sorekaldevand, Sorekaldvand, Sørekaldvand, Sørekaldevand Ft1875; Kalvatn nordre og søndre Matr1886; Kaldvand, Nordre og Søndre Kaldvand, Nøre og Søre Kaldvand, Nøre- og Søre-Kaldvand, Kalvand, Sørekaldvand (1859), Nørre Kaldvand (1860), Søre Kalvand (1861), Kalvand nordre (1867), Kaldvand søndre (1868) Kb1850-1900; Kalvatn nordre og søndre Ft1900; Kalvatn nordre og søndre NG1908 og Ft1910; Kaldvand, Søre-Kaldvand, Kalvand nøre og Søre, Kaldvatn!! Nørre (1903), Kalvatn, Søre-Kalvatn (1904), Nørekalvatn (1909), Sørekalvatn (1909) Kb1900-1932; Kalvatn nordre og søndre Matr1950. Sleksnamn: Kalvatn*

**5.52.2. Avleidde namn** i området: Kaldvassvatnet, Kaldvassbygda

Kaldvass-gardane er sentrale i bygda her, og er nok saman med Eide dei eldste gardane i området. Osdalen er vanskeleg å tidfeste, men er nok vesentleg yngre enn desse eldste gardane. Hjellane, Måna, Kaldvassvika og Bueidet er alle yngre gardar.

**5.52.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på Nøre-Kalvatn var 2 våger 1 pd 21 mk fisk (48,6 kg) og på Søre-Kalvatn 3 våger 9 mk (57,9 kg). Gardane var begge halvgardar 1667. I 1886 var skylda høvesvis 12 mark 12 øre og 16 mark 70 øre. Nøre-Kalvatn vart tidleg delt i tre jamstore bruk, Søre-Kalvatn i fire jamstore bruk. Seinare var det 5 og 8 bruk her. Nøre-Kalvatn sætra saman med Bueidet i Kvivsdalen, Søre-Kalvatn sætra i Grøndalen.

**5.52.4. Arkeologiske funn:** Det er funne fleire gravhaugar og lausfunn på Nøre-Kalvatn, men ingen fornminne på Søre-Kalvatn.

**5.52.5. Dokumenterte uttaleformer:** Kallvatn IAa1840; "kaLLvatn NG1908, /nØ:rE'kal:,vat:n/St.ark1976

**5.52.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formodentlig af Mandsnavnet Kal eller Kall, der før var brugeligt. <Eller og af Koll, en rund Høi, Knold.> Eller af kald, kold."

Oluf Rygh: "\*\*Kaldvatn eller \*Kaldavatn, det kolde Vand."

Per Årviknes: "Garden ligg på nøre sida av Kalvatnet, og det er truleg dei mange åskollane rundt i landskapet som gjev høve til namnet." [...] "Det blanke vatnet med dei mange fjellkollane ikring, og grenda med flate fine bør ned mot vatnet, vekker ei idyllisk stemning i sinnet."

Oddvar Nes: "Likevel kan ei noko anna tolking kome på tale. I vassdraget som renn ut frå vatnet ligg Kolfossen, uttala /"kòlfòssìnj/. Det kunne vere freistande å kople desse to formene, Kal- og Kol-, slik Olav Riste har gjort det i Møre 14.12.1965. (...) Elvenamnet måtte då vere primært, og samansetninga Kolfossen temmeleg sein (...). Køl måtte vel ha samband med gno kala 'frøyse, gjere kald' og nyislandsk kal n. 'kulde', og dermed tyde 'den kalde'. \*Kalvatn skulle då tyde 'vatnet (som høyrer) til \*Køl'. Ein annan mogleg konstruksjon, med same tydinga som den nyst nemnde, er eit elvenamn \*Kala, fossenamnet \*Kølufors (som då ville vere gammalt) og ei eldre stammesamansetning \*Kalvatn."

**5.52.7. Tidfesting:** Fellesleddet er usamansett, og i likheit med dei andre vass-namna er nok garden eldre enn samansetjinga skulle tyde på, kanskje allereie frå før år 400 evt (Sandnes 1997: 34).

**5.52.8. Skriftnormering:** Som ein ser av dei ulike skriftformene, så er det store variasjonar både på skrivemåten av nøre/nordre og sore/søndre, men også med skrivemåten av sjølve gardsnamnet, med eller utan -d. Truleg har usikkerheita om tydinga vore avgjerande her. Ein har vore usikker på om det er temperaturen i vatnet som har gjeve namnet eller ikkje.

**5.52.9. Mi vurdering:** Desse to gardane ligg på kvar si side av Kaldvatnet/Kaldvassvatnet, og dette er utgangspunkt for namnet. Oddvar Nes legg til grunn at namnet har med kulde eller det å gjere kaldt å gjere. Legg ein dette til grunn, burde namnet skrivast **Kaldvatn**.

## 5.53. Bueidet (gnr 57)

**5.53.1. Skriftformer** i kjeldene: *Buæid Matr1647; BuEid TB1664; Bueide 1667, 1723, Kb1700-1750 og E-sk1762; Bueide, Bueyd (1794), Bueeyde (1799) Kb1750-1800; Bueide Ft1801; Bu-Eide Matr1838; Bueide Kb1800-1850, Ft1865 og Ft1875; Bueide, Bueidet Matr1886 og Kb1850-1900; Bueide Ft1900; Bueidet NG1908; Bueide Ft1910 og Kb1900-1932; Bueidet Matr1950. Slektsnamn: Bueide.*

**5.53.2. Avleidde namn** i området: Bueidåsane, Bueidmarka.

**5.53.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 21 mk fisk (11,6 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 57 øre. Garden var einbølt til nyare tid, og sætra i Kvivsdalen.

**5.53.5. Dokumenterte uttaleformer:** bU'eide NG1908

**5.53.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Sidste Led, eið, har her sin Grund i, at Gaarden ligger paa det lave Eid, som fører fra Kaldvatn til det inderste af Hjørundfjord. Bú er vel her at opfatte i Betydningen: Buskab, Kreatur-besætning."

Oddvar Nes: "Eit nyare namn. Bu- tyder her 'bufe, naut' og andrelekkjen siktat til lægjet på eidet mellom Kalvatn og Skjåstaddalen. Tydinga er såleis 'bumark der krøtera beitte'."

**5.53.7. Tidfesting:** I motsetning til gardsnamnet Eide, som er stivna dativ, så er dette eit samansett gardsnamn i bestemt form med eigne dativformer; (frampå Bueida). Namnet er først nemnt i 1647, og er neppe særleg eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.53.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer litt, men er eintydige.

**5.53.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er i bestemt form og bør skrivast: **Bueidet**.

#### **5.53.10. Åsebakken (bnr 2 under gnr 57)**

**5.53.11. Skriftformer** i kjeldene: *Aasebakken Ft1900 og Ft1910; Aasebakke (1913) Kb1900-1932.*

**5.53.13. Matrikkskyld:** Plassebruket har ei skyld på 89 øre.

**5.53.19. Mi vurdering:** Namnet eit nyare plassenamn med bakgrunn i korleis plassen ligg til, og bør skrivast: **Åsebakken**.

### **5.54. Osdal (gnr 58)**

**5.54.1. Skriftformer** i kjeldene: *Ouðdall 1603; Ouðdallen 1606; Ødall 1617; Ousdallen Jb1626; Ousdall Matr1647; Oosdal TB1664; Ousdal 1667; Ousdahll 1723; Osdal, Ousdal, Ousdahl Kb1700-1750; Ousdahl E-sk1762; Ousdal, Ousdahl, Osdal, Ossdal (1757), Osseidahl (1759), Osdahl (1759), Osdalen (1762), Ousdalen (1772) Kb1750-1800; Ousdal Ft1801; Osdal Matr1838; Ousdal, Osdal, Ousdahl, Oustdal (1834), Oussdal (1835), Oustdahl (1839), Osdahl Kb1800-1850; Osdal Ft1865; Ousdal Ft1875; Osdal, Ousdal Matr1886 og Kb1850-1900; Osdal Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Slektsnamn: Osdal.*

**5.54.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 9 mk fisk (20,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 98 øre. Garden vart tidleg delt i tre jamstore bruk, og garden sætra på Osdalssætra.

**5.54.4. Arkeologiske funn:** Det er ein gammal hellar på garden.

**5.54.5. Dokumenterte uttaleformer:** Os'daliNN NG1908

**5.54.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Ligger i en Sidedal ved Osdalsvatn, som har Afløb til Kaldvatn. Der findes et Elvenavn Osa; men da Elven her skal hede Møreelven (Strøm II S. 358. A. Helland, Jordbunden i Romsdals Amt S. 59), kan 1ste Led ikke indeholde et Elvenavn. Dalen har maaske faaet Navn efter et Sted ved Elvens Munding, som er blevet kaldet Os (óss m., se Indl. S. 69)."

Oddvar Nes: "Førstekanten er os m. 'elvos', garden ligg ovanfor osen til elva som renn ut i Osdalsvatnet."

**5.54.7. Tidfesting:** Gardsnamnet ei samansetjing av to naturnamn. Garden kan utifra hellaren som er funnen her ha vore busett tidleg, og sidan vore øyde ei tid. Men forma på gardsnamnet er yngre, og viser berre tilbake til tida etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.54.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer med skrivemåten av os, men er eintydige.

**5.54.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er i bestemt form og bør skrivast: **Osdalen**.

### **5.55. Hjelle (gnr 60)**

**5.55.1. Skriftformer** i kjeldene: *Jelde 1606; Hielde1616; Jelland!! Jb1626; Jelle Matr1647; Hjælde TB1664; Jelde 1667; Jelle 1723, Kb1700-1750 og E-sk1762; Jelle, Jelhe, Gielle, Jele, Giælle, Hjelle (1767) Kb1750-1800; Jelle Ft1801; Hjælle østre Matr1838; Jelle, Gelle (1815), Hjelle (1835) Kb1800-1850; Østre Hjelle Ft1865; Jelle Ft1875; Hjelle østre, Jelle Matr1886; Jelle, Østrehjelle (1857), Østre Hjelle, Hjelle, Hjelle østre (1865) Kb1850-1900; Hjelle østre Ft1900; Hjelle østre NG1908; Hjelle Ft1910; Hjelle, Østre-Hjelle, Hjelle østre Kb1900-1932; Hjelle østre Matr1950. Slektsnamn: Hjelle*

**5.55.2. Avleidde namn** i området: Hjellebøen

**5.55.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 51 øre. Garden vart delt i to jamstore bruk i seinare tid. Garden sætra på Eidssætra i lag med grannegardane.

**5.55.5. Dokumenterte uttaleformer:** Jellane IAa1851; "jæLLaNNe NG1908; /"jeiL:aNE/ St.ark1976.

**5.55.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Hjallar, Flt. af hjallr m., høitliggende, flad Afsats (Indl. S. 55)."

**5.55.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene i 1606 og er relativt liten. Han er slik neppe særleg eldre enn ei første skriftlege kjeldene viser (Sandnes 1997: 36).

**5.55.8. Skriftnormering:** Nemninga 'østre' som er brukt i matrikkel-samanheng viser berre til at det er to Hjelle-gardar i Volda – i Austefjorden og Dalsfjorden. Desse gardane har ingenting med kvarandre å gjere, så denne markeringa er misvisande.

**5.55.9. Mi vurdering:** Alle uttaleformene viser her at namnet er i fleirtal. Utifra uttalen bør gardsnamnet skrivast **Hjellane**.

## 5.56. Langenes (gnr 61)

**5.56.1. Skriftformer** i kjeldene: *Langenes 1606; Langnes 1617; Langenæs Jb1626; Langnes Matr1647; Langenæsß TB1664; Langenes 1667 og 1723; Langenes, Langeness Kb1700-1750; Langness E-sk1762; Langenes, Langenæs, Langenæss, Langnæs (1791) Kb1750-1800; Langnæss Ft1801; Langnæs Matr1838; Langenes, Langnes, Langenæs, Langnæss, Langeness Kb1800-1850; Langenes Ft1865; Langenæs Ft1875; Langnes Matr1886; Langenæs, Langnæs, Langenæss, Langeness, Langenes Kb1850-1900; Langenes Ft1900, NG1908 og Ft1910; Langenes, Langnes Kb1900-1932; Langenes Matr1950. Sleksnamn: Langenes*

**5.56.2. Avleidde namn** i området: Langenesgrynnna

**5.56.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 25 øre. Garden vart delt i to jamstore bruk på 1800-talet, og sætra på Eidssætra.

**5.56.5. Dokumenterte uttaleformer:** lange'næse NG1908

**5.56.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Langanes, det lange Nes."

Oddvar Nes: "Garden ligg på eit (tidlegare) langstrekta nes, rett andsynes Nes. Namnet er yngre enn Nes og Langvatn."

**5.56.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene i 1606 og er relativt liten. Han er slik neppe særleg eldre enn dei første skriftlege kjeldene viser (Sandnes 1997: 36).

**5.56.8. Skriftnormering:** Garden er nemnt i ubunden form i dei skriftlege kjeldene, men i uttalen er han nemnt i bunden form. Dette skil garden frå nabogarden Nes, som må vere mykje eldre.

**5.56.9. Mi vurdering:** Alle uttaleformene viser her at namnet er i bestemt form og bør skrivast **Langeneset**.

## 5.57. Gjerdal (gnr 62)

**5.57.1. Skriftformer** i kjeldene: *Gierrisdal 1603; Gierßdall 1606; Giøßdall 1616; Gerrisdall 1617; Giersdallen Jb1626; Giersdall Matr1647; Giersdal TB1664; Giersdall 1667; Giersdahll 1723; GiersDal, Giersdal, Giersdahl Kb1700-1750; Gjorsdahl E-sk1762; Giersdal, Giersdahl, Giærsdal (1757) Kb1750-1800; Giersdal Ft1801; Gjersdal Matr1838; Giersdal, Giærsdal, Gjersdal (1837) Kb1800-1850; Gjærdsdal Ft1865 og Ft1875; Gjersdal Matr1886; Gjersdal, Jersdal (1855), Gjerdsdal (1897) Kb1850-1900; Gjerdal Ft1900; Gjersdal NG1908; Gjersdal Ft1910; Gjertsdal (1900), Gjerdal, Gjersdal Kb1900-1932; Gjerdal Matr1950. Slektsnamn: Gjersdal*

**5.57.2. Avleidde namn** i området: Gjersdalsmyrane, Gjersdalsdalen

**5.57.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 98 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det fire bruk her.

**5.57.5. Dokumenterte uttaleformer:** jæss'daliNN NG1908

**5.57.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Geirsdalr, af Mandsnavnet Geirr. 1ste Led kunde dog ogsaa være Mandsnavnet Geirulfr eller mulig Gjarðarr (PnSt. S. 86)."

Per Årviknes: "Kanskje kan opphavet vere at garden har namn etter dei store hamrar eller skjerv som stengjer på austsida. Ved assimilasjon (tiljamning) er namnet med tida gått over frå Skjer(v)sdalen til Gjersdalen."

Oddvar Nes: "No kan det òg vere at førstekallen er gjerde n. 'lite, innhegna jordstykke'."

**5.57.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene i 1603. Dersom det er eit personnamn som ligg til grunn, kan det vere passande å tidfeste garden til Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.57.8. Skriftnormering:** Både skriftforma frå 1626 og uttalen i dag viser at namnet skal skrivast i bestemt form. Det er vanskeleg å avgjere utifrå skriftformene om det ligg eit mannsnamn bak, eller om tydinga er 'gjerde', slik Oddvar Nes er inne på. Mannsnamna Gjert (Gerhard) og Geir er begge brukte i Volda.

**5.57.9. Mi vurdering:** Er tydinga 'gjerde' burde namnet vore skrive Gjerdal-, men uklarheita gjer at eg meiner det er greitt med den mest brukte skriftforma: **Gjersdalen**.

## 5.57.10. Høyne set (bnr 2 under gnr 57)

**5.57.11. Skriftformer** i kjeldene: *Høines Matr1886; Høgneset (1888) i Kb1850-1900; Høyne set Ft1900; Høines Ft1910; Høyne set, Høineset (1915), Høgnes (1920), Høines (1925) Kb1900-1932.*

**5.57.13. Matrikkel skyld:** Bruket har i dag ei skyld på 21 øre.

**5.57.19. Mi vurdering:** Namnet eit nyare plassenamn, der tydinga på utmerkingsleddet truleg er høy som dyrefór og ikkje adjektivet høg. Namnet bør skrivast: **Høyne set**.

## 5.58. Engeberg (gnr 63)

**5.58.1. Skriftformer** i kjeldene: *Engebierg 1603; Eigißbierig 1606; Engeberig 1616 og 1617; Engebierg Jb1626; Engberig Matr1647; Engeberg TB1664, 1667, 1723, Kb1700-1750 og E-sk1762; Engeberg, Engberg Kb1750-1800; Engeberg Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900 og NG1908; Engjaberg Ft1910; Engeberg, Engjaberg (1912) Kb1900-1932; Engeberg Matr1950. Slektsnamn: Engjaberg, Engeberg*

**5.58.2. Avleidde namn** i området: Engjabergkvernhuset, Engjabergsnova

**5.58.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 15 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk. Garden sætra i Haralddalen saman med Høybakken.

**5.58.5. Dokumenterte uttaleformer:** ængja'bÆrje NG1908; /ænGabErjE/ St.ark1976.

**5.58.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Hvis 1ste Led er eng f., er denne Sammensætning enestaaende som Stedsnavn. Betydningsforholdet synes heller ikke da let at forklare paa tilfredsstillende Maade. Det kunde tænkes, at Navnet, efterat Bevidstheden om Oprindelsen var tabt, ved en Omtydning kunde have faaet sin nuv. Form. Det er muligt, at Gaarden opr. har hedet Berg, men faaet et Tillæg til Adskillelse fra GN. 82 og 83."

Per Årviknes: "Det har vore meint at det er halvemål, og at dei bratte hengeberga ovanfor garden kan vere årsak til namnet. Henkjeberg vert på halvemål Engjeberg."

Oddvar Nes: "Uttaleforma i dag peikar einast attende på eit \*Engjarberg, med eng f., gen. eint. Engjar i førstelekken. Namnet siktar til at garden ligg ved foten av eit berg."

**5.58.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene i 1603. Det er truleg eit namn som er samansett av to naturnamn som viser til korleis garden ligg til og jordsmonnet her. Den er nok slik ikkje av dei eldste, truleg frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.58.8. Skriftnormering:** Skriftformene viser i stor grad at tolkinga av namnet har vore eng, i tydinga slåttemark.

**5.58.9. Mi vurdering:** Uttaleformene viser at namnet skal skrivast i bestemt form. Det er også truleg Oddvar Nes si tolking som er rett, at førstelekken er gen. fleirtal av eng. Rett skriveform blir då **Engjaberget**.

## 5.59. Høibakke (gnr 64)

**5.59.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hørgebacke Jb1626; Høebache Matr1647; Høyebache TB1664; Høibakke 1667; Høybache 1723, Kb1700-1750 og E-sk1762; Høybache, Høybakke (1760), Høybakk (1775), Høybake (1779), Høybakken (1784) Kb1750-1800; Høybakke Ft1801, Høibakke Matr1838; Høybakke, Høybache, Høybak (1830), Høibakke (1838) Kb1800-1850; Høibakke Ft1865 og Ft1875; Høybakke, Holen Matr1886; Høibakke Kb1850-1900; Høybakke Ft1900, Høibakke NG1908 og Ft1910; Høgbakke (1901), Høibakke, Høybakke, Høybakk Kb1900-1932; Høibakke Matr1950. Sleksnamn: Høybakk, Høybakke*

**5.59.2. Avleidde namn** i området: Holegjerdet, Holefossen, Holeura, Holekvernhuset, Holeåkeren.

**5.59.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 28 øre. Garden vart delt i to jamstore bruk på 1800-talet og sætra i Haralddalen saman med Engjaberget.

**5.59.5. Dokumenterte uttaleformer:** Holin IAa1851; hOliNN NG1908

**5.59.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Daglignavnet er best. Form af hóll m., isoleret Høide, især en rundagtig (Indl. S. 56)."

Oddvar Nes: "Matrikkelforma er høy 'gras' og bakke, og namnet viser til at området har vore slåtteland. Daglegnamnet /hó:lɪŋj/ siktar til naturtilhøva på garden. Ein hol er en lav Høi, en tør og jævn Forhøining i en Myr eller paa en lavt liggende Flade" (Aasen)."

**5.59.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene i 1626, og er nemnt i bestemt form i fleire av dei skriftlege kjeldene. Namnet viser truleg tilbake til høytørking, og er nok ikkje av dei eldste, truleg frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.59.8. Skriftnormering:** Dei eldste skriftformene viser at tydinga av høy- nok er at garden har lege godt til for høytørking, men dei ulike skriftformene seinare viser ei tolking av namnet nærmare mot høg, høgtliggjande.

**5.59.9. Mi vurdering:** Denne garden har altså to namn, der det eine fungerer som daglegnamn og det andre er brukt i matrikkelen og i slektsnamnet. Sidan dei to namna er sidestilte i bruk om garden vil det vere rett å ta med begge: **Holen – Høybakken**.

## 5.60. Sundal (gnr 65)

**5.60.1. Skriftformer** i kjeldene: *Sunndal 1603; Sundall 1606; Syndallen 1617; Søndalen Jb1626; Sundallen Matr1647; Sunddal TB1664; Sundal 1667; Sundahll 1723; Syndalen, Syndal, Søndal, Sundal, Sundahl, Syndahl Kb1700-1750; Sundalen E-sk1762; Syndal, Syndahl, Sundal, Sundalen, Sunndal (1768) Kb1750-1800; Sunddal Ft1801, Sundal Matr1838; Sundal, Sunddal Kb1800-1850; Sundal Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900, NG1908 og Ft1910; Sundal, Sunndalen, Søndal (1903) Kb1900-1932; Sundal Matr1950. Sleksnamn: Sundal.*

**5.60.2. Avleidde namn** i området: Sunndalsnipa.

Garden er den sentrale garden i dette området, men i likhet med grannegardane så verkar det ikkje som nokon av dei er særleg gamle, truleg frå tida etter Svartedauden.

**5.60.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd 12 mk fisk (46,3 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 10 mark 62 øre. Garden vart tidleg delt i tre jamstore bruk, sidan var det fire bruk på garden. Garden sætra på Sunndalssætra.

**5.60.5. Dokumenterte uttaleformer:** synn'daliNN NG1908

**5.60.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Sunndalr, den sydlige Dal. Maa have faaet dette Navn i Modsætning til en lidt nordligere i Fjorden udmundende Dal, hvori der efter AK ligger en Sæter, som kaldes Norddalssæteren."

Oddvar Nes: "Dalen går rett mot sør, og dette er namngjevingsgrunnen. Dersom namnet er gammalt, vil gno form ha vore \*Sunndalr"

**5.60.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene kring 1600, og er truleg ikkje særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.60.8. Skriftnormering:** Himmelretninga ligg nok til grunn for gardsnamnet, noko som blir støtta av dei skriftlege kjeldene. Nokre av dei eldste kjeldene dokumenterer også gardsnamnet i bestemt form.

**5.60.9. Mi vurdering:** Utifrå tydinga og uttalen bør namnet skrivast med dobbel konsonant og i bestemt form: **Sunndalen**.

## 5.61. Sundalsfolden (gnr 66)

**5.61.1. Skriftformer** i kjeldene: *Follenn 1603, 1606 og 1616; Foellen, Faaldenn 1617; Fallen Jb1626; Folden Matr1647, TB1662, 1667 og 1723; Follen, Folden, Syndals Follen Kb1700-1750; Folden E-sk1762; Folden, Syndalsfold Kb1750-1800; Folden Ft1801; Sundalsfold Matr1838; Folden,*

*Sundalsfolden, Sundalsfold, Sundals Folden, Sundals-Folden, Sundals-Fold Kb1800-1850; Sundalsfold Ft1865 og Ft1875; Sundalsfolden Matr1886; Folden, Sundalsfold, Sunddalsfold (1852), Sundalsfoll (1874) Kb1850-1900; Sundalsvoll Ft1900; Sundalsfolden NG1908; Sundalsfold Ft1910; Sundalsfold, Sundalsfoll Kb1900-1932; Sundalsfolden Matr1950. Sleksnamn: Sundalsfoll*

**5.61.2. Avleidde namn** i området: Folla elva.

**5.61.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (37 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 67 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, sidan var det tre bruk på garden. Garden sætra på Sunndalssætra.

**5.61.5. Dokumenterte uttaleformer:** Følla IAa1840; fåLLa (dativ: fåLLiNNe) NG1908; /syndalsfOL:a/ St.ark1976.

**5.61.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formod. det gamle Navn folld, Græsmark, Jord."

Betydningen af Fold har efter [Sophus Bugge] været "den brede", "den, som danner en bred Flade". [...] Fold er også Elvenavn. Men det er vel mindre sandsynligt, at Navnet egentlig tilhører de Elve, som går forbi Gaardene.

Oluf Rygh: "Maa sammenstilles med GN. 74, Løfold, som også i daglig Tale har et usms. Navn. Begge Navne viser uden tvil tilbage til et opr. \*Fold. Til Forklaring af dette Navns Betydning er det at merke, at begge Gaarde ligger nær den inderste Arm af Østefjorden, Voldenfjordens østlige Gren. Jeg formoder derfor, at Fold også her er Fjordnavn."

Oddvar Nes: "Men gno fold f. var også nytta utanom fjordnamn. Opphaveleg tyding av ordet er 'flate, slette' (...) No finst det eit anna ord, foll n. flt. "Foldrighed; Kornets Mængde i Forhold til Halmmængden" (Aasen). (...) Ei opplysning som står dette tolkingsframlegget er Strøm si utsegn om at Sunndalsbygda "er ei alene vel beboet, men og forsynet med de bedste Korn-Marke i heele Sognet"."

**5.61.7. Tidfesting:** Garden er første gang nemnt i kjeldene kring 1600, og er truleg ikkje særlig eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.61.8. Skriftnormering:** Garden er ein av to Folla-gardar i Austefjorden, og dette gjer at ein har brukt dalføre-namnet som utmerkingsledd for denne garden.

**5.61.9. Mi vurdering:** Den dokumenterte dativ-forma i uttale viser at namnet skal skrivast i bestemt form. Eg synest også at Oddvar Nes sitt argument (med hjelp frå Hans Strøm) verkar overbevisande med omsyn til tydinga. Skriftforma bør derfor vere: **Sunndalsfolla**.

#### **5.61.10. Sunndalskleiva (bnr 3 & 4 under gnr 66)**

**5.61.11. Skriftformer** i kjeldene: *Sundalskleiv Ft1910; Sundalskleiv (1922) Kb1900-1932*.

**Sleksnamn:** Sundalskleiv

**5.61.13. Matrikkel skyld:** Plassebruket vart frådelt med ei skyld på 15 øre.

**5.61.19. Mi vurdering:** Namnet eit nyare plassenamn, der tydinga av fellesleddet viser korleis plassen låg til. Oddvar Nes definerte Kleiva-namnet under garden Håskollane slik: "Daglegnamnet er kleiv f. 'høg bakke på klippegrunn; bergrygg eller brekke å gå over'." Namnet bør skrivast: **Sunndalskleiva**.

### **5.62. Sundalsåsen (gnr 67)**

**5.62.1. Skriftformer** i kjeldene: *Aðenn 1603; Aas 1606; Aaßen 1616 og 1617; Aasen Jb1626; Sundalsaas Matr1647; Aasen TB1664; Sundalsaas 1667, 1723, E-sk1762 og Ft1801; Sundalsaaßen*

*Matr1838; Sundalsaas, Søndalsaas (1820), Søndalsas (1820), Sunndalsaas (1822), Sundals-Aas (1834), SundalsAas (1835), SundalsAasen (1837), Sundals Aas (1837) Kb1800-1850; Sundalsaas Ft1865 og Ft1875; Sundalsaasen Matr1886; Sundalsaas, Sunndalsås (1882), Sundalsåsen (1882) Kb1850-1900; Sundalsaasen Ft1900 og NG1908; Sundals-Aasen Ft1910; Sundalsaas, Sundalsås (1826) Kb1900-1932; Sundalsåsen Matr1950.* **Slektsnamn:** Sundalsås

**5.62.2. Avleidde namn** i området: Åsekamben.

**5.62.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 44 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Sunndalssætra.

**5.62.5. Dokumenterte uttaleformer:** åsiNN NG1908

**5.62.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Garden ligg ved mynnet av Sunndalen."

**5.62.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603. Gardsnamnet er i bestemt form og garden er truleg ikkje særleg eldre enn dei første namneformene skulle tilseie (Sandnes 1997: 36).

**5.62.8. Skriftnormering:** Det er mange åse-gardar i Volda, så derfor er det naturleg at områdenamnet har blitt brukt for å skilje gardane ifrå kvarandre.

**5.62.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet bør skrivast: **Sunndalsåsen**.

## 5.63. Skare (gnr 68)

**5.63.1. Skriftformer** i kjeldene: *Schare Matr1647; Skarrd TB1664; Schare 1667 og 1723; Schare, Scare Kb1700-1750; Schare E-sk1762; Schare, Skare Kb1750-1800; Skare Ft1801; Skare, Skaure Matr1838; Skare, Dahlskar (1833), Dahlskaret (1839), Dalskare (1841), Dalskar (1848) Kb1800-1850; Dalskar Ft1865; Skare Ft1875 og Matr1886; Skare, Schare, Dalskar Kb1850-1900; Skare Ft1900; NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.* **Slektsnamn:** Skare

**5.63.2. Avleidde namn** i området: Skarenaustet, Lisjeskaret, Skarebakkane

**5.63.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 41 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Sunndalssætra.

**5.63.5. Dokumenterte uttaleformer:** Skare IAa1851; "skare NG1908; /"ska:rE/ St.ark1976.

**5.63.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Skarð n., Skar, Indsænkning med Høider paa begge Sider (Indl.S. 75). Nutidsformen er Dat. Ent."

Oddvar Nes: "Namnet er etterreformatorisk og det er bunden form eint. Av det vanlege ordet skar n. 'søkk mellom to høgdedrag'."

**5.63.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1647, og er truleg ikkje særleg eldre enn dette (Sandnes 1997: 36).

**5.63.8. Skriftnormering:** Frå skriftformene ser vi at på 1800-talet vart garden nokre år kalla Dalskaret, som er bestemt form eintal. Seinare har dativ-forma Skare (tonem 2) overteke.

**5.63.9. Mi vurdering:** Namnet er ei stivna dativ-form og ikkje som Oddvar Nes vil ha det til bunden form eintal – som her ville ha vore Skaret (tonem 1). Her blir det i dag rettast å bruke dativforma: **Skare**.

## 5.64. Aaselid (gnr 69)

**5.64.1. Skriftformer** i kjeldene: *Tøndall* 1603; *Løndall* 1606; *Aaβeliien* 1617; *Aaslien Jb1626*; *Aasselien Matr1647*; *Aaselyd TB1664*; *Aaslien* 1667; *Aaselite* 1723; *Aaselid, Aasselien, Aaseli, Aaselite Kb1700-1750*; *Aasselien E-sk1762*; *Aaslien, Aaselid, Aaselite, Asslid (1757)*, *Aaselied, AaseLieden, Aaselieden, Aasliden (1763) Kb1750-1800*; *Aaselied Ft1801*; *Aaselid Matr1838*; *Aaselied, Aaselid, Aaselite, FørdsAasselie (1831) Kb1800-1850*; *Aaselid Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900; Ft1900 og NG1908*; *Aaslid Ft1910*; *Aaselid Aaslid Kb1900-1932*; *Aaselid Matr1950*. **Slektsnamn:** **Aaslid, Åslid**

**5.64.2. Avleidde namn** i området: Åslinaustet

**5.64.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 3 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 82 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Skinnviksætra.

**5.64.5. Dokumenterte uttaleformer:** åselIda (dativ –iNNe) NG1908; /"å:s,li:da/ St.ark1976.

**5.64.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Namnet er samansett av namnet til Sunndalsåsen og lid."

**5.64.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603, rett nok då under eit anna namn. Gardsnamnet er samansett av to naturnamn som viser korleis garden ligg til. Dei står i bestemt form og er slik truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.64.8. Skriftnormering:** Dei eldste namneformene viser til eit eldre namn på garden som no er utdøydd. Løndal- "namnet er naturleg då garden ligg noko løynd og attkolvd" (Årviknes bd 3: 67).

**5.64.9. Mi vurdering:** Den siste uttaleforma viser til ei namneform utan fuge-suffix som ein også finn att i slektsnamnet. Det er dokumentert dativ i uttalen, noko som tilseier at namnet skal skrivast i bestemt form. Utifrå uttalen vil det vere rett å skrive namnet **Åslida**.

## 5.65. Holsvik (gnr 70)

**5.65.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hollswigenn* 1603; *Halsuig* 1606; *Holsuig* 1616; *Holdzuigenn* 1617; *Holdzuigen* Jb1626; *HulzVyg TB1664*; *Holdtzvig Matr1647*; *Holdsvig* 1714; *Holsvig* 1723; *Holsviig, Holsvig, Holsviigh Kb1700-1750*; *Halsviig E-sk1762*; *Holswiig, Holsvig, Halsvig (1764)*, *Holtsvig (1771)*, *Holswig Kb1750-1800*; *Holsvig Ft1801*; *Holsvik Matr1838*; *Holsvig, Holdsviig, Holtzig (1829)*, *Holtsvig (1836) Kb1800-1850*; *Holsvig Ft1865 og Ft1875*; *Hollsvik, Holsvik Matr1886*; *Holsvig, Holsvik (1874) Kb1850-1900*; *Halsvik Ft1900*; *Hollsvik NG1908*; *Holsvik Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950*. **Slektsnamn:** **Holsvik**

**5.65.2. Avleidde namn** i området: Holsvikhansen, Holsvikholane

**5.65.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 21 mk fisk (11,6 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 9 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Skinnviksætra.

**5.65.4. Arkeologiske funn:** Det er ein gravhaug på Arnfinnvollen, der det skal ha vore gjort ein del lausfunn og det var ein bautastein på garden.

**5.65.5. Dokumenterte uttaleformer:** hÅlls'vIKa NG1908; /"hOls,vi:Ka/ St.ark1976.

**5.65.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "1ste Led er maaske Holts-, Gen. af holt n., Lund, eller Holt m., Høi, Bakke (Indl. S. 57)."

Oddvar Nes: "Førstelekken er Holts- gen. av Holt m. "Høi, Bakke, en stenig og ujævn Forhøining" (Aasen), som òg er brukt i våre trakter"

**5.65.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603. Namnet er i bestemt form og er slik truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.65.8. Skriftnormering:** Dei mange skriftformene viser at utmerkingsleddet i dette namnet nok har vore vanskeleg å tolke.

**5.65.9. Mi vurdering:** Trass i dei mange ulike skriftformene er altså tydinga enkel, og ein kunne vel ha argumentert for ei skriveform med holts-. Denne har tidleg blitt assimilert, og i dag vil det vere rett å bruke forma **Holsvika**.

## 5.66. Djupvik (gnr 71)

**5.66.1. Skriftformer** i kjeldene: *Dybwigen 1603; Dyffuigen 1617; Døuigen Jb1626 og Matr1647; DybVigen TB1664; Diuvig 1667, Døwiigen 1714, Dyvig 1723; Dyvig, DyVig, Døevig, Dyviig Kb1700-1750; Diuviig E-sk1762; Dyvig, Dywig Kb1750-1800; Døvig Ft1801; Djupvik Matr1647; Diuvig (1813), Diuviig, Djuvig (1820), Duvig (1826), Dyvig (1847) Kb1800-1850; Djubvig Ft1865; Dybvig Ft1875; Djupvik Matr1886; Dybvig, Dypvig (1855), Djupvig (1866), Djuvvik (1873), Dybvik, Djuvik (1877) Kb1850-1900; Djuvik Ft1900; Djupvik NG1908, Djuvik Ft1910 og Kb1900-1932; Djupvik Matr1950.*

**Sleksnamn:** Djuvik

**5.66.2. Avleidde namn** i området: Djuvikrabben, Djuvikhamrane

**5.66.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 72 øre. Garden vart delt i to jamstore bruk på 1800-talet og sætra på Skinnviksætra.

**5.66.5. Dokumenterte uttaleformer:** Djuvik IAa1886; "djUvIKa NG1908; /'dju:,vi:Ka/ St.ark1976.

**5.66.6. Tydingar:** Knut Kopperstad: "Namnet "betegner en senkning som gaar ned til en vik."

Per Årviknes: "Det tyder ei djup vik."

Oddvar Nes: "førstelekken er djuv n. "en Huulning i Jorden; især en Fordybning som er omgivet af Klipper, en Hule, Bjergkløft" (Aasen 1873)."

**5.66.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603. Namnet er i bestemt form og er slik truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.66.8. Skriftnormering:** Ein del av skriftformene viser ei tolking av utmerkingsleddet som djup.

**5.66.9. Mi vurdering:** Tolkinga er altså ikkje - slik mellom anna matrikkelformene vil ha det til – 'djup' i tydinga at sjøen skulle vere særskilt djup på denne staden, men heller at landskapet har ei fordjuping; det er 'dyve' her. Rett skrivemåte blir då **Djuvika**.

## 5.67. Skinvik (gnr 72)

**5.67.1. Skriftformer** i kjeldene: *Skynnewigh, Skindewick 1520; Skinderwigen 1603; Schindeuig 1606; Skinnduig 1616; Schinderwiigen 1617; Skindeuig Jb1626; Schinduig Matr1647; SkidneVig!! TB1664; Schindvig 1667 og 1723; Skindvigen, Skindvig, Schindvig, Scindvig, Schindviig Kb1700-1750; Schindviig E-sk1762; Scindviig, Schinvig, Schindviig, Scinvig, Skinnevиг, Schindvigen, Skindvig, Skinvig (1780) Kb1750-1800; Skindvig Ft1801; Skindvik Matr1838; Skindvig, Skindvigen, Schindvig, Shindvig*

(1846) Kb1800-1850; Skindvig Ft1865 og Ft1875; Skinvik, Skindvik Matr1886; Skinvik Ft1900 og NG1908; Skjinvik Ft1910; Skinvik Kb1900-1932 og Matr1950. **Sleksnamn:** Skinnvik

**5.67.2. Avleidde namn** i området: Skinnikelva, Skinnviksanden, Skinnvikbakken, Skinnvikreina

**5.67.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 18 mk fisk (23,2 kg), garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 87 øre. Garden vart delt i to bruk i nyare tid og sætra på Skinnviksætra.

**5.67.4. Arkeologiske funn:** Det er funne fleire gravrøyser på garden og også mange lausfunn.

**5.67.5. Dokumenterte uttaleformer:** Skynnewigh, Skindewick 1520; sjinn'VIKa NG1908

**5.67.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Skinnaravík, af skinnari m., Garver. Denne Forklaring støttes af Formerne fra 1603 og 1617."

Oddvar Nes: "Eit langt betre språkleg grunnlag er eit gno \*Skinnavík, tydinga av gno skinni m. vil vere den same. Men ei anna forklaring er òg mogleg. Skin- kan vere forvansking i skrift og uttale av /skjì:n/. Førstelekken heng då i hop med verbet skine (i rettskrivinga skjene), uttala /"skjì:né/, 'renne avstad i otte for klegg'. Dersom det kan ha vore skinstyde (skjenstøe) på gryнna utføre elveosen, trur eg siste tolkingsframlegget er best."

**5.67.7. Tidfesting:** Garden er nemnt i 1520, og er dermed rimeleg sikker som ein av dei gardane som overlevde Svartedauden (Sandnes 1997: 35). Namnet er likevel relativt tidleg nemnt i bestemt form, noko som gjer at han nok ikkje kan reknast mellom dei aller eldste, men heller har kome til på eit seinare tidspunkt. Det at namnet inneheld ein yrkestittel eller kan knytast til garving, tilseier kanskje at ein tenkjer sein Vikingtid for denne garden (Sandnes 1997: 36).

**5.67.8. Skriftnormering:** Dersom Oddvar Nes har rett i at namnet kan kome av verbet å skíne; viser i alle fall mange av skriftformene at oppskrivarane ikkje har forstått dette og tolka ordet som (dyre)skinn, eller då avleidd av garvaren som bearbeider skinna. Namnet er gammalt, nemnt i 1520, men allereie tidleg finn ein døme på namnet i bestemt form.

**5.67.9. Mi vurdering:** Eg er usikker på korrekt skriveform her, det vil avhenge av kva tolking ein legg til grunn; både Skinnvika og Skinvik vil kunne forsvarast. Eg vil halde på **Skinnvika** som det mest sannsynlege utifrå den historiske tolkinga og det at namnet i dag vert uttala med kort vokal i utmerkingsleddet.

## 5.68. Botnen (gnr 72)

**5.68.1. Skriftformer** i kjeldene: Botten 1603; Botenn 1606; Bottnen 1617; Botten Jb1626, Matr1647, TB1664 og 1667; Botnen 1723; Botnen, Botne Kb1700-1750; Botten E-sk1762; Botnen, Bottnen, Botnæs!! (1758), Botten, Skinvigbotnen (1782) Kb1750-1800; Botten Ft1801; Botn Matr1647; Botten, Botnen, Botn, Botn (1834) Kb1800-1850; Botnen Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Botten, Botn Kb1850-1900; Botnen Ft1900, NG1908 og Ft1910; Botn, Botnen Kb1900-1932; Botnen Matr1950. **Sleksnamn:** Botn, Botnen.

**5.68.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 18 mk fisk (23,2 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 90 øre. Garden vart delt i to jamstore bruk på 1800-talet. Garden sætra på Botnasætra saman med Slåttelida.

**5.68.5. Dokumenterte uttaleformer:** bÅttniNN NG1908

**5.68.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Botn m., Fjordbund. Navnet har her sin Grund i, at Gaarden ligger ved en af Østefjordens inderste Viker."

Oddvar Nes: "Botn tyder her 'fjordbotn, inste enden av ein fjord'."

**5.68.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603. Namnet er i bestemt form og er slik truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.68.8. Skriftnormering:** Skriftformene er her rimeleg eintydige i tolkinga.

**5.68.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er greitt å tyde, og bør skrivast med områdenamnet som utmerkingsledd for å skilje garden frå andre –botn-gardar: **Skinnvikbotnen**.

## 5.69. Løfold (gnr 74)

**5.69.1. Skriftformer** i kjeldene: *Fallen Jb1626; Løffolden Matr1647; Lødefold TB1664; Løfalden 1667; Løfolden 1723; Folen, Follen, Folden, Løefold (1745) Kb1700-1750; Løefolden E-sk1762; Folden, Løfalden (1767), Løfold (1790), Løvold (1792), Løfolden Kb1750-1800; Løfolden Ft1801; Løevold, Løefold Matr1838; Løfold, Løfolden, Løffol (1806), Løvold (1807), Løefold (1817), Løvfoden (1831), Løvfold (1834), Løevold (1842) Kb1800-1850; Løfold Ft1865; Løvold Ft1875; Løfold, Løvold Matr1886; Løefold, Løvfold, Løfold, Løvfoden, Løfvold (1863), Løvold (1873) Kb1850-1900; Løvoll Ft1900; Løfold NG1908; Løvfold Ft1910; Løfold, Løfoll, Løvold Kb1900-1932; Løfold Matr1950. Sleksnamn: Løfoll*

**5.69.2. Avleidde namn** i området: Follavatnet, Follabugen, Follabakkane, Follabygda (bygdenamn)

Garden har gjeve namn til området her, men er ikkje nemnt før i 1626 og er nok ikkje den eldste. Skriftlege kjelder viser at Skinnvika er den eldste garden i området, dei andre gardane er nok frå tida etter Svartedauden.

**5.69.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 98 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk. Garden sætra på Skinnviksætra.

**5.69.5. Dokumenterte uttaleformer:** Følla IAa1840; fåLLa NG1908; /'lø:,fOL:a/ St.ark1976.

**5.69.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formod. det gamle Navn folld, Græsmark, Jord."

"Betydningen af Fold har efter [Sophus Bugge] været "den brede", "den, som danner en bred Flade". Her kunde Navnet være begrundet i, at Østefjorden efter at være sterkt indknebet mellem Skaernes og Aurstad atter udvider sig i den inderste Del. Fold er ogsaa Elvenavn. Men det er vel mindre sandsynligt, at Navnet egentlig tilhører de Elve, som gaar forbi Gaardene."

Oluf Rygh: "1ste Led er vel Løðu-, Gen. af laða f., Lade. [...] Begge Navne [omtalar her også Sunndalsfolla] viser uden tvivl tilbage til et opr. \*Fold. Til Forklaring af dette Navns Betydning er det at merke, at begge Gaarde ligger nær den inderste Arm af Østefjorden, Voldenfjordens østlige Gren. Jeg formoder derfor, at Fold ogsaa her er Fjordnavn."

Oddvar Nes: "Noko sikker tolking kan eg altså ikkje gje: Gno \*Løðufall, som skal "hentyde til en bestemt begivenhet eller til, at der, da Navnet blev givet, stod en nedfalden Lade paa stedet"."

**5.69.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1626. Namnet er i bestemt form og er slik truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.69.8. Skriftnormering:** Skriftformene viser her stor variasjon, noko som nok viser at namnet har vore vanskeleg å tolke.

**5.69.9. Mi vurdering:** Dei to Folla-namna på gardar som ligg såpass nær kvarandre har nok same opphav. Det er vel også nokså sikkert at Lø- ikkje kan vise tilbake på noko anna enn løde eller verbet å løde/legge i lad; men derimot er det ikkje nødvendigvis slik at løda har falle saman; dette er nok heller ei folkeleg forklaring på namnet i seinare tid. Daglegnamnet Folla er nok ikkje knytt til dette, men på ei grasrik slette kan det godt ha vore ei ut-løde til å samle foret i. Dei eldste skriftformene er i bestemt form, så då blir skriveforma for namnet: **Løfolla**.

## 5.70. Svarthammer (gnr 75)

**5.70.1. Skriftformer** i kjeldene: *Suartehammer 1603, 1606, 1616 og 1617; Suarthammer Jb1626; Suarthamer Matr1647; Svarthammer TB1664 og 1667; Svarthammer 1723; Hambre, Hameren, Hammeren Kb1700-1750; Svarthamer E-sk1762; Svarthamre, Hambre, Hameren, Hammeren, Hamre Kb1750-1800; Svarthammer Ft1801; Svarthamer Matr1838; Svarthammer, Hammer, Sorthammer (1808); Svarthamer (1818) Kb1800-1850; Svarthammer Ft1865, Ft1875, Svarthammer, Hammeren Matr1886; Svarthammer, Svarthamer, Hamre (1877) Kb1850-1900; Svarthammer Ft1900, NG1908 og Ft1910; Svarthammer, Hamre, Hambre, Svarthamar (1907) Kb1900-1932; Svarthammer Matr1950.*

**Sleksnamn:** Hamre

**5.70.2. Avleidde namn** i området: Hamrefluda, Hamreneset, Hamren, Dalehammaren

**5.70.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 41 øre. Garden vart delt i to bruk i nyare tid og garden sætra på Skinnviksætra.

**5.70.5. Dokumenterte uttaleformer:** "hambriNN (dativ: "hambra) NG1908

**5.70.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Gaarden ligger under en Fjeldhammer."

Per Årviknes: "Namnet kjem av ein stor svart hamar utanfor garden."

Oddvar Nes: "Garden ligg under ein mørkleta hammar. Same namnet er ofte brukt om mørke hamrar eller hamrelag. Forma Hamre, som er nyttå i dag, har ingen historisk bakgrunn, ho er laga i seinare tid."

**5.70.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603. Fleire av skriftformene er i bestemt form og garden er truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.70.8. Skriftnormering:** Skriftformene er her rimeleg eintydige i tolkinga.

**5.70.9. Mi vurdering:** At garden har fått namn etter hammaren like ved er klart. Men Hamre må vere ei stivna dativ-form av namnet og ikkje ei rein nylaging. Rygh dokumenterer bestemt form og dativ i 1908, men dette er då ei vanleg dativ-ending og ikkje ei stivna form. I daglegtale blir dativ-forma brukt; **Hamre – Svarthammaren**.

## 5.71. Slåttelid (gnr 76)

**5.71.1. Skriftformer** i kjeldene: *Slottelijd 1603; Slotelijdt 1606; Slotteliien 1617; Slotteug Jb1626; Slotteli Matr1647; Slottelyd TB1664; Slottelie 1667; Slottelied 1723; Slaateliid Kb1700-1750; Slottelied E-sk1762; Slaateliid, Slotteliid, SlaateLied, Slaatteliid Kb1750-1800; Slaateliid Ft1801; Slaateliid Matr1838; Slottelied, Slaateliid, Slåttelid, Slaatteliid, Slaattelie, Slottelie, Slottelid, Slaateliid Kb1800-1850; Slaatteliid Ft1865; Slåttelid Ft1875; Slaatteliid Matr1886; Slaateliid, Slotteliid, Slaatteliid,*

*Slaatteli* (1866), *Slåttelid* (1879) Kb1850-1900; *Slaattelid* Ft1900, NG1908, Ft1910 og Kb1900-1932; *Slåttelid* Matr1950. **Sleksnamn:** *Slåttelid*

**5.71.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 91 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Botnasætra.

**5.71.5. Dokumenterte uttaleformer:** Lida IAa1851; IIida NG1908; /slå:t:e'li:da/ St.ark1976.

**5.71.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Af sláttr m., Slaatteland, Slaatteng, og líð f., Li."

Oddvar Nes: "Førstelekken er slåtte f. 'høyslette', jfr. slåttemark og slåtteteig."

**5.71.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603 og garden er truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.71.8. Skriftnormering:** Skriftformene er her rimeleg eintydige i tolkinga.

**5.71.9. Mi vurdering:** At det er grasslått som ligg til grunn for namnet, er sjølv sagt. Namnet bør skrivast i bestemt form: **Slåttelida**.

## 5.72. Håvik (gnr 77)

**5.72.1. Skriftformer** i kjeldene: *Haawigenn* 1603; *Hauigen* 1606; *Haavigenn* 1617; *Haauig* Jb1626 og Matr1647; *HaaVigen* TB1664; *Haavig* 1667 og 1723; *Haaviig*, *Haavigen*, *Haavig* Kb1700-1750; *Haaviig* E-sk1762; *Haavig*, *Haaviige*, *Hovig* (1785) Kb1750-1800; *Haavig* Ft1801; *Haavik* Matr1838; *Haavig*, *Håvig*, *Haavik* Kb1800-1850; *Haavig* Ft1865 og Ft1875; *Haavik* Matr1886; *Haavig*, *Håvik* (1878), *Haavik* Kb1850-1900; *Haavik* Ft1900, NG1908 og Ft1910; *Haavik*, *Håvik* (1911) Kb1900-1932; *Håvik* Matr1950. **Sleksnamn:** *Haavik*, *Håvik*

**5.72.2. Avleidde namn** i området: Hådjupet, Høyberget, Høybergvika

**5.72.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 2 pd 6 mk fisk (32,4 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 3 øre. Garden var tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det fire jamstore bruk her. Garden hadde eiga sæter på Heida.

**5.72.5. Dokumenterte uttaleformer:** Haavik IAa1840; "håvIKa NG1908

**5.72.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Af det gamle Ord (haa (hár)) høi."

Oluf Rygh: "Hávík, den høie Vik, af Adj. hár, høi, og vík f. Navnet maa forstaaes saaledes, at Adj. er tillagt Gaardens Navn med Hensyn til dennes høie Beliggenhed indenfor Viken."

**5.72.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603, og namnet er i bestemt form. Garden er truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.72.8. Skriftnormering:** Skriftformene er her eintydige i tolkinga.

**5.72.9. Mi vurdering:** Namnet bør skrivast i bestemt form: **Håvika**.

## 5.73. Vikestrand (gnr 78)

**5.73.1. Skriftformer** i kjeldene: *Stranden* Jb1626; *Wigestrand* Matr1647; *Strand* TB1664; *Vigestrand* 1667; *Wiigestrand* 1723 og E-sk1762; *Wigestrand*, *Vigestrand* Kb1750-1800; *Wigestrand* Ft1801; *Vikestrand* Matr1838; *Wigestrand*, *Wiigestrand*, *Vigestrand* Kb1800-1850; *Vigestrand* Ft1865 og Ft1875; *Vikestranden* Matr1886; *Vigestrand*, *Wigestrand*, *Wige-Strand*, *Vikestrand* (1872) Kb1850-

1900; Vikestranden Ft1900 og NG1908; Vikestrand Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. **Sleksnamn:** **Vikestrand**

**5.73.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 82 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.73.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei steinøks på garden.

**5.73.5. Dokumenterte uttaleformer:** stranda NG1908

**5.73.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Førstelekken er truleg gen eint av gno vík, \*Víkr- , i dag uttala /"ví:kè/."

**5.73.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett, og namnet er i bestemt form i fleire av dei eldste kjeldene. Det er slik neppe særleg eldre enn den første skriftforma frå 1626 (Sandnes 1997: 36).

**5.73.8. Skriftnormering:** Skriftformene er her rimeleg eintydige i tolkinga.

**5.73.9. Mi vurdering:** Namnet bør skrivast i bestemt form: **Vikestranda**.

## 5.74. Vike (gnr 79)

**5.74.1. Skriftformer** i kjeldene: *Wigen 1603; Wige 1606; Wiig 1616; Wige 1617; Wigen Jb1626; Wigge Matr1647; Wickaa TB1664; Vige 1664; Wiige 1723; Vigene, Vige, Wigene, Wiigene, Wiige Kb1700-1750; Wiige E-sk1762; Wichene, Wiige, Wiigene, Wigene, Vige, Vichen, Vichene, Høydalsvik, Vigene, Wige, Høydalsvig, Høydalsviig Kb1750-1800; Wige Ft1801; Vike Matr1838; Høydalsvig, Wige, Wiige, Høydalswig, Høydalsviig, Vike, Høydahlsvig, Høydalsvik, Høydalsvig Kb1800-1850; Høydalsvig Ft1865; Høydalsvig, Wige Ft1875; Vike Matr1886; Høydalsvig, Høydalsviig, Höidalsvig, Höidalsvik, Höjdalsvik Kb1850-1900; Vike Ft1900 og NG1908; Höidalsvik Ft1910; Höidalsvik, Høydalsvik Kb1900-1932; Vike Matr1950. Sleksnamn: Høydalsvik*

**5.74.2. Avleidde namn** i området: Vikesætra, Vikebugen, Vikeneset, Vikeskjeret

**5.74.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd fisk (43,2 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 24 øre. Garden vart tidleg delt i to og så tre deler, seinare var det fire jamstore bruk her.

**5.74.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei vespestad-øks på garden.

**5.74.5. Dokumenterte uttaleformer:** Vikane IAa1851; "vIkaNNe NG1908

**5.74.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Gno Víkar f. flt (eldre: \*Víkr). Gardsnamna i MA stod ofte i fleirtalsform, utan at vi i dag kan forklare fenomenet på fullgod måte."

**5.74.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt i 1603, og er nok ikkje særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.74.8. Skriftnormering:** Uttaleformene viser klart at namnet er i fleirtal, utan at dette kjem godt fram i dei ulike skriftformene. Oddvar Nes sin kommentar er slik merkeleg utifrå dei dokumenterte uttaleformene.

**5.74.9. Mi vurdering:** Lokalnamnet er berre **Vikane**, men for å skilje det frå andre gardar med same namn, kan ein godt bruke **Høydalsvikane**.

## 5.75. Høidal, Høidalsdalen (gnr 80, 81 og 84)

**5.75.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hedall, Hødall 1520; Hødall, Hødalsdall, Ytterhaadall 1603; Hødall, Hødalsdall, Ytterhødall 1606; Haadalsdal 1616; Høedall 1617; Inder og Ytre Høedallen, HøedallsDallen Jb1626; Inder og Ytter Høedall, Høedalsdall Matr1647; Inder- og Yther Hødal, Hødalsdal TB1664; Indre og Ytter Hødal, Høedalsdal 1667; Indre og Ytre Høedall, Høedalsdahll 1723; Høydal, Høydalen, Høydahl, Dalen, Dahlen, Høydalsdahl Kb1700-1750; Indr. og Yttr. Høydal, Høydalsdal E-sk1762; Indre Høydal, Høydal, Høydalen, Høidal, Høydahl, Dalen, Høydalsdal, Dahlen, Høydalsdahl, Høydalsdahl, HøyDalsDal, YtreHøydal (1778) Kb1750-1800; Indre og Ytre Høydal, Høydalsdal Ft1801; Høidal indre og ytre, Høidalsdal Matr1838; Indre og Ytre Høydal, Høydal, Indre Høydahl (1818), Indre og Ytre Høidal, Høydalsdal, Høidalsdal (1833), Høydalsdahl (1836), Højdalsdal (1837), Høidalsdahl Kb1800-1850; Indrehøidal, Høidalsdal, Yttrehøidal Ft1865 og Ft1875; Høidal indre og ytre, Midgaarden, Høidalsdalen Matr1886; Indre og Ytre Høidal, Høidal, Indrehøidal, Søre-Høidal (1858), Høidal indre og Ytre, Indre og Ytre Høydal (1881 og 1882), Høidalsdal, Højdalsdal (1884), Høydalsdal, Ytrehøidal Kb1850-1900; Høidal indre og ytre, Høidalsdalen, Gjeilen Ft1900; Høidal indre og ytre, Høidalsdalen NG1908; Høidal indre og ytre, Høidalsdal Ft1910; Indre- og Ytre-Høidal, Høidal, Høidal indre, Høidalen, Høidalsdal, Ytrehøydal, Høidalsbø (1903), Ytre Høydal (1907), Høydal Kb1900-1932; Høidal indre og ytre, Høidalsdalen Matr1950. Sleksnamn: Høidal, Høidahl, Høydal*

**5.75.2. Avleidde namn** i området: Bøstranda, Høydalen (bygdenamn)

Bygda har nok opphaveleg vore ein gard, og så har dei andre gardane vorte frådelte denne hovudgarden. Det at Ytre Høydalen har daglegnamnet Bøen viser nok at dette har vore staden der den første busetnaden var. Namnet Midgarden viser til at også Vikane må ha vore rekna inn i det sentrale gardsområdet. Gardane i Berget, Øggarden og Rysta, har nok saman med Høydalsneset vore i drift før Svartedauden, men vart seinare liggjande øyde ei tid. Vikestranda er ein nyare gard i stranda mellom Høydalsvikane og Håvika.

**5.75.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg) for Indre Høydalen, 2 våger (37 kg) for Høydalsdalen og 2 våger 1 pd 12 mk for Ytre Høydalen. Indre Høydalen var øydegard, dei andre halvgardar 1667. I 1886 var skylda høvesvis 6 mark 42 øre, 9 mark 18 øre og 9 mark 40 øre. Indre Høydalen og Høydalsdalen var tidleg delt i to jamstore bruk, Ytre Høydalen i fire. Seinare var det to, tre og seks bruk på gardane. Medgarden og bruken i Høydalsdalen sætra i Rindalen, medan Bøen og bruken i Berget sætra på Lauvhaugen.

**5.75.4. Arkeologiske funn:** Det er funne fleire gravrøyser og ei rekkje lausfunn her.

**5.75.5. Dokumenterte uttaleformer:** Hedall, Hødall 1520; miggariNN, høidals'daliNN, daliNN, bøNN (dativ: bønå) NG1908; /"IndrE "hØy,da:l/, /"ml:,ga:rI/, /hØydals'da;l/ St.ark1976.

**5.75.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Gaarden ligger ved en Elv. 1ste Led kan være høy n., Hø, og Navnet sigte til, at Dalen engang kun har været brukt som Slaatteland (se Indl.S. 59). Det er dog også tænkeligt, at 1ste Led kan indeholde et Elvenavn. Daglignavnet betyder: Midtgården." (om Ytre Høydalen): "Daglignavnet er bør m., Gaard (Indl. S. 47), her i bestemt Form."

Per Årviknes (om Høydalsdalen): "Etter gammal segn er denne garden oppteken som fyrste bruk i Høydalen."

Oddvar Nes: "Førstekelen er sikkert høy (og ikkje eit elvenamn som NG kan tenkje seg). Namnet fortel at dalen opphaveleg har vore brukt til høyslætte."

**5.75.7. Tidfesting:** Høydalen er eit områdenamn som omfattar heile dalføret, og her har det nok vore busetnad ganske tidleg. Garden er nemnt i 1520, noko som gjer det svært sannsynleg at garden var busett før Svartedauden. Dei eldre formene er også i ubestemt form, sjølv om namnet er samansett. Eg vil tru at namnet skriv seg tilbake til den første perioden

med naturnamn, sjølv om utmerkingsleddet er knytt til jordbrukskultur på garden (Sandnes 1997: 34).

**5.75.8. Skriftnormering:** Gardsnamnet er – som alle er einige om – knytta til høyslått, og dei skriftlege kjeldene viser at namnet også har vore brukt i bestemt form.

**5.75.9. Mi vurdering:** Daglegnamna har ei eiga historie. Midgarden fortel at denne gardparten har vore midten i eit større gardskompleks, som i tillegg til dei nemnde gardane nok også omfatta grannegarden Høydalsvikane. Namnet Bøen fortel kvar husa låg før Midgarden og Dalen vart utflytte. Høydalsdalen er eit særskilt namn; først har altså dalføret hatt namnet Høydalen, men då ein flytte nokre av husa frå Bøen og lenger fram i Dalen, vart det nødvendig å skilje tunet her ut med eige namn, og ein fekk då ‘dobel vising’ til korleis garden ligg til: **Høydalsdalen**. I og med at **Høydalen** har dokumentert bruk av daglegnamna allereie i 1908; vil eg meine at **Bøen** og **Midgarden** er gode namn på desse gardane i dag.

## 5.76. Ødegård (gnr 82)

**5.76.1. Skriftformer** i kjeldene: *Ødegaard Jb1626; Berge eller Ødegaard 1723; Øgard, Ødegaard, Øgaard, Øygaard, Øyaar Kb1700-1750; Ødegaard E-sk1762; Øyaar, Øygaard, Øgaard, Ødegaard, Øgaarden, Ødgaard Kb1750-1800; Ødegaard Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850 Ft1865 og Ft1875; Ødegaard, Øfsteborg Matr1886; Ødegaard, Ødegard (1858), Ødegård (1878) Kb1850-1900; Ødegaard Ft1900, NG1908, Ft1910 og Kb1900-1932; Ødegård Matr1950. Sleksnamn: Ødegaard, Ødegård*

**5.76.2. Avleidde namn** i området: Øggardsonna, Øggardsgjerdet, Øggardshaugen

**5.76.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 43 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Lauvhaugen.

**5.76.5. Dokumenterte uttaleformer:** øffste'bÆrje NG1908

**5.76.6. Tydingar:** Oddvar Nes: ”Matrikkelnamnet viser til at garden ei tid har lege øyde eller ikkje reidd skyld. Daglegnamnet skil garden ut frå Rusten.”

**5.76.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt 1626, og drifta har nok vorte teken opp att då. Men Øggards-namnet viser at garden er eldre, og delinga i Øvste- og Nedreberget viser kva den gamle garden har heitt. Dette er eit namn i bestemt form, og gardane er utifrå storleik ikkje av dei eldste. Truleg er det derfor snakk om perioden etter Vikingtida, men før Svartedauden (Sandnes 1997: 35).

**5.76.8. Skriftnormering:** Skriftformene viser stort sett berre attende til Øggards-formene, og daglegnamnet er knapt nemnt i det heile.

**5.76.9. Mi vurdering:** Som Oddvar Nes påpeikar må garden ha vore øyde ei tid, noko som stemmer med at den ikkje er nemnt før 1626. Det er påfallande at daglegnamnet er såpass lite nemnt i dei skriftlege kjeldene. Her vil det vere rett å ta med begge namna: **Øvsteberget - Øggarden**.

## 5.77. Røsten (gnr 83)

**5.77.1. Skriftformer** i kjeldene: *Røstenn 1603; Røsßen 1606; Røjßen 1616 og 1617; Røssen Jb1626 og Matr1647; Røjßen TB1664; Røsten 1667; Røjsen 1723; Røeste, Røsten, Røesten, Røste Kb1700-*

1750; Røsten E-sk1762; Røste, Røesten, Røsten, Rysten (1773) Kb1750-1800; Røsten Ft1801; Røften Matr1838; Røsten, Røste, Rusten (1826) Kb1800-1850; Røsten Ft1865 og Ft1875; Røsten, Nedreberget Matr1886; Røsten, Rusten, Røste Kb1850-1900; Røsten Ft1900 og NG1908; Rusten Ft1910 og Kb1900-1932; Røsten Matr1950. **Slektsnamn:** Rusten, Berg-Rusten

**5.77.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 71 øre. Garden vart delt i to jamstore bruk i nyare tid og sætra på Lauvhaugen.

**5.77.5. Dokumenterte uttaleformer:** nEre'bÆrje NG1908

**5.77.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Rust f., Lund, liden Skov (Indl. S. 72). Er nu i Søndmøre og nogle flere Steder blevet til Ryst, ellers mest til Røst. Om Matrikelnavnet lader sig intet sikkert sige, naar det ikke nu er i Brug og de ældre Former er saa høist afvigende."

**5.77.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt 1603, og drifta har nok vorte teken opp att då. Men delinga i Øvste- og Nedreberget viser truleg tilbake til ein gard som har vore i drift før Svartedauden. Dette er eit namn i bestemt form, og gardane er utifrå storleik ikkje av dei eldste (Sandnes 1997: 35).

**5.77.8. Skriftnormering:** Utifrå enkelte av skriftformene kan det sjå ut som enkelte av oppskrivarane har tolka namnet som \*Røysa.

**5.77.9. Mi vurdering:** Det er elles merkeleg at Rygh konkluderer med at matrikkelnamnet ikkje er i bruk, når det heilt klart har vore brukt heilt opp til våre dagar. Den nyare konstruksjonen i slektsnamnet der ein kombinerer begge dei to namna - Berg-Rusten - er også verd å merke seg. Garden har to namn i bruk og bør skrivast med begge: **Nedreberget – Rysta.**

## 5.78. Høydalsnes (gnr 85)

**5.78.1. Skriftformer** i kjeldene: Nebett, Høydalsnes 1603; Høydalsnes 1606, 1616 og 1617; Høydalsnæs Jb1626; Høydalsnes Matr1647; Høydalsnæs TB1664; Høydalsnes 1667 og 1723; HøydalsNes, Høydalsnes Kb1700-1750; Høydalsness E-sk1762; Høydalsnæs, Høydalsnes Kb1750-1800; Høydalsnæs Ft1801; Høidalsnæs Matr1838; Høydalsnæss, HøydalsNæss, Høydalsnæs, Høydalsnes, Høidalsnes, Højdalsnæs (1837) Kb1800-1850; Høidalsnes Ft1865; Høidalsnæs Ft1875; Høidalsnes Matr1886; Høidalsnæs, Høidalsnes, Højdalsnæs Kb1850-1900; Høidalsnes Ft1900, NG1908 og Ft1910; Høidalsnes, Høydalsnes Kb1900-1932; Høydalsnes Matr1950. **Slektsnamn:** Høydalsnes.

**5.78.2. Avleidde namn** i området: Neset, Nesagleda.

**5.78.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 18 mk fisk (23,2 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 38 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det tre bruk her.

**5.78.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei gravrøys og ein heilag kvit stein på garden, samt noko lausfunn.

**5.78.5. Dokumenterte uttaleformer:** høidals'næse NG1908

**5.78.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Ligger paa et Nes udenfor Høidalselvens Udløb."

Oddvar Nes: "Garden ligg på eit nes halvannan km nordvest for utlaupet av Høydalselva."

**5.78.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt 1603, og namnet er då nemnt i bestemt form. Jordfunna indikerer derimot at garden er noko eldre. Truleg er det som ved gardane i Berget, at denne garden kan ha kome til i tidleg Mellomalder, før Svartedauden (Sandnes 1997: 35).

**5.78.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige, sjølv om dei varierer ein del.

**5.78.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er i bestemt form: **Høydalsneset**.

## 5.79. Bjørneset (gnr 86)

**5.79.1. Skriftformer** i kjeldene: *Bjørnsetter 1603; Bjørnesetter 1606; Bjørnsetter 1617; Bjørnesetter Jb1626; Bjørnessett Matr1647; Bjornæßæther TB1664; Bjørnesett 1667, 1714 og 1723; Bjørnesett, Bjørneset Kb1700-1750; Bjørneset E-sk1762; Bjørneset, Bjørnsæt (1757), Bjørnesæd (1757), Bjørnesæt, Bjørnesæth (1762), Bjørnsæth (1765), Bjørnseth (1778), Bjønnæsæd (1786) Kb1750-1800; Bjørnesæt Ft1801; Bjørneßæt Matr1838; Bjørnesæt, Bjørneseth, Bjørneset, Bjørneset (1815), Bjørnnæsset (1816), Bjørnseth (1818), Bjørneseth Kb1800-1850; Bjørneseth Ft1865; Bjørnesæth Ft1875; Bjørneset Matr1886; Bjørnesæth, Bjørneseth, Bjørneset, Bjørnesæt Kb1850-1900; Bjørneset NG1908; Bjørnesæt Ft1910; Bjørnesæt, Bjørneset Kb1900-1932; Bjørneset Matr1950. Sleksnamn: Bjørneset, Bjørneseth*

**5.79.2. Avleidde namn** i området: Bjørnasesætra, Bjørnashornet

Bjørnaset var lenge eigen skulekrins, seinare ein del av Kilsfjorden og sidan Folkestad.

**5.79.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 4 våger 1 pd 12 mk fisk (83,3 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 21 mark 35 øre. Garden vart tidleg delt i seks bruk, seinare var det ni bruk her.

**5.79.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei gravrøys - Vikinggrava - på garden, samt ein del andre spor etter eldre busetnad.

**5.79.5. Dokumenterte uttaleformer:** "bjøNNasÆt NG1908

**5.79.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Bjarnarsetr eller \*Bjarnasetr, af et af Mandsnavnene Bjørn eller Bjarni (PnSt. S. 44)."

Oddvar Nes: "Etter uttalen lyst den gno. forma ha vore \*Bjarnarsetr (ikkje alternativt \*Bjarna-, som NG trur), der førelekken er gen. eint. av mannsnamnet Bjørn, no Bjørn. Formelt sett kan bjørn m. 'bjørn' ligge til grunn. Andrelekken er gno -setr n. 'bustad'."

**5.79.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er ei samansetjing med –set i fellesleddet, og daterer seg slik til Vikingtida 800 - 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.79.8. Skriftnormering:** Kontroversen i skrivemåten av dette namnet har vore om fuge-suffixet skal vere e eller a. Skriftformene held seg stort sett til e, medan uttalen viser a.

**5.79.9. Mi vurdering:** Dersom ein var sikker på at mannsnamnet Bjørn låg til grunn for namnet, burde det ha vore skrive Bjørnaset. Her kan det godt vere eit dyrenamn, og uttalen viser også at namnet kan skrivast: **Bjønnaset**.

## 5.79.10. Gotene (bnr 2 og 7 under gnr 86)

**5.79.11. Skriftformer** i kjeldene: *Gotte Matr1647; Gotten TB1664, 1667 og 1714; Gaatten 1723; Gaate, Gaaten Kb1700-1750; Gaaten, Gaatte, Gatten (1766), Gotte (1772), Gaate (1781), Gaat (1785), Goten (1794) Kb1750-1800.*

**5.79.13. Matrikkskyld:** Bruka hadde ei skyld på 1 mark 80 øre og 1 mark 83 øre.

**5.79.19. Mi vurdering:** Skriftformene viser at bruka har vore rekna som eigen gard tidlegare, men no er plassebruk under Bjønnaset. Lokalt vert dette namnet uttala i fleirtal: **Gotene**.

## 5.80. Botn (gnr 87 og 88)

**5.80.1. Skriftformer** i kjeldene: *Bottenn 1603; Botenn 1606; Bodtnen 1617; Follesuig Botten Jb1626; Botten Matr1647 og TB1664; Botten, Lillebotten 1667; Botnen, Lille Botnen 1723; Botnen, Botne, Lillebotnen Kb1700-1750; Baatten, Lille Botten E-sk1762; Botnen, Lillebotnen, Botne, Lilebotnen (1757), Lillebottnen (1757), Lillebotn, Follisvigbotn, Følsvigsbotnen, Følsvigbotn Kb1750-1800; Botten, Lillebotten Ft1801; Storebotn, Lillebotn Matr1838; Store Botn, Store Botten, Storebotten, Lillebotn, Lillebotten, Lille Bottn, Lille Botten, Store Bothne (1847) Kb1800-1850; Storebotn, Lillebotn Ft1865 og Ft1875; Storebotnen, Lillebotnen Matr1886; Storebotten, Lillebotten, Lillebøtn (1865), Store Botn, Storebotn, Lillebotn, Store-Botn Kb1850-1900; Storebotnen, Lillebotnen, Botnen Ft1900; Storebotnen, Lillebotnen NG1908; Storebotn, Lillebotn Ft1910 og Kb1900-1932; Storebotnen, Lillebotn Matr1950. Slektsnamn: Botn, Botnen, Lillebotn.*

**5.80.2. Avleidde namn** i området: Botnavika, Botnabugen.

**5.80.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var berre 18 mk fisk (4,6 kg) for Lisjebotnen, 2 pd 6 mk (13,9 kg) for Storebotnen. Begge gardane var halve øydegardar 1667. I 1886 var skylda høvesvis 1 mark 5 øre og 4 mark 21 øre. Begge gardane har vore einbølte og sætra på Innaforstøylen i Brundalen.

**5.80.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei gravrøys og noko lausfunn i Storebotnen.

**5.80.5. Dokumenterte uttaleformer:** "liHlebÅttniNN, "stOrebÅttniNN NG1908

**5.80.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Ligger ligesom den flg. Gaard ved Bunden af en større Vik."

Oddvar Nes: " Garden ligg ved botnen av ei større vik. Store- er tillagt for å skilje namnet frå Lisjebotnen."

**5.80.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt 1603, og namnet er då nemnt i bestemt form. Jordfunna kan derimot indikere at garden er noko eldre. (Sandnes 1997: 35).

**5.80.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige. Rygh sin dokumenterte uttale viser at Lisje- her vart uttala med "haHle"-lyd, ein særmerkt lyd i dei sunnmørske dialektane.

**5.80.9. Mi vurdering:** Gardsnamna er i bestemt form: **Lisjebotnen** og **Storebotnen**.

## 5.81. Fylsvik (gnr 89)

**5.81.1. Skriftformer** i kjeldene: *Følliswigh, Fylluixwig 1520; Følsuiken 1540; Følleswig 1603; Føllisuig 1606; Foellesvig 1617; Follisuig Jb1626; Føllisuig Matr1647; Føllesvig TB1664, 1667 og 1723; Føelsvig, Følsvig Kb1700-1750; Follesiig E-sk1762; Folsviig, Follesviig, Folsvig, Folsviig, Følsvig, Følsviig, Follesviig, Follesvig, Følsvigen, Føllesvig, Føllsvig, Føllsvig, Føllsvig, Føllsvig Kb1750-1800; Follesvig Ft1801; Foldsvik Matr1838; Følsvig, Folsvig Kb1800-1850; Følsvik Ft1865 og Ft1875; Fylsvik, Foldsvik, Følsvik Matr1886; Følsvig, Folsvig Kb1850-1900; Fylsvik Ft1900 og NG1908; Følsvik, Fylsvik Ft1910 og Kb1900-1932; Fylsvik Matr1950. Slektsnamn: Følsvik, Fylsvik, Følsvik.*

**5.81.2. Avleidde namn** i området: Fylsviksætra

**5.81.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (37 kg) og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 44 øre. Garden var tidleg delt i tre bruk, seinare var det sju bruk her. Garden sætra på Innaforstøylen i Brundalen.

**5.81.4. Arkeologiske funn:** Det er funne fleire gravhaugar og ein del lausfunn på garden.

**5.81.5. Dokumenterte uttaleformer:** Følliswigh, Fylluixwig 1520; Følsuiken 1540; Fylsvik IAa1840; fylsvika NG1908;

**5.81.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formod. af Fyl, et Føl."

"[Sophus Bugge] anser heller Fyls- for en Afslidning af Fylings-. Derfor kunde vel Skriftformen Fylluix-tale. Navnet kunde formodes at have tilhørt Kilspollen."

Oluf Rygh: "Ligger nær Kilspollen, der ved en Strøm (se GN. 97) staar i Forbindelse med Voldenfjorden. Af de ældre Former kan sluttes, at 1ste Led har været et Tostavelsesord. Jeg antager det for muligt, at det kan være Gen. af opr. \*Fylir, som i Betydning kunde falde sammen med Fylingr, som findes brugt som Navn dels paa Bugter, dels paa Indsøer, og som vel hænger sammen med Elvenavnstammen Fol-."

Oddvar Nes: "Namnet kan vel heller tolkast som ei samansetning med /fyl:/ n. 'hesteføl' i gen. eint. Dersom dette er rett har garden opphavelig vore ein hamnehage."

**5.81.7. Tidfesting:** Garden er nemnt 1520, og er slik mellom dei gardane som ein meiner eksisterte før Svartedauden. Gardsnamnet er i ubestemt form i mange kjelder, men det er eit samansett namn med eit utmerkingsledd som fortel om gardsdrift, og er nok slik ikkje av dei aller eldste (Sandnes 1997: 34).

**5.81.8. Skriftnormering:** At ein har vore usikre på tydinga av namnet kjem fram gjennom dei ulike skrifformene.

**5.81.9. Mi vurdering:** Legg ein tolkinga om hesteføl til grunn, bør gardsnamnet skrivast **Fylsvika**.

#### **5.81.10. Brauta (bnr 3 under gnr 89)**

**5.81.11. Skriftdokumenter i kjeldene:** Brauten, Brauthen Kb1700-1750; Brauten Kb1750-1800; Braute Kb1800-1850; Brauten Matr1886 og Ft1910.

**5.81.12. Avleidde namn** i området: Brautabugen.

**5.81.13. Matrikkelskyld:** Bruket har ei skyld på 1 mark 69 øre.

**5.81.19. Mi vurdering:** Skriftdokumentene viser at bruket har vore rekna som eigen gard tidlegare, men no er bruk under Fylsvika. Namnet bør skrivast: **Brauta**.

#### **5.81.20. Straumshamn (bnr 3 under gnr 89)**

**5.81.21. Skriftdokumenter i kjeldene:** Strømshavn Matr1838, Kb1800-1850; Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900 og Ft1900; Straumshavn Ft1910 og Straumshamn, Straumshavn Kb1900-1932.

**5.81.22. Avleidde namn** i området: Straumsheim.

**5.81.23. Matrikkelskyld:** Bruket har ei skyld på 68 øre.

**5.81.29. Mi vurdering:** Namnet er eit nyare bruksnamn, som viser til at bruket ligg nær Kilsstraumen i Fylsvika. Namnet bør skrivast: **Straumshamn**.

## 5.82. Søvik (gnr 90)

**5.82.1. Skriftformer** i kjeldene: *Sjøvig 1616; Søeuigen Jb1626; Søuig Matr1647; SiøVig TB1664; Søevig 1667; Soevig 1723; Søevig Kb1700-1750; Sæviigen E-sk1762; Søevig, Søvig, Sødvig (1757), Søevig (1794) Kb1750-1800; Søevig Ft1801; Søvik Matr1838; Søvig, Søevig Kb1800-1850; Søvik Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Søvig, Søevig, Søvik (1874), Sydvik (1895) Kb1850-1900; Søvik Ft1900, NG1908 og Ft1910; Søvik, Sydvik (1901), Sorvik (1904) Kb1900-1932; Søvik Matr1950. Sleksnamn: Søvik*

**5.82.2. Avleidde namn** i området: Syvikskrida, Syvikdal, Syvikbakkane, Syviktripet, Syvikledet

**5.82.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 44 øre. Garden vart delt i to jamstore deler på 1800-talet, seinare var det tre bruk på garden. Garden sætra på Innaforstøylen i Brundalen.

**5.82.5. Dokumenterte uttaleformer:** sy'vIKa NG1908

**5.82.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Mod at antage, at 1ste Led her er sjór m., Sø, kunde tale, at dette Ord etter Aasen kun i Helgeland nu ud-tales Sy."

Per Årviknes: "Det kan vere truleg at namnet kan vere frå sidvika, mindre truleg at det har noko med sjø å gjere."

Oddvar Nes: "Namnet tyder truleg ikkje anna enn 'Sørvika'. Førstelekken er då sud /s`y:d/ 'sør', med vanleg d-bortfall framfor v."

**5.82.7. Tidfesting:** Garden er første gang nemnt i 1616, og namnet er i bestemt form i 1626. Det er neppe særleg gammalt, truleg ikkje særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.82.8. Skriftnormering:** Dei eldste skriftformene viser klart at opphavet nok har vore sjø, og ikkje himmelretninga.

**5.82.9. Mi vurdering:** Her er eg usamd med Oddvar Nes. Namnet har nok kome av at Kilspollen er saltvatn og ikkje ferskvatn. Rett skriveform burde då vere **Søvika**.

## 5.83. Bjørkedal (gnr 91 og 95)

**5.83.1. Skriftformer** i kjeldene: *i Biorkudale 1338; i sydra Biorkudall 1367; i sydræ Biorkvdale 1379; i sydra Biorkodaal 1425; Bekerdall 1520; Nørbierkedall, Bierckedall 1603; Nørbierckedall, Bierckedall 1606; Bierckedall 1617; Nørre og Søere Bierckedall Jb1626; Nør og Sør Bierchedall Matr1647; Nørr Birkedale, Søre Birkedal TB1664; Nøre Birchedal, Søre Birkedal 1667; Nore Bierchedall, Søre Birchedall 1723; Biørchedal, Birchedal, Nørre Birchedal, Birchedahl, Nøre Birchedahl, Birchedale Kb1700-1750; Nøre og Søre Bierchedal E-sk1762; Birchedal, Søre Birchedal (1751), Berchedahl, Biørchedal (1756), Bierhdal (1757), Bierchedal (1757), Nøre Bierchedahl (1758), Berkedal (1767), Birkedal (1768), Bierkedal (1768), Nøre Birkedal (1770), SøreBirchedal (1778), Bierkedahl (1779), Birkdal (1789) Kb1750-1800; Nore og Søre Birkedal Ft1801; Birkedal nordre og Søndre Matr1838; Nørr/Nørr og Søre/Søndre Birkedal, Søre Birchedal, Birkedal, Nøre Birkedal, Nørre og Søre Bierkedal, Bjerkedal (1816), Nøre og Søre Bjerkedal (1818), Sørebirkedal (1820), Nordre Bierkedal (1823), Nøre Bjørkedal (1840), Søndre Berkedahl, Berkedalen, Berkedalen Kb1800-1850; Nordre og Søndre Birkedal Ft1865; Nordrebirkedal, Søndrebirkedal Ft1875; Bjørkedal nordre og søndre, Birkedal Matr1886; Bjerkedal, Berkedal, Nordre og Søndre Birkedal, Nørr og Søre Birkedal, Nore og Søre Bjerkedal, Nørre- og Søre-Birkedal, Nørebirkedal, Sørebirkedal, Birkedal nørre og søre, Bjørkedal (1897), Bjerkedalen, Bjørkedal nøre og søre (1897) Kb1850-1900; Bjørkedal, Bjørkedal nordre og søndre Ft1900; Bjørkedal nordre og søndre NG1908; Bjørkedal nordre/nørdre og søndre,*

*Bjørkedals nørdre Ft1910; Bjørkedal, Bjørkedal nordre og søre, Bjørkedalen, Nøre- og Søre-Bjørkedal Kb1900-1932; Bjørkedal nordre og søndre Matr1950.* **Slektsnamn:** **Bjørkedal**

### **5.83.2. Avleidde namn** i området: Ottasdalsdalen, Nørdalen, Sørdalsholmen, Bjørkedalsvatnet

Bjørkedalen er nok eitt av dei eldste bygdelaga i Volda, og Bjørkedals-gardane er dei eldste i dette området. Også Helset og Løset har røter tilbake i eldre tid, medan Eidsefot er ein nyare gard, sjølv om Øggards-namnet viser at han nok vart grunnlagt før Svartedauden.

**5.83.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 4 våger 1 pd 12 mk fisk (83,3 kg) både for Nøre og Søre Bjørkedalen, og begge gardane var heilgardar 1667. I 1886 var skylda høvesvis 33 mark 20 øre og 32 mark 76 øre. Begge gardane var opphavelig delt i fire bruk, seinare var det 12 bruk i Nøre og 16 bruk i Søre Bjørkedalen. Nøre Bjørkedalen sætra i Ottasdalsdalen, medan Søre Bjørkedalen sætra i Laurdalen.

**5.83.4. Arkeologiske funn:** Det er funne fleire gravhaugar og ein god del lausfunn på garden. På Nøre Bjørkedalen vart det funne ei kvinnegrav.

**5.83.5. Dokumenterte uttaleformer:** i Biorkudale 1338; i sydra Biorkudall 1367; i sydræ Biorkvdale 1379; i sydra Biorkodaal 1425; Bekerdall 1520; bjørke'daliNN NG1908

**5.83.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Bjørkudalr, af Elvenavnet Bjarka (NE. S. 15). Gaardene ligger hver paa sin Side af Børkedalsvandet i en i Kilspollen udmundende Elvedal."

Gustav Indrebø tolkar namnet som 'den lyse, klare, blanke'.

Per Årviknes: "Trulegast har namnet samanheng med gn bjør, som ein kjenner i fleire former som Bjør(lad) eller Bjørg (jamf. Bjørgene). Bjørgene stengde som ein vegg for samferdsla i eldre tid."

Oddvar Nes: "Gno. Bjørkudalr. Førstelekken er gen. eint av \*Bjarka f., opphavelig namn anten på Bjørkedalsvatnet eller elva som renn frå vatnet og ut i Kilspollen. (...) Var \*Bjarka i Volda namn på elva som munnar ut i Kilspollen, så skulle eg tru det ikkje er bjørkeskog namnet siktat til, då Bjørkedalen har minst like mykje barskog. Derimot er det skjønleg at elva kan ha vorte kalla 'den lyse, klare', for ho er grunn og renn småfossande over steingrunnen. Det er òg mogleg at det store Bjørkedalsvatnet har vore kalla \*Bjarka f. (...) Alt i alt tykkjer eg nok det er rimelegast å sjå på \*Bjarka som eit innsjønamn."

**5.83.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett, men både skylda og storleiken på gardane her - og det at det finst tidlege Mellomalder-former av namnet - viser nok at desse gardane kan reknast mellom dei eldste, truleg heilt i starten av vår tidsrekning (Sandnes 1997: 34).

**5.83.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige, men gjev ikkje noko klart svar på opphavet til gardsnamnet.

**5.83.9. Mi vurdering:** Kartverket har insistert på å bruke nemningane nordre og søre om himmelretningane på dei to gardane, som ligg på kvar si side av Bjørkedalsvatnet.

Dialektforma nøre er godt belagt i kjeldene; og sjølv om garden er gammal, så er det også belegg både i munnlege og skriftlege kjelder for bestemt form av gardsnamnet. I daglegtale er også namna **Ottasdalen** brukt om nøre, og **Sørdalen** brukt om søre Bjørkedalen.

Matrikkelnamna bør skrivast **Nøre** og **Søre Bjørkedalen**.

## **5.84. Helset (gnr 92)**

**5.84.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hellesetter 1603 og 1606; Hellesett 1617; Hellesæter Jb1626; Hellesett Matr1647; Hælðæther TB1664; Hellesæt 1667; Hellesett 1723; Helset Kb1700-1750;*

*Helleset E-sk1762; Helset, Helsæd, Helsæt, Helsæth, Helsæthe (1767) Kb1750-1800; Helsæt Ft1801; Helbæt, Hellebæt Matr1838; Helset, Helsæth, Helseth, Helsæt Kb1800-1850; Helseth Ft1865; Helsæth Ft1875; Helset Matr1886; Helseth, Helsæt, Helset Kb1850-1900; Helset Ft1900, NG1908 og Ft1910; Helsæt, Helset Kb1900-1932; Helset Matr1950. Sleksnamn: Helset, Helseth, Helsæt*

**5.84.2. Avleidde namn** i området: Helsetnakken.

**5.84.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger fisk (55,6 kg) og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 21 mark 5 øre. Garden vart tidleg delt i tre bruk, seinare var det 7 bruk på garden. Garden sætra saman med Nøre Bjørkedalen i Ottadalsdalen.

**5.84.5. Dokumenterte uttaleformer:** Helsæt IAa1840; "hællsæt NG1908

**5.84.6. Tydingar:** Ivar Aasen: <Formodentlig samme Oprindelse som er antydet ved Hellebost eller ved Helseim.>

Oluf Rygh: "Naar man ikke har ældre Former af Navnet end de foreiggende, kan det ikke med Sikkerhed forklares, især da man her ikke har den Veiledning i Udt., som denne giver, hvor opr. Ig nu udtales med "tykt" l. Det kan være sms. med et af Mandsnavnene Herlaugr, Herleifr eller Herleikr, men kunde ogsaa være \*Helgasetr, enten af Mandsnavnet Helgi eller Adj. heilagr (i Bøining og Afledning ofte helg-), eller \*Helgusetr, af Kvindenavnet Helga. Endnu flere Forklaringer er ogsaa mulige."

Eivind Vågslid: "Fyrste lekk i dette namnet kan alle stadir vera m. Helge. Men det mun òg sume stadir kunne hava ein anna førelekk, som i einskilde høve kan vere halvemål for dyrenamnet elg, av di namnet finst innan dei strok av landet der det nu er mest elg."

Oddvar Nes: "Eg trur helst mannsnamnet Helgi ligg føre."

**5.84.7. Tidfesting:** Garden er ei samansetjing med –set i fellesleddet, noko som plasserer garden tidsmessig i Vikingtida 800 – 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.84.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del, noko som nok er eit utslag av at ein er usikker på opphavet.

**5.84.9. Mi vurdering:** Diskusjonen om tyding er interessant, og ikkje lett å konkludere i. Rett skriveform bør uansett vere **Helset**.

## 5.85. Løset (gnr 93)

**5.85.1. Skriftformer** i kjeldene: *Løffsetter 1603 og 1606; Løesett 1617; Løessætter Jb1626; Løesetter Matr1647; Lødeßæther TB1664; Løeset 1667; Løesett 1723; Løset, Løeset Kb1700-1750; Løeset E-sk1762; Løset, Løeset, Løestet (1750), Løsæt, Løsæth, Løseth, Løeseth, Lødseth (1778), Løesæt Kb1750-1800; Løset Ft1801; Løeßæt Matr1838; Løsæt, Løeseth, Løset, Løseth, Løeset, Løesæth Kb1800-1850; Løseth, Løsæth Ft1865; Løsæth Ft1875; Løset Matr1886; Løeseth, Løsæt, Løset, Løseth, Løsæth, Løsæt Kb1850-1900; Løset Ft1900, NG1908 og Ft1910; Løsæt, Løset Kb1900-1932; Løset Matr1950. Sleksnamn: Løset, Løseth*

**5.85.2. Avleidde namn** i området: Løsetkoppen, Løsetvika, Løsetnakken, Løsetholmane

**5.85.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (37 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 80 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det 5 bruk på garden. Garden sætra i Langedalen.

**5.85.5. Dokumenterte uttaleformer:** Løsæt IAa1840; "løsæt NG1908

**5.85.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Mærk Dialektens løde (forkortet lø') sammenlægge, opstable (isl hlada). Løde (isl. Hlada) en Lade, Høhuus - Isl. Læda, en Skygge"

Oddvar Nes: "Gno \*Løðusestr, samansett med gno (h)laða, f. 'løe' og -setr 'bustad, bøle'."

**5.85.7. Tidfesting:** Garden er ei samansetjing med –set i fellesleddet, noko som plasserer garden tidmessig i Vikingtida 800 – 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.85.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del, men støtter i stor grad om at opphavet anten er løde eller verbet å løde, oppstable.

**5.85.9. Mi vurdering:** Ivar Aasen si tolking med verbet å løde, oppstable, er interessant – Bjørkedalen er jo ei bygd med rike båtbyggjartradisjonar og har heilt sikkert hatt behov for fleire lødestader for skog. Uansett tolking vil skrivemåten vere den same: **Løset**.

## 5.86. Eidseflot (gnr 94)

**5.86.1. Skriftformer** i kjeldene: *Seflott 1603; Esseflot 1606 og 1616; Eydzefloett 1617; Eeseflot Jb1626; Hesseflogg Matr1647; Eisβæflothe TB1664; Eidzeflaat 1667; Hesseflot 1714; Eidseflaatt 1723; Eiseflog, Eiseflore Kb1700-1750; Eidseflog E-sk1762; Eiseflog, Eiseflore, Eidseflog, Eidseflogget, Eidseflaate, Eydseflaate (1794) Kb1750-1800; Eidseflog Ft1801; Eidseflaat Matr1838; Eidseflogt, Eidseflog (1813), Eydseflog (1825), Eydseflogt, Eydeseflogt (1835), Eidseflogh (1841) Kb1800-1850; Eidseflogt Ft1865; Eidseflogh Ft1875; Eiseflog, Ødegården, Eidseflog Matr1886; Eidseflogh, Eiseflog, Eidseflog Kb1850-1900; Eidseflog Ft1900; Eiseflog NG1908; Eidseflog Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Sleksnamn: Eidseflog*

**5.86.2. Avleidde namn** i området: Øggardsaksla, Eidsdalane, Øggardsbrua, Øggardsosen, Øggardsfossen, Øggardshola, Øggardskastet, Øggardsstranda, Øggardsmarka, Synste Øggardsfossen, Øggardssaga, Øggardsvadet

**5.86.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 12 mk fisk (15,4 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 87 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra saman med Søre Bjørkedalen i Laurdalen.

**5.86.5. Dokumenterte uttaleformer:** øggariNN NG1908; /'øg:a:r/ St.ark1976

**5.86.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Ligger ved en Sideelvs Udløb i Bjørkedalsvandet. Sidste Led er fløt f., Flade, flad Strækning (Indl. S. 50), 1ste Led et af Elvenavnene Eisa eller Eiðsa, snarest det sidste, da Elven kommer ned langs en Overgang til Nordfjordeidet. Eiðsa er afledet af eið n., Eid (NE. s. 37 f.)."

Oddvar Nes: "Daglegnamnet siktat til at garden i stuttare eller lengre tid har lege øyde og ikkje betalt skatt. Garden ligg ved utlaupet av Øggardselva. Førstelekken er eit gammalt namn på elva, \*Eiðsa, ei avleiing til gno eið 'eid' med etterfestet -sa. Andrelekken er gno fløt f. 'flate', flat strekkje'. Gno form for gardsnamnet ville vere \*Eiðsufløt."

**5.86.7. Tidfesting:** Her er nok eit døme på at ein gard har eitt matrikkelnamn og eit daglegnamn i bruk. Øggardsnamnet viser at garden nok har lege øyde ei tid etter Svartedauden, medan matrikkelnamnet viser tilknyting til elva. Fellesleddet i matrikkelnamnet er i ubestemt form, men storleiken på garden tilseier ikkje at den er særskilt gamal. Om den kom til før Svartedauden, var han neppe særleg lenge i drift då (Sandnes 1997: 36).

**5.86.8. Skriftnormering:** Skriftformene, og særleg dei eldste varierer svært mykje, noko som nok viser at namnet har vore vanskeleg å tolke.

**5.86.9. Mi vurdering:** Her vil det vere naturleg å bruke begge namna som namn på garden: **Øggarden – Eidseflot.**

## 5.87. Kile (gnr 96)

**5.87.1. Skriftformer** i kjeldene: *i Kili 1379; i Kili 1425; Kyll, Kiill 1520; Killenn, Kielle 1603; Kille 1606; Kiile 1617; Kielle Jb1626; Kille Matr1647; Kyle TB1664; Kile 1667; Kiile 1723; Kile, Kille, Kile Kb1700-1750; Kiile E-sk1762; Kile, Kiile Kb1750-1800; Kile Ft1801 og Matr1838; Kile, Kiile, Kielhe (1825), Kihle (1828), Kilen (1841) Kb1800-1850; Kile Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Kile, Kilen, Kiile (1862) Kb1850-1900; Kile Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Sleksnamn: Kile, Kihle*

**5.87.2. Avleidde namn** i området: Øvre kilet, Kilspollen, Kilsfjorden (bygdenamn)

Gardsnamnet har gjeve namn til bygdelaget. Både Kile, Fylsvika, Straume, Årvika og Mek var i drift 1520, noko som viser at gardane her er gamle, og at den gamle ferdssvegen over Stigedalen har kome i bruk tidleg. Botna-gardane og Søvika er gardar frå nyare tid.

**5.87.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var heile 5 våger 4,5 mk fisk (93,8 kg) og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 22 mark 12 øre. Garden var opphavelig delt i fire bruk, seinare var det 13 bruk her.

**5.87.4. Arkeologiske funn:** Det stod ein gammal steinkross på garden, og det er også funne både gravrøyser og lausfunn her.

**5.87.5. Dokumenterte uttaleformer:** *i Kili (dativ) 1379; i Kili (dativ) 1425; Kyll, Kiill 1520; Kile IAa1840; "Kile (genitiv Kils) NG1908.*

**5.87.6. Tydingar:** Ivar Aasen (seinare overstoke): "<Efter nuværende Sprogbrug betyder Ordet en smal (d.e. uligesidet) Trekant; men det kommer an paa, hvor gammelt dette Ord er her til lands. Mærk elles det isl. Kýl(l), en Bæk.>"

Oluf Rygh: "Kill m., smal, dybt indtrængende Vik (Indl. S. 60). Ved Kilen maa her enten forstaaes hele Kilspollen eller den underste Vik af denne, ved hvilken Gaarden ligger. Nutidsformen er udgaaet fra Dat."

Per Årviknes: "Kringom er trøgt mellom fjella. Det gjev høve til namnet."

Oddvar Nes: "Gno \*Kill m. 'trøgt, smal, djupt inntrengende vik' er eit beinklyvt namn. 'Kilen' er Kilspollen. Forma i dag er gno dativ eint. Kíli 'ved kilen'."

**5.87.7. Tidfesting:** Namnet er gammalt, det viser dei eldste kjeldene. Slik namnet framstår i dag er det stivna dativ, men truleg kan ein rekne det tilbake til dei eldste, usamansette gardsnamna (Sandnes 1997: 34).

**5.87.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del, men er stort sett samstemte når det gjeld tydinga av namnet.

**5.87.9. Mi vurdering:** Kile er eitt av dei eldste gardsnamna vi kjenner i Volda, og er ei stivna dativ-form. Mellom dei avleidde namna finn ein Øvre kilet, som viser korleis namnet hadde vore om det ikkje var stivna dativ. Rett form i dag er **Kile**.

## 5.87.10. Mjeltevika (bnr 6 og 12 under gnr 96)

**5.87.11. Skriftformer** i kjeldene: *Mjeltevik Ft1875 og Matr1886; Meltevig (1850), Mjeltevig (1859), Mjeltevik (1877), Melkevik (1893) Kb1850-1900; Mjeltevik Ft1900 og Ft1910; Mjeltevik, Melkevik (1901), Mjellevik (1922) Kb1900-1932. Sleksnamn: Mjeltevik*

**5.87.12. Avleidde namn** i området: Mjeltefjellelva

**5.87.13. Matrikkskyld:** Plassebruka har i dag ei skyld på 58 øre og 1 mark 16 øre.

**5.87.16. Tydingar:** Oddvar Nes: "Førstelekken er mjelte m. 'mjølking', og fortel at staden har vore mjølkeplass tidlegare."

**5.87.19. Mi vurdering:** Dette nyare bruksnamnet fortel om tidlegare sætredrift, og har eit dialektord for mjølking som utmerkingsledd. Skrivemåten bør vere i bestemt form:  
**Mjeltevika.**

## 5.88. Straume (gnr 97)

**5.88.1. Skriftformer** i kjeldene: *Strøm 1520; Straum 1540; Strømme 1603, 1606, 1617 og Jb1626; Strømme Matr1647 og TB1664; Strømme 1667 og 1723; Strøme, Strømme, Strøm (1746) Kb1700-1750; Strømme E-sk1762; Strømme, Strøme, Strøm Kb1750-1800; Strømme Ft1801; Strøme Matr1838; Strømme, Strøme Kb1800-1850; Strømme Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900 og NG1908; Straume Ft1910; Straume, Strømme, Strømmen (1905) Kb1900-1932; Straume Matr1950.*  
**Sleksnamn:** **Straume, Strømme.**

**5.88.2. Avleidde namn** i området: Straumshaugen, Straumsheim.

**5.88.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd 12 mk fisk (46,3 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 10 mark 45 øre. Garden var tidleg delt i to bruk, seinare var det 7 bruk her. Garden sætra på Straumssætra saman med Årvik-gardane.

**5.88.4. Arkeologiske funn:** Det er ein gravhaug på garden, og det er også gjort fleire lausfunn.

**5.88.5. Dokumenterte uttaleformer:** Strøm 1520; Straum 1540; Straume IAa1851; "straume NG1908

**5.88.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Straumr m., Strøm. Gaarden ligger ved den Strøm, som forbinder Kilspollen med Fjorden."

Oddvar Nes: "Gnr \*Straumr m. 'straum' i dativ eint. \*Straumi, som ligg til grunn for uttalen i dag. Garden har namn etter den sterke Kilsstraumen."

**5.88.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i dag i dativ, og namnet kan slik vere svært gammalt. Det er eit naturnamn, som fortel korleis garden ligg til, og kan truleg reknast mellom dei eldste, usamansette gardsnamna (Sandnes 1997: 34).

**5.88.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige.

**5.88.9. Mi vurdering:** Namnet er i dag i dativ og bør skrivast: **Straume.**

## 5.88.10. Straumsreiten (bnr 4 under gnr 97)

**5.88.11. Skriftformer** i kjeldene: *Strømsreiten Matr1886 og Ft1900; Straumsreiten Ft1910.*

**Sleksnamn:** **Reiten**

**5.88.13. Matrikkskyld:** Bruket har ei skyld på 66 øre.

**5.88.19. Mi vurdering:** Dette nyare bruksnamnet fortel om korleis garden ligg til. Skrivemåten bør vere i bestemt form: **Straumsreiten.**

## 5.88.20. Årøyane (bnr 5 under gnr 97)

**5.88.21. Skriftformer** i kjeldene: *Aarøen Ft1875; Aarøgarne Ft1900; Aarøiane Ft1910.*

**5.89.22. Avleidde namn** i området: Årøyleitet, Årøyhaugen.

**5.88.23. Matrikkel skyld:** Plassen har ei skyld på 26 øre.

**5.88.29. Mi vurdering:** Plassen ligg ovanfor garden Årvika, og utmerkingsleddet er nok det same som for den garden. Skrivemåten bør vere i bestemt form fleirtal: **Årøyane**.

## 5.89. Aarvik (gnr 98)

**5.89.1. Skriftformer** i kjeldene: *Orwigh 1520; Aarvigen 1617; Aaruigen Jb1626; Aaruig Matr1647; AarVig TB1664; Aarvig 1667; Aarevig 1723; Aarviig E-sk1762; Aarvig, Aareviig (1795) Kb1750-1800; Aarvig Ft1801; Aarvik Matr1838; Aarvig, Aarevig Kb1800-1850; Aarvik Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Aarvik, Orvig, Aarvig Kb1850-1900; Aarvik Ft1900, NG1908 og Ft1910; Aarvik, Aavik!! (1901) Kb1900-1932; Aarvik Matr1950. Sleksnamn: Aarvik, Årvik.*

**5.89.2. Avleidde namn** i området: Årviksøen, Årvikhaugen.

**5.89.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd fisk (12,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 76 øre. Garden var delt i to bruk på 1800-talet, og sætra på Straumssætra saman med garden Straume.

**5.89.4. Arkeologiske funn:** Det er funne lausfunn på garden.

**5.89.5. Dokumenterte uttaleformer:** Orwigh 1520; år'vIKa NG1908

**5.89.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Da der løber ud en Bæk i Viken, kan nok 1ste Led være år, Gen. af á f., Aa. Men det er maa ske ligesaa rimeligt, at det er Trænavnet qlr eller en Afledning deraf."

Oddvar Nes: "Opphavet er ulike: Det kan vere eit \*Árvík, med ár, gen eint av á 'elv' i førstelekken, eller det kan vere \*Alrarvík, med alrar, gen eint av qlr 'older'. I vårt tilfelle er det sikkert eit gammalt \*Alrarvík."

**5.89.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er samansett av to naturnamn. Garden er nemnt 1520, noko som gjer det sannsynleg at han har eksistert før Svartedauden, men han er neppe særleg mykje eldre enn det, truleg frå perioden etter Vikingtida (Sandnes 1997: 34).

**5.89.8. Skriftnormering:** Nokre av dei eldste skriftformene viser namnet i bestemt form.

**5.89.9. Mi vurdering:** Namnet bør skrivast: **Årvika**.

## 5.89.10. Aarviknes (bnr 2 under gnr 98)

**5.89.11. Skriftformer** i kjeldene: *Aarviknæs Matr1838; Aarvignes (1812), Aashammer (1813), Aarviignæs (1819), Aarvignæs (1843) Kb1800-1850; Aarviknes Ft1865 og Ft1875; Aarviknes, Aashammeren Matr1886; Aashammer, Aarvignæs, Aarviknes, Aarviknæs, Årviknes (1894) Kb1850-1900; Aarviknes, Aashammeren Ft1900; Aarviknes NG1908; Aarviknæs Ft1910; Aarviknes Kb1900-1932 og Matr1950. Sleksnamn: Aarviknes, Årviknes.*

**5.89.13. Matrikkel skyld:** Bruket har ei skyld på 2 mark 26 øre.

**5.89.15. Dokumenterte uttaleformer:** "åshambriNN NG1908

**5.89.16. Tydingar:** Oddvar Nes: "Daglegnamnet siktat til lægjet åt garden."

**5.89.19. Mi vurdering:** Plassen her har to namn, og begge namna bør vere med: **Årvikneset - Åshammaren**.

## 5.90. Meek (gnr 99 og 100)

**5.90.1. Skriftformer** i kjeldene: *af Midwika 1430; Meke 1530; Medick 1603; Mieck 1606; Miick 1616; Mæk 1617; Meeg, Lille Meeg Jb1626; Mech; Lille Mech Matr1647; Store og Lilde Medk TB1664; Store og Lille Meek 1667; Store og Lille Mech 1723; Mech, Meck Kb1700-1750; Store og Lille-Mech E-sk1762; Mech, Meek (1765), Store Meek (1764), Lille-Mech (1769, Meech, Meegh (1800) Kb1750-1800; Store og Lille Meegh Ft1801; Mæk Store og lille Matr1838; StoreMeek, LilleMeek, Meek, Store og Lille Meek, Mech, Lille Mech, Meech (1815), Meeg (1821), Store og Lille Meech (1825), Lillemeeek (1841), Meck (1844), Lille Meck (1844) Kb1800-1850; Storemek, Lillemek Ft1865 og Ft1875; Mek store og lille Matr1886; Meek, Store og Lille Meek, Storemek (1855), Mek (1855), Store- og Lille-Mek (1866), Meek store og lille Kb1850-1900; Store- og Lille-Mek, Mek-lille Ft1900; Mek store og lille NG1908 og Ft1910; Meek, Mek Kb1900-1932; Meek store og lille Matr1950. Sleksnamn: Mek, Meek*

**5.90.2. Avleidde namn** i området: Mekenakken, Meksætra, Mekneset, Mekurene, Mekosen, Mekelva, Mekestranda, Mekstranda, Instemekneset.

**5.90.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg) på Store-Mek og 2 pd 12 mk (15,4 kg) på Lisje-Mek, den første var øydegard og den andre halv øydegard i 1667. I 1886 var skylda høvesvis 6 mark 70 øre og 2 mark 96 øre. Store-Mek vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det fire bruk her. Lisje-Mek vart delt i to bruk på 1800-talet. Gardane hadde eiga sæter.

**5.90.4. Arkeologiske funn:** Det er funne lausfunn på garden.

**5.90.5. Dokumenterte uttaleformer:** *af Midwika 1430; Meke 1530; Mék IAa1840; mE:k NG1908*

**5.90.6. Tydingar:** Ivar Aasen (seinare overstoke): "<Maaske Mid-ok, Midbakken. Man sammenligne Ordet Mékdag d. e. (Midvæke-dag, = Onsdag) hvor en Sammentrækning med Ordet mid (el. médal) finder Sted.> Midvik"

Oluf Rygh: "Miðvíkar, Flt. af Miðvík, den midtre Vik."

Oddvar Nes: "Årsaka til at garden ber namnet 'Midvik' er nok at han ligg mellom Årvik (eller Straume) og Krumsvik. Notidsforma er sterkt samandregen."

**5.90.7. Tidfesting:** Den tidlege assimileringa i dette namnet, viser at den er gammal. Det vert også støtta av at ein kjenner garden frå Mellomalderkjelder. Gardsnamnet er i dag ei stivna dativ-form. Namnet kan truleg reknast mellom dei eldste gardsnamna (Sandnes 1997: 34).

**5.90.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg samstemte, og viser lang e i namnet.

**5.90.9. Mi vurdering:** Her har vi altså ei tidleg samandraging av eit gardsnamn som opphaveleg skal ha vore \*Midvik; altså vika i midten. Det at ein har to Mek-gardar gjer dette namnet litt spesielt, er det begge vikane (både store og lisje) som ligg i midten – og kan det vere rett at ei vik såpass langt vekk som Årvika (eller Straume) har gjort at denne garden har fått namnet \*Midvik? Spørsmåla er interessante, men eg har ikkje funne anna tyding enn den forskarane er einige om. Skriftformene viser lang vokal i fleire av formene, men i dag er det ikkje vanleg å markere dette i skrift. Derfor bør namna skrivast **Mek** og **Lisje-Mek**.

## 5.91. Krumsvik (gnr 101 og 102)

**5.91.1. Skriftformer** i kjeldene: *Krongswigenn 1603; Kroxiuk 1606; Krogswig 1616; Kongsviigh 1617; Krombsuigen Jb1626; Kromsuig Matr1647; KrumzVig TB1664; Krombsvig 1667; Indre og Ytre Kromsvik 1723; Kronsvig, Kromsviig, Krumsviig, Kromsvig, Krombsviig Kb1700-1750; Krumsviig E-sk1762; Kromsvig, Kromswiig, Krumsvig, Kronsvig (1758), Kromsviig Kb1750-1800; Komsvog!! Ft1801;*

*Krumsvik lille og Store Matr1838; Kromsvig, Krongsvik (1813), Kromvig (1823), Krumsvig, Lille Krumsvig (1833), Krumsvik (1847) Kb1850-1900; Lille og Store Krumsvig Ft1865; Lillekrumsvik, Storekrumsvik, Storkrumsvik Ft1875; Krumsvik lille og store Matr1886; Lille Krumsvig, Krumsvig, Krumsvik (1874) Kb1850-1900; Krumsvik lille og store Ft1900, NG1908 og Ft1910; Krumsvik Kb1900-1932; Krumsvik lille og store Matr1950. Slektsnamn: Krumsvik*

**5.91.2. Avleidde namn** i området: Krumsviksætra, Krumsvikhornet, Krumsvikneset, Krumsvikelva

**5.91.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd 12 mk fisk (46,3 kg), garden var halvgard i 1667. I 1886 var Lisje-Krumsvika frådelt med 1 mark 69 øre, medan Store-Krumsvika hadde 3 mark 54 øre. Store-Krumsvika vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det fire bruk her. Gardane hadde eiga sæter.

**5.91.4. Arkeologiske funn:** Det er funne lausfunn på garden.

**5.91.5. Dokumenterte uttaleformer:** Krungsvik IAa1840; krOmms'vIKa NG1908;

**5.91.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Merk isl. Krungr, en Knude, Pukkel."

Oluf Rygh: "Jeg kan ikke give nogen sikker Oplysning om Navnets Betydning. Som en Gjetning kunde anføres, at det kunde være opstaaet af Krungrsvík, af ældre \*Klungrvík, hvori 1ste Led er krungr m., Nypetorn. Krungrer efter Aasen og Ross en i Sogn og Nordmøre brugelig Form for krungr. L kunde være faldt bort mellem Konsonanter, nggaard ikke sjeldent over til n (nn), og dette kan foran s gaa over til m."

Per Årviknes: "Det kan vel og kome av at her er ei vik som krommar mykje. Bygdeuttalen av namnet er ustø. Me kan høyre Kronsvikj[a], Kromsvikja, Kronsvikarane. Helst vert Kronsvikja nemnd."

Oddvar Nes: "Eldste skriftformene tyder på Krons- eller Krungs-. Avbrigda Krox- og Krogs- trur eg botnar i folkeleg omtyding, men dei kan hjelpe til å forklare Krons-. Ordet 'krong' eller 'krung' i førstekelen kan nemleg tyde 'noko krokete'. Formene Krombs- og Kroms- tykkjест òg å peike mot noko krokete."

**5.91.7. Tidfesting:** Namnet er samansett av to naturnamn og er i bunden form i dei eldste kjeldene. Det er slik neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.91.8. Skriftnormering:** Skriftformene viser stor grad av tvil om opphavet til namnet.

**5.91.9. Mi vurdering:** Eit interessant namn fordi namnegranskaranane ikkje er trygge på kva som er opphav eller rett skriftform. Dersom ein legg Oddvar Nes si tolking til grunn, kan namnet skrivast **Krumsvika**.

## 5.92. Flote (gnr 103 og 104)

**5.92.1. Skriftformer** i kjeldene: *Flotte 1617; Flaaden, Yttre Flaade Jb1626; Flotte, Ytter Flotte Matr1647; Inder og Yther Flothe TB1664; Flotte, Ytter Flotte 1667; Indre og Yttre Flaatte; Flaate Kb1700-1750; Indr. og Yttr. Flote E-sk1762; Flaate, Flotte (1765), Flaatte, Floten (1780), Flaat (1786) Kb1750-1800; Indre og Yttre Flotte Ft1801; Flote indre og yttre Matr1838; Flotte, Floten, Flotten (1808), Flothe (1820), Indre og Yttre Flotte (1824) Kb1800-1850; Indreflotte, Yttreflotte Ft1865; Indre og Yttre Flote Ft1875; Flote indre og ytre Matr1886; Flotte, Flothe, Flaatte, Flaatæ (1884), Flaaten (1886) Kb1850-1900; Flote indre og ytre Ft1900, NG1908 og Ft1910; Flote, Flaate Kb1900-1932; Flote indre og ytre Matr1950. Slektsnamn: Flote*

**5.92.2. Avleidde namn** i området: Floteteigen, Flotefonna, Floteledet, Flotehamrane, Floteplantegjerdet, Flotehol, Flotelva, Flotekalvegjerdet

**5.92.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg) på Øvste-Flotene, 2 pd (12,3 kg) på Nedste-Flotene. Den første var øydegard i 1667, den andre halv øydegard. I 1886 var skylda høvesvis 3 mark 70 øre og 1 mark 96 øre. Øvste-Flotene vart tidleg delt i to jamstore bruk. Garden sætra på Innaforsætra i Folkestaddalen.

**5.92.5. Dokumenterte uttaleformer:** Flòtine IAa1851; "flåtaNNe (dativ: "flåtå) NG1908

**5.92.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Flatir, Flt. af fløt f., Flade, flad Strækning (Indl. S. 50). Den nuv. Flertalsform udgaar fra Folkespr. Flot f."

Oddvar Nes: "Namnet er nok ei seinare laging med fleirtalsform av målføreordet /flø:t/ m, 'mindre flate, særleg om ein flattliggende åker'."

**5.92.7. Tidfesting:** Namnet er første gang nemnt i kjeldene i 1617, og som delt gard frå 1626. Det er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.92.8. Skriftnormering:** Skriftformene er relativt samstemte om dette namnet.

**5.92.9. Mi vurdering:** Også ved dette namnet skjuler matrikkelformene at namnet er eit fleirtalsord, men dette kjem godt fram i uttaleformene. Korrekt skriveform burde vere **Flotene**.

## 5.93. Holen (gnr 105)

**5.93.1. Skriftformer** i kjeldene: *Holte 1603; Holle 1606; Houllen 1616; Holtte 1617; Haltte Jb1626; Holte Matr1647, TB1664, 1667 og 1723; Holen, Hoelen Kb1700-1750; Holte E-sk1762; Holen, Hoelen, Holte (1768), Hollen (1789) Kb1750-1800; Holte Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865 og Ft1875; Holte, Holen Matr1886; Holte Kb1850-1900, Ft1900, NG1908, Ft1910 og Kb1900-1932; Holen Matr1950. Slektsnamn: Holte*

**5.93.2. Avleidde namn** i området: Holekvernane, Holebrua, Holehjellen, Holeplantegjerdet, Holelegene

**5.93.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 2 pd 6 mk fisk (32,4 kg), og garden var øydegard i 1667. I 1886 var skylda 4 mark 54 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det tre bruk her.

Eit av bruka på garden heiter Holebøen, noko som kan vere ein indikasjon på kvar tunet låg. Garden sætra på Innaforsætra i Folkestaddalen.

**5.93.5. Dokumenterte uttaleformer:** hOliNN NG1908

**5.93.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Det ser ud til, at to forskjellige Navne afvexlende er blevne brugte om denne Gaard. Det ene er \*Hóll m., isoleret Høide, helst en rundagtig, det andet Holt, her vel snarest som Hankjønsord og i Betydningen: Høi, Bakke (se Indl. S. 57). Strøm (II S. 383) kalder ogsaa virkelig Gaarden "Hole eller Holte"."

Oddvar Nes: "To namn er nytta om denne garden, og tydingane er svært like: Hol er ein låg, isolert haug og holt er 'haug, bakke'. Dei eldre skriftformene tyder på at Holte er eldst, eit gno \*Holtr i dativ eint \*Holti 'ved eller på holten'."

**5.93.7. Tidfesting:** Namnet er første gang nemnt i kjeldene 1603, og det er nemnt i bestemt form i mange av dei eldste formene. Det er slik neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.93.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer mellom dei to namna på garden.

**5.93.9. Mi vurdering:** Garden er spesiell ved at to namn er nytta om same garden om-ein-annan heilt frå 1600-talet og fram til i dag. Sleksnamnet er Holte, medan gardsnemninga er Holen. Begge namna er då like rette som namn på garden: **Holen – Holte.**

## 5.94. Folkestad (gnr 106 og 107)

**5.94.1. Skriftformer** i kjeldene: *Folkestad, Falkestade 1520; Folkestad, Ytterfolkestadt 1603; Folkestadt 1606; Folkestadt 1617; Indre Folkestad, Ytre Folchestad Jb1626; Inder og Ytter Folchestad Matr1647; Indr Folkestad, Yther Folchestad TB1664; Indre og Ytter Folkestad 1667; Indre og Ytre Folchestad 1723; Folhestad, Foelchestad Kb1700-1750; Indr. og Yttr. Folchestad E-sk1762; Folchestad, Folkestad (1754), Folchstad (1758), Indre og Yttr Folkestad Kb1750-1800; Indre og Ytre Folkestad Ft1801: FolkeStad indre og ytre Matr1838; Folkestad, Indre og Ytre Folkestad Kb1800-1850; Indrefolkestad, Yttrefolkestad, Ytrefolkestad Ft1865; Indre og Ytre Folkestad Ft1875; Folkestad indre og ytre Matr1886; Folkestad, Indrefolkestad Ytre-Folkestad, Folkestad Ytre, Ytre-Folkestad Kb1850-1900; Folkestad indre og ytre Ft1900, NG1908 og Ft1910; Folkestad, Indre-Folkestad, Folkestad ytre Kb1900-1932; Folkestad indre og ytre Matr1950. Sleksnamn: Folkestad.*

**5.94.2. Avleidde namn** i området: Folkestadbygda (grendenamn)

Folkestadgardane er dei sentrale gardane i dette området, og har saman med Rønstad røter tilbake til Vikingtida namnemessig. Dei andre gardane i bygda verkar ikkje å vere særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden. Brennene, Reitane og Åsen er ikkje nemnde før seint på 1600- og starten av 1700-talet, og vart nok frådelte frå Ytre Folkestad då.

**5.94.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd 21 mk fisk (48,6 kg) på Indre og heile 5 våger fisk (92,6 kg) på Ytre Folkestad. Indre var halvgard, medan Ytre var heilgard i 1667. I 1886 var skylda høvesvis 10 mark 8 øre og 8 mark 48 øre (etter frådeling av Reitane og Brennene). Indre Folkestad vart tidleg delt i fire jamstore bruk, seinare var det 5 bruk her. Ytre Folkestad vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare vart det 9 bruk her.

Eitt av bruka på Indre Folkestad har namnet Bøen, noko som kan vise til at tunet låg her, på Ytre Folkestad har ein bruksnamnet Slettebøen. Indre Folkestad sætra på Innaforsætra, medan Ytre Folkestad sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.94.4. Arkeologiske funn:** På Ytre Folkestad er det funne fleire gravrøyser og lausfunn. Det er nemnt at folk herifrå vart arresterte i England i 1309!

**5.94.5. Dokumenterte uttaleformer:** Folkestad, Falkestade 1520; Følkestad IAa1840; "fÅlkesta NG1908

**5.94.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Hentyder enten paa Stedets Befolkning, eller paa Mandsnavnet Folke."

Oluf Rygh: "\*\*Folkastaðir, af det i den senere MA. ret almindelige Mandsnavn Folki (PnSt. S. 73)."

Oddvar Nes: "Gno. \*Folkastaðir, altså -staðir f. fleirt, samansett med det tidlegare vanlege mannsnamnet Folke, gno Folki, gen. Folka.

**5.94.7. Tidfesting:** Namnet er ei samansetjing med –stad i fellesleddet, og er slik frå perioden 500 – 1000 evt (Sandnes 1997: 35).

**5.94.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer noko, men stort sett er tydinga den same.

**5.94.9. Mi vurdering:** Garden er nok samansett med eit mannsnamn som utmerkingsledd og –stad som fellesledd: **Folkestad.**

#### **5.94.10. Slettebøen (bnr 2 under gnr 107)**

**5.94.11. Skriftformer** i kjeldene: *Slettebøe (1765) Kb1750-1800; Slettebø Matr1886, Ft1900 og Ft1910.*

**5.94.13. Matrikkelskyld:** Bruket er frådelt med ei skyld på 24 øre.

**5.94.19. Mi vurdering:** Bruksnamnet bør skrivast i bestemt form: **Slettebøen**.

#### **5.94.20. Steinhaugen (bnr 6 under gnr 107)**

**5.94.21. Skriftformer** i kjeldene: *Stenhaugen Ft1875, Steinhaugen Matr1886, Ft1900 og Ft1910; Steinhoug (1910) Kb1900-1932.*

**5.94.23. Matrikkelskyld:** Bruket er frådelt med ei skyld på 29 øre.

**5.94.29. Mi vurdering:** Bruksnamnet bør skrivast i bestemt form: **Steinhaugen**.

#### **5.94.30. Fjøshaugen (bnr 7 under gnr 107)**

**5.94.31. Skriftformer** i kjeldene: *Fjøshaug Ft1865, Fjøshaugen Matr1886; Fjøshaug (1859), Fjøshoug (1878) Kb1850-1900; Fjøshaugen Ft1900 og Ft1910; Fjøshaug (1911) Kb1900-1932.*

**Slektsnamn:** **Fjøshaug**.

**5.94.33. Matrikkelskyld:** Bruket er frådelt med ei skyld på 36 øre.

**5.94.39. Mi vurdering:** Bruksnamnet bør skrivast i bestemt form: **Fjøshaugen**.

#### **5.94.40. Hildren (bnr 8 under gnr 107)**

**5.94.41. Skriftformer** i kjeldene: *Hildren Ft1875; Hildre Matr1886 og Ft1910.*

**5.94.43. Matrikkelskyld:** Bruket er frådelt med ei skyld på 36 øre.

**5.94.49. Mi vurdering:** Bruksnamnet bør skrivast i bestemt form: **Hildren**.

#### **5.94.50. Nybøen (bnr 9 under gnr 107)**

**5.94.51. Skriftformer** i kjeldene: *Nybø (1894) Kb1850-1900; Nybøen Ft1900 og Ft1910.*

**5.94.53. Matrikkelskyld:** Bruket er frådelt med ei skyld på 57 øre.

**5.94.59. Mi vurdering:** Bruksnamnet bør skrivast i bestemt form: **Nybøen**.

### **5.95. Folkestadreite (gnr 108)**

**5.95.1. Skriftformer** i kjeldene: *Folchestadsreite, Reite, Folkestad-Reite, FolkestadReite Kb1750-1800; FolkeStad-Reite Matr 1838; Folkestadreite (1846) Kb1800-1850; Folkestad Reite Ft1865; Folkestadreite Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900, NG1908, Ft1910; Folkestareite (1906), Folkestad-Reite, Reite Folkestad Kb1900-1932; Folkestadreite Matr1950. Slektsnamn: Reite*

**5.95.2. Avleidde namn** i området: Reitehagen, Reitevollen, Reitekverna, Reiteteigen, Reitehaugen, Reitebrua, Reiteskrida, Reitegjerdet

**5.95.3. Matrikkelskyld:** Garden vart frådelt Ytre Folkestad på 1700-talet. I 1886 var skylda 3 mark 5 øre. Garden var seinare delt i tre bruk, og sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.95.5. Dokumenterte uttaleformer:** Reitane IAa1851; "reitaNNe NG1908

**5.95.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Sidste Led er Flt. af reitr m., afgrændset Flade, Rude (Indl. S. 70)."

**5.95.7. Tidfesting:** Namnet er første gang nemnt i kjeldene på 1700-talet, og garden er frådelt frå Ytre Folkestad då.

**5.95.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige.

**5.95.9. Mi vurdering:** Som dei andre Reite-gardane så har også denne garden fleirtal i uttaleformene. Rett skriveform bør derfor vere **Reitane** eller **Folkestadreitane**.

#### 5.95.10. Dalen (bnr 2 under gnr 108)

**5.95.11. Skriftformer** i kjeldene: *Dallen, Dalen, Dahlen Kb1700-1750; Dalen, Dahlen Kb1750-1800; Dal Matr1886; Dal (1913) Kb1900-1932. Sleksnamn: Dalen.*

**5.95.13. Matrikkelskyld:** Bruket er frådelt med ei skyld på 44 øre.

**5.95.19. Mi vurdering:** Bruksnamnet bør skrivast i bestemt form: **Dalen**.

### 5.96. Brenne (gnr 109)

**5.96.1. Skriftformer** i kjeldene: *Brennen 1603; Brendemb 1616; Brendenn 1617; Brænde TB1664 og 1667; Brende 1723 og Kb1700-1750; Brende, Brenne, Brænde (1794) Kb1750-1800; Brænde Matr1838; Brende, Brænde Kb1800-1850; Brænde Ft1865 og Ft1875; Brenne Matr1886; Brende, Brænde Kb1850-1900; Brenne Ft1900, NG1908 og Ft1910; Brænde, Brenne Kb1900-1932; Brenne Matr1950. Sleksnamn: Brenne, Brænde, Brænne*

**5.96.2. Avleidde namn** i området: Brennereina, Brennemyra, Brennemarka, Brennebrua, Brennerystene

**5.96.3. Matrikkelskyld:** Garden vart frådelt Ytre Folkestad på 1700-talet. I 1886 var skylda 2 mark 46 øre. Garden var seinare delt i to bruk og sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.96.5. Dokumenterte uttaleformer:** "bræNNiNNe (dativ: -Nå) NG1908

**5.96.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Brenna f., Brænding, Jord, som er gjort skikket til Dyrkning ved Brænding (Indl. S. 45). Utdaleformen er bestemt Flt."

Per Årviknes: "Kanskje har her vore brend lyngmark for nyrudning, eller her har vore ein lausebrand ein gong i tida?"

Oddvar Nes: "Eg tviler at namnet er så gammalt (at det har gno form)."

**5.96.7. Tidfesting:** Namnet er nemnt på 1600-talet, men då som underbruk under Folkestad. Jørn Sandnes nemner gardsnamnet Brennene som døme på gardar som kom til utover på 1600-talet (Sandnes 1997: 36).

**5.96.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige.

**5.96.9. Mi vurdering:** Uttaleforma viser at namnet er fleirtal, sjølv om skriftformene konsekvent nemner garden i eintal. Rett skriveform bør derfor vere **Brennene**.

### 5.97. Kongsvoll (gnr 110)

**5.97.1. Skriftformer** i kjeldene: *Kongsuoldt 1603, 1606 og 1617; Kongsualde Jb1626; Kongsuold Matr1647; Kongsvold TB1664, 1667, 1723, Kb1700-1750, E-sk1762, Kb1750-1800, Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900, NG1908 og Ft1910; Kongsvold, Kongsvoll (1912) Kb1900-1932; Kongsvoll Matr1950. Sleksnamn: Kongsvoll, Kongsvold*

**5.97.2. Avleidde namn** i området: Kongsvollkverna, Kongsvollbrua, Kongsvollvadet, Kongsvollrystene, Kongsvollhjellane

**5.97.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 8 mk fisk (26,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 86 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk, seinare var det tre bruk her. Garden sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.97.5. Dokumenterte uttaleformer:** kOngsvÅLLiNN NG1908

**5.97.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Findes paa flere Steder i Landet. Tillægget Kongs- betegner som i alle dermed sms. Navne, at Gaarden engang har været Kronens Eiendom."

Oddvar Nes: "Elles finst det mengdevis av Kongs-namn, og i tilfelle der dei er noko gamle, siktat dei oftast til at garden i si tid har vore krongods."

**5.97.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603. Garden var krongods på denne tida, og namnet har nok sin bakgrunn i det.

**5.97.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige.

**5.97.9. Mi vurdering:** Uttaleforma viser at namnet skal vere i bestemt form. Sjølv om det er freistande å referere til eit kongeleg opphav på slike namn, er det nok rettast å anta at namnet har samanheng med at garden har vore krongods, noko denne garden var på 1600-talet. Namnet bør skrivast **Kongsvollen**.

## 5.98. Aasebøen (gnr 111)

**5.98.1. Skriftformer** i kjeldene: *Aasebøø 1603; Aaſebøe 1606 og 1617; Aasbøen Jb1626; Aassebøe Matr1647; Aasebø TB1664 og 1667; Aasebøe 1723; Aasebøe, Aasebøen Kb1700-1750; Aasebøe E-sk1762; Aasebøe, Aasebøen, Aasebø Kb1750-1800; Aasebøe Ft1801; Aasebø Matr1838; Aasebøe, Aasebø, Aasebøen (1843) Kb1800-1850; Aasebø Ft1865 og Ft1875; Aasebøen Matr1886; Aasebøe, Aasebø, Aasebø Kb1850-1900; Aasebøen Ft1900, NG1908 og Ft1910; Aasebø Kb1900-1932; Aasebøen Matr1950. Sleksnamn: Aasebø, Åsebø.*

**5.98.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 2 pd 6 mk fisk (32,4 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 90 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det fire bruk her. Garden sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.98.5. Dokumenterte uttaleformer:** åſe'bøNN (dat: åſe'bønå) NG1908

**5.98.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Ásubær, sms. med Kvindenavnet Ása."

Oddvar Nes: "Eg trur det er rimelegare i vårt høve å sjå førstelekken som gen flt av gno áss m. 'ås', \*Ásabær - dersom det er så gammalt."

**5.98.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt i kjeldene 1603, gardsnamnet har heile tida vore samansett og i bestemt form. Dette utelukkar i stor grad at det kan ha vore eit usamansett bø-namn, og dermed er nok namnet frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.98.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige.

**5.98.9. Mi vurdering:** Uttaleforma viser at namnet skal vere i bestemt form og at det finst dativ-former av det. Gardsnamnet viser nok til korleis garden ligg til, og bør skrivast **Åsebøen**.

## 5.99. Bjørnenakken (gnr 112)

**5.99.1. Skriftformer** i kjeldene: *Bjørnnek 1616; Bjørnenackenn 1617; Bjørnenacken Jb1626; Bjørnenach Matr1647; Bjørnenacke TB1664; Bjørnenach 1667; Bjørnenache 1723; Bjørnenach, Bjørnenachen Kb1700-1750; Bjornenach E-sk1762; Bjørnenach, Bjørnenachen, Bjørnenakken (1761), Bjørnenakke, Bjørnenak (1764) Kb1750-1800; Bjørnenakken Ft1801; Bjørnenak Matr1838; Bjørnenakke, Bjørnenak, Bjørnenakke (1842), Bjørnenak (1849) Kb1800-1850; Bjornenak Ft1865, Bjørnenak Ft1875; Bjørnenakken, Bjørnenak Matr1886; Bjørnenak Kb1850-1900; Bjørnenakken, Bjørnenak Ft1900; Bjørnenakken NG1908 og Ft1910; Bjørnenak, Bjørnenakk (1921) Kb1900-1932; Bjørnenekken!! Matr1950. Sleksnamn: Bjørnenakk*

**5.99.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 76 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk. Garden sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.99.4. Arkeologiske funn:** Det er dokumentert noko lausfunn på garden, mellom anna ei handkvern.

**5.99.5. Dokumenterte uttaleformer:** bjøNNa'naKKiNN NG1908

**5.99.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Udentvivl egentlig Navn paa et Fjeld, som er gaaet over til Gaardnavn. Sidste Led er nakki m., Nakke."

Oddvar Nes: "Langt trulegast ligg dyrenamnet bjørn føre her, i samansettning med nakk m. 'fjellknatt, avrunda høgdedrag'."

**5.99.7. Tidfesting:** Namnet er første gong nemnt i 1616, og det er tidleg nemnt i bestemt form. Det tyder på at det ikkje er særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.99.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige, men har –e- som fuge-suffix.

**5.99.9. Mi vurdering:** I motsetnad til Bjørnaset, meiner Oddvar Nes at det her er snakk om dyrenamnet bjørn som tolking. Fugesuffixet bør her vere a, i samsvar med uttalen: **Bjønnanakken.**

## 5.100. Folkestadåsen (gnr 113)

**5.100.1. Skriftformer** i kjeldene: *Aasen Jb1626; Aassen Matr1647 og TB1664; Aass 1667; Aasen 1723, E-sk1762 og Ft1801; FolkeStadaas Matr1838; Aasen/Folkestad (1836) Kb1800-1850; Folkestadaas Ft1865 og Ft1875; Folkestadaasen Matr1886; Folkestadaas (1859), Folkestadnæs!! (1866) Kb1850-1900; Folkestadaasen Ft1900, NG1908 og Ft1910; Folkestadaas, Folkestadås (1914) Kb1900-1932; Folkestadåsen Matr1950. Sleksnamn: Folkestadås.*

**5.100.3. Matrikkskyld:** Garden vart frådelt Ytre Folkestad på 1700-talet. I 1886 var skylda 1 mark 62 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.100.5. Dokumenterte uttaleformer:** åsiNN NG1908

**5.100.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "ikkje av dei eldste; det tyder m.a. den bundne forma på."

**5.100.7. Tidfesting:** Namnet er første gong nemnt i 1626, og det er tidleg nemnt i bestemt form. Det tyder på at det ikkje er eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.100.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige.

**5.100.9. Mi vurdering:** Namnet bør skrivast som før: **Folkestadåsen.**

## 5.101. Sollid (gnr 114)

**5.101.1. Skriftformer** i kjeldene: *Sollenn* 1603; *Sollem* 1606; *Sollemb* 1616; *Solid* 1617; *Soellied* Jb1626; *Solid Matr* 1647; *Soollyd* TB1664; *Solid* 1667; *Solied* 1723; *Sollied* E-sk1762; *Solid, Solid*, *Solliden* (1759), *Sollied, Solied, Soellied* Kb1750-1800; *Soellied* Ft1801; *Solid Matr* 1838; *Solid, Solid, Sollid, Soellied, Soellie* (1821), *Sollie* (1824), *Solie* (1841), *Sollied* Kb1800-1850; *Solid* Ft1865, Ft1875 og Matr1886; *Solied, Sollied, Sollid* Kb1850-1900; *Solid* Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. **Slektsnamn:** *Solid*

**5.101.2. Avleidde namn** i området: Sollivika, Sollibrua, Solliskaret

**5.101.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 18 mk fisk (23,2 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 36 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk og sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.101.5. Dokumenterte uttaleformer:** sOl'lida NG1908; /"sou,li:da/ St.ark1976

**5.101.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Sóllið, den mod Solen vendende Li. Navnet synes tidligere at være forvexlet med Sóleimr, hvis man ikke skal antage, at det sidste virkelig har været et ældre Navn paa Gaarden."

Oddvar Nes: "Eg trur knapt at namnet er så gammalt. På Sunnmøre er det elles ikkje kjent noko gardsnamn Soleim."

**5.101.7. Tidfesting:** Namnet er første gong nemnt i 1603. Namnet er i bestemt form i uttalen, og det er lite som tyder på at det er særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.101.8. Skriftnormering:** Dei eldste skriftformene kan indikere vise til eit anna – og mulig eldre - namn på garden.

**5.101.9. Mi vurdering:** Gardsnamn med Sol- er ikkje vanlege på Nordvestlandet. Uttalen viser bestemt form; **Sollida**.

## 5.102. Løndal (gnr 115)

**5.102.1. Skriftformer** i kjeldene: *Løndall* 1603; *Lønndall* 1606; *Løendall* 1617; *Løndalen* Jb1626; *Løndall* Matr1647, TB1664, 1667 og 1723; *Løndal, Løndahl, Løndael* Kb1700-1750; *Løndahl* E-sk1762; *Løndal, Løndahl, Løndalen* Kb1750-1800; *Løndal* Ft1801 og Matr1838; *Løndal, Løndahl, Lyngdal!!* (1822), *Longdal!!* (1823), *Lønndal* (1824) Kb1800-1850; *Løndal* Ft1865, Ft1875 og Matr1886; *Løndal, Løndahl, Folkestad Løndal* (1856), *Folkestadløndal* (1882), *Folkestad-Løndal, Folkestadløvdal!!* (1892) Kb1850-1900; *Løndal* Ft1900, NG1908 og Ft1910; *Folkestadløndal, Folkestad-Løndal* Kb1900-1932; *Løndal* Matr1950. **Slektsnamn:** *Løndal*

**5.102.2. Avleidde namn** i området: Løndalshaugen.

**5.102.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (37 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 27 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk og sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.102.5. Dokumenterte uttaleformer:** Løndal IAa1840; lønn'daliNN NG1908

**5.102.6. Tydingar:** Ivar Aasen: <Af lønd (isl. leyndr) skjult, vanskelig at finde>

Oluf Rygh: "Kommer maaske af Trænavnet Løn."

Oddvar Nes: "Førstelekken i begge namna er Løy-, den same som i løyngang, -krok, -veg.  
\*Løyndalen siktat altså til at garden ligg etter måten løynd eller avsides til. Dette høver for begge gardane."

**5.102.7. Tidfesting:** Namnet er første gong nemnt i 1603, og namnet er i bestemt form i mange av dei skriftlege kjeldene. Det er lite som tyder på at det er særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.102.8. Skriftnormering:** Skriftformene viser stor variasjon, noko som tilseier at ikkje alle har vore like trygge på tydinga av namnet.

**5.102.9. Mi vurdering:** Det er to Løndal-gardar i Volda, den andre er Ulvestad-Løndalen, namnet bør skrivast i bestemt form; **Løndalen**.

## 5.103. Rønstad (gnr 116)

**5.103.1. Skriftformer** i kjeldene: *Rønnestad 1603; Rønnestadt 1606; Rønnestad 1617, Jb1626, Matr1647; TB1664, 1667 og 1723; Rønestad, Rønnestad Kb1700-1750; Rønnestad E-sk1762; Rønestad, Rønnestad, Rønstad (1797) Kb1750-1800; Rønnestad Ft1801; RøneStad, RøyneStad Matr1838; Rønnestad, Rønnstad, Rønestad, Rønestad (1846) Kb1800-1850; Rønnestad Ft1865 og Ft1875; Rønstad, Rønnestad Matr1886; Rønnestad, Røinestad, Rønnestad Kb1850-1900; Rønstad Ft1900, NG1908 og Ft1910; Rønnestad, Rønstad (1908) Kb1900-1932; Rønstad Matr1950.*

**Sleksnamn:** **Rønnestad**

**5.103.2. Avleidde namn** i området: Rønstadvika, Rønstadberget, Rønstadelva, Rønstadvadet

**5.103.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 18 mk fisk (41,7 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 42 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk, seinare var det 6 bruk her.

Eitt av bruka på garden har namnet Bøen, noko som kan vere ein indikasjon på kvar tunet låg. Garden sætra på Hamna i Folkestaddalen.

**5.103.5. Dokumenterte uttaleformer:** Rønstad IAa1840; "rønnsta NG1908

**5.103.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Mærk rynje, styrte <Runn (isl. Runnr) en Busk, hrönn en Bølge>. (siste utstroke)"

Oluf Rygh: "1ste Led kan vel ikke være andet end røynir m., Rogn, eller snarere røyni n., Rognelund. Men at et saadant Ord skulde sammensættes med -staðir, vilde være usædvanligt. Man kunde derfor fristes til at formode, at Røinestad her af Røynisdalr, kunde Navnet afledes af et Elvenavn \*Røyna. "

Oddvar Nes: "Gno form er \*Røynisstaðir, ei samansetning med gen. eint av gno \*røyni n 'rognerunn, rogeskog' eller røynir m. 'rogn(etre)'."

**5.103.7. Tidfesting:** Namnet er ei samansetjing med –stad i fellesleddet, noko som kan knytast tilbake til perioden 500 – 1000 evt (Sandnes 1997: 35). Garden er middels stor, og det er ikkje funne fornminne her, noko som talar imot ei så tidleg datering.

**5.103.8. Skriftnormering:** Skriftformene viser stor variasjon, særleg mellom Rønn- og Rønne-

**5.103.9. Mi vurdering:** Sleksnamnet her er Rønnestad, som stemmer betre overeins med dei gamle skriftformene enn dagens **Rønstad**, som er rett skriveform etter uttalen.

## 5.104. Ekornberg (gnr 117)

**5.104.1. Skriftformer** i kjeldene: *Ekonbergh, Eckeberig 1520; Egkorneberg 1603; Eckennbierig 1606; Ekennberg 1616; Ickornberrig 1617; Eckonbierg Jb1626; Echonberig Matr1647; Echonberg TB1664 og 1667; Echornberg 1723; Ichornberg, Icornberg Kb1700-1750; Echornberg E-sk1762; Icornberg, Icornber, Ecornberg (1756), Ikornberg, i Kornberg (1758), Ekornberg (1760), Kornberg (1781) Kb1750-1800; Ekornberg Ft1801 og Matr1838; Ekornberg, Kornberg (1829), Ekkornsberg (1842) Kb1800-1850; Ekornberg Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Ekornsberg, Ekornberg Kb1850-1900; Ekornberg, Ekorberg Ft1900; Ekornberg NG1908 og Ft1910; Ekornberg, Kornberg (1917) Kb1900-1932; Ekornberg Matr1950. Sleksnamn: Kornberg*

**5.104.2. Avleidde namn** i området: Kornbergsfluda

Kornberget og Nautvik-gardane var lenge eigen skulekrins, før dei i seinare tid vart overførte til Folkestad krins. Ekornberget er nemnt i 1520, noko som indikerer at den truleg var i drift før Svartedauden, Nautvika kom nok til etter denne pesten.

**5.104.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (37 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 60 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk og sætra på Gamlegjerdet.

**5.104.5. Dokumenterte uttaleformer:** Ekonbergh, Eckeberig 1520; Jkonnberg, Konnberg IAa1840; kåNNbÆrje NG1908

**5.104.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Almindelig Konnberg. Det første er sandsynligvis det retteste, af Jkonn (isl. Íkorni, et Egern)."

Oluf Rygh: "1ste Led er Dyrenavnet íkorni m., Ekorn. Med Hensyn til Sløifningen af 1ste Bogstav i Udt. se Bd. VI"

Per Årviknes: "Ei gamal segn fortel om ein prest som hadde slik god songrøyst, og ein gong presteskussen svinga framom Kornberg, kom etterljomen (ekkoet) klårt frå fjellet. "Her skal heite Ekkoberg", sa presten, og sidan vart det heitande så."

Oddvar Nes: "Førstelekken er dyrenamnet ekorn, gno ikorni m. Målføreuttalen er /"í:kònnj/. Bortfallet av første stavinga er påfallande."

**5.104.7. Tidfesting:** Namnet er ei samansetjing av to naturnamn. Garden er nemnt i 1520, og var nok slik i drift før Svartedauden (Sandnes 1997: 35).

**5.104.8. Skriftnormering:** Namnet kan vere eit godt døme på at oppskrivarane har misstolka dyrenamnet ikorn, og derfor trudd at det må ha vore korn det er tale om. Første gongen ein finn Kornberg i skrift er i kyrkjeboka 1758, der det er nemnt "i Kornberg", men Ivar Aasen dokumenterer at uttalen var vanleg alt 1840.

**5.104.9. Mi vurdering:** Slik utviklinga har gått, er det i dag i røynda to namn på garden, det opphavelege gardsnamnet og eit gardsnamn basert på den (feilaktige?) uttalen. Rygh dokumenterer bestemt form 1908: **Ekornberget – Kornberget**.

## 5.105. Nautvik (gnr 118 og 119)

**5.105.1. Skriftformer** i kjeldene: *Nøduig 1603: Nøduig, Inderuig 1606; Nøduig 1616; Noedeviigh 1617; Nødeuigen, Inder Nødeuigen Jb1626; Nøduig, Inder Nøduig Matr1647; Ytre NødVig, Ind. Nødevig TB1664; Nødvig, Indre Nødvig 1667 og 1723; Nødevig, Nøedevig, Nødeviig Kb1700-1750; Nødviig E-sk1762; Nødevig, Nødeviig, Nødvig, Nødviig Kb1750-1800; Nødevig Ft1801; Nøtvik yttre og indre Matr1838; Nødevig, Nødvig, LilleNødevig, Lille Nødevig Kb1800-1850; Nødvig*

*Ft1865; Ytre Nøtvik, Ytre og Indre Nødvik Ft1875; Nautvik ytre og indre, Nødvik, Nøtvik Matr1886; Nødevig, Nødvig, Ytre Nødvig, Nødvik, Nautvik (1888) Kb1850-1900; Nautvik ytre og indre Ft1900, NG1908; Nautvik ytre, Indre Nautvik Ft1910; Nautvik, Nøtvik (1920) Kb1900-1932; Nautvik ytre og indre Matr1950. Slektsnamn: Nautvik, Nøtvik.*

**5.105.2. Avleidde namn** i området: Nautvikstranda.

**5.105.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg) for Ytre Nautvika og 2 pd 15 mk for Indre Nautvika. Den første var øydegard 1667, den andre halv øydegard. I 1886 var skylda høvesvis 4 mark 98 øre og 1 mark 88 øre. Ytre Nautvika vart tidleg delt i to bruk, seinare var det fire bruk her. Gardane sætra på Gamlegjerdet.

**5.105.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei steinøks på garden.

**5.105.5. Dokumenterte uttaleformer:** naut'vIKa NG1908

**5.105.6. Tydingar:** Oluf Rygh: " 1ste Led er naut n, Hornkvæg."

Oddvar Nes: " Garden har opphavleg vore hamnegang for naut 'storfe'. "

**5.105.7. Tidfesting:** Namnet er først nemnt i 1603, og fleire gongar er han omtala i bestemt form. Garden er nok frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.105.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del, men er rimeleg samstemte i tydinga.

**5.105.9. Mi vurdering:** Namnet bør skrivast i bestemt form i tråd med uttalen: **Nautvika**.

#### **5.105.10. Nautvikstranden (øydegard, no bruk under gnr 118)**

**5.105.11. Skriftformer** i kjeldene: *Strannd, Strande 1603; Stranden Jb1626; Nøduigstrand Matr1647; Strand TB1664; Nødvigstrand 1667 og 1723; Nautvikstrand Matr1886; Nautvikstranden NG1908 og Matr1950.*

**5.105.13. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda på bruket 1 mark 22 øre.

**5.105.17. Tidfesting:** Garden var eigen gard fram til 1700-talet, og gjekk sidan inn under gardsområdet til Ytre Nautvika. Namnet er i bestemt form i fleire av dei eldre kjeldene, og er nok frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.105.19. Mi vurdering:** Bruksnamnet bør skrivast i bestemt form: **Nautvikstranda**.

### **5.106. Rotsetvik (gnr 120)**

**5.106.1. Skriftformer** i kjeldene: *Roseswig 1603; Røßesuig 1606; Røßettuig 1616; Røedßetzvigh 1617; Røseuig Jb1626; Rødsetzuig Matr1647; RødsætzWig TB1664; Rødsætvig 1667; Røsewiig 1714; Rødsetvig 1723; Rødsetviig E-sk1762; Rødbergvig!! (1756), Rødsætvig (1772), Rødsetvig, Røsetviig, Rosætsviig, RosetWiig Kb1750-1800; Røssevig Ft1801; Rødßætvik Matr1838; Røsevig, Rødsetvig, Røsetvig (1823), Røssevig (1824), Rødsevig (1828), Røssetvig (1828), Røisevig (1830), Røysevig (1835), Rødsethvig (1839) Kb1800-1850; Rødsætvig Ft1865; Rødsetvik Ft1875; Rødsetvik, Vikene Matr1886; Rødsetvig, Rødselvig (1853), Rødsætvig, Rødesætvig (1864), Rødsetvik (1872), Rødsætvik, Rødsvik!! (1888), Rotsætvik (1899) Kb1850-1900; Rødsetvik Ft1900, NG1908 og Ft1910; Rødsætvik, Rødsetvik, Rotsetvik, Rossetvik (1924) Kb1900-1932; Rotsetvik Matr1950. Slektsnamn: Rossetvik*

**5.106.2. Avleidde namn** i området: Vikestølen, Ytste Vikeledet

**5.106.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 31 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk, seinare var det fem bruk her. Garden hadde eiga sæter på Vikestøylen.

**5.106.5. Dokumenterte uttaleformer:** Vikane IAa1851; "vIkaNNe NG1908;

**5.106.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Da Navnet ikke er i levende Brug, kan det ikke afgjøres, om 1ste Led virkelig er et Gaardnavn Rødset, eller om det, som enkelte af de ældre Former kunde antyde, snarere er Ordet røysi n., Stenrøs."

Sverre Lyngnes: "Tydinga kan vere "hestehamning" (av gn hross: hest). Meir rimeleg er at namnet kjem av røse, dvs far etter vass- og fonnskred, som ein tydeleg ser i terrenget frå fjellbruna til sjøen."

Oddvar Nes: "Gno. \*Rosa(r)vík(ar)", [støttar NG i tolkinga røysi n. 'røys, ur'.]

**5.106.7. Tidfesting:** Namnet er først nemnt i 1603. Uttalen viser ei fleirtalsform av namnet i bestemt form. Garden er nok frå Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.106.8. Skriftnormering:** Det er tydeleg utifrå skriftformene at fleire av oppskrivane har sett for seg ein eller annan samanheng med garden Rotset, som er skrive Rødset i kjeldene og slektsnamnet. Ein slik forbindelse finn ein verken eigedomsmessig eller slektsmessig mellom dei to gardane. Dette er nok difor ei feilslutning basert på at namna høyrest like ut i uttale.

**5.106.9. Mi vurdering:** Lyngnes si tolking knytt til hest høyrest tilforlatelig ut utifrå dagens uttale av det gamle gardsnamnet. Rygh nemner at matrikkelnamnet allereie kring 1900 var utdøydd, og det er lokalnamnet **Vikane** som blir brukt i daglegtalen. Matrikkelnamnet bør då skrivast **Rossetvikane**.

## 5.107. Dalberg (gnr 121)

**5.107.1. Skriftformer** i kjeldene: *Dalberge 1616; Dalberrig 1617; Dalberig Matr1647; Dalberg 1667 og 1723; Daelberg, Dalberg Kb1700-1750; Dahlberg E-sk1762; Dalberg, Dalberge, Daleberg, Dahlberg Kb1750-1800; Dalberg Ft1801 og Matr1838; Dahlberg, Dalberg, Daleberg Kb1800-1850; Dalberg Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900; Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.*

**Slektsnamn:** **Dalberg**

**5.107.2. Avleidde namn** i området: Dalbergfjellet, Dalberglida, Dalbergrabben, Dalbergsnausen, Dalbergurene

**5.107.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var berre 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 20 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.107.5. Dokumenterte uttaleformer:** dal'bÆrje NG1908

**5.107.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Har vel sit Navn efter et Fjeld og dette igjen etter GN. 122."

Sverre Lyngnes: "Dalberg-namnet er såleis heilt ut naturgjeve. Vanleg uttale er Dalbergane - Dalbergå."

Oddvar Nes: "Garden har fått namn etter eit bratt berg ovanfor, og har nok opphaveleg lege under Dale."

**5.107.7. Tidfesting:** Namnet er først nemnt i 1616, og garden er nok ikkje særleg eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.107.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg einatydige.

**5.107.9. Mi vurdering:** Sverre Lyngnes gjengir her ein uttale med ei fleirtalsbøyning som eg også har hørt i samband med arbeidet med Busetnadssoga. Berg er i utgangspunktet eit inkjekjønnsord (n) med bøyingsmønster eit berg – berget – fleire berg – berga. Men i dette gardsnamnet blir det bøgd som hankjønnsord (m) i fleirtal og dativ, altså -bergane i bestemt form med dativforma -bergå. Det er spesielt, men ikkje heilt ukjent i namne-samanheng. Rygh dokumenterer imidlertid eintalsform i 1908. I dette tilfellet stolar eg meir på dei lokale informantane, og namnet bør derfor skrivast: **Dalbergane**.

## 5.108. Dale (gnr 122 og 129)

**5.108.1. Skriftformer** i kjeldene: *Daah 1426; Dall 1520; Dalle 1603 og 1606, Dalle, Dalsbacke 1617; Dalle, Inderdall Jb1626; Ytter Dalle med Dalsbach, Inder Dalle Matr1647; Ytre dale med Dals backen, Indre Dale TB1664; Ytterdale med Dalsbakke, Indre Dalle 1667; Ytre Dahle med Dahlsbache, Indre Dahle med Qvandall 1723; Dalsbakte, Dalsbache, Dahlsbache, Daelsbache, Dahlbache, Dale, Dahle Kb1700-1750; Yttr. Dahle og Dalsbache, Indr. Dahle E-sk1762; Dalsbache, Dalsbakke, Ytterdale, YtterDale, Dalsbake, Dale, Dahle, Dalle Kb1750-1800; Ytre og Indre Dahle Ft1801; Dale ytre og indre Matr1838; Ytre og Indre Dahle, Ytre og Indre Dale, Yttredale (1843), Dahle, Dale, Indredalen (1841), Indredale Kb1800-1850; Ytre og Indre Dale Ft1865; Ytre- og Indre-Dahle, Indre Dahle Ft1875; Dale ytre og indre, Bakkane Matr1886; Ytre og Indre Dale, Yttredale, Indredale, Dale, Dahle Kb1850-1900; Dale ytre og indre Ft1900 og NG1908; Bakkane, Dale ytre og indre Ft1910; Dale ytre, Ytre Dale, Dale, Dahle, Indredale Kb1900-1932; Dale Ytre og indre Matr1950. Sleksnamn: Dahle, Dale*

**5.108.2. Avleidde namn** i området: Bakkeberget, Bakkegjerdet, Bakkehornet, Bakkeledet, Bakkenakkane, Dalsledet, Dalsbrua, Dalsbygda (bygdenamn)

Dale-gardane er dei sentrale gardane i dette området, og også heilt klart dei eldste. Eisset har nok røter tilbake til Vikingtida, medan Brunene, Hjellane og Rossetvikane er namn frå etter Svartedauden. Rangsætra, Hesteflotene og Byrkjestøylen viser alle til at det har vore drive sæterdrift her, så desse namna er neppe særleg eldre enn dei eldste skriftformene.

**5.108.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 18 mk fisk (41,7 kg) for Ytre Dale og 1 våg 1 pd 12 mk (27,8 kg) for Indre Dale. Den første var halvgard, den andre øydegard 1667. I 1886 var skylda høvesvis 6 mark 64 øre og 5 mark 59 øre. Gardane vart begge tidleg delte i to bruk, Indre Dale har seinare hatt 5 bruk. Ytre Dale sætra på Raudegotene, medan Indre Dale sætra i Kvanndalen.

**5.108.4. Arkeologiske funn:** Det er funne fleire økser og ein steinkross på garden.

**5.108.5. Dokumenterte uttaleformer:** Daah 1426; Dall 1520; Dale IAa1851; "dale, "bakkaNNe NG1908

**5.108.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Man synes her at have et Exempel paa, at et opr. Partnavn i daglig Tale er gaaet over til Navn paa Hovedgaarden."

Oddvar Nes: "Gno. Dalr, i dativ eint. \*Dali ligg til grunn for dette namnet."

**5.108.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er i dag ei dativ-form. Dei eldste skriftformene viser ei usamansett form, og det er truleg rett å rekne Dale i den klassen (Sandnes 1997: 34).

**5.108.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige.

**5.108.9. Mi vurdering:** Namnet Dale er stivna dativ, som Oddvar Nes påpeikar. Ytre Dale har fått bruksnamnet **Bakkane** i daglegtale, og Dale er reint matrikkelnamn; **Ytre** og **Indre Dale**.

### **5.108.10. Fjøsnes - Dalset (bnr 2 under gnr 129)**

**5.108.11. Skriftformer** i kjeldene: *Dagsæt* (1774) *Kb1750-1800*; *Fjøsnes* (1832), *Fjøsnæs* (1849) *Kb1800-1850*; *Fjøsnæs Ft1865 og Ft1875*; *Dalsæth Matr1886*; *Fjøsnes Kb1850-1900*; *Dalset Ft1910*; *Dalsæt, Dalset, Dalsæth Kb1900-1932*. **Sleksnamn:** **Fjøsnes, Dalset**

**5.108.13. Matrikkelskyld:** Plassen her har ei skyld på 61 øre.

**5.108.19. Mi vurdering:** Namna på dette bruket er utan tvil frå nyare tid, sjølv om ein ser spor av eige bruksnamn heilt tilbake på 1700-talet. Dalset-namnet er knytta til at garden er underbruk under Dale, medan Fjøsnes-namnet viser til at det nok har vore ei utmarksløde på neset her. Namnet bør nok skrivast i bestemt form: **Fjøsneset – Dalset**.

### **5.108.20. Lillenes (bnr 4 under gnr 129)**

**5.108.21. Skriftformer** i kjeldene: *Lillenæss Ft1865*; *Lillenæset Ft1875*; *Lilleneset Matr1886*; *Lillenæs (1877) Kb1850-1900*; *Lilleneset NG1908*; *Lillenes Ft1910 og Kb1900-1932*; *Lilleneset Matr1950*. **Sleksnamn:** **Lillenes**

**5.108.22. Avleidde namn** i området: Inste og Ytste Lisjenesledet, Lisjeneselva, Lisjenesgjerdet, Lisjenesgylet, Lisjenesmarka, Lisjenessanden

**5.108.23. Matrikkelskyld:** Plassen har ei skyld på 66 øre.

**5.108.25. Dokumenterte uttaleformer:** "liHlenÆse NG1908; /lisjE'nE:sE/ St.ark1976.

**5.108.29. Mi vurdering:** Oluf Rygh dokumenterer at namnet vart uttalt med 'haHle-lyd', medan denne lyden i 1976 er heilt vekk frå uttalen. Namnet skal vere i bestemt form: **Lisjeneset**.

### **5.108.30. Kvandal (nedlagt gardsbruk, no under gnr 129)**

**5.108.31. Skriftformer** i kjeldene: *Quannda* 1616; *Quandal* TB1664 og 1667; *Quandall* 1723.

**5.108.36. Tydingar:** Oddvar Nes: "plantenamnet kvann i førstelekken."

**5.108.39. Mi vurdering:** Ein gamal gard som nok vart nedlagt i samband med Svartedauden og berre teken oppatt i ei kort periode. Namnet bør skrivast med dobbel konsonant: **Kvanndalen**.

## **5.109. Lillebø (gnr 123)**

**5.109.1. Skriftformer** i kjeldene: *Lillebø* 1603; *Lillebøe* 1606 og 1616; *Lillebøen* 1617; *Lille Bøen* Jb1626; *Lillebøe Matr1647*; *Lildebø TB1664*; *Lillebø 1667*; *Lillebøe 1723*; *Lilebøe, Lillebøe Kb1700-1750*; *Lillebøen E-sk1762*; *Lillebøe, Lilbø, Lilebø, LilleBøe, Lillebøen (1765)*, *Lillebø Kb1750-1800*; *Lillebøe Ft1801*; *Lillebø Matr1838*; *Lillebø, Lillebøe, LilleBøe, Lillebøen, Lille Bøe, Dals Lillebøe (1826)*, *DalsLillebøe (1831)*, *DahlsLillebøe (1831)*, *Dalslillebø (1831) Kb1800-1850*; *Dalslillebø Ft1865*; *Lillebø Ft1875*; *Lillebøen Matr1886*; *Lillebøe, Lillebø, Dals-Lillebø, Lillebø (Dals)*, *Dalslillebø, DahlsLillebø, DalsLillebø Kb1850-1900*; *Lillebø Ft1900*; *Lillebøen NG1908*; *Lillebøen, Lillebø Ft1910*; *Dalslillebø, Dals-Lillebø, Lillebø Kb1900-1932*; *Lillebønn Matr1950*. **Sleksnamn:** **Lillebø**

**5.109.2. Avleidde namn** i området: Lisjebøholmen.

**5.109.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 18 mk fisk (41,7 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 95 øre. Garden vart tidleg delt i fire bruk, seinare var det 6 bruk her. Garden sætra på Heida.

**5.109.5. Dokumenterte uttaleformer:** liHle'bøNN (dat: -bønå) NG1908

**5.109.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Namnet fortel at garden opphavleg høyrd til Dale."

**5.109.7. Tidfesting:** Namnet fortel i seg sjølv om ei tidlegare frådeling frå Dale. Garden er først nemnt i 1603, og har nok kome til i Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.109.8. Skriftnormering:** Dei skriftlege kjeldene er rimeleg eintydige. Legg merke til at Rygh dokumenterer ein uttale med "haHle"-lyd på garden her i 1908.

**5.109.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er eintydig og i bestemt form: **Dalslisjebøen**.

## 5.110. Rangsæter (gnr 124)

**5.110.1. Skriftformer** i kjeldene: *Ragnelsetter 1603 og 1606; Ragnildsetter 1616; Ragniillsetter, Raffuensetter 1617; Brendsætter Jb1626; Rangnildsett Matr1647; Ragnildsæter TB1664; Ragnhildsett 1667; Ragnildsett 1723; Ragnsetren, Ragnsetter Kb1700-1750; Ragnildsæter E-sk1762; Rangsetter, Rangsæt, Rognsæter (1765), Ragnildsæter (1765), Raagnsæten (1780), Rangsæter, Rangsætre (1789) Kb1750-1800; Rangsæter Kb1801; RangSæter, RagnildSæter Matr1838; Rangsæter, Ragnildseter (1825), Ragnildset (1827), Ragnildseth, Ragnildsæther (1840), Ragnildsæth, Ragnildsæter Kb1800-1850; Rangsæter Ft1865 og Ft1875; Rangsæteren Matr1886; Ragnildsæter, Ragnhildsæt, Ragnhildsæter, Ragnsæter (1861), Rangsæter (1864) Kb1850-1900; Rangsæteren Ft1900 og NG1908; Rangsæter, Ragnhildsæter Ft1910; Rangsæter Kb1900-1932; Rangsæter Matr1950. Sleksnamn: Rangsæter*

**5.110.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 50 øre. Garden vart delt i tre bruk i nyare tid.

**5.110.5. Dokumenterte uttaleformer:** Rannsætra IAa1840; rang'sætra NG1908

**5.110.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Skal have været skrevet Ragnildsæter, etter en Kvindes Navn."

Sverre Lyngnes: "Det er vanleg meinig at gardsnamnet kjem av kvinnenamnet Ragnhild. Men namneforma frå 1627, Brandsætter, peikar likevel på eit heilt anna opphav."

Oluf Rygh: "\*Ragnhildarsætr, sms. med Kvindenavnet Ragnhildr (PnSt.S. 197)."

**5.110.7. Tidfesting:** Namnet er ei samansetjing med eit personnamn og –sæter, og daterer seg slik til perioden 1600 – 1900, namnet er slik neppe særleg eldre enn dei tidlegaste skriftlege formene (Sandnes 1997: 36).

**5.110.8. Skriftnormering:** Dei skriftlege formene har her tydeleg –sæter i fellesleddet, og ikkje eit eldre –set, men det er ikkje konsekvent i alle kjelder.

**5.110.9. Mi vurdering:** Namnet er interessant fordi det viser den lokale dialektforma av kvinnenamnet Ragnhild, som nærmast kan skrivast /rangnild/. Denne lokale uttalen er nok grunnen til at namnet har blitt samantrekt til dagens form, der namnet er godt skjult. Garden er nok elles den einaste garden i Volda med eit kvinnenamn som tolking. Namnet bør skrivast i bestemt form i tråd med uttalen: **Rangsætra**.

## 5.111. Hesteflote (gnr 125)

**5.111.1. Skriftformer** i kjeldene: *Heßeflott 1616; Hesteflotten 1617; Hesteflot Jb1626; Hessefot Matr1647; Hesteflotte TB1664; Hesteflaat 1667 og 1723; Hesteflaat, Hesteflot, Hesteflate Kb1700-1750; Hesteflot E-sk 1762; Hesteflot, Hesteflaat, Hesteflaate, Hesteflott, Hestflotter, Hesteflod (1788) Kb1750-1800; Hesteflodd Ft1801; Heßeflot Matr1838; Hesteflot, Hesteflodd, Hesteflode Kb1800-1850;*

*Hestefloth Ft1865; Hesteflot Ft1875; Hesteflote, Hesteflot Matr1886; Hesteflot, Hesteflott Kb1850-1900; Hesteflote Ft1900 og NG1908; Hesteflot Ft1910; Hesteflaat, Hesteflot Kb1900-1932; Hesteflote Matr1950.* **Slektsnamn:** **Hesteflot**

**5.111.2. Avleidde namn** i området: Hesteflothaugen, Hesteflotplantegjerdet, Hesteflotlemmane

**5.111.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 12 mk fisk (9,3 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 82 øre. Garden vart delt i to jamstore bruk på 1800-talet.

**5.111.5. Dokumenterte uttaleformer:** hæsste'flåtiNNe (dativ: -tå) NG1908

**5.111.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Sidste Led er fløt f., Flade. Tillægget Hest- har vel sin Grund i, at Stedet tidligere har været brukt som Havnegang for Heste."

Oddvar Nes: "Andrekken er fløt f. 'flate, jamn mark', noko som høver. Garden har nok tidlegast vore nytta til hestehamning."

**5.111.7. Tidfesting:** Namnet er i bestemt form og ei samansetjing av to kulturnamn. Det er neppe særleg eldre enn dei eldste kjeldene (Sandnes 1997: 36).

**5.111.8. Skriftnormering:** Her er skriftbiletet tydeleg om tydinga hest-, eit markant skilje frå garden Eidseflot i Bjørkedalen.

**5.111.9. Mi vurdering:** Sjølv om nokre av dei eldste formene avvik noko, er det nok rett å anta at namnet har med hestehamning å gjere. Uttalen viser at gardsnamnet er i fleirtal, sjølv om dette blir skjult i skriftformene; **Hesteflotene**.

## 5.112. Birkestølen (gnr 126)

**5.112.1. Skriftformer** i kjeldene: *Bierkestøll 1603, 1606 og 1617; Bierkestøell Jb1626; Bierchestøll Matr1647; Birchestøl TB1664, 1667 og 1723; Birkestøl Ft1801; BirkeStøl Matr1838; Birkestøl (1805), Bjerkestøl (1845) Kb1800-1850; Birkestølen Matr1886, NG1908 og Matr1950.*

**Slektsnamn:** **Birkestøl**

**5.112.2. Avleidde namn** i området: Byrkjestøylbakkane, Byrkjestøylhol, Byrkjestøylelva, Fremste og Heimste Byrkjestøylledet, Byrkjestøylbrua

**5.112.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 21 mk fisk (11,6 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 73 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.112.5. Dokumenterte uttaleformer:** støiliNN NG1908; /bYrKE'stØyll/ St.ark1976.

**5.112.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "1ste Led er sandsynlig birki n., Birkelund, sidste Led er støðull m., Melkeplads, dernæst ogsaa: Sæter (Indl. S. 80)."

Oddvar Nes: "Ikkje av dei eldste namna. Førstekken er sikkert byrke n. 'bjørkeskog'."

**5.112.7. Tidfesting:** Namnet er ei samansetjing med –støyl i fellesleddet, og daterer seg slik til perioden 1600 – 1900. Det er neppe særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.112.8. Skriftnormering:** Her er skriftformene tydelege om tolkinga av bjørk.

**5.112.9. Mi vurdering:** Eitt av fleire namn i Volda som har med treslaget bjørk å gjere, men her er det i slektnamnet fordanska til Birke-, medan det i uttalen er oppnorska til Byrkje-; **Byrkjestøylen**.

## 5.113. Hjelle (gnr 127)

**5.113.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hielde 1617; Jelle Jb1626 og Matr1647; Hiælde TB1664; Jelde 1667; Jelle 1723, Kb1700-1750 og E-sk1762; Jelle, Jelhe, Gielle, Jele, Giælle, Hjelle (1767) Kb1750-1800; Selle Ft1800; Hjælle veðstre Matr1838; Jelle, Gelle (1815), Hjelle (1835) Kb1800-1850; Jelle vestre Ft1865; Hjælle Ft1875; Hjelle vestre, Jelle Matr1886; Jelle, Vestre Hjelle (1857), Hjelle, Hjelle-vestre (1860), Hjelle vestre (1879) Kb1850-1900; Hjelle vestre Ft1900, NG1908 og Ft1910; Hjelle, Hjelle vestre Kb1900-1932; Hjelle-vestre Matr1950.* **Slektsnamn:** **Hjelle**

**5.113.2. Avleidde namn** i området: Hjelleneset, Hjellesætra, Øvstehjellebukvia, Nedstehjellebukvia

**5.113.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 62 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk og hadde eiga sæter.

**5.113.5. Dokumenterte uttaleformer:** Jellane |Aa1851; "jæLLaNNe NG1908 /ØvstE'jeiL:aNE/, /neistE'jeiL:aNE/ St.ark1976

**5.113.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Hjallar, Flt. af hjallr m., høitliggende, flad Afsats (Indl. S. 55)."

**5.113.7. Tidfesting:** Namnet er første gong nemnt i 1617. I likhet med den andre garden med same namn er han neppe særleg eldre enn ei første skriftlege kjeldene viser (Sandnes 1997: 36).

**5.113.8. Skriftnormering:** Matrikkelformene er prega av at det finst to Hjelle-gardar i Volda, og utan at desse har det minste med kvarandre å gjere, har dei vore delte i austre og vestre.

**5.113.9. Mi vurdering:** Utifrå uttaleformene er det heilt klart at namnet skal vere i bestemt form og fleirtal. Rett skriftform skal vere: **Hjellane**.

## 5.114. Brune (gnr 128)

**5.114.1. Skriftformer** i kjeldene: *Brune 1606 og 1606; Brunne 1617; Brune Jb1626, Matr1647; TB1664, 1667, 1723 og Kb1700-1750; Bruune E-sk1762; Brune Kb1750-1800; Brunes!! Ft1801; Brune, Bru!! Matr1838; Brune Kb1800-1850; Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.* **Slektsnamn:** **Brune**

**5.114.2. Avleidde namn** i området: Brunesjøen, Brunesætra, Brunegjerdet

**5.114.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (13,9 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 23 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk, seinare var det tre bruk her. Garden hadde eiga sæter.

**5.114.5. Dokumenterte uttaleformer:** Bruni-ne pl.f. |Aa1840; "brUnaNNe (dativ: -nå) NG1908

**5.114.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Bru, eller Brun<e> betegner Overgangen fra en høi Bakke til en ovenfor liggende Flade."

Oluf Rygh: "\*Brún f., skarp Kant, Skrænt, Brink. Her nu og maaske fra gammel Tid af Flt. Gaarden ligger nær Stranden paa en høi Bakke. Ordet findes ofte brugt i sms. Navne, men usms. neppe udenfor Søndmøre (se Indl. S. 46)."

Oddvar Nes: "Er namnet frå gno tid, har det vore \*Brúnar eller \*Brúnir f. fleirt. Gno. Brún tyder 'kant mellom ei flate og eit hall nedanfor, brekke'."

**5.114.7. Tidfesting:** Namnet er første gong nemnt i 1606. Uttalen er i fleirtal, men dette kjem ikkje fram i skriftformen. I likheit med dei andre gardane i dalen her, er nok ikkje denne garden heller særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.114.8. Skriftnormering:** Skriftformene viser godt samsvar.

**5.114.9. Mi vurdering:** Namnet er som uttalen viser fleirtal. Det kan vere litt usikkert om kva fuge-vokal ein skal bruke på dette namnet; Brunane eller **Brunene**, eg har valt det siste sidan dette samsvarar med slektsnamnet og den eldste dokumenterte uttalen.

#### 5.114.10. Haukaasen (bnr 2 & 3 under gnr 128)

**5.114.11. Skriftformer** i kjeldene: *Haghas Jb1626; Hukaasen Ft1875; Haukaasen, Hukaasen Matr1886; Haugaas (1858), Hugaas (1861), Hogaaas (1873), Hukaasen (1874), Haugaas (1876), Haukaasen (1876), Hoggaas (1898) Kb1850-1900; Haukaasen Ft1900, NG1908 og Ft1910; Haukås (1928) Kb1900-1932; Haukaasen Matr1950.*

**5.114.12. Avleidde namn** i området: Hoggåsgylet, Hoggåsmyra, Storehoggåsen, Hoggåsbakken, Hoggåssteinen, Lisjehoggåsen

**5.114.13. Matrikkelskyld:** Bruket har i dag ei skyld på 70 øre.

**5.114.15. Dokumenterte uttaleformer:** "haukåsiNN NG1908

**5.114.16. Tydingar:** Sverre Lyngnes: Det kan vere ei omskriving av Høgås, eller også Haukås. I den første tida låg tunet lenger oppe enn no.

Oddvar Nes: "For min del vil eg tru at førstekken er hogg n, og at namnet fortel om hogging av beit til krøtera."

**5.114.19. Mi vurdering:** Sjølv om Rygh dokumenterer ein uttale med hauk-, viser dei avleidde namna at hogg- nok er det rettaste, slik Oddvar Nes også er inne på. Namnet har altså tilliks med Hoggja med 'hogging av beit til krøter' å gjere. Uttalesamnet er såpass mykje brukt at ein godt kunne sidestille dei to namna: **Hoggåsen – Haukåsen**.

#### 5.115. Eisset (gnr 130)

**5.115.1. Skriftformer** i kjeldene: *Esesetter 1603; Esesetter 1606; Eidsetter 1616; Eiidzþesetter 1617; Eidse setter Jb1626; Eidzesett Matr1647; Esesetter TB1664; Eidtsesett 1667; Eidsesett 1723; Eiseset Kb1700-1750; Eydseset E-sk1762; Eiseset, Eisesæt, Eidseseth, Eidsesæth, Eidsæt, Eiseseth, Eydsæt (1794) Kb1750-1800; Eidsesæt Ft1801; Eidsesæt Matr1838; Eidsesæt, Eidseset, Eidseseth, Eidseset, Eidsetsett, Eydseset, Eydeseset (1822), Eidset (1826) Kb1800-1850; Eidsesæt Ft1865; Eidsesæth Ft1875; Eisset, Eidseset Matr1886; Eidseset, Eidseseth, Eidsesæth, Eidsesæt, Eidset (1893) Kb1850-1900; Eisset Ft1900 og NG1908; Eidset Ft1910; Eidsæt, Eissæt (1900), Eidssæt (1905), Eidset Kb1900-1932; Eisset Matr1950. Sleksnamn: Eidset, Eidseth*

**5.115.2. Avleidde namn** i området: Eidsetelva, Eidsetledet, Eidsetskallen, Eidsetdalen

**5.115.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 62 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk og hadde eiga sæter.

**5.115.5. Dokumenterte uttaleformer:** "eissæt NG1908

**5.115.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "1ste Led indeholder uden tvivl Navnet paa den ved Gaarden udløbende Aa. Ligesom ved Eiseflot (GN. 94) kunde der være Tvivl, om dette har været Eiðsa eller

Eisa. Efter Stedsforholdene er det dog sandsynligst det sidste, Gaardnavnets gamle Form altsaa \*Eisusetr. Eisa maa afledes af eisa, at fare frem med Voldsomhed eller sterk Fart (se NE. S. 38)."

**5.115.7. Tidfesting:** Namnet er ei samansetjing med –set i fellesleddet, og kan slik knytast tilbake til Vikingtida 800 – 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.115.8. Skriftnormering:** At det har vore tvil om opphavet til utmerkingsleddet, er dei mange skriftformene eit godt bilet på.

**5.115.9. Mi vurdering:** Når det er elvenamnet som ligg til grunn for namnet, slik namnegranskaranane er einige om, bør namnet skrivast utan –d; **Eisset**.

## 5.116. Steinsvik (gnr 131)

**5.116.1. Skriftformer** i kjeldene: *Steinswigenn 1603; Stiensuig 1606 og 1617; Steinsuig Jb1626; Stiensuig Matr1647; SteensWig TB1664; Steensvig 1667 og 1723; Stensvigen, Stensvig, Stensviig, Stenswiig Kb1700-1750; Steensviigen E-sk1762; Stensvig, Stenswiig, Stensviig, Stenswig, Steensvigen, Steensvig (1767), Steensviig (1794) Kb1750-1800; Steensvig Ft1801; Steensvik Matr1838; Stensvig, Steensvig, Steensviig Kb1800-1850; Steensvig Ft1865; Stensvik Ft1875; Steensvik Matr1886; Stensvig, Stensvik (1856), Steensvig, Steinsvik (1874) Kb1850-1900; Steensvik Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Slektsnamn: Steinsvik*

**5.116.2. Avleidde namn** i området: Steinsvik (poststad)

Garden her var poststad for indre Dalsfjorden, men er nok ikkje den eldste garden her. Øydegarden Sævland ved Vassbakkevatnet var nok den første her, men han vart ikkje teken oppatt etter svartedauden. Åmelfot-gardane var i drift 1520, og har slik sannsynlegvis overlevd Svartedauden. Utifra storleik og funn av formminne kan også Steinsvika høyre til denne kategorien, sjølv om garden ikkje er dokumentert i 1520. Vassbakkane er nok ein gard frå etter Svartedauden, sidan ein vanskeleg kan rekne kontinuitet tilbake til garden Sævland her. Verken Åmelfotsætra, Mårstøylen eller Stranda er neppe særleg eldre enn dei eldste skriftformene.

**5.116.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 5 våger fisk (92,6 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 20 mark 97 øre. Garden vart tidleg delt i 5 bruk, seinare var det 6 bruk her. Garden hadde eiga sæter.

**5.116.4. Arkeologiske funn:** Det er nemnt ein bautastein og ei gravrøys, Randirøysa, på garden.

**5.116.5. Dokumenterte uttaleformer:** steins'VIKa NG1908

**5.116.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Steinsvík, her sandsynlig sms. med Mandsnavnet Steininn (PnSt.S. 235)."

Sverre Lyngnes: "kjem truleg rett og beint av stein - steinut grunn"

**5.116.7. Tidfesting:** Namnet er først nemnt i 1603, og er truleg ei samansetjing med eit personnamn som utmerkingsledd. Gardsnamnet har s-fuge mellom mannsnamnet og –vika, noko som tilseier at garden neppe er eldre enn kring Vikingtida 800 - 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.116.8. Skriftnormering:** Dei ulike skriftformene tilseier ei tolking av utmerkingsleddet som stein i tydinga grus ved fleire tilfelle. Mange av formene er i bestemt form.

**5.116.9. Mi vurdering:** Både i fleire av skriftformene og i uttale blir bestemt form av namnet dokumentert: **Steinsvika**.

## 5.117. Vassbakke (gnr 132)

**5.117.1. Skriftformer** i kjeldene: *Wasback 1603; Wasbotenn 1606; Vadßbacke 1616; Vaßbacke 1617; Wadtzbache Jb1626; Wadzbache Matr1647; Wasßbacke TB1664; Vadsbache 1667; Wadsbache 1723; Vasbache, Wasbache Kb1700-1750; Wadsbache E-sk1762; Wasbache, Wasbach (1758), Wasbake (1763), Vasbake, Vasbake, Vasbakken (1793), Wasbake (1794) Kb1750-1800; Wasbake Ft1801; Vatsbakke Matr1838; Wasbake, Vassbakke, Wasbache, Wassbakke, Wasbak (1817), Wasbake, Vasbake Kb1800-1850; Wasbake Ft1865; Vasbake Ft1875 og Matr1886; Wasbake, Vasbakke, Watsbak (1856), Wasbak (1863), Vadsbakke (1867) Kb1850-1900; Vasbake Ft1900, NG1908 og Ft1910; Vasbake, Vassbakke (1904), Vasbakk (1906) Kb1900-1932; Vassbakke Matr1950.* **Sleksnamn:** **Vassbakke**

**5.117.2. Avleidde namn** i området: Vassbakkedalselva, Vassbakkelva, Vassbakkens, Vassbakkevatnet

**5.117.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 2 pd 6 mk fisk (32,4 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 8 mark 24 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk. Garden hadde eiga sæter.

**5.117.4. Arkeologiske funn:** Det vart funne ein flintdolk på garden.

**5.117.5. Dokumenterte uttaleformer:** vass'bakkaNNe NG1908; /"vas:,bak:E/ St.ark1976.

**5.117.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Vatzbakki, hvori sidste Led, bakki, maa tages i Betydningen: Søbred (Indl. S. 43). Gaarden ligger ved Bredden af et Vand indenfor Bunden af Dalsfjorden."

Sverre Lyngnes: "Garden ligg noko opp frå sjøen på ei endemorene som har demt opp eit vatn, Vassbakkevatnet. Namnet er såleis heilt ut naturgjeve."

Oddvar Nes: "Dersom namnet går attende til MA, ville den gno forma vere \*Vazbakki. Som tyder 'bakke eller breidd ved eit vatn', og det høver heilt med naturtilhøva her."

**5.117.7. Tidfesting:** Namnet er først nemnt i skriftlege kjelder 1603, det er ei samansetjing av to naturnamn. Garden er ikkje av dei største, og kan truleg knytast til Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.117.8. Skriftnormering:** Dei ulike skriftformene varierer med skrivemåten av vatn.

**5.117.9. Mi vurdering:** Rygh dokumenterer ein fleirtalsuttale, medan Stadnamnarkivet har ei eintals-form som ikkje stemmer overeins med dialekta. Hadde namnet vore i eintal, skulle ein forventa palatalisering /baK:i/, ikkje /bak:e/. Korrekt skriveform blir då: **Vassbakkane**.

## 5.117.10. Sævland (nedlagd gard i gardsområdet til gnr 132)

**5.117.11. Skriftformer** i kjeldene: *i Sævarlande 1379*

**5.117.12. Avleidde namn** i området: Sævlandskvista, Sævlundsberget

**5.117.15. Dokumenterte uttaleformer:** *i Sævarlande 1379*

**5.117.16. Tydingar:** Oluf Rygh: "1ste Led er Gen. af sær m., Sø."

**5.117.19. Mi vurdering:** Garden er ei samansetjing med –land i fellesleddet, og kan slik daterast til 400 – 1000 evt (Sandnes 1997: 35). Rett skriveform bør vere: **Sævland**.

## 5.118. Aamelfot (gnr 133 og 136)

**5.118.1. Skriftformer** i kjeldene: *Omffoodt, Amulffoe, Amwlfod 1520; Amelfod 1603; Amelfodt 1606; Omellfoed 1616; Ammelfoed, Aammelfoed 1617; Inder og Ytre Omelfoed Jb1626 og Matr1647; Indr og Yter Ommelfod TB1664; Indre og Ytter Omelfod 1667; Indre og Ytre Ommelfoed 1723; Ommelfot, Omelfot, Ommefot (1743), Omelfoden Kb1700-1750; Indr. Omelfod, Yttr. Ommelfod E-sk1762; Omelfot, Ommelfot, Omelfoten, Omelfod, Ommelfod, Ommelfodten, Omelfodt, Ommelfodt, Ytter Omelfodt (1783), Aamelfoed (1784), Omelfoed (1786), Aamelfod (1794) Kb1750-1800; Indre Ommelfod, Ytre Omelfod Ft1801; Omelfot, Omelfot yttrre Matr1838; Omelfod, Ommelfod, Indre og Ytre Omelfod, Ytre Ommelfod Kb1800-1850; Ommelfod, Ommelfod indre og yttrre Ft1865; Indre- og Ytre-Ommelfot, Indre og Ytre Ommelfot Ft1875; Aamelfot indre og yttrre, Ommelfot, Omelfot Matr1886; Omelfod, Ytre Omelfod, Ommelfod, Indre og Ytre Ommelfot, Ytre-Ommelfod, Indre Aamelfot (1861), Aamelfot (1862), Aamelfod, Amelfot (1869), Ammelfot (1874) Kb1850-1900; Aamelfot, Aamelfot indre og yttrre Ft1900, NG1908 og Ft1910; Ommelfot, Aamelfot, Åmelfot, Omelfot Kb1900-1932; Aamelfot, Aamelfot yttrre Matr1950. Sleksnamn: Aamelfot, Åmelfot*

**5.118.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger 12 mk fisk (58,6 kg) for Indre Åmelfoten og 1 våg 2 pd 6 mk (32,4 kg) for Ytre Åmelfoten, den første var halvgard, den andre øydegard 1667. I 1886 var skylda høvesvis 8 mark 22 øre og 6 mark 26 øre. Indre Åmelfoten vart tidleg delt i tre jamstore bruk, Ytre Åmelfoten i to jamstore bruk. Indre Åmelfoten sætra på Tryfta, medan Ytre Åmelfoten sætra på Dansen.

**5.118.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei kvinne- og ei mannsgrav tid på garden.

**5.118.5. Dokumenterte uttaleformer:** Omffoodt, Amulffoe, Amwlfod 1520; Åmel'fOtiNN NG1908.

**5.118.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Maaske sammensat af Aa (Elv) og Mòl (isl. Möl) et Lag af Smaasteen paa Strand- eller Elvebredde."

Efter Skrivemaaden i 1520 mener [Sophus Bugge], at den ældre Udt. har været Qmul-, og formoder, at den gamle Form har været \*Hqmulfótr (eller -fóti), af \*hqmull m. (som i Oldn. forekommer i hqmulgrýti), Folkesprogets Humul m., Sten, især om smaa rundagtige Stene (se Aasen), og at Navnet, som vel opr. er Fjordnavn, har Hensyn til, at Grunden ved Fjordens Bund har været bedækket med Smaasten.

Oluf Rygh: "Sidste Led er øiensynlig fótr m., Fod, som bruges i Navne paa fremskydende Fjelde og Nes og i nogle Tilfælde ogsaa i Fjordnavne. 1ste Led gjenfindes, saavidt jeg ved, i denne Form ikke i noget andet Stedsnavn."

Eivind Vågslid: "Sistelekken er gno \*fót, f. "fotstig, um gangleid over grjotlende, av di det gjeng ein stig frå inste ende av Dalsfjord langs med ei elv frå Bauvatn og derifrå sudover attmed ei elv som renn ut vid Størheim i Nordfjord. ""

**5.118.7. Tidfesting:** Garden er nemnt 1520, noko som gjer den til ein av gardane som overlevde Svartedauden. Gardsnamnet er samansett, men truleg likevel av dei eldste gardsnamna (Sandnes 1997: 34).

**5.118.8. Skriftnormering:** At namnet har vore vanskeleg å tolke, viser att i skriftformene.

**5.118.9. Mi vurdering:** Første del av namnet er nok det vi finn att i elvenamnet Åmela, og Ivar Aasen si tolking av elvenamnet er nok rett. Siste delen er nok fot i tydinga 'ved utløpet av', enden av elva. Rygh og enkelte av skriftformene dokumenterer bestemt form: **Åmelfoten**.

## 5.119. Aamelfotdalen (gnr 134)

**5.119.1. Skriftformer** i kjeldene: *Amelfidtzall 1603; Amelfotzdall 1606; Dallenn 1617 og Jb1626; Omelfoeddall Matr1647; Dalen TB1664; Ommelfoddale 1667; Ommelfodall 1723; Dalen, Ommelfotdal, Dahlen, Omelfotdal Kb1700-1750; Omelfoddahl E-sk1762; Dalen, Omelfotdal, Dahlen, Omelfoddal, Omelfodal, OmelfodDal, Aamelfoddal (1798) Kb1750-1800; Ommelfoddal Ft1801; Omelfotdal Matr1838; Omelfoddal, Omelfodsdal (1816), Omelfotdal (1820), Ommelfoddal (1841), Ommelfoddahl (1842) Kb1800-1850; Ommelfoddal Ft1865; Ommelfotdal Ft1875; Aamelfotdalen Matr1886; Omelfodsdal, Omelfoddal, Ommelfoddal, Aamelfotdal, Aamelfodal (1867), Ommelfodtal (1876), Ommelfotdal Kb1850-1900; Aamelfotdal Ft1900; Aamelfotdalen NG1908 og Ft1910; Ommelfotdal, Aamelfotdal, Åmelfotdal (1917), Dal (1921) Kb1900-1932; Aamelfotdalen Matr1950.*

**Sleksnamn:** Dahl

**5.119.2. Avleidde namn** i området: Dalebø

**5.119.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 12 mk fisk (21,6 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 61 øre. Garden var einbølt til nyare tid.

Eit bruk på garden har namnet Dalebø, noko som kan vere ein indikasjon på kvar tunet låg. Garden sætra på Tryfta saman med Indre Åmelfoten.

**5.119.5. Dokumenterte uttaleformer:** daliNN NG1908

**5.119.7. Tidfesting:** Namnet er første gang nemnt i kjeldene 1603, og fleire av formene er i bestemt form. Garden er neppe særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.119.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer med skrivemåten av Åmelfot-.

**5.119.9. Mi vurdering:** Namnet er i bestemt form: **Åmelfotdalen**.

## 5.120. Aamelfotsæter (gnr 135)

**5.120.1. Skriftformer** i kjeldene: *Omelfodset Matr1647; Sætheren TB1664; Ommelfodsæter 1667; Ommelfodsett 1723; Ommelfodsæter E-sk1762; Ommelfodsæter, Aamelfodseter, Ammelfodsætre Kb1750-1800; Omelfodsæter Ft1801; OmelfotSæter Matr1838; Ommelfodssætren, Ommelfodsætre, Omelfodsæter, Ommelfodssæter Kb1800-1850; Ommelfodsæter Ft1865 og Ft1875; Aamelfotsæteren Matr1886; Ommelfodsæter, Omelfodsæter, Aamelfotseter, Ommelfotsæter, Åmelfotsæter (1899) Kb1850-1900; Aamelfotsæteren Ft1900, NG1908 og Ft1910; Åmelfotsæter, Aamelfotsæter Kb1900-1932; Aamelfotsætren Matr1950. Sleksnamn: Aamelfotsæter.*

**5.120.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 12 mk fisk (15,4 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 94 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Dansen saman med Ytre Åmelfoten.

**5.120.5. Dokumenterte uttaleformer:** sætra NG1908

**5.120.6. Tydingar:** Oluf Rygh: " Her er det sidste Led uttvivlsomt sætr n., Sæter."

Oddvar Nes: "Andrelekk er seter (gno sætr). Namnet fortel at staden har vore sæter for Åmelfot."

**5.120.7. Tidfesting:** Namnet er ei samansetjing med –sæter i fellesleddet, og daterer seg slik til perioden 1600 – 1900. Det er først nemnt i 1647, og er neppe eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.120.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige om tolkinga.

**5.120.9. Mi vurdering:** Garden har nok som Oddvar Nes seier, opphaveleg vore sæter for gardane i Åmelfoten. Namnet bør skrivast: **Åmelfotsætra**.

## 5.121. Morstølen (gnr 137)

**5.121.1. Skriftformer** i kjeldene: *Mørchestøll, Mørstøffuel 1603; Mørstølle 1606; Mørstøll 1616; Moerstølle, Mørstølle 1617; Maastøfle Jb1626; Maarstøll Matr1647; Maarstøl TB1664; Maarstøle 1667; Maarstøel 1723; Maarstøl, Morstøl Kb1700-1750; Maarstøel E-sk1762; Morstøel, Morstøl, Mørstøel (1754), Maarstøl (1768), Morstøll (1781) Kb1750-1800; Maarstøl Ft1801; MaarStøl Matr1838; Maarstøl, Morstøl, Moerstøel (1824), Maarstøel (1828) Kb1800-1850; Maarstøil Ft1865; Maarstøl Ft1875; Morstølen, Maarstøl Matr1886; Morstøl, Maarstøl Kb1850-1900; Morstøl Ft1900; Morstølen NG1908 og Ft1910; Morstøl, Morstøyl (1906), Maarstøyl (1912), Mårstøyl (1919), Mårstøil (1922), Mårstøl (1926) Kb1900-1932; Morstølen Matr1950. Sleksnamn: Mårstøl, Mårstøyl*

**5.121.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger fisk (37 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 54 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk.

**5.121.5. Dokumenterte uttaleformer:** må:r'støiliNN NG1908

**5.121.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "1ste Led kan mulig være mørðr m., Maar, enten direkte eller gjennem et deraf dannet Elvenavn. Ogsaa paa Mandsnævnet Mørðr, som endnu i Formen Maar skal forekomme i Søndfjord (Aasen, Navnebog S. 29), kan der være Anledning til at tænke."

Sverre Lyngnes: "Vanleg seiemåte no er Morstøylen - Morstøyla."

Oddvar Nes: "Rimelegaste tolkinga er dyrenamnet mår, gno mørðr m. Alternativ kunne vere plantenamnet mure, gno maðra f."

**5.121.7. Tidfesting:** Namnet er ei samansetjing med –støyl i fellesleddet, og daterer seg slik til perioden 1600 – 1900. Det er først nemnt i 1603, og er neppe særleg eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.121.8. Skriftnormering:** Skrivemåten med Mor- tyder nok at oppskrivarane har vore inne på ei anna tolking enn dyrenamnet mår.

**5.121.9. Mi vurdering:** Dersom ein legg til grunn at dyrenamnet mår er rett tolking av namnet, vil rett skrivemåte vere **Mårstøylen**.

## 5.122. Stranden (gnr 138)

**5.122.1. Skriftformer** i kjeldene: *Strandensetter 1603; Stranden Jb1626; Strand Matr1647, TB1664, 1667 og 1723; Stranden E-sk1762; Strand Ft1801; Strand Matr1838, Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Strand (Dals-) Kb1850-1900; Strand Matr1950, NG1908, Ft1910 og Matr1950. Sleksnamn: Strand.*

**5.122.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 21 mk fisk (11,6 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 66 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.122.5. Dokumenterte uttaleformer:** stranda NG1908

**5.122.6. Tydingar:** Oddvar Nes: " Forma frå 1603 tyder vel på at garden opphaveleg har vore seter, helst under Mårstøyl."

**5.122.7. Tidfesting:** Namnet er først nemnt i 1603, og er i bestemt form. Den eldste forma viser i tillegg til namneleddet –sæter, som daterer garden til 1600-1900 (Sandnes 1997: 36).

**5.122.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige.

**5.122.9. Mi vurdering:** Namnet på garden bør skrivast: **Stranda**.

## 5.123. Inselset (gnr 139)

**5.123.1. Skriftformer** i kjeldene: *Indsulsetter 1603; Indzelsetter 1606; Inzelsetter Jb1626; Indselsett, Jndselsett Matr1647; Indselsætter TB1664; Indselsetter 1667; Indselsett 1723; Inselset Kb1700-1750; Indselset E-sk1762; Inselset, Inselsæt (1759), Indselsæth (1764), Indselsæt, Inselseth Kb1750-1800; Indselsæt Ft1801; IndSelSæt Matr1838; Indselset, Inselset, Inselseth, Indselseth Kb1800-1850; Inselsæt Ft1865; Indselsæth Ft1875; Inselset Matr1886; Indselset, Indselseth, Indselsæt, Inselset, Inselsæt Kb1850-1900; Inselsæt Ft1900; Inselset NG1908 og Ft1910; Inselsæt, Innselsæt, Inselset, Inselseth, Innselset Kb1900-1932; Inselset Matr1950. Slektsnamn: Inselset, Innselset*

**5.123.2. Avleidde namn** i området: Innselsetskrida, Innselsetneset, Innselsetbygda (bygdenamn)

Poststaden låg på denne garden, men Aksnes er den eldste garden her. Øggards-namnet på Aksnessætra viser at denne nok har vore i drift før Svartedauden, og det same kan Innselset ha vore, men kombinasjonen med sætredrift tilseier i såfall at dei er av dei nyare namna frå den tida.

**5.123.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 2 pd 6 mk fisk (32,4 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 9 mark 30 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, og hadde sæter i Keipedalen.

**5.123.4. Arkeologiske funn:** Det er ei langrøys på garden.

**5.123.5. Dokumenterte uttaleformer:** Jnselsæt IAa1840; Innsel'sÆt NG1908

**5.123.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Maaskee Jndre-Sælsæt eller Seljesæt."

Oluf Rygh: "Et enestaaende Navn. Innsel bruges efter Aasen om det indre af de to Rum, hvori et Sæterhus kan være delt, og som bruges til Opbevaring af Melken. Man kunde tænke sig, at det paa den Tid, da dette Navn blev til, var ualmindeligt i denne Egn, at et Sæterhus havde mere end ét Rum, og at denne Sæter derfor fik dette Navn som en Undtagelse. Sidste Led er i saafald sætr n., Sæter. Forbindelsen af de to Ord sel og sætr i samme Navn er dog paaafaldende. Man skulde da heller ikke vente aaben Udt. af den 1ste Vokal. Det er ogsaa muligt, at 1ste Led er sterkt afslidt."

Sverre Lyngnes: "Meir rimeleg er at namnet har tre samansette lekkar: Inn blir ofte slik i tydinga inst, i dette høve lengst syd. Sel og set(r) står for seterhus og seter(støyl). Det er heilt skynleg at Aksnes lengst ute har utvida seterdrifta si innover, først til Asknes-seter som låg så nær at det ikkje var trong for sel, (vakarhus), derimot på Inste(sel)setra som låg lengst unna."

Oddvar Nes: "Eg vil berre nemne i tillegg at frå gno kjenner vi ordet selsetr n 'seter med sel'., og at gardsnamnet såleis nok har vore \*Inn-selsetr (dersom det er så gammalt). Dette namnet kan då ikkje førast i hop med andre namn på gno. -setr."

**5.123.7. Tidfesting:** Namnet indikerer i dag ei samansetjing med –set i fellesleddet, men kombinasjonen med Innsel- tilseier at namnet kanskje heller er ei samansetjing med -sæter som fellesledd. Garden er første gongen nemnt i 1603, og er neppe særleg mykje eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.123.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige.

**5.123.9. Mi vurdering:** At Innselset nok har vore sæter for Aksneset i tidlegare tider, er nok det vi finn att i namnet, og dei to tolkingane heng nært i hop med kvarandre. Anten det er Inn- i tydinga den indre eller Innsel- i tydinga sel med to rom, så skal namnet skrivast med dobbel konsonant: **Innselset**.

## 5.124. Aksnessætren (gnr 140)

**5.124.1. Skriftformer** i kjeldene: *Axnesetter 1603 og 1616; Strand Jb1626; Axnes ødegaard Matr1647; Axnæsβ-Ødegaard TB1664; Axnessetter eller Ødegaard 1667 og 1723; Hatlen Kb1700-1750; Axnessetter E-sk1762; Hatlen, Axnessæter (1777), Axnæssæter, Axnæssæter, Axsnæssæter, Aksnessæter Kb1750-1800; Axnæssæter Ft1801; AksnæsSæter Matr1838; Axnessæter, Axnæssæter, Axnes-Sætre, Axnessætre, Axnesseter, Axnessetre, Axnes Sætre, AxsnesSætre Kb1800-1850; Axnessæter Ft1865; Aksnæssæter Ft1875; Aksnessæteren, Hatlen Matr1886; Aksnæssæter, Axsnæssæter, Agsnæssæter, Aksnæssætre, Aknæssæter (1888) Kb1850-1900; Aksnessæter Ft1900; Aksnessæteren NG1908 og Ft1910; Aksnessæter Kb1900-1932; Aksnessætren Matr1950. Slektsnamn: Aksnessæter*

**5.124.2. Avleidde namn** i området: Øggardsbrua, Øggardsrabben, Øggardsgylet, Øggardskamben, Øggardsskaret, Øggardselva, Øggardsledet

**5.124.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 18 mk fisk (17 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 3 mark 4 øre. Garden er delt i to bruk i nyare tid og sætra i Hovlida.

**5.124.5. Dokumenterte uttaleformer:** haHliNN, øggariNN NG1908

**5.124.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Daglignavnet er Trænavnet hasl, brugt umiddelbart som Gaardnavn og her i bestemt Form. Findes ofte i denne Form i dette Amt."

**5.124.7. Tidfesting:** Matrikkelforma er ei samansetjing med –sæter i fellesleddet, noko som daterer denne til etter 1600, men garden kan ha vore i drift også før Svartedauden, sidan den også har namnet Øggarden. (Sandnes 1997: 36). Ei anna mulegheit her er at garden har vore øyde i perioder på 1600-talet.

**5.124.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige om matrikkelforma.

**5.124.9. Mi vurdering:** Denne garden har altså heile tre namn, som alle har vore i bruk til ulike tider. **Aksnessætra** er reint matrikkelnamn, medan **Haslen** med den særmerkte /haHl/-lyden er dokumentert som daglegnamn av Rygh. I dag er garden oftast kalla **Øggarden**.

## 5.125. Aksnes (gnr 141)

**5.125.1. Skriftformer** i kjeldene: *Axness 1530; Axnes 1603 og 1606; Axnis 1616; Axnes 1617; Axnæs Jb1626; Axnes Matr1647; Axnæss TB1664; Axsnes 1667; Axnes 1723 og Kb1700-1750; Axness E-sk1762; Axnes, Axnæs, Aksnes, Axsnes Kb1750-1800; Axnæss Ft1801; Aksnæs Matr1838; Axnæs, Axnæss, Axsnes, Axnæss, Axnes Kb1800-1850; Axnes Ft1865; Aksnæs, Aksnes Ft1875; Aksnes Matr1886; Axnæs, Axnæss, Axness, Asenæss (1864), Axnes, Aksnes (1874), Aksnæs, Axnæs, Aksnes Kb1850-1900; Aksnes Ft1900, NG1908 og Ft1910; Aksnes, Aksnæs Kb1900-1932; Aksnes Matr1950. Slektsnamn: Aksnes*

**5.125.2. Avleidde namn** i området: Aksnesbugen

**5.125.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 18 mk fisk (41,7 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 17 øre. Garden er delt i fem bruk i nyare tid og sætra i Hovlida.

**5.125.5. Dokumenterte uttaleformer:** Axness 1530; Aksnès IAa1840; akks'næse NG1908; /'aks,nE:sE/ St.ark1976.

**5.125.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Enten av Aks (Kornax) eller Øks (det isl. Genitiv hedder axar)"

Oluf Rygh: "Dette Navn, som forekommer paa mange Steder, dog næsten kun paa Vestlandet og i det nordenfjeldske, kan have flere forskjellige Oprindelser. Det kan være Akrnes, af akr m., Ager, hvor r mellem to Konsonanter bortfaldt. Fremdeles Asknes, af Trænavnet askr, hvori s og k er omflyttede. Videre kan det være opr. Axlernes, af qxl f., Axel, brugt som Fjeldnavn, idet Mellemstavelsen som saa ofte er afslidt. Endelig kan det komme af Apaldrnes, af apaldr m., Vildæbletræ, gjennem Mellemformerne Apsnes-Afsnes. Her turde det maaske ligge nærmest at forklare det af \*Axlernes."

Oddvar Nes: "Beste alternativet er \*Asknes, der førstelekkjen er trenamnet ask. I eit konsonantsamband som /-skn-/ er det rimelig å finne omskipling av konsonantane til /-ksn-/, jfr. dei liknande /frikst/ for friskt og /baækst/ for beiskt."

**5.125.7. Tidfesting:** Det er verd å merke seg at skriftformene ikkje dokumenterer bestemt form av dette namnet, og berre dei nyaste uttaleformene har bestemt form her. Truleg har ein då her eit opprinneleg usamansett –nes-namn. Denne teorien blir styrka både ved dei fonemiske endringane i utmerkingsleddet, det at garden er nemnt på 1500-talet og at han er av middels storleik (Sandnes 1997: 36).

**5.125.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige.

**5.125.9. Mi vurdering:** Uansett tolking er skriftformene eintydige om at namnet i dag bør skrivast **Aksnes**, i ubestemt form.

#### 5.125.10. Krokneset (bnr 2 under gnr 141)

**5.125.11. Skriftformer** i kjeldene: *Krogenæss* (1814), *Krogenes Kb1800-1850*; *Krognes Ft1865*; *Krokneset Ft1900* og *Ft1910*; *Krokneset, Kroknes Kb1900-1932*. **Slektsnamn:** **Kroknes**.

**5.125.12. Avleidde namn** i området: Krokfjellet, Krokfjellsida.

**5.125.13. Matrikkskyld:** Bruket har ei skyld på 44 øre.

**5.125.19. Mi vurdering:** Bruksnamnet bør skrivast i bestemt form: **Krokneset**.

### 5.126. Lyngnes (gnr 142)

**5.126.1. Skriftformer** i kjeldene: *Lønngenes* 1603; *Løngnes* 1606; *Liungnes* 1616; *Løngnes* 1617; *Lingnæs Jb1626*; *Løngnes Matr1647*; *Lyngnæss TB1664*; *Løngnes 1667*; *Lyngness 1723*; *Lyngness, Lyngnes, Lyngnæs Kb1700-1750*; *Lyngness E-sk1762*; *Lyngnes, Lyngnæs, Lyngnæss Kb1750-1800*; *Lyngnæss Ft1801*; *Lyngnæs Matr1838*; *Lyngnæs, Lyngnes Kb1850-1900*; *Lyngnæss Ft1865 og Ft1875*; *Lyngnes Matr1886*; *Lyngnæs, Lyngnæss, Lyngnes Kb1850-1900*; *Lyngnes Ft1900, NG1908 og Ft1910*; *Lyngnes, Lyngnæs Kb1900-1932*; *Lyngnes Matr1950*. **Slektsnamn:** **Lyngnes**

**5.126.2. Avleidde namn** i området: Lyngnesskallen

**5.126.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 18 mk fisk (23,2 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 6 øre. Garden vart delt i to jamstore bruk på 1800-talet, seinare var det tre bruk her. Garden sætra på Fossastøylen.

**5.126.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei steinøks på garden.

**5.126.5. Dokumenterte uttaleformer:** lyng'næse NG1908

**5.126.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Af Plantenavnet lyng n., "det lyngbevoxede Nes"."

Sverre Lyngnes: "Men namnet har og ei anna form: Lynges, av og til brukt i dialekten som Lygnese - Lyngesa. Det er ikkje umogleg at dette namnet er eldst, kanskje opphaveleg, i alle fall på sjølve neset som stikk fram i fjorden. Denne namneforma må kome av lygn - lygne - logn. [...] Det er sikkert at Lyngneset ligg for vind både frå syd og nord."

**5.126.7. Tidfesting:** Garden er første gang nemnt i kjelden 1603. Namnet er samansett av to naturnamn som fortel om garden. Namnet er neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.126.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige.

**5.126.9. Mi vurdering:** Alle skriftformene støttar Rygh si tolking om at plantenamnet lyng ligg til grunn for namnet. Rygh dokumenterer også bestemt form i 1908; **Lyngneset**.

## 5.127. Løvik (gnr 143)

**5.127.1. Skriftformer** i kjeldene: *Løffwig 1603; Levig 1606; Løuig 1616; Liøuigen 1617; Løeuigen Jb1626 og Matr1647; LødesVig TB1664; Løvik 1667; Løevig 1723; Lødevig, Løedvig, Løevig, Lødvig, Løvig Kb1700-1750; Løeviigen E-sk1762; Løvig, Løevig, Løedevig, Lødvig, Lødevig Kb1750-1800; Løvig Ft1801; Løvik Matr1838; Løvig, Løevig Kb1800-1850; Løvig Ft1865; Løvik Ft1875 og Matr 1886; Løvig, Lövig, Løvik (1873) Kb1850-1900; Løvik Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.*

**Slektsnamn:** **Løvik**

**5.127.2. Avleidde namn** i området: Løviktua, Løvikgylet, Løvikbugen, Vikåkeren

**5.127.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 2 pd 6 mk fisk (32,4 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 14 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, og sætra på Fossastøylen.

**5.127.4. Arkeologiske funn:** Det er funne to bautasteinar på garden.

**5.127.5. Dokumenterte uttaleformer:** Løvik IAa1840; lø'VIKa NG1908; /'lø:vi:Ka/ St.ark1976

**5.127.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Mærk Dialektens løde (forkortet lø') sammenlægge, opstable (isl hlada). Løde (isl. Hlada) en Lade, Høhuus - Isl. Læda, en Skygge"

Oluf Rygh: "Kan være \*Løðuvík, af laða f., Lade, Hølade. Formen fra 1617 kan der vist ikke lægges nogen Vægt paa."

Sverre Lyngnes: "Etter naturlege tilhøve måtte det vere heilt rimeleg med Levika - 'den lune vika'."

**5.127.7. Tidfesting:** Garden er første gang nemnt i kjelden 1603, og fleire gongar er namnet i bestemt form. Det er samansett av eit kulturnamn og eit naturnamn, og er neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.127.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige.

**5.127.9. Mi vurdering:** Namnegranskarane er samde om at det her er tale om ei løde eller å løde noko, altså ein plass der ein samlar opp noko for vidare transport. Namnet er nemnt i bestemt form i kjeldene, og bør derfor skrivast **Løvika**.

## 5.128. Drabløs Lillebøen (gnr 144)

**5.128.1. Skriftformer** i kjeldene: *Lillebøe 1603 og 1606; Lille Bøe Jb1626; Lillebøe Matr1647; Lildebø TB1664; Lillebø 1667; Lillebøe 1723; Lilebøe, Lillebøe Kb1700-1750; Lillebøe E-sk1762; Lillebøe, Libb!!; Lilebø, LilleBøe, Lillebøen (1765); Lillebø Kb1750-1800; Lillebøe Ft1801; Drabløs-Lillebø (Drablaus-) Matr1838; Lillebøe, Lillebø, Drabløs Lillebø, DrabløsLillebøe, Drabløes Lillebøe, Drabløslillebø (1845) Kb1800-1850; Drabløs Lillebø, Drabløs lillebø Ft1865; Drabløslillebø Ft1875; Dravlaus Lillebøen, Drabløs Lillebøen Matr 1886; Lillebøe, Lillebø, Drabløslillebøe, Drabløslillebø, Dravløslillebø (1890), Dravlauslillebø (1899) Kb1850-1900; Lillebø Ft1900; Dravlaus Lillebøen NG1908; Drabløs Lillebø, Drabløs-Lillebø Ft1910; DravlausLillebø, Dravlaus-Lillebø, Lillebø Kb1900-1932; Drabløs Lillebøen Matr1950.* **Slektsnamn:** *Lillebø*

**5.128.2. Avleidde namn** i området: Lisjevika

**5.128.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 95 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det fire bruk her. Garden sætra på Fossastøylen.

**5.128.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ein flintsigd på garden.

**5.128.5. Dokumenterte uttaleformer** "dra:vlaus liHle'bøNN NG1908

**5.128.6. Tydingar:** Oddvar Nes: "Namnet fortel at garden opphavleg høyrde til Dravlaus."

**5.128.7. Tidfesting:** Namnet fortel i seg sjølv om ei tidlegare frådeling frå Dravlaus. Garden er først nemnt i 1603, og har nok kome til i Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.128.8. Skriftnormering:** Dei skriftlege kjeldene er eintydige. Legg merke til at Rygh dokumenterer ein uttale med "haHle"-lyd på garden her i 1908.

**5.128.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er eintydig og i bestemt form: **Dravlaus-Lisjebøen**.

## 5.129. Dravlausreite (gnr 145)

**5.129.1. Skriftformer** i kjeldene: *Reitte 1606; Reitte 1617; Reitte, Ytre og Inder Reitte Jb1626; Reitte Matr1647; Reiten TB1664; Reite 1667 og 1723; Reitte, Reite, Reithe Kb1700-1750; Reitte E-sk1762; Reite, Reyte (1794), Drabløsreite (1759) Kb1750-1800; Reite Ft1801; Drabløs-Reite Matr1838; Reite, Reithe, Reithe (1819), Drabløsreite, Drabløsreithe, Drabløs-Reite, Drabløs Reite, DrabløesReite Kb1800-1850; Drabløsreite Ft1865 og Ft1875; Dravlaus Reite Matr1886; Reite, Drabløsreite, DrabløsReite, Drabløsreit (1861), Drabløs-Reite, Drabløsrejte (1883), Dravlausreite (1898) Kb1850-1900; Dravlaus Reite Ft1900 og NG1908; Drabløsreite Ft1910; Reite, Dravlausreite, Dravlaus-Reite, Dravlaus Reite Kb1900-1932; Dravlaasreite Matr1950.* **Slektsnamn:** *Reite*

**5.129.2. Avleidde namn** i området: Reitekvernhuset, Lisjereiten, Midreitefluda

**5.129.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 18 mk fisk (41,7 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 94 øre. Garden vart tidleg delt i tre bruk og sætra på Nyestøylen i Dravlausdalen.

**5.129.5. Dokumenterte uttaleformer:** Reitane IAa1851; "reitaNNe NG1908

**5.129.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Sidste Led er Flt. af reitr m., afgrændset Flade, Rude (Indl. S. 70.)"

**5.129.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er første gong nemnt i 1603. Reite er eit typisk tilvekstnamn i perioden 1030-1350, og garden er neppe eldre enn det (Sandnes 1997: 36).

**5.129.8. Skriftnormering:** Dei skriftlege kjeldene er eintydige.

**5.129.9. Mi vurdering:** Den største av dei fire Reite-gardane i Volda, og også her er det snakk om eit namn i fleirtal, endatil med ei tredeling i Ytste-, Midste- og Instereitane i bruksnamna. Forma **Dravlausreitane** er brukt for å skilje den ifrå dei andre Reite-gardane, men daglegnamnet på garden er berre **Reitane**.

## 5.130. Dravlaus (gnr 146 og 149)

**5.130.1. Skriftformer** i kjeldene: *Draffløse, Draffløsse 1520; Dragløs, Drageløs, Dragløße 1603; Dragløs 1606; Draffueløß 1617; Draffeløb, Ytre Draffløb Jb1626; Drabløs, Ytter Drabløs Matr1647; Indr. og Yter Drabløs TB1664; Indre og Ytter Drabløs 1667; Drabløes, Indre Drabløes, Ytre Drabløs 1723; Drabløse, Drabløes Drabløs Kb1700-1750; Indr. og Yttr. Drabløs E-sk1762; Drabløs, Drabløes, Indre Drabløs (1782) Kb1750-1800; Indre og Ytre Drabløs Ft1801; Drabløs indre og ytre, Dravlaus Matr1838; Drabløs, Drabløes, Indre og Ytre Drabløs, Ytre Drabløes, Ytre Drabløs Kb1800-1850; Indredrabløs, Ytre Drabløs, Ytre Drabløs Ft1865; Indre- og Yttredrabløs Ft1875; Dravlaus indre og ytre Matr1886; Drabløs, Indre og Ytre Drabløs, Indre- og Ytre-Drabløs, Indre- og Ytredrabløs, Dravløs (1891), Dravløs indre, Dravlaus (1896) Kb1850-1900; Dravlaus indre og ytre Ft1900 og NG1908; Drabløs indre og ytre, Drabløs-indre og –ytre Ft1910; Dravlaus, Indre Dravlaus, Dravlaus indre, Indre- og Ytredravlaus, Drabløs Kb1900-1932; Dravlaus indre, Drabløs ytre Matr1950. Slektsnamn: Drabløs*

**5.130.2. Avleidde namn** i området: Dravlausbygda, Dravlausvadet, Dravlausstøylen, Dravlausøyra  
Dravlaus-gardane har gjeve namn til bygda, og er også dei eldste gardane her. Elva markerte i si tid skiljet mellom Ekset og Rovde skipreide, noko som effektivt skapte ei deling mellom dei to hovudgardane med Dravlaus-namn. Lisjebøen og Reitane er nok ei anna tidleg frådeling frå hovudgarden, medan Lyngneset, Løvika og Skrubbeneset truleg kom til i den første perioden etter Svartedauden. Vika og Lida er nok gardar som neppe er særleg eldre enn dei første skriftlege kjeldene.

**5.130.3. Matrikkel skyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger 1 pd 12 mk fisk (64,8 kg) for begge Dravlaus-gardane, og dei var begge halvgardar 1667. I 1886 var skylda 12 mark 67 øre for Indre Dravlaus og 11 mark 22 øre for Ytre Dravlaus. Begge gardane vart tidleg delt i tre bruk, seinare var det fem bruk på Indre og fire bruk på Ytre Dravlaus. Indre Dravlaus sætra på Nyestøylen og Ytre Dravlaus på Dravlausstøylen i Dravlausdalen.

**5.130.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei båtgrav og ei gravrøys på garden.

**5.130.5. Dokumenterte uttaleformer:** Draffløse, Draffløsse 1520; Dravlaus IAA1840; "dra:vlaus NG1908

**5.130.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Et vanskeligt Navn. De gamle Ord: draf (mask), drafli (etslags Mad af Mælk) og dráp (Draap, et Drab) hvilke også haves i Almuesproget; samt drafl (utydelig Snak), drafinn (raadden) og drøfn (Bølge) synes ikke at give nogen passende forklaring. Maaske Dyr-afla-hus (Jagthuus) eller Dyr-avle-huse (Jagthøien)."

Oluf Rygh: "Navnet er NE. S. 31 opført som indeholdende et Elvenavn af en Stamme Dravl-. Udt. med lang Vokal synes dog at gjøre det tvivlsomt, om ikke 1ste Stavelse snarere er Drav-, hvilket godt kunde være opstaaet af Drag-. Sidste Led er uden tvivl -laus, som findes i mange sms. Navne med Betydning af en Mangel paa, en Frihed for det, som 1ste Led betegner. Man kan nok tænke sig et Elvenavn \*Draglausa, den, som (i sin Helhed eller paa en enkelt Strækning) er fri for noget drag, d. e. for Steder, hvor Færdselen maatte forlade Elven paa Grund af Fosser eller Grundinger, eller hvorder var Adgang til at forlade den, og dette kunde være gaaet over til Gaardnavn. Flere af de ældre

Skriftformer antyder, at en opr. Endevokal er afslidt i Nutidsformen. Med større Sikkerhed kan jeg ikke uttale mig om Navnets Betydning."

Oddvar Nes: "Andrelekken er evlaust laus adj 'fri for, som skortar noko'. M.o.t. førstelekken så kan det berre bli tale om to ord; det eine er drav n. 'leivningar av malt', gno. draf 'avfall, molar, smular, støv. Det andre er dravle m, gno drafli 'dravle' (ein mjølkerett)."

**5.130.7. Tidfesting:** Garden er nemnt i 1520, og er slik ein av gardane som overlevde Svartedauden. Gardsnamnet er vanskeleg å tolke, men både storleiken på garden (som den tida nok omfatta heile bygda) og funn av fornminne, tilseier at han nok er av dei eldste gardane i Volda (Sandnes 1997: 34).

**5.130.8. Skriftnormering:** Dei skriftlege kjeldene varierer ein del på grunn av uklar tolking av namnet.

**5.130.9. Mi vurdering:** Tolkingane av dette namnet er fascinerande, sidan ein ikkje med sikkerheit veit heilt kva som ligg til grunn for namnet. Det er i alle høve gamalt. Følgjer ein uttalen, bør skrivemåten vere **Dravlaus**.

#### **5.130.10. Myra (bnr 1 og 4 under gnr 146)**

**5.130.11. Skriftformer** i kjeldene: *Myren* (1772) Kb1750-1800; *Myren* Ft1910; *Myren* (1902), *Dravlaus-Myr* (1903), *Dravlausmyr* Kb1900-1932. **Sleksnamn:** **Myren**.

**5.130.12. Avleidde namn** i området: Myraelva, Breidemyra

**5.130.13. Matrikkelskyld:** Bruka har ei skyld på høvesvis 3 mark 47 øre og 96 øre.

**5.130.19. Mi vurdering:** Bruksnamnet fortel om korleis bruket ligg til, og bør skrivast i bestemt form: **Myren**.

#### **5.130.20. Garden (bnr 2 under gnr 146)**

**5.130.21. Skriftformer** i kjeldene: *Aamb* (1783) Kb1750-1800. **Sleksnamn:** **Garen**

**5.130.22. Avleidde namn** i området: Gardateigen, Gardagjerdet

**5.130.23. Matrikkelskyld:** Bruket har ei skyld på 3 mark 93 øre.

**5.130.29. Mi vurdering:** Dette bruket fortel nok ei eiga historie om garden Dravlaus. Det at ein gardpart enno i dag har namnet "Garden" fortel nok at det var her det gamle tunet på indre Dravlaus var. Namnet ein finn på bruket i 1783, visar til ei offisersslekt her.

Sleksnamnet er i dag skrive utan -d; men skal ein vere korrekt utifrå tydinga, må namnet skrivast **Garden**.

#### **5.130.30. Holen (bnr 3 og 5 under gnr 146)**

**5.130.31. Skriftformer** i kjeldene: *Drabløsholen* (1781), *Drabløshol* Kb1750-1800; *Hanehol* Ft1910. **Sleksnamn:** **Holen**

**5.130.32. Avleidde namn** i området: Holehalsen, Svartehaneholen.

**5.130.33. Matrikkelskyld:** Bruka har ei skyld på høvesvis 3 mark 87 øre og 20 øre.

**5.130.39. Mi vurdering:** Bruksnamnet fortel om korleis bruket ligg til, og bør skrivast i bestemt form: **Holen**.

## 5.131. Dravlaus-liden (gnr 147)

**5.131.1. Skriftformer** i kjeldene: *Lienn 1616; Lien Jb1626 og Matr1647; Liden TB1664; Lied 1667 og 1723; Lien E-sk1762; Drabløslid, Drabløsliden, Drabløslie, Drabløslied, Drabløsliid, Drabløsleid!! (1798) Kb1750-1800; Lien Ft1801; Drabløs-Lien Matr1838; Drabløslied, Drabløslid, Drabløslie, Drabløs Lied, DrabløsLie, DrabløesLie Kb1800-1850; Drabløslid Ft1865; Drabløslien Ft1875; Dravlaus Linden!! Matr 1886; Drabløslieden, Drabløslied, Drabløslid, Dravlauslid (1898) Kb1850-1900; Dravlaus Liden Ft1900 og NG1908; Drabløs-liden Ft1910; Drabløslid, Dravlauslid Kb1900-1932; Dravlaus-liden Matr1950.* **Slektsnamn:** **Drabløslid**

**5.131.2. Avleidde namn** i området: Lidarimen.

**5.131.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 2,5 mk fisk (13 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 91 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Nyestøylen i Dravlausdalen.

**5.131.5. Dokumenterte uttaleformer:** Lida IAa1851; IIida NG1908

**5.131.7. Tidfesting:** Garden er første gang nemnt i kjelden 1603, og namnet er i bestemt form. Det er neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.131.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige.

**5.131.9. Mi vurdering:** Namnet viser til korleis garden ligg til, og bør skrivast: **Dravlauslida**.

## 5.132. Dravlausviken (gnr 148)

**5.132.1. Skriftformer** i kjeldene: *Wig 1606; Dyffuigenn 1617; Døeuig Jb1626; Dyuigen Matr1647; DybVigen TB1664; Diuvig 1667; Dyvig 1723; Vigen, Dyvig, DyVig, Wigen, Døevig, Dyviig, Wiigen Kb1700-1750; Døeviig E-sk1762; Wigen, Wiigen, Dywig, Dyvig, Viigen, Drabløsvig (1777), Dyviig, Døvig (1799) Kb1750-1800; Døvig Ft1801; Drabløs-Vik Matr1838; Drabløsvig, Dyvig, Døvig, Døviig Kb1800-1850; Drabløsvig Ft1865; Drabløsvik Ft1875; Dravlaus Viken Matr1886; Døvig, Drabløsvig, Dravløsvik (1891), Dravlausvik (1897) Kb1850-1900; Dravlaus Viken Ft1900 og NG1908; Drabløsviken, Drabløs-viken Ft1910; Dravlausvik, Drabløsvik Kb1900-1932; Dravlausviken Matr1950.* **Slektsnamn:** **Viken**

**5.132.2. Avleidde namn** i området: Vikaledet, Vikahøgebakkane

**5.132.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 pd 6 mk fisk (13,9 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 20 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det 5 bruk her. Garden sætra på Nyestøylen i Dravlausdalen.

**5.132.5. Dokumenterte uttaleformer:** Døvik IAa1840; vIKa NG1908

**5.132.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Merk Døv, f. en rundagtig <Jæv> jævn Forhøining, især den bageste Deel af en Hesters Ryg (isl. Døf). - Døv, n. Stilhed"

Oluf Rygh: "Af Skriftformerne sees, at denne Gaard ogsaa har været kaldet Djupvik."

Sverre Lyngnes: "Segna seier elles at i svartedauden strauk alle med i Døvik (Dauvika) medan ingen fekk sotta på Drabløs (Draplaus). Det er lite rimeleg at segna har noko for seg."

**5.132.7. Tidfesting:** Garden er første gang nemnt i kjelden 1606, og namnet er i bestemt form i fleire av kjeldene. Det er neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.132.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del med skrivemåten av utmerkingsleddet.

**5.132.9. Mi vurdering:** Dette er altså nok ein gard som har to namn; Døvika og Dravlausvika. Men i daglegtale så blir garden kalla berre **Vika**.

#### **5.132.10. Bugen (bnr 12 under gnr 148)**

**5.132.11. Skriftformer** i kjeldene: *Bogen Kb1700-1750; Bugen, Bogen, Bougen Kb1750-1800*.

**5.132.12. Avleidde namn** i området: Vikabugen

**5.132.13. Matrikkskyld:** Bruket har ei skyld på 32 øre.

**5.132.15. Dokumenterte uttaleformer:** Bujin IAa1840

**5.132.16. Tydingar:** Ivar Aasen: "Ordet bùg (isl. Bugr) er beslægtet med Bòje (en Bue) og betegner en liden rundagtig Bugt."

**5.132.19. Mi vurdering:** Bruksnamnet fortel om korleis bruket ligg til, og bør skrivast i bestemt form: **Bugen**.

### **5.133. Nesheim (gnr 150)**

**5.133.1. Skriftformer** i kjeldene: *Skrobenes 1603; Skrubenes 1606; Schrubbenes 1617; Skrubbenaes, Ytre Skrubbenaes Jb1626; Schrubenes Matr1647; Skrubbenaesß TB1664; Skrubbnes 1667; Schrubbenes 1723; Schrubenes, Scrubenes, Schrubbens, Schrubenes Kb1700-1750; Schrubbenes E-sk1762; Schrubbenes, Schrubeness, Scrubbenes, Scrubenes, Skrubnes, Skrabenæs, Schrubbenaes, Skrubbenes (1768), Skrubnæs Kb1750-1800; Skrubbenaes Ft1801 og Matr1838; Skrubbenaes, Skrubbenes, Skrubbenes (1806) Kb1800-1850; Skrubbenaes Ft1865 og Ft1875; Skrubbenes Matr1886; Skrubbenaes, Skrubbennæss, Skrabenæs, Skrubenes, Næsheim (1885) Kb1850-1900; Skrubbenes Ft1900, NG1908 og Ft1910; Skrubbenaes, Skrubbenes Kb1900-1932; Nesheim Matr1950. Slektsnamn: Skrubbenaes, Nesheim*

**5.133.2. Avleidde namn** i området: Skrubbenesbugen, Skrubbenesledet, Skrubbeneselva

**5.133.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 21 mk fisk (11,6 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 91 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra saman med Ytre Dravlaus på Dravlausstøylen.

**5.133.5. Dokumenterte uttaleformer:** skrUbbe'næse NG1908; /skrUb:E'nE:sE/ St.ark1976.

**5.133.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Skrubbr og skrubbi forekommer oftere som Persontilnavn i MA. Som saadant kan det sidste være gaaet ind i dette Gaardnavn, som dog ogsaa kan komme ligefrem af Dyrenavnet Skrubb, som vel er et gammelt Ord. Det maa forøvrigt merkes, at Skrubben oftere bruges som Navn paa Fjelde og Holmer."

Sverre Lyngnes: "Meir rimeleg tykkjest det at namnet tyder beint fram 'nake berg' - skrap - skrubb-skrubbemark."

Oddvar Nes: "Lettast og mest naturleg er det å tolke namnet som "Skrubbebærneset", neset der det har vakse etter måten mykje skrubbe. (...) Eit moment som talar for mitt syn er at garden er noko våtlendt."

**5.133.7. Tidfesting:** Garden er første gang nemnt i kjelden 1603. Det er neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.133.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del med skrivemåten av utmerkingsleddet.

**5.133.9. Mi vurdering:** Her er det tydelig at garden har endra namn på slutten av 1800-talet, truleg ved at ein først endra slektsnamnet og sidan brukte slektsnamnet som namn på garden. Tydinga av det eldste gardsnamnet har som ein ser variert litt, men felles for begge uttaleformene er at namnet er i bestemt form: **Skrubbeneset**, i nyare tid: **Nesheim**.

## 5.134. Kvangersnes (gnr 151)

**5.134.1. Skriftformer** i kjeldene: *Quangernes 1603 og 1606; Quangarsnes 1616; Quangersneß 1617; Quangersnæs Jb1626; Quangernes Matr1647; Quandgaardsnæsß TB1664; Quangersnes 1667; Qvangernes 1723; Qvangersnes, Qangersnes Kb1700-1750; Qvangerness E-sk1762; Qvangersnes, Qvangersnæs, Qvangenæs (1769), Qvangernæs (1776), Kvangersnes (1780), Qvangernæss, Qvangernes Kb1750-1800; Svangersnæss!! Ft1801; Kvangersnæs Matr1838; Qvangersnæs, Qvangernæss, Qvangersnæss, Qvangernes Kb1800-1850; Kvangersnæs Ft1865 og Ft1875; Kvangersnes, Kvangersnes, Kvangardsnes Matr1886; Qvangernæs, Kvangernæs, Kvangersnæs, Qvangersnæss, Quangersnes (1859), Kvangersnæs (1861), Quangerness, Quangernæs, Kvangersnes, Kvangernes Kb1850-1900; Kvangersnes Ft1900 og NG1908; Kvangersnes Ft1910; Kvangersnes, Kvangersnes Kb1900-1932; Kvangersnes Matr1950. Slektsnamn: Kvangardsnes, Kvangersnes*

**5.134.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 18 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk. Garden sætra på Sæsshaugen saman med Sætre-gardane.

**5.134.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ei bronseøks og tre gravrøyser på garden.

**5.134.5. Dokumenterte uttaleformer:** Kvanngarsnæs IAA1840; kvanngars'næse NG1908.

**5.134.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formod. ogsaa af Kvanne, men dog neppe af hvanngards (Angelikhave)."

Oluf Rygh: "1ste Led er hvanngarðr eller hvannagarðr, som forekommer idet gamle Lovsprog om en Have, hvori der dyrkes Kvannerod (Angelica). Se NgL. V, 2 S. 302. Ordet er neppe ellers bevaret i noget Stedsnavn."

**5.134.7. Tidfesting:** Garden er første gang nemnt i kjelden 1603. Det viser tilbake til bruk av garden til dyrkingsføremål, og er neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.134.8. Skriftnormering:** Det er vel få namn som har vore skrive på så mange ulike måtar, sjølv om 1801-forma heilt klart må vere feil avskrift av kjelda. Namnet er særmerkt, som Oluf Rygh påpeikar, det er ikkje brukt i andre gardsnamn.

**5.134.9. Mi vurdering:** Dersom ein tek omsyn til opphavet til namnet og legg vekt på uttalen, så skal det vere i bestemt form: **Kvanngardsneset**. Men dette var eitt av namna det var mykje avisskriving om i samband med Busetnadssoga for Volda, og det er godt mogleg at med den nye tolkinga av *Stadnamnlova* så ville brukarane fått medhald i ein skrivemåte meir i tråd med dei skriftlege formene.

## 5.135. Sætre (gnr 152)

**5.135.1. Skriftformer** i kjeldene: *Settre 1520; Setter 1603; Settere 1606; Settre 1617 og Jb1626; Sæter TB1664; Sætter 1667 og 1723; Setre, Sætre, Sættre Kb1700-1750; Sætter E-sk1762; Sætre, Sætren, Sættre, Sætter, Sættren Kb1750-1800; Sætre Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Sleksnamn: Sætre*

**5.135.2. Avleidde namn** i området: Sæsshaugen, Sæsskyrteigen, Sæssrystene, Sæsselva, Sæssfjellvegen, Sæssnakken

Av gardane i Sæss-delen av Ulvestad-bygda, så er denne garden den eldste, og den einaste som sikkert kan tidfestast til før Svartedauden. Grøtholen har eit øydegards-namn som kan vere ein indikasjon på at han er gamal, men andre former av namnet og storleiken på garden talar imot dette. Kvanngardsneset og Sætreåsen let seg rimeleg sikkert datere til etter Svartedauden.

**5.135.3. Matrikkeltskyld:** Gamal skyld på garden var 4 våger 22,5 mk fisk (79,9 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 15 mark 4 øre. Garden vart tidleg delt i fire jamstore bruk, seinare var det 8 bruk her. Garden sætra på Sæsshaugen.

**5.135.4. Arkeologiske funn:** Det er funne fleire gravrøyser på garden, i ei av dei er det funne to graver.

**5.135.5. Dokumenterte uttaleformer:** Settre 1520; "sætre NG1908

**5.135.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Setr n., se Indl. S. 74. Her enten Dat. Ent. eller Nom. Flt."

Sverre Lyngnes: "Sjølv namnet kjem av sæte - fast bustad."

Oddvar Nes: "Gno \*Setr n. 'bustad, opphaldsstad, bøle'. Forma i dag går attende til gno dat eint. \*Setri."

**5.135.7. Tidfesting:** Garden er nemnt i 1520, og er slik ein av gardane som har overlevd Svartedauden. Det er ein stor gard, noko som også styrkar synet på at det eigentleg er tale om ein gard med –set heller enn –sæter. Samansetjingar med –set er knytt til Vikingtida 800 - 1030, noko som også kan vere eit rimeleg utgangspunkt her (Sandnes 1997: 35).

**5.135.8. Skriftnormering:** Genitivsformene viser at namnet er gammalt. Det er stor veksling mellom e og æ som vokal i namnet her.

**5.135.9. Mi vurdering:** Namnet her er nok for gammalt til at det kan knytast til sætring i dagens tyding av ordet, det er nok heller eit gammalt sete, som gjennom tidene har blitt feiltolka som eit sæter-namn. Skriftforma burde då kanskje vere Setre, men uttalen og genitivsforma av namnet (Sæss-) forsvarer at ein i dag skriv namnet: **Sætre**.

## 5.136. Sæteråsen (gnr 153)

**5.136.1 Skriftformer** i kjeldene: *Aaße 1603; Aas 1606; Aasße 1616 og 1617; Aasen Jb1626; Setteraass Matr1647; Aase TB1664; Sætteraas 1667 og 1723; Sætreaas Kb1700-1750; Sæteraass E-sk1762; Sæteraaas, Seteraas, Sætreaas Kb1750-1800; Sætreaas Ft1801 og Matr1838; Sætreaas, Sætreaas, Sætteraaas Kb1800-1850; Sætreaas Ft1865 og Ft1875; Sætteraaasen Matr1886; Sætreaas, Sætreaas, Sætre-aas, Sætreås (1896) Kb1850-1900; Sætreås Ft1900; Sætteraaasen NG1908; Sætraasen Sætråsen Ft1910; Sætreaas, Sætreås Kb1900-1932; Sæteråsen Matr1950. Sleksnamn: Sæteraaas, Sætreaas*

**5.136.2. Avleidde namn** i området: Åsesætra, Åseskaret, Åsenden, Åserystene, Åsefuregjerdet, Åsefjellvegen

**5.136.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 9 mk fisk (39,4 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 71 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk og sætra på Åsesætra.

**5.136.5. Dokumenterte uttaleformer:** åsiNN NG1908; /sæ:trE'å:sl/ St.ark1976.

**5.136.6. Tydingar:** Sverre Lynges: "Den vanlege nemninga no er Åsen - Åsa, eller Sætreåsen - Sætreåsa."

Oddvar Nes: "Førstelekken er Sætre. Dersom namnet hadde vore frå gno tid ville det i dag ha lydd \*/sésså:sinj/ (gno \*Setrsáss)."

**5.136.7. Tidfesting:** Garden er nemnt i 1603, og er nemnt i bestemt form i kjeldene. Som Oddvar Nes er inne på ville skriftbiletet vore annleis om garden var gamal. Slik det er skrive her, er garden neppe eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.136.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige her.

**5.136.9. Mi vurdering:** Førstelekken Sætre- viser til at garden ligg ovanfor garden Sætre, og er lagt til namnet i seinare tid. Slektsnamna har to former, men sidan førstelekken viser tilknytinga til Sætre, vil rett skriftform vere: **Sætreåsen**.

## 5.137. Grøthol (gnr 154)

**5.137.1. Skriftformer** i kjeldene: *Gierde 1603 og 1606; Houllen 1617; Hoell Jb1626; Hoel ødegaard Matr1647; Holen TB1664; Holødegaard 1667; Hoell Ødegaard 1723; Ødegaard E-sk1762; Grøthol (1778), Grøthoel Kb1750-1800; Hole Ft1801; Grøthol, Grjøthol Matr1838; Grødhol (1809), Hole, Grødhoel (1816), Holødegaard (1820), Grøthol (1837), Grøthold (1842), Grøuthold (1844) Kb1800-1850; Grøthol Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Grøthold, Grøthol (1861) Kb1850-1900; Grøthol Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Slektsnamn: Grøthol*

**5.137.2. Avleidde namn** i området: Holesøyla

**5.137.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 pd 21 mk fisk (11,6 kg), og garden var halv øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 1 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Åsesætra saman med Sætreåsen.

**5.137.5. Dokumenterte uttaleformer:** grøt'hOliNN NG1908

**5.137.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Af grjót n., Sten, og hóll m., isoleret, rundagtig Forhøining. Da Gaarden ligger nær en Elv, er det dog ogsaa muligt, at 1ste Led indeholderet af grjót afledet Elvenavn Grøta (NE. S. 84.)."

Sverre Lynges: "Namnet er såleis naturgjeve, og skulle tyde holen som er eller var steinut."

Oddvar Nes: "Førstelekken er grøt, gno grjót n. 'stein' og andrelekken er hol, gno hóll m. 'låg, isolert haug'. I islandsk finst ordet grjóthóll m. 'steinete haug eller rind'."

**5.137.7. Tidfesting:** Garden er kalla øydegard i fleire av kjeldene, noko som indikerer at garden må ha vore øyde ei tid. Men namnet Holen er i bestemt form i kjeldene, og indikerer heller at garden er yngre enn dette, gjerne frå tida etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36). Tida som øyde kan derfor mogleg knytast til perioder på 1600-talet.

**5.137.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer med dei ulike namna på garden.

**5.137.9. Mi vurdering:** Også denne garden har dobbeltnamn, men begge har utgangspunkt i at garden ligg på ein hól. **Holøydegard** viser til at garden har lege øyde ei tid, medan **Grøtholen** viser til grunnen på eller ved garden. Rygh dokumenterer bestemt form av namnet.

## 5.138. Løndal (gnr 155)

**5.138.1. Skriftformer** i kjeldene: *Lønnadal 1603; Lønndall 1606; Løendall 1617; Løndallen Jb1626; Løndall Matr1647; Løndal TB1664 og 1667; Løndahll 1723; Løndal, Løndahl, Løndael Kb1700-1750; Løndahl E-sk1762; Løndal, Løndahl, Løndalen Kb1750-1800; Lønddal Ft1801; Løndalen Matr1838; Løndal, Løndahl, Lyngdal!! (1822), Longdal!! (1823), Lønnadal (1824) Kb1800-1850; Løndal Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Løndal, Løndahl, Ulvestadløndal, UlvestadLøndal, Ulvestadløndal, Ulvestad Løndal, Ulvestad-Løndal Kb1850-1900; Ulvestad-Løndal Ft1900; Løndal NG1908 og Ft1910; Ulvestadløndal, Ulvestad-Løndal Kb1900-1932; Løndal Matr1950. Sleksnamn: Løndal*

**5.138.2. Avleidde namn** i området: Løndalsskogen, Løndalsholå, Løndalshaugen, Løndalsmyra, Løndalsgjerdet.

**5.138.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 86 øre. Garden har heile tida vore einbølt og sætra på Lauvstadsætra saman med dei andre gardane på sørsida av Ulvestadelva.

**5.138.5. Dokumenterte uttaleformer:** Løndal IAa1840; løndaliNN NG1908

**5.138.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "<Af lønd (isl. leyndr) skjult, vanskelig at finde>"

Oluf Rygh: "Kommer maaske af Trænavnet Løn."

Oddvar Nes: "Førstelekken i begge namna er Løyn-, den same som i løyngang, -krok, -veg.  
\*Løyndalen siktat altså til at garden ligg etter måten løynd eller avsides til. Dette høver for begge gardane."

**5.138.7. Tidfesting:** Garden er først nemnt i 1603, og gardsnamnet er i bestemt form i fleire av kjeldene. Det er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.138.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige.

**5.138.9. Mi vurdering:** Namnet viser til korleis garden ligg til, skjult i dalen: **Løndalen**.

## 5.139. Nakken (gnr 156)

**5.139.1. Skriftformer** i kjeldene: *Nackenn 1603, 1606 og 1617; Nacken Jb1626; Nachen Matr1647, TB1664, 1667 og 1723; Nachene, Nachen Kb1700-1750; Nachen E-sk1762; Nachen, Nachene, Nakke (1764), Nakken (1765), Storenak (1776), Storenakken (1779), Storenaken (1782), Naken Kb1750-1800; Nakken Ft1801 og Matr1838; Ulvestadnach, Ulvestadnakk, Ulvestadnakken, Nakken, Nakke (1812), UlvestadNakken, Ulvestadnakke (1823) Kb1800-1850; Nakken Ft1865; Ulvestadnak Ft1875; Nakken Matr1886; Nakken, Ulvestadnakke, Ulvestadnak, Ulvestadnakken, Store-Nakken, UlvestadNakken Kb1850-1900; Ulvestadnak Ft1900; Nakken NG1908 og Ft1910; Ulvestadnak, Ulvestadnakk, Nakken Kb1900-1932; Nakken Matr1950. Sleksnamn: Nakken.*

**5.139.2. Avleidde namn** i området: Nakkereiten, Sæssnakkteigen

**5.139.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd 3 mk fisk (44 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 71 øre. Garden var tidleg delt i to jamstore bruk, sidan var det 5 bruk på garden. Garden sætra på Lauvstadsætra.

**5.139.5. Dokumenterte uttaleformer:** "naKKINN NG1908

**5.139.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "nakki m., Nakke, hvis Anvendelse i Gaardnavne maa udledes af dets hyppige Brug som Fjeldnavn (Indl. S. 68)."

Oddvar Nes: " Det rette er nakk m 'fjellknatt, avrunda høgdedrag'."

**5.139.7. Tidfesting:** Garden er først nemnt i 1603 og namnet er i bestemt form. Garden er neppe særleg eldre enn dette (Sandnes 1997: 36).

**5.139.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg eintydige.

**5.139.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet er i bestemt form: **Nakken**.

#### **5.139.10. Skaret (bnr 2 under gnr 156)**

**5.139.11. Skriftformer** i kjeldene: *Skaret Matr1886, Ft1900 og Ft1910*.

**5.139.12. Avleidde namn** i området: Skaregløsen, Ormeskaret

**5.139.13. Matrikkskyld:** Bruket har i dag ei skyld på 67 øre.

**5.139.19. Mi vurdering:** Bruksnamnet fortel om korleis bruket ligg til, og bør skrivast i bestemt form: **Skaret**.

### **5.140. Lauvstad (gnr 157)**

**5.140.1. Skriftformer** i kjeldene: *Fitten 1603; Fitenn 1606; Fittenn 1617; Fitten Jb1626; Fitten Matr1647; Fithen TB1664; Feten 1723; Feeten, Feten Kb1700-1750; Feten E-sk1762; Feten, Fetten, Feeten, Feeten, Fedden, Fedten, Feden (1775) Kb1750-1800; Fedten Ft1801; Feten, Fit Matr1838; Fedten, Feten, Feden, Fethen (1838), Feedten (1849), Fæten (1849) Kb1800-1850; Feden Ft1865 og Ft1875; Feten Matr1886; Fedten, Feten, Fetten, Feden, Fedden (1861), Fæden (1866) Kb1850-1900; Feden Ft1900; Feten NG1908; Lauvstad Ft 1910; Feden, Lauvstad (1908) Kb1900-1932; Lauvstad Matr1950. Slektsnamn: Feden, Lauvstad*

**5.140.2. Avleidde namn** i området: Lauvstadgjerdet, Fitjanakken, Lauvstad ferjekai

**5.140.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 3 våger fisk (55,6 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 8 mark 72 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det 7 bruk her. Garden sætra på Lauvstadsætra.

**5.140.5. Dokumenterte uttaleformer:** Fëta IAa1840; fIta (dativ: fItiNNe, samansettingar: fittja-) NG1908.

**5.140.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Det gamle Ord fit betyder en fed og græsrig Slette."

Oluf Rygh: "\*Fit f., frodig Græsmark, især en saadan, som ligger lavt og ved Vand (Indl. S. 49.)"

Sverre Lyngnes: "Den 9. febr. 1906 vart namnet, med kongeleg løyve, endra til Lauvstad, og gamlenamnet er no lite brukt."

Oddvar Nes: "Til grunn for namnet ligg fit f. uttala /fi:t/, 'engslette, lågtliggende, vassnær og fræv grasmark.'"

**5.140.7. Tidfesting:** Garden er først nemnt i 1603 og namnet er i bestemt form. Garden er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.140.8. Skriftnormering:** Skrivemåten av Fita varierer mykje.

**5.140.9. Mi vurdering:** Det gamle namnet på garden hadde ein uttale som låg nær opp til korleis ein i daglegtale omtalte det kvinnlege kjønnsorganet, og det skal ha vore grunnen til at grunneigarane i 1905-06 søkte om å få skifte namn på garden. Namnet dei valde ser ikkje ut til å ha bakgrunn i lokale namn på garden før den tid. Det gamle namnet har no mest gått ut av bruk, ikkje minst sidan ferjestaden er kalla **Lauvstad**. Ivar Aasen og Oluf Rygh dokumenterer uttalen på det gamle namnet: **Fita**, med ein sunnmørsk vokal som ligg mellom e og i.

## 5.141. Ulvestadhaugen (gnr 158)

**5.141.1. Skriftformer** i kjeldene: *Hoffuenn 1603; Offuerhoug 1616; Hougen 1617, Jb1626 og Matr1647; Houen TB1664; Hougen 1667 og 1723; Houen, Hauen, Haugen, Hougen, Houggen Kb1700-1750; Hougen E-sk1762; Haugen, Hauggen, Hougen, Hauen, Hauven Kb1750-1800; Hougen Ft1801; UlveStadhaug Matr1838; Ulvestadhoug, Ulvestadhougen, Haugen, Houen, Hougen, UlvestadHougen, Ulvestad Hougen, Ulvestadhaugen Kb1800-1850; Ulvestad Haug Ft1865; Ulvestadhaug Ft1875 og Matr1886; Haugen, Ulvestadshaugen, Hougen, Ulvestadhaug, Ulvestadhoug Kb1850-1900; Ulvestadhaug Ft1900; Ulvestadhaugen NG1908; Ulvestadhaug Ft 1910; Ulvestadhaug, Haugen, Ulvestadhaugen Kb1900-1932; Ulvestadhaugen Matr1950. Sleksnamn: Haugen.*

**5.141.2. Avleidde namn** i området: Haugehaugen

**5.141.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg1 pd 12 mk fisk (27,8 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 7 mark 39 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det fire jamstore bruk her. Garden sætra på Ulvestadsætra.

**5.141.5. Dokumenterte uttaleformer:** hauiNN NG1908.

**5.141.7. Tidfesting:** Garden er først nemnt i 1603 og namnet er i bestemt form. Garden er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.141.8. Skriftnormering:** Dei eldste skriveformene varierer ein del.

**5.141.9. Mi vurdering:** Gardsnamnet fortel korleis garden ligg til: **Haugen**.

## 5.142. Espenakken (gnr 159)

**5.142.1. Skriftformer** i kjeldene: *Espenacken 1617; Espenas!! Jb1626; Espenach Matr1647, TB1664, 1667 og 1723; Espenachen, Espenach Kb1700-1750; Espenach E-sk1762; Espenachen, Expenach, Espenakken, Espenake, Espenak, Espenakk Kb1750-1800; Espenakken Ft1801; EØpenak Matr1838; Espenach, Espenak, Espenakk, Espenakke (1823), Espenakken (1827) Kb1800-1850; Espenak Ft1865 og Ft1875; Espenakken, Espenak Matr1886; Espenakk, Espenakke, Espenak Kb1850-1900; Espenak Ft1900; Espenakken NG1908; Espenak Ft 1910; Espenak, Espenakk Kb1900-1932; Espenakken Matr1950. Sleksnamn: Espenakk*

**5.142.2. Avleidde namn** i området: Nakkegjerdenden, Nakkåkeren, Nakkeskogen

**5.142.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 18 mk fisk (23,2 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 4 mark 84 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det tre bruk her. Garden sætra på Ulvestadsætra.

**5.142.5. Dokumenterte uttaleformer:** øsspe'naKKiNN NG1908.

**5.142.6. Tydingar:** Oluf Rygh: " 1ste Led er vel espi n., Aspelund."

Oddvar Nes: "Førstelekken er espe n 'ospeskog', gno espi n".

**5.142.7. Tidfesting:** Garden er først nemnt i 1617 og namnet er nemnt i bestemt form i fleire av kjeldene. Garden er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.142.8. Skriftnormering:** Skrivemåten varierer noko, men tydinga er grei.

**5.142.9. Mi vurdering:** Namnet viser nok til vegitasjon på garden, og bør skrivast i bestemt form: **Espenakken**.

## 5.143. Ulvestad (gnr 160)

**5.143.1. Skriftformer** i kjeldene: *i Wlffuestadum 1427; Vlstad 1520; Wllestad 1603; Wllestadt 1606; Vlffuestad 1617; Welfestad Jb1626; Wlffuestad Matr1647; Ulfuestad TB1664 og 1667; Ulvestad 1723, Kb1700-1750, E-sk1762, Kb1750-1800 og Ft1801; UlveStad Matr1838; Ulvestad Kb1800-1850, Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.*

**Slektsnamn:** Ulvestad

**5.143.2. Avleidde namn** i området: Ulvestadsætra

Ulvestad er den eldste og største garden i området. Gardsområdet har nok tidleg vorte delt, slik at det frodige området sør for elva, Feta, vart utskilt som eigen gard. Sidan har det frå desse gardane vorte frådelt gardar i fjellmarka; Nakken og Løndalen frå Feta, Haugen og Espenakken frå Ulvestad. Tilset kan vere ein gard med røter tilbake til Vikingtida, medan Torvika nok er ei seinare frådeling frå Ulvestad. Dei mindre fjordgardane Stien og Gjøsdalen er nok frå nyare tid.

**5.143.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var heile 8 våger fisk (148,2 kg), den største garden i Volda. Garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 24 mark 90 øre. Garden vart tidleg delt i seks jamstore bruk, seinare var det 11 bruk her. Garden sætra på Ulvestadsætra.

**5.143.5. Dokumenterte uttaleformer:** *i Wlffuestadum (dativ) 1427; Vlstad 1520; "ulvesta NG1908*

**5.143.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Antages PnSt. S. 271 at være sms. med et Personnavn, begyndende med Ulf-. Da Gaarden ligger ved Udløbet af en Elv, er der ogsaa Adgang til at antage, at 1ste Led indeholder et Elvenavn Ulva (NE. S. 285)."

Sverre Lyngnes: "Men det kan og tenkast at namnet har opphavet sitt i gammal heiden gudstru, etter guden Ull og at her har vore ein slag heilagstad."

Oddvar Nes: "For min part vel eg gå den lettaste vegen, nemleg å sjå førstelekken i namnet som gen. flt av ulfr m. 'ulv', altså \*Ulfastaðir. Ulv skorta det i alle fall ikkje på i gamle dagar."

**5.143.7. Tidfesting:** Garden er nemnt alt 1427, noko som gjer han til av gardane som nok har overlevd Svartedauden. Gardsnamnet er ei samansetjing med –stad, noko som daterer garden til 500 – 1000 evt (Sandnes 1997: 35).

**5.143.8. Skriftnormering:** Dette er eitt av dei eldste namna med skriftleg belegg i Volda. Om førstelekken er eit personnamn eller dyrenamnet kan ein ikkje fastslå sikkert, men det er mindre truleg det er gudenamnet Ull som ligg til grunn her.

**5.143.9. Mi vurdering:** Garden er den største i Volda, og vart delt i 6 like store deler så tidleg som på 1600-talet. Skrivemåten av namnet er ikkje omtvista, det må skrivast **Ulvestad**.

## 5.144. Torvik (gnr 161)

**5.144.1. Skriftformer** i kjeldene: *Torwigenn 1603; Thoruigenn 1606; Thoruigenn 1617; Thoruigen Jb1626; Toruigen Matr1647; TorVigen TB1664; Torvig 1667; Torvigen 1723; Torvig, Torviig Kb1700-1750; Torvigen E-sk1762; Torvig, Torvig (1773), Torvigen, Thorvig (1781), Torviig Kb1750-1800; Torvig Ft1801; Thorviken Matr1838; Torvig, Torvigen Kb1800-1850; Thorvig Ft1865; Torvik Ft1875 og Matr1886; Torvig, Thorvig (1861), Torvik (1872), Thorvik (1880) Kb1850-1900; Torvik Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Slektsnamn: Torvik*

**5.144.2. Avleidde namn** i området: Torvikskylet, Torsgrava, Torrikekra

**5.144.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd fisk (24,7 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 6 mark 66 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk, seinare var det 5 bruk her. Garden hadde eiga sæter.

**5.144.4. Arkeologiske funn:** Det er gjort eit rikt sølvfunn frå Vikingtida på garden.

**5.144.5. Dokumenterte uttaleformer:** Torvik IAa1840; tårr'vIKa NG1908

**5.144.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formodentlig Torv-vik"

Oluf Rygh: "gno \*þarvik eller þorvík, der førstelekken er gno þari m. 'tare'."

Sverre Lyngnes: "Det tykkjест rimeleg at gardsnamnet kan vere etter manns- (eller gude-)namnet Tor."

Oddvar Nes: "Men eg vil nemne ei like rimeleg løysing: Torvik kan kome av gno \*Torfvík, til torf n. 'torv', og sikte til uttak av torv."

**5.144.7. Tidfesting:** Garden er nemnt første gong i 1603, og namnet er i bestemt form. Det er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.144.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg samstemte.

**5.144.9. Mi vurdering:** At førstelekken viser til uttak av torv eller tare er nok rett, og skriftformene dokumenterer også namnet i bestemt form. Så lenge ein er usikker på opphavet, vil det nok vere rett å skrive namnet **Torvika**.

## 5.145. Stigen (gnr 162)

**5.145.1. Skriftformer** i kjeldene: *Stige 1603 og 1606; Stiigenn 1617; Stien Jb1626 og TB1664; Stigen 1667, 1723, Matr1838, Ft1865, Ft1875 og Matr1886; Stien (1854), Stigen (1884) Kb1850-1900; Stigen Ft1900, NG1908, Ft1910 og Matr1950. Slektsnamn: Stigen*

**5.145.2. Avleidde namn** i området: Stigedalen, Stigeskaret, Stigefjellet, Stiganeset, Stigavika, Stigahaugen, Stigabergane

**5.145.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd fisk (24,7 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 89 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.145.5. Dokumenterte uttaleformer:** stIjiNN (dativ: -ja, samansetningar: "stIga-) NG1908; /'sti:jl/ St.ark1976.

**5.145.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "\*Stigr m., Sti. Betegner vel en Gaard, som ligger (eller laa) ved en Sti."

**5.145.7. Tidfesting:** Garden er nemnt første gong i 1603, og namnet er i bestemt form. Det er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.145.8. Skriftnormering:** Skriftformene er rimeleg samstemte.

**5.145.9. Mi vurdering:** Namnegranskarane er einige, og med dagens rettskriving bør namnet på garden skrivast **Stien**.

## 5.146. Gjøsdal (gnr 163)

**5.146.1. Skriftformer** i kjeldene: *Giesdal 1603; Giøsdall 1606 og 1617; Giøsdall Jb1616; Giøssdal Matr1647; Giøsdal TB1664 og 1667; Jøssdal 1723; Giesdal, Giestdal, Giøsdahl, Giøsdal Kb1700-1750; Gidsdahl E-sk1762; Giøsdal, Giæsdal, Giøsdahl Kb1750-1800; Giøsdal Ft1801 og Matr1838; Giøsdal, Gjøsdal (1831), Giesdahl (1843), Gjesdal (1845) Kb1800-1850; Jøsdal Ft1865; Gjøsdal Ft1875 og Matr1886; Gjøsdal, Gjesdal, Gjøsdal, Jøsdal (1875), Jøsdal (1890) Kb1850-1900; Gjøsdal Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950. Slektsnamn: Gjøsdal*

**5.146.2. Avleidde namn** i området: Gjøsdalgylet, Gjøsdalkleiva, Gjøsdalleitet, Gjøsdalmyrane, Gjøsdalelva, Gjøsdalåsenden, Gjøsdalneset, Gjøsdalåsen

**5.146.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd fisk (24,7 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 1 mark 65 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.146.5. Dokumenterte uttaleformer:** Gjøsdalin IAa1840; jøss'daliNN NG1908

**5.146.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formodentlig af Gjøtt (isl. Giota) en brat Fordybning, Hule."

Oluf Rygh: "Formodes NE. S. 88 at indeholde et Elvenavn, maaske opr. \*Gjós, af gjósa, strømme voldsomt frem."

Sverre Lyngnes: "Men den eldste namneforma Giesdal peikar mot ei genitivform av ordet geit, - kan hende er det opphavelege namnet Geitdal."

Oddvar Nes: "Den gno. forma har rimeligvis vore \*Gjósdalr, med elvenamnet i såkalla stammeform."

**5.146.7. Tidfesting:** Garden er nemnt første gong i 1603. Det er neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.146.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del, noko som viser usikkerheit om tydinga av namnet.

**5.146.9. Mi vurdering:** Oddvar Nes støttar her Oluf Rygh i at garden har fått namn etter elva, som 'gjøser' fram. Då blir rett skriveform **Gjøsdalen**.

## 5.147. Tilset (gnr 164)

**5.147.1. Skriftformer** i kjeldene: *Tellsetter 1603; Thilsetter 1606; Thelßett 1617; Thilsæt Jb1626; Tilssett Matr1647; Telsæther TB1664; Tilsæt 1667, Tilsett 1723; Telset Kb1700-1750; Tilset E-sk1762; Telsæt, Telsæd, Telseth, Telsæth, Tilsæt (1791) Kb1750-1800; Telsæt Ft1801; Tilsæt Matr1838; Telseth, Telset, Tilset, Tilseth Kb1800-1850; Filsæt!!, Tilsæt Ft1865; Tilsæt Ft1875; Tilset Matr1886; Telseth, Tilsæt, Telsæt, Telset Kb1850-1900; Tilsæt, Tilset Ft1900, Tilset NG1908; Tilsæt Ft1910; Tilsæt, Tilset Kb1900-1932; Tilset Matr1950. Slektsnamn: Telset, Tilseth*

**5.147.2. Avleidde namn** i området: Telsetsætra, Telsethaugen, Telsetelva

**5.147.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 12 mk fisk (40,1 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 34 øre. Garden vart tidleg delt i to bruk og hadde eiga sæter.

**5.147.5. Dokumenterte uttaleformer:** Tèlsæt IAA1840; "tIlsÆt NG1908

**5.147.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Formodentlig af Tèle (isl <h>theli) frossen Jord."

Oluf Rygh: "Navnet i Støren formodes Bd. XIV, at indeholde et Navn paa den forbi Gaarden strømmende Bæk, som kan have været Tisl eller Tisla. Den samme Forklaring er ogsaa mulig her."

Sverre Lyngnes: "Formen Pilsett samansett av Pil og sett (bustad) kan og ha noko for seg då mannsnamnet Pil var kjent på Sunnmøre i eldre tid."

Oddvar Nes: "Eg vil likevel peike på ein annan utveg, at namnet i gno. kan ha vore \*pellissetr, med gen. eint av Þelli n. 'toll, ungfare' i førstelekken. Det kan godt ha vakse barskog på staden i gammal tid."

**5.147.7. Tidfesting:** Garden er nemnt første gong i 1603. Gardsnamnet er ei samansetjing med –set i fellesleddet, noko som daterer garden til Vikingtida 800 - 1030 (Sandnes 1997: 35).

**5.147.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del, noko som viser usikkerheit om tydinga av namnet.

**5.147.9. Mi vurdering:** Oddvar Nes si tyding av gardsnamnet verkar god, og i så fall bør namnet skrivast **Tilset**.

#### **5.147.10. Tilsetbakken (gamal gard, no bnr 3 og 4 & 5 under gnr 164)**

**5.147.11. Skriftformer** i kjeldene: *Backenn 1603, 1606 og 1617; Backen Jb1626; Bachen Matr1647; Backen TB1664; Tilsættbakke 1667; Tillsetbache 1723; Tilbætbakken Matr1838; Tilsetbakken Matr1886, NG1908 og Matr1950.*

**5.147.13. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 2 våger 1 pd fisk (43,2 kg), og garden var halvgard 1667. I 1886 var skylda på bruket 22 øre.

**5.147.15. Dokumenterte uttaleformer:** "baKKiNN NG1908

**5.147.16. Tydingar:** Oddvar Nes: " Bruket, som låg ovanfor Tilset, har lege øyde i 250 år."

**5.147.17. Tidfesting:** Garden er nemnt første gong i 1603, og gardsnamnet var i bestemt form. Garden var neppe særleg eldre enn dette, truleg Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 35).

**5.147.18. Skriftnormering:** Skriftformene var rimeleg eintydige.

**5.147.19. Mi vurdering:** Bruksnamnet fortel om korleis garden låg til, og bør skrivast i bestemt form: **Tilsetbakken**.

### **5.148. Høistølen (gnr 165)**

**5.148.1. Skriftformer** i kjeldene: *Høøstøll 1603; Høstøffle 1606; Høestølle 1617; Høestøell Jb1626 og Matr1647; Høistølen TB1664; Høistøl 1667; Høgstøel 1723; Høystøl, Høystøel Kb1700-1750; Høystøel E-sk1762; Høystøl Kb1750-1800; Høysløe!! Ft1801; HøiStøl Matr1838; Høystøel, Høystøl, Høistøel (1839), Høistøl (1842) Kb1800-1850; Høistøl Ft1865 og Ft1875; Høistølen Matr1886; Høistøl, Høistøil (1875) Kb1850-1900; Høistølen Ft1900 og NG1908; Høistøl Ft1910; Høistøyl, Høystøyl (1907), Høistøl Kb1900-1932; Høistølen Matr1950. Slektsnamn: Høgstøl, Høgstøyl*

**5.148.2. Avleidde namn** i området: Høystøylvatnet

**5.148.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg fisk (18,5 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 2 mark 42 øre. Garden har heile tida vore einbølt.

**5.148.5. Dokumenterte uttaleformer:** høi'støiliNN NG1908

**5.148.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "1ste Led er sandsynlig høy n., Hø. Jfr. GN. 80."

Sverre Lyngnes: "Men det kan like gjerne tyde 'den støylen som ligg høgt'."

Oddvar Nes: "Skriftformene fram til 1666 vitnar om at førstelekken er høy 'gras', medan 1723-forma siktat til lægjet, høg adj. Uttaleforma må i såfall vere ei fordansking, men det vil eg avvise."

**5.148.7. Tidfesting:** Gardsnamnet er ei samansetjing med –støyl i fellesleddet, noko som daterer han til 1600 – 1900. Garden er slik neppe særleg eldre enn dei eldste skriftformene (Sandnes 1997: 36).

**5.148.8. Skriftnormering:** Skriftformene varierer ein del med om tolkinga er høy eller høg.

**5.148.9. Mi vurdering:** Tilliks med Høydalen, så er det altså grastørking som ligg til grunn for namnet her. Slektsnamna har derimot teke lendet som utgangspunkt, at garden ligg høgt. Rett skrivemåte skal vere i bestemt form, slik fleire av skriftformene også viser: **Høystøylen**.

## 5.149. Koppen (gnr 166)

**5.149.1. Skriftformer** i kjeldene: *Koppenn 1603 og 1617; Koppen Jb1626, Matr1647, TB1664, 1667, 1723, Kb1700-1750, E-sk1762, Kb1750-1800 Ft1801, Matr1838, Kb1800-1850, Ft1865, Ft1875, Matr1886, Kb1850-1900, Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.* **Slektsnamn:** **Koppen**

**5.149.2. Avleidde namn** i området: Koppeskåla, Koppevatnet, Lisjekoppen, Lisjekoppnausen, Koppefjellet, Koppemyra

**5.149.3. Matrikkskyld:** Gamal skyld på garden var 1 våg 1 pd 21 mk fisk (24,7 kg), og garden var øydegard 1667. I 1886 var skylda 5 mark 68 øre. Garden vart tidleg delt i to jamstore bruk og hadde eiga sæter.

**5.149.5. Dokumenterte uttaleformer:** kÅppiNN NG1908; /'kOp:l/ St.ark1976.

**5.149.6. Tydingar:** Oluf Rygh: "Af koppr m., en Kop. (...) Ordets brug som Fjeldnavn, som ligger til Grund; som saadt træffes det nemlig oftere, især i den indre Del af Søndmøre (maaske udgaaende fra den hos Aasen anførte Betydning: Pullen i en Hat). Se Bd. I S. 95."

Oddvar Nes: "Ordet er kopp m. i tydinga 'rundvoren dæld, lita dalgryte, kop, kope'."

**5.149.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt 1603, og namnet er i bestemt form. Det er slik neppe særleg eldre enn Mellomalderen etter Svartedauden (Sandnes 1997: 36).

**5.149.8. Skriftnormering:** Skriftformene er eintydige.

**5.149.9. Mi vurdering:** Eit reitt naturgjeve namn, som gjev seg sjølv når ein ser korleis garden ligg til. Det er heller ikkje tvil om skriveforma: **Koppen**.

## 5.150. Velsvik (gnr 167)

**5.150.1. Skriftformer** i kjeldene: *Walswig, Walswigenn 1603; Welsuig 1606 og 1617; Weldzuigen Jb1626; Welsuig Matr1647; WelzVigen TB1664; Velsvig 1667, Welsvig 1723; Volsvigen, Velsvig, Welsvig, Welsviig Kb1700-1750; Welsviig E-sk1762; Welsvig, Velsvig, Welswiig, Velsviig, Welsviig, Welsvigen, Wælsvig (1781) Kb1750-1800; Welsvig Ft1801; Velsvik Matr1838; Welsvig, Welswig,*

*Velsvig, Weltzvig (1823), Weltzvig, Veltsvig, Welsvigen (1845) Kb1800-1850; Velsvig Ft1865; Welsvik, Velsvik Ft1875; Velsvik Kb1850-1900, Ft1900, NG1908, Ft1910, Kb1900-1932 og Matr1950.*

**Slektsnamn:** **Velsvik, Welsvik**

**5.150.2. Avleidde namn** i området: Velsvikskåla, Velsviksætra

Velsvika er den eldste garden i dette dalføret, men er truleg ikkje mellom dei aller eldste gardane. Koppen er nok eit namn frå sein Mellomalder, medan Høystøylen er eit sæternamn som neppe er særleg eldre enn skriftformene.

**5.150.3. Matrikkelskyld:** Gamal skyld på garden var 4 våger 6 mk fisk (75,6 kg), og garden var heilgard 1667. I 1886 var skylda 14 mark 13 øre. Garden vart tidleg delt i fire bruk, seinare var det 8 bruk her. Garden hadde eiga sæter.

**5.150.4. Arkeologiske funn:** Det er funne ein steinalderbuplass og fleire lausfunn på garden.

**5.150.5. Dokumenterte uttaleformer:** Vèlsvik IAa1840; vÆls'vIKa NG1908

**5.150.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Efter Strøm af Voll, en Slette"

Oluf Rygh: "Velsvik i Gulen, utd. v,i'lls-, skrives BK. 56 b Vilialmsvik og er altsaa sms. med Mandsnavnet Vilhjalmr. Samme Forklaring kan vel ogsaa antages her. Se PnSt. S. 283."

Eivind Vågslid: "Gno. Veðilsvík, til gen av veðill m. grunt vad."

Knut Kopperstad: "Mannsnamnet gno Valr (gen. Vals)."

Sverre Lyngnes: "Det kan og vere freistande med tanken om at Velsvik har noko med Volda (Vald) å gjere - slik vi finn det i Voldsfjorden, Voldshammaren, og Vålnes (Voldnes) på andre sida av fjorden. Namnet er venteleg så gammalt at det er uråd å finne opphavet."

Oddvar Nes: "Etter mitt syn er det høvelegast å rekne med at Velsvik heng i hop med det gamle namnet på Voldsfjorden, \*Valdr. Namnet har då i gno vore \*Valdsvík. Før låg hovudtrykket i Velsvik på etterlekken, /vèls'ví:kja/; denne uttalen har forresten mange enno."

**5.150.7. Tidfesting:** Garden er første gong nemnt 1603, men storleik og fornminnefunn tyder på at han kan vere frå eldre tid. Garden er vanskeleg å tidfeste.

**5.150.8. Skriftnormering:** Skriftformene spriker ein del grunna ulike tydingar.

**5.150.9. Mi vurdering:** Her har tydingane vore mange og sprikande, men dei fleste støttar i dag tolkinga om at namnet har med Voldsfjorden å gjere. Utifra skrivemåtane er bestemt form dokumentert: **Velsvika**.

## 6. Framveksten av Volda - oppsummering

Når ein skal sjå på den gamle gardsstrukturen i Volda, er det viktig å ha klart føre seg at det var sjøen som var bandet mellom bygdene, medan landvegs ferdsel kom mykje seinare. Mellom bygdelaga var det ofte lengre strekningar med ulendt terren, og det tok tid å få på plass bygdevegar som var store nok til at ein kunne køyre eller føre større mengder varer langs desse vegane. Ein kan nok trygt gå utifrå at det ganske fort vart etablert gangråser, men den viktigaste ferdelsåra var og vart sjøen heilt fram til kring 1900, då vegbygginga for alvor skaut fart. Mellom anna kan ein registrere at Austefjordvegen var under bygging i 1910. I denne samanhengen er det også interessant å sjå nærmare på kommunenamnet Volda, som namnegranskaranane har knytt til fjorden og sambandet mellom bygdene her.

### 6.1. Kommunenamnet Volda

**6.1.1. Skriftformer** i kjeldene: *j Valld 1338, Wolden 1427; Voll prestegeld, Vol sognn 1530; Voldz Pgd. 1540; Wollen 1606; Wolden Jb1626; Voldens hovedsogn Matr1838, Volden NG1908, Ft1910 og Matr1950.*

**6.1.5. Dokumenterte uttaleformer:** *j Valld* (dativ) 1338, *Wolden* 1427; *Voll prestegeld*, *Vol sognn* 1530; *Voldz Pgd.* 1540; *Volda IAa1840*; *vÅlda* (dat: vÅldiINNe) *NG1908*.

**6.1.6. Tydingar:** Ivar Aasen: "Strøm vil udlede det af Vold (rettest Voll, en Slette, men dette er neppe rigtigt. <Ford. Vallar Sókn, hvilket bestyrker Størms mening, men passer verken til Distrikts Beskaffenhed eller Almuens Benævnelse paa samme>."

Oluf Rygh: "\*\*Vøld f.? Som antaget N. Fjordn. S. 44, er det sandsynlig opr. et Navn paa Voldenfjorden, som er gaaet over til Bygdenavn ligesom saa mange Fjordnavne, ikke mindst i Søndmøre. Om Betydningen kan jeg intet oplyse."

Eivind Vågslid: "nyn Volda bundi skap til Vold, sein gn \*Vøld, fl til vald in um land som nokon råder over, men i stadnamn vel helst um fiskestøde eller veidevald, som nyn. elgvald in umkverve der einkvan hev rett til å skjota elg."

Oddvar Nes: "Opphaveleg fjordnamn, gno. Valdr m. I dag er Volda eit sterkt hokjønnsord. Namnet kan tolkast som 'den bølgjete, oppbruste', noko som høver språkleg og realt. Namnet har såleis samband med gno vall n. 'bubling', vella vb 'koke, bruse' og tysk Welle f. 'bølgje'."

#### 6.1.9. Mine kommentarar:

Kommunenamnet Volda er særskilt med at det har vist seg vanskeleg å tolke, og mange har gjort forsøk på dette. Volda-namnet er nemnt så tidleg som 1338 (DN V 104), og må også reknast mellom dei eldste namna i området. Oddvar Nes tolkar fjordnamnet som "den bølgjete, bårete, oppbruste" (Nes 1985: 9), basert på skriftforma i 1338: *a Æyrum prestgarðenom j Valld* (dativ eintal av \*Valdr). Fjordnamnet gav namn til prestegjeldet og soknet, og sidan til skipreidet. Avleiingar av fjordnamnet finn ein i gardsnamna Velsvika og Voldneset i Herøy, samt i landskapsnamnet Voldshammaren nær Velsvika.

## 6.2. Framveksten av bygdelaga

Eg laga to problemstillingar då eg starta arbeidet med denne oppgåva:

1. Kva kan gards- og bruksnamna fortelje om framveksten av busetnaden i Volda?
2. I kva grad er det samsvar mellom skrivemåten av gardsnamna og prinsippa som er fastsette i Stadnamnlova av 1990 om at dei skal bygge på den "nedervde lokale uttalen og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk"?

Den første problemstillinga er knytt direkte til framveksten av dei ulike bygdelaga i Volda. Dersom vi brukar Jørn Sandnes si inndeling av gardsnamna etter når ein reknar med at dei kom til (Sandnes 1997: 34-36), vil vi få følgjande fordeling på gardsnamna i Volda:

Tidsepoke	Namneformer	Namn i materialet
Før 400	usamansette naturnamn	Lid, Mork*, Klepp, (Hallkjells-)Vik, Rotevatn, Øyra, Hjartå, Fyrde, Nes*, Langvatn, Eide, Kaldvatn*, Høydalen, Bjørkedalen, Kile, Straume, Dale, Åmelfoten, Aksnes, Dravlaus.
0 – 600	-vin	(truleg ingen i Volda)
0 – 600	-heim	Eideim*, Eikreim.
400 – 1000	-land	Ullaland, Sævland (øydegard).
500 – 1000	-stad	Aurstad, Folkestad, Rønstad*, Ulvestad.
Før 1000	-bø, -by, - horg, -hov	(truleg ingen i Volda)
800 – 1030	-tveit, -set	Eikset, Engjeset, Rotset, Homerset*, Årset*, Bjønnaset*, Helset*, Løset*, Eisset, Sætre, Tilset*.
1030 – 1350	-rud, - reit	Hjartåreitane*, Fyrsreitane*, Reitane*.
Etter 1350	-øygard, -aun (nytt namn)	Strand – Øggarden*, Øvsteberget – Øggarden*, Øggarden – Eidsflot*, Øggarden – Aksnessætra*, Grøtholen – Holøydegard*.
1600 – 1900	-plassen, -hagen, -gjerdet, -løkken, -seter, -støl	Gjøsstøylen - Ytrestøylen*, Rangsætra*, Byrkjestøylen*, Åmelfotsætra*, Mårstøylen*, Innselset*, Høystøylen*.

Gardar som ikkje er dokumenterte i drift 1520 eller før er merka med stjerne (\*). Andre gardar i drift 1520 eller før, som ikkje er nemnde i tabellen er: Skinnvika, Fylsvika, Årvika, Mek og Ekornberget.

Brukar ein landskyldsmetoden og ser på gardane i Volda utifrå prinsippet om at dei største gardane nok også var mellom dei som var tidlegast busette, får ein litt av det same mønsteret.

**Heilgardar:** Lid (samla), Eikreim, Eikset, Klepp, Drivklepp, Rotevatn, Rotset, Aurstad, Kaldvatn (samla), Høydalen (samla), Bjørnaset, Bjørkedalen (begge gardane), Kile,

Folkestad, Dale (samla), Steinsvika, Åmelfoten (samla), Dravlaus, Sætre, Ulvestad og Velsvika.

**Halvgardar:** Berkneset, Eideim, Berkvika, Engjeset, Hallkjellsvik, Heltnane, Vassbotnen, Øyra, Vasstein, Ærvika, Hjartåreitane, Hjartå, Fyrde, Nes, Langvatn, Sunndalen, Sunndalsfolla, Høydalsvikane, Fylsvika, Helset, Løset, Straume, Krumsvika (samla), Folkestadløndalen, Rønstad, Ekornberget, Dalslisjebøen, Brunene, Mårstøylen, Aksnes, Dravlausreitane, Sæteråsen, Ulvestadnakken, Feta (Lauvstad), Tilset og Tilsetbakken.

Brukar ein den arkeologiske metoden til å sjå på framveksten av gardane i Volda, så viser det seg fort at det er gjort ei rekke funn av fornminne langs fjordane her. Gravrøyser og gravhaugar av ulik storleik er registrerte på gardane: Yksnøya, Berkneset, Lid, Eideim, Berkvika, Eikset, Engeset, Hallkjellsvik, Drivklepp, Rotevatn, Rotset, Greifsneset, Geitvika, Fyrde, Eide, Kaldvatn, Holsvika, Skinnvika, Høydalen, Høydalsneset, Bjørnaset, Storebotnen, Fylsvika, Bjørkedalen, Kile, Straume, Folkestad, Steinsvika, Innselset, Kvanngardsneset og Sætre. Av dei meir særmerkte funna som sikkert kan knytast til busetnad på staden kan ein nemne: Eikrem, der det vart funne eit gravkammer; på Mork og Dravlaus er det funne båtgraver; på Homborset, Hjartå og i Åmelfoten er det funne gravkister; i Osdalen er det ein gammal hellar der det skal ha budd folk og på Fureneset og i Velsvika er det lokalisert steinalderbustader. Elles er det grunn til å merke seg eit usedvanleg rikt sølvfunn i Torvika, sjølv om dette vel må reknast som eit lausfunn!

Dei andre naturvitenskaplege metodane for å vise til bustad i området har eg ikkje vore innom, i og med eg ikkje har registrert at det er gjennomført systematiske undersøkingar i dette området.

Utifrå materialet trur eg at ein kan hevde at dei ulike metodane i stor grad gjev samanfallande resultat med omsyn til tidfesting i materialet for Volda. Busetnaden har i stor grad starta i det ein i dag kjenner som dei beste jordbruksområda i Volda, og det verkar som om busetnaden har starta med ein sentral gard i bygda og sidan spreidd seg utover til sidedalar og mindre attraktive område i utkanten av dei gamle hovudgardane. Slike hovudsamlingar kan ein i stor grad påvise frå den eldste tida: Lid, Mork/Eikset, Hallkjellsvik/Engjeset (prestegardsjord), Rotevatn/Drivklepp, Øyra/Rotset, Hjartåbygda, Ullaland, Aurstad/Årset, Fyrde, Nes/Langvatn, Kaldvatn, Sunndalen, Høydalen, Bjønnaset, Fylsvika/Straume, Bjørkedalen, Kile, Folkestadbygda, Ekornberget/Nautvika, Dalsbygda, Steinsvika, Åmelfoten, Innselset/ Aksneset, Sæssbygda/Fita (Lauvstad), Ulvestad/Torvika og Velsvikbygda.

### 6.3. Skrivemåten av gardsnamna

Eitt av dei store faremomenta med å ha ei oppgåve liggande over så mange år, er sjølvsagt at premissane endrar seg underveis. Slik har det også vore med denne oppgåva. Medan Stadnamnlova av 1990 slo fast at stadnamna skulle bygge på den "nedervde lokale uttalen

og følgje gjeldande rettskrivingsprinsipp for norsk og samisk”, så slår Stadnamnlova av 2015 fast at det også skal takast omsyn til skriftformer som er vel innarbeidde – og det blir gjeve klarare reglar om kven som har rett til å bestemme eller uttale seg om namnevalet på ulike objekt. Mellom anna er det etter den nye lova slik at skrivemåten av stadnamn kan takast opp av ”eigaren eller festaren i saker som gjeld namn på eige gardsbruk eller eigedom” eller ”ein lokal organisasjon med særleg tilknyting til eit stadnamn” (§5 b og c). Sidan eg starta arbeidet lenge før den nye stadnamnlova kom, valde eg å vurdere dei utifrå dei gamle kriteria, som la mykje større vekt på den lokale uttalen enn den nye stadnamnlova gjer. Det som særmerker funna mine, er særleg at så mange namn har vorte skrivne i ubestemt form, medan det etter uttalen burde ha vore brukt ei bestemt form av namnet. Ubestemt form skjuler også at det kan vere tale om lokalitetar i fleirtal, som i dømet med Reite-gardane som alle har ein uttale som tilsvarer Reitane. Eit trekk som viser at namnet burde ha vore skrive i bestemt form, er at det ofte har overlevd dativ-form av namnet, eller i det minste at dativ er dokumentert av Oluf Rygh kring 1900, presentert i *Norske Gaardnavne* 1908.

Nokre av gardane i Volda har ikkje dativ-former. Det gjeld til dømes gardar som Nes, Langvatn og Hallkjellsvik. Dette skuldast nok at dette er gamle, usamansette gardsnamn, og dermed har dei i dialekten overlevd slik, utan å ta dativ. For ein voksen volding er (eller i alle fall burde) det vere umulig å snakke om ‘ned i Vika’ eller ‘å vere nede i Vikjenne’ om å vere i Volda sentrum – derimot ville ‘ned i Vik’ klinge godt. Hallkjellsvika kan til nød gå an å bruke om sjøen utanfor Vik. Tilsvarande finn ein også andre stader med Vik-namn; Ørstavik, Ulsteinvik og Gurskevik.

Det er også særmerkt for ein del av gardane i Volda at forma ein finn i uttalen er ei stivna dativ-form av namnet, som i Eide, Skare eller Hamre. Dette er eit fenomen som ikkje er så lett å oppdage i skrift, men som kjem klarare til uttrykk i uttalen, der slike namn ofte har tonem 2, altså trykk på siste stavelsen i staden for på den første; t.d. garden Eide /'æide/, i motsetning til garden Bueidet /bu:'æide/.

Det tilbakevendande problemet ein møter når ein arbeider med stadnamn lokalt, er møtet mellom offisielle stadnamn og ‘sleksnamn’, etternamn som er knytte til ein stad. Folk vil gjerne at stadnamna skal skrivast slik som sleksnamna, gjerne også med lydar ein ikkje hører i lydbiletet eller som har noko med tolkinga å gjere. Slik eg ser det, er det ikkje uvesentleg korleis eit namn har blitt brukt som sleksnamn, men det bør vere berre eitt av fleire kriterium når ein skal vurdere eit stadnamn i offentleg samanheng. Eg er mest oppteken av namn som kulturminne, slik som til dømes at Høystøylen bør vise tilbake til høytørking og ikkje til at garden ligg høgt, sjølv om begge deler er tilfelle.

Det finst ein del litteratur om namna i Volda, og ein kan kanskje hevde at eg burde ha valt meg eit mindre kartlagt område å skrive oppgåve om. Det er for så vidt rett. Men eg kjende Volda-materialet godt frå arbeidet mitt med Busetnadssoga, og derfor var det naturleg å bruke det som *case* for å sjå kva som var mogleg å hente ut av informasjon frå eit slikt materiale. Samanliknar ein namneframlegga i matrikkelen frå 1950 med mine forslag til

skrivemåtar, vil ein raskt sjå at det finst store ulikskapar mellom dei to formene. Det vil sikkert vere ulike haldningar til om min måte å tenkje på er den rette, men eg er i det minste sjølv overbevist om at dersom ein ønskjer å nytte stadnamna – i dette tilfelle gardsnamna – som ei kjelde til historisk kunnskap om korleis samfunnet og naturen har vore utnytta, så er det eit viktig kulturminnearbeid å ta vare på namna mest mogleg slik dei har vorte overleverte frå generasjonane før oss.

Eg byrja oppgåva med å trekke fram Aasens stadnamnsamling, og då høver det kanskje godt å avslutte med eit par strofer frå songen «Dei vil alltid klaga og kyta»:

Lat oss ikkje forfedrane gløyma under alt som me venda og snu,  
for dei gav oss ein arv til å gøyma, han er større enn mange vil tru.

Lat der merkast i meir enn i ordi at me halda den arven i stand,  
at når fedrane sjå att på jordi, dei kan kjenna sitt folk og sitt land.

## Litteraturliste

- Bondevik, Jarle; Oddvar Nes og Terje Aarset (red): *Målsamlingar frå Sunnmøre av Ivar Aasen*, Norsk bokreidingslag L/L, Bergen 1994.
- Bondevik, Jarle; Oddvar Nes og Terje Aarset (red): "Namnesamlingar av Ivar Aasen", Norsk bokreidingslag L/L, Bergen 2006.
- Bondevik, Jarle; Oddvar Nes og Terje Aarset (red): *Sunnmørsgrammatikkane av Ivar Aasen*, Norsk bokreidingslag L/L, Bergen 1992.
- Dale, Bjørn Jonson: "Kva er ein myklebustad?", i *Årbok for Sunnmøre*, 82. årgang 2006.
- Dale, Bjørn Jonson: "Vik – ei anna soge. Ein oversett struktur i det norrøne samfunnet", i *Tidsskrift for Sunnmøre Historielag*, 78. årgang 2002.
- Dybdahl, Audun: "Identifisering av gårdsnamn i gamle kilder", *Historisk tidsskrift* bind 85 nummer 3, 2006.
- Dybdahl, Audun: *Tiendpengeskatten som kjelde til folk og samfunn ca. 1520*. Skrifter nr 18, Senter for middelalderstudier, Trondheim 2005.
- Døssland, Atle: *Med lengt mot havet*, Fylkeshistorie for Møre og Romsdal 1, 1671-1835, Det Norske Samlaget, Oslo 1990.
- Ekstraskatten 1762, tilgjengeleg på internett:  
[http://www.arkivverket.no/URN:db\\_read/db/47743](http://www.arkivverket.no/URN:db_read/db/47743)
- Ellingsve, Eli: "Ei vurdering av metodene til datering av stedsnavn", i *Namn og nemne*, årgong 19, 1999.
- Ellingsve, Eli: "Menneske og stedene. Sannsynliggjøring av relasjoner mellom overledd og underledd i sammensatte stedsnavn med personnavn i underledd", i *Namn og nemne*, årgang 17, 2000.
- Ertesvåg, Ivar S.: Grenser for sokn, prestegjeld, skipreider og kommuner; no og tidlegare, tilgjengeleg på internett: [www.mtf.ntnu.no/people/ivarse/grenser.html](http://www.mtf.ntnu.no/people/ivarse/grenser.html), oktober 1997.
- Ertesvåg, Ivar S.: "Om stadnamnsaka Dimna – Dimnøya", artikkel på internett, april 1995.
- Fet, Jostein: *Sunnmørske tunnamn. Individ – samfunn – landskap*. Snøhetta forlag a.s. 2010.
- Fladby, Rolf; Steinar Imsen og Harald Winge (red): *Norsk Historisk Leksikon*, Cappelen 1974.
- Folketeljingane frå 1801, 1865, 1875, 1900 og 1910, henta frå grunnlagsmaterialet til Busetnadssoga for Volda og delvis sjekka mot basen på internett:  
<http://gda.arkivverket.no/cgi-win/webcens.exe>
- Grov, Astrid Marie: "Kampen om stedsnavnene" i *Språknytt* 3/2016.
- Hallaråker, Peter: *Innføring i stadnamn. Innsamling og gransking*. 2. opplag, Universitetsforlaget 1998.

- Hallaråker, Peter: *Namn og stad. Handbok i kommunal innsamling og arkivering av stadnamn*. Møreforsking og MRDH Volda 1987.
- Hallaråker, Peter: "Nokre smånamn frå Volda", i *Voldaminne*, Årsskrift for Volda sogelag 2008.
- Hallaråker, Peter: *Offisielle stadnamn i Møre og Romsdal. Inndelingsnamn og kommunikasjonsnamn med vekt på veg- og gatenamn*, eige forlag, Volda 2000.
- Hallaråker, Peter: *Stadnamn i Møre og Romsdal. Innsamling, teori, metode og formidling*. Forskingsrapport nr 8, Høgskulen i Volda/Møreforsking Volda 1995.
- Hallaråker, Peter: "Stadnamnarkivet og stadnamnbasen for Møre og Romsdal, informasjonsskriv. Stadnamnarkivet: Volda kommune, namnelister for alle kartblada i kommunen med lydskrift (excel)."
- Hallaråker, Peter: *Vegar og namn. Veg- og gatenamnleksikon for Møre og Romsdal*, eige forlag, Volda 2006.
- Hallaråker, Peter; Arne Kruse og Terje Aarset: "Søndmørske Stedsnavne. Av Ivar Aasen" i *Namn og nemne* 4, 1987.
- Harsson, Margit: "Gardsnamn som kjelde i bygdehistoria", i Norsk lokalhistorisk institutt: *Å kallast med sitt rette namn. Person- og stadnamn i lokalhistoria*, Oslo 2002.
- Hellevik, Alf; Margunn Rauset og Aud Søyland (red): *Nynorsk ordliste*, 11. utgåva, Samlaget, Oslo 2013.
- Hustadnes, Valborg: *Sæterliv i Voldafjell. Sætrar langs Austefjorden frå Fylsvik til Volda*, Volda 2005.
- Jordeboka 1626, avskrift av Per Årviknes i samband med Voldasoga.
- Kjelland, Arnfinn; Gunnar Andenes/Eldar Høidal/Kari Aslaug Hasle og Olav Myklebust: *Busetnadssoga for Volda*, band 1 – 6 (7 band), Volda kommune 2005-12.
- Kyrkjebøker for Volda og Dalsfjord prestegjeld 1710-1932, grunnlagsmateriale frå arbeidet med Busetnadssoga for Volda. Delvis kryss-sjekka mot originalane på internett:  
[http://www.arkivverket.no/URN:kb\\_read](http://www.arkivverket.no/URN:kb_read)
- Larsen, Terje: "Offentleg normering av stadnamn og personnamn", i Norsk lokalhistorisk institutt: *Å kallast med sitt rette namn. Person- og stadnamn i lokalhistoria*, Oslo 2002.
- Lyngnes, Sverre (red): *Dalsfjord*, Dalsfjord sogenemnd, 1967, 2. opplag, Volda 1983.
- Løkke, Leif André: "Stedsnavnloven av 10. juni 2005. Hva er nytt, og hvilket hensyn tar regelverket til navnevern?", i *Nytt om namn* 43, 2006.
- Matrikkelen 1950, grunnlagsmateriale frå arbeidet med Busetnadssoga for Volda.
- Matrikkelforarbeidet 1647, trykt liste.

Matrikkelrevisjonane 1667, 1838 og 1886 i avskrift, grunnlagsmateriale frå arbeidet med Busetnadssoga for Volda.

Nedrelid, Gudlaug: "Framvoksteren av norske slektsnamn" i Norsk lokalhistorisk institutt: *Å kallast med sitt rette namn*, Person- og stadnamn i lokalhistoria, Oslo 2002.

*Norsk stadnamnleksikon*, 4. utgåva. Det Norske Samlaget, Oslo 2007.

Nes, Oddvar: "Gardsnamna i Volda" i *Voldaminne 1987, Volda kommune 150 år*, Årsskrift for Volda sogelag.

Nes, Oddvar: "Namnet Volda" i *Voldaminne 1985*, Årsskrift for Volda sogelag.

NORNA-rapporter 70A: *Oluf Rygh. Artikler om en foregangsmann i humanistisk forsking*.

Redigert av Berit Sandnes, Jørn Sandnes, Ola Stemshaug og Lars F. Stenvik, Uppsala 2000.

NORNA-rapporter 70B: *Oluf Rygh. Rapport frå symposium på Stiklestad 13.-15. mai 1999*.

Redigert av Berit Sandnes, Jørn Sandnes, Ola Stemshaug og Lars F. Stenvik, Uppsala 2000.

Rygh, Oluf: *Norske Gaardnavne, Forord og Indledning*, 1898.

Rygh, Oluf: *Norske Gaardnavne*, band 13 Romsdals amt; tilgjengeleg på internett:

[http://www.dokpro.uio.no/rygh\\_ng/rygh\\_felt.html](http://www.dokpro.uio.no/rygh_ng/rygh_felt.html)

Rønhovd, Jarle: *Norsk morfologi*, ad Notam Gyldendal AS 1993

Sandnes, Jørn: "Datering av navneklasser ved landskyld-metoden" i *Mål og minne*, 1973.

Sandnes, Jørn: "Gards- og andre bustadnamn" i *Norsk stadnamnleksikon*, 4. utgåva. Det Norske Samlaget, Oslo 2007.

Sandnes, Jørn; og Ola Stemshaug: "Råd og rettleiing ved namngjeving og normering av namn" i *Norsk stadnamnleksikon*, 4. utgåva. Det Norske Samlaget, Oslo 2007.

Sandøy, Helge: "Vestlandet – der fjordane batt folket saman" i Ernst Håkon Jahr (red): *Den store dialektboka*, Oslo 1990.

Schmidt, Tom: *Norske gårdsnavn på –by og –bø med personnavnforledd*, del 1 og 2 , Oslo 2000.

Slethei, Kolbjørn: *Grunnbok i fonetikk for språkstudenter*. Cappelen Akademisk Forlag, Oslo 1996.

Snorre Sturluson: *Noregs kongesoger*. Jubileumsutgåva 1979, 2. utgåva, Det norske Samlaget, Oslo 1990.

Stemshaug, Ola: *Namn i Noreg*, 3. utgåve, Det Norske Samlaget, Oslo 1985

Sulebust, Jarle: "En stor bølgebevegelse med oppgang, nedgang og ny oppgang, Bosetning og befolkning fra yngre Jernalder til 1665", i Stein Ugelvik Larsen og Jarle Sulebust: /

*balansepunktet, Sunnmøres eldste historie ca. 800 – 1660*, Sunnmørspostens Forlag 1994.

Svanevik, Anne: "Erfaring fra arbeid med navnesaker i Statens kartverk" i Norsk lokalhistorisk institutt: *Å kallast med sitt rette namn*, Person- og stadnamn i lokalhistoria, Oslo 2002.

Titus Bülches Manntal 1664, Sunnmøre prosti, tilgjengeleg på internet:  
[http://www.arkivverket.no/URN:db\\_read/ft/35522/](http://www.arkivverket.no/URN:db_read/ft/35522/)

Torp, Arne; og Lars S. Vikør: *Hovuddrag i norsk språkhistorie*, Ad Notam Gyldendal, Oslo 1993.

Utne, Ivar: "Etternavn danna av navn på gårdsbruk – sett i et navnebeskyttelsesperspektiv" i *Namn og nemne* 20/21, 2003/2004.

Utne, Ivar: "Islandske navnesystem", tilgjengeleg på internett:  
<http://www.uib.no/lle/ressurser/tjenester/personnavn>, lagt ut første gang 24.5.2008.

Utne, Ivar: "Praktisering av personnamnlova. Sleksnamn og mellomnamn" i *Namn og nemne* 16, 1999.

Vågslid, Eivind: *Stadnamntydingar*, eigin utgjevnad, Oslo 1958.

Vågslid, Eivind: *Stadnamntydingar I*, Universitetsforlaget 1963.

Vågslid, Eivind: *Stadnamntydingar II*, eige forlag, Oslo 1974

Vågslid, Eivind: *Stadnamntydingar III*, eige forlag, Oslo 1979.

Vågslid, Eivind: *Stadnamntydingar IV*, Norsk Bokreidingslag L/L, Bjørgvin 1984.

Østgårdsgjelten, Roar: "Ville forby etternamn som sluttet på –sen", artikkel i Aftenposten 4. november 2014, tilgjengeleg på internett.

Årviknes, Per: *Volda-soga*, band I – III, Gardar og slekter, Volda 1970-73.

Aasen, Ivar: *Ordbog over det norske Folkesprog*, ny utgåve ved Kristoffer Kruken og Terje Aarset, Det Norske Samlaget, Oslo 2000.